

Del III

DRIFTEVEGEN GJENNOM DEN EINSKILDE KOMMUNE

Eid kommune

Selje kommune

Vågsøy kommune

Stryn kommune

Luster kommune

Gloppen kommune

Jølster kommune

Førde kommune

Gaular kommune

Balestrand kommune

Vik kommune

Årdal kommune

Lærdal kommune

Aurland kommune

DRIFTEVEGEN GJENNOM KVAR EINSKILD KOMMUNE

Kapitla framover tek føre seg dei ulike etappane gjennom kommunane i Sogn og Fjordane. Rekkjefylgja vert omlag slik at ein startar lengst mot vest og lengst i nord. Fyrste kapitlet vert difor vegane som kjem til Sogn og Fjordane frå Sunnmøre.

For dei kommunane som grensar til eit anna fylke, er det for kontinuiteten si skuld teke med noko stoff om vegen vidare inn i nabofylket under same kapittel.

I den grad tilførsleveggar er tekne med, kjem disse i tilknytning til den kommunen der dei sluttar seg til hovudtraseen.

Kvart kapittel har fylgjande inndeling:

- Driftevegen i dag.
- Framlegg til tiltak – prioriteringar.
- Historie kring Driftevegen
- Eventuelle tilførsleveggar.
- For nokre av dei kommunane som grensar til eit anna fylket er det eit avsnitt med "Vegen vidare" til slutt i kapitlet.

Sidan dokumentasjonen er noko ulik i frå kommune til kommune både med omsyn til mengd og innhald, vil oppbygginga av kapitla likevel variera noko.

Det har vore skrive om *driftehandelen* av lokalhistorikarar i Sogn og Fjordane, fyrst og fremst av Anders Ohnstad, Harald Oppedal og Ragnar Standal. I tillegg finst det mykje litteratur om Driftehandel generelt, mellom anna har Anna Helene Tobiassen skrive doktoravhandling om emnet.

Prosjektet har vore særskilt omfattande. Det var ikkje store nok ressursar til å fylgja alle kommunane like godt opp i arbeidet med å skaffa fram stoff om Driftevegen. Av same grunn er ikkje alle traséane synfarne. Det siste hadde også med verforholda å gjera.

Stoffmengda i kapitla varierer

difor sterkt frå kommune til kommune. Den store variasjonen i tilgangen på kjeldetilfang skuldast fleire tilhøve:

- Det er naturleg at lokalhistorikarane fyrst og fremst vektlegg sitt eige heimeområde når dei skriv. Såleis er Aurland i ei særstilling, med mykje stoff, mens andre har lite.
- Kommunane har ulik ressursbruk og fokusering på det å ta hand om lokalhistoria. I Vik kommune, til dømes, har ein teke vare på, og sett på trykk mykje lokalhistorisk stoff av di kommunen har eige lokalhistorisk arkiv med arkivleiar i 50% stilling.
- Historieinteressa og engasjementet i friviljuge lag og organisasjonar har hatt mykje å seia med omsyn til stoffmengd.
- I område der ein har historiske årbøker, sokeskrift, julehefte eller andre lokalhistoriske tidsskrift er mykje verdfullt stoff teke vare på og skrive ned i desse.
- Det er særskilt varierende kva ein finn om driftehandel i bygdebøkene for dei ulike kommunane.
- Mengd bileststoff varierer sterkt av to årsaker: manglande synfaring og tilgang på arkivmateriale. I nokre kommunar, til dømes i Vik, er ein så heldig at ein har fått hand om særskilt mange fotografi etter vikja-fotografen O.P. Fosse. Andre kommunar har ikkje nokon fotosamling om driftehandel. Innsamling av private bilete i kommunane var i prosjektet eit lokalt ansvar og der lokale interesser ikkje tok tak i dette, vart biletdokumentasjonen mangelfull.

SUNNMØRE



Tilførselsvegar frå Møre og Romsdal mot kommunane Selje, Vågsøy, Eid, Hornindal og Stryn i Sogn og Fjordane



Utsyn frå driftevegen mellom Åheimsdalen i Møre og Romsdal og Kjølisdalen. i Sogn og Fjordane. I bakgrunnen ser me olivinbrota i Åheimsdalen.

Ulike tilførselsvegar frå Sunnmøre til Nordfjord

Eit problem med omsyn til driftevegar frå Sunnmøre til Nordfjord var sjølve Nordfjorden og det omlag to mil lange Hornindalsvatnet som ligg i aust-vest retning og stenger vegen frå nord til sør. Å transportera dyra i båt var både kostbart, tidkrevjande og vanskeleg og dersom ein kunne lata dette vera, gjorde ein det. Me startar opp med tilførslevegane lengst i vest og fortset ein for ein austover. Vegane held fram inn i Sogn og Fjordane i kommunane Eid, Hornindal og Stryn.


Tilførselsvegar frå Vanylven mot Nordfjord



Lengst mot vest ser me ferdelsvegen frå Åheim, langs Bekslevatnet over Maurstadeidet, omlag same trasé som RV 61 over Maurstadeidet i dag. Vest for denne, med innteikna raud strek, ser med ferdelsvegen frå Åheim, via Sunddalen og austsida av Movatnet til Lefdal. Lenger mot aust er vegen frå Duestøl i Åheimsdalen, via fjellet Dua til Kjølsdalen, teikna inn. Omlag ved Dueskaret møttest denne vegen med råsa frå Almklov, som samla ferdsla frå Syvdsfjorden og Dalsfjorden. Drifter frå Dalsfjorden tok truleg vegen frå Steinsvik og opp Vassbakkedalen til Stårheim når det høvde. Denne vegen vart langt kortare. Vegvalet vart bestemt av veret og forholda elles, men også ut i frå kvar ein skulle henta og slutføra avtalar om handel av dyr som ein hadde tinga og betalt handpengar for før på året. (Topografisk kart over Ålfoten, kartblad 1218 IV, M 711, 1:50 000.)

Frå Bryggja og Maurstad gjekk det rås over fjellet i retning Kjølisdalen. Utanom Haus, Vindfylla, var det umogeleg å komma forbi og alternativet vart då anten sjøvegen eller over Dua til Kjølisdalen og Stårheim. Lettaste vegen til Nordfjord for sunnmøringane var vegen frå Steinsvik i Dalsfjorden som førte dei rett mot Stårheim. Denne vegen var kortaste stykke frå fjord til fjord, vel ei mil, og går omlag rett sørover.

Tilførselsvegar frå Dalsfjorden til Nordfjord




Kartet syner vegen frå Dalsfjorden og Steinsvik, gjennom Vassbakkedalen i retning Stårheim i Nordfjord. Lenger mot vest ser me vegen gjennom Åmelfotdalen, langs Storlidvatnet i retning Almkløvsetra, mot Åheimsdalen eller Dua og Kjølisdalen. (Turkart Sunnmørsalpane, 1:50 000, Statens Kartverk.)

Tilførselsvegar frå Austefjorden til Nordfjord gjennom Bjørkedalen eller Stigedalen



Kartet syner vegen frå Austefjorden og Bjørkedalsvatnet, gjennom Bjørkedalen i retning Hjelmelandsdalen og Nordfjordeid lengst mot vest, og vegen gjennom Stigedalen i aust. Stigedalsvegen kjem ned mot Nordfjordeid ved vestenden av Hornindalsvatnet. Som namnet seier var ein avhengig av ein slags "stige" for å komma gjennom Stigedalen. (Turkart Sunnmørsalpane, 1:50 000, Statens Kartverk.)

Tilførsleveggen frå Helset v/ Bjørkedalsvatnet via Flatdalen og Movatnet til Nordfjordeid og frå Høydalen i Austefjord via Langedalen og Movatnet til Nordfjordeid.
Vegane er innteikna med raud line på dei tre neste kartutsnitta.





Den raude lina på karta syner tilførselsvegen frå Helset ved Bjørkedalsvatnet (sjå øvste kartutsnitt), som går rett austover til Movatnet. Der møter han (sjå nedste kartutsnitt), vegen frå Høydalen i Austefjorden som kjem inn frå nord. Denne gjekk opp Langedalen og anten Rinddalen eller Feirdalen til Movatnet (sjå mellomste kartutsnitt). I dag går ein god ferdsselsveg gjennom Rinddalen og denne har naturleg framhald til Grøndalsvatnet og Heggjabygda., men det er mest truleg at driftene tok den lettare vegen gjennom Feirdalen. (Dei to øvste karta: Turkartet Sunnmørsalpane, 1:50 000, Statens Kartverk. Nedste kartutsnitt er frå Topografisk kart over Nordfjordeid, kartblad 1218 I, M 711, 1:50 000.)

Tilførselsvegane frå Austefjorden og Storfjorden via Grøndalsvatnet og Heggjadalen til Nordfjordeid, og vegen over Kviven til Lødemel og Hornindal



Dei to første vegane har i hovudsak truleg fylgd dagens bilveg gjennom dalføra. Den siste er teikna inn med raud line frå Kvivalssætra i Volda til Kviven i Hornindal. (Turkartet Sunnmørsalpane, 1:50 000, Statens Kartverk.)

Nordsida av Hornindalsvatnet var vanskeleg å ferdast på og for folk var det vanleg å nytta båt. Med drifter prøvde ein å unngå dette. Frå Heggjabygda var det mogeleg å gå i retning Nordfjordeid, men austover var det ikkje råd å koma. Vegane vart difor ikkje nytta anna enn av dei som skulle kjøpe opp dyr i området. Nokon rein transportetappe denne leia svarte seg ikkje. Dersom ein kunne, nytta ein seg heller av overgangar som gjekk vest eller aust for Hornindalsvatnet. Ein av dei var vegen gjennom Røyhusdalen til Mindresundet i Oppstryn.

Tilførselsvegen frå Hellesylt via Indre Hornindal og Røyhusdalen til Mindresundet i Oppstryn




Innteikna med raud line er tilførselsvegen frå Langedalen gjennom Røyhusdalen og Skihelledalen, ned Sundsdalen til Mindresundet. Der drog driftene over til sørsida av Strynevatnet.

(Turkartet Sunnmørsalpane 1:50 000, Statens Kartverk.)

Tilførselsveg frå Hellesylt mot Strynevatnet

Frå Hellesylt kunne fehandlarane ta tre vegar mot sør. Den eine gjekk inn Langedalen som me såg på føregåande kart. Dei kunne og ta opp gjennom Synnylvsbygda mot gardane Frøyset, Hole og Vollset, som med ser på kartutsnittet under. Frå Vollset gjekk dei opp til Nedstevatnet og vidare mot Stegholvatnet eller dei kunne ta opp Holedalen til Holesætra (sjå neste kartutsnit).



(Kartet Geiranger, 1:50 000, M711, Statens Kartverk.)

Nøyaktig kvar dei gjekk vidare frå Holedalen er noko usikkert, men ruta passerte over Nautebreen. Ruta som er teikna inn på kartet med raud line er ein mogleg trasé: Frå Holesætra, langs Holedalsvatnet og opp langs med Hestebreelvane. Dei tok truleg opp den bratte lia vest for Kupevatn, over Nautebreen, der dei dreia mot aust, og tok ned til Skjerdingsdalsbotnen.



(Kartet Geiranger, 1:50 000, M711, Statens Kartverk.)

Brukarar i Stryn som støla i Skjerdingsdalen, tok frå gamalt av opp Glomsdalen, over Nautebreen og ned Skjerdingsdalsbotnen. Denne lina er også teikna in på kartet med raud line og møter vegen frå Holedalen på Nautbreen.

Her ser me vidareføringa av driftevegen gjennom Røyhusdalen, lengst mot vest, teikna inn med raud line. Ned til Flo er ferdselsvegen frå Hellesylt og gardane Voldset og Nordbrekke via Stegholvatnet, teikna inn med raud strek omlag midt på kartet. Forbi Stegholvatnet var det vanskeleg å passera både for dyr og folk. Det var eit lite skar aust for høgda i Stegholen ein kunne nytta, Yksnesskaret, men også dette var vanskeleg.



(Turkartet Jostedalsbreen, 1:100 000, Statens Kartverk.)




(Turkartet Jostedalsbreen, 1:100 000, Statens Kartverk.)

Alternativet var å ta inn Fedalen og gå vest for Reinskredfjellet og nord-aust for Fedalsnipa, ned Flotedalen til Flosætra. Dette var ein sær tung veg då ein måtte opp i 1250 m o.h. Frå den 1600 m høge Fedalsnipa skaut det seg dessutan ein brearm ned over skardet som ein laut kryssa. Det vert hevda at vegen var lettare å ferdast på når breen var større enn i våre dagar. Komme ned til Flo, måtte driftene i båt, slik at det var ein tungvint veg å ta dersom ein rett og slett ikkje var nøydd. Då var det betre gjennom Glomsdalen. Då slapp dei i båt, men dei måtte over Nautebreen som kunne vera ei utfordring i seg sjølv.

Dei kunne og ta vegen lenger aust, gjennom Skjeringsdalen. Begge desse vegane høvde dersom ein skulle vidare over Jostedalsbreen eller Kamperhamrane. Skulle ein over

Strynefjellet var det mest naturleg å gå Skjeringsdalen og så ta av mot aust ved Skjeringsdalssetra og fylgje Grasdalen vidare (sjå neste kart).



(Turkartet Jostedalsbreen, 1:100 000, Statens Kartverk.)

Breen over skardet mellom Holedalen og Glomsdalen strekkjer seg austover mot Skjeringsdalen og heiter Nautebreen. Nokre gardar i Oppstryn hadde støl i Skjeringsdalen. Før dei fekk skyta ut ei rås gjennom Glera i 1851, måtte dei ta dyra sine til Glomnes, inn Glomsdalen, over Nautebreen og attende til Skjeringsdalen i sør for å komme til setra . To dagar tok ferda den gong. På grunn av uver miste desse gardane i Oppstryn ein gong mange dyr på stølsvegen over breen. Det vart hevda at breen fekk namnet etter dette. Med rås gjennom Glera, var ein halv dag tilstrekkeleg for å nå fram til sætra. Samstundes vart dei gode beita i Grasdalen lettare tilgjengeleg for gardane i Oppstryn som hadde beiterett der.

Dei viktigaste ferdsevegane frå Sunnmøre til Sogn og Fjordane er truleg dei som Hans Strøm omtalar som "Alfar Vey" i 1760-åra . Desse er Dragseidet, Sandvikseidet og Mannseidet, Steinsvikseidet, Bjørkedalseidet, Kviven, Langedalen/Honndalen og Flofjellet. Andre vegar kan også ha vore nytta, men desse var nok dei vanlegaste.

Det er utarbeidd natur- og kultursti, med informasjonshefte, mellom anna i Glomsdalen, langs Flostrand og Sunndalen.

EID KOMMUNE



**DRIFTEVEGEN OVER DUA TIL KJØLSDALEN, STÅRHEIM
NORDFJORDEID OG LOTE, MED TILFØRSELSVEGAR**



DRIFTEVEGEN GJENNOM EID I DAG



(Kartet Alfoten, 1:50 000, M711, Statens Kartverk.)

Oversiktskartet øvst, syner moglege driftevegar frå Sunnmøre mot Nordfjordeid. Nordfjordeid var som ei trakt inn mot Roti. Fleire tilførselsvegar samla seg her då Rotiråsa var den vanlegaste vegen i retning sommarbeita på høgjellet mellom aust og vest. Mange tilførsleveggar samla seg i Nordfjordeid. Det enklaste vert difor å sjå på dei ulike vegstykkane kvar for seg.

Kartet nedst, syner Driftevegen inn mot Kjølsdalen. Lengst i vest, teikna inn med raud strek, kom tilførslevegen frå Maurstadeidet. Lina midt i er Driftevegen frå Åheimsdalen og Duestøl. Den tredje lina som går saman med vegen frå Duestøl er tilførselsvegen som kjem opp frå Almklov. Der gjekk ferdselsvegane frå Syvde, Sylte og Dalsfjorden, via Åmelfotdalen på Sunnmøre, saman i framhald mot Dua.

Maurstadeidet/Naveosen – Dua – Navestøylen

Fjordbygdene kunne gje godt og billeg fôr frå havet til dyra, - sild, tang og tare. Difor kunne dei ale fram mykje fe. Klimaet var dessutan mildt og mange stader kunne småfe gå ute heile vinteren.

Det kom drifter over Berstadeidet og Maurstadeidet som skulle vidare mot Nordfjordeid og inn på hovuddriftevegen mot Austlandet. Desse vart samla opp ved Naveosen.

Ei av driftene Rasmus Hole var med på kring 1890, skriv Torleif Rimstad slik om i *Årbok frå Nordfjord*:

Eg har sikre opplysningar om at desse hestekarane var med i drifta: Ola Solibakk (bror til bestemor mi), Berge Humborstad, Sivert Bugjerd og Johan Tømmerstøl (frå Kjølsdal) og så Martin Kopparnes og Hans Almklov frå Sunnmøre. Men eg veit ikkje om det var ein eller fleire av desse som var med på kvar drift. Sannsynlegvis fordelte dei seg på fleire år.

Drifta starta på Maurstad der dei kom med hestane frå sørsida av ytre Nordfjord med båt. Frå Selje kom dei over Berstadeidet og til Rimstaddalen og frå Sunnmøre over Maurstadeidet. Dei gjekk vidare opp Naveosen over Dua og til Kjølsdal og dei gamle ferdselsvegane langs nordsida av Nordfjord.

I *Vegar før vegar* var av Ragnar Standal, står det om vegen frå Bryggja til Nordfjordeid:

Like utafor Bryggja nådde dei sjølve Nordfjorden, og lenger inne stod nokre leie stengsler for dei gåande. Frå Åsnes og innover fanst både hamrar og gjøl, og innafor Midgjeld stengde den bratte bergsida Vindfylla. Vindfyllneset stakk seg fram som ein odd, og var heller ikkje nådig å ro seg forbi når vinden friskna til. Fjellet nordafor var berre småkupert. Ein del vandrane folk tok difor opp alt ved Maurstad og heldt fjelleies innover til Kjøllsdalen. Ja, var dei nokolunde kjende, stussa dei ikkje på å halde seg i høgda like til Stårheim. Det gjorde elles fleire av dei som for med drifter og. Då slapp dei å bægje for åker og eng over gardane ved sjøen. Langs fjorden frå Stårheim var det framkjømt gjennom heile noverande Eid prestegjeld.

Merknad: Vegen mellom Stårheim og Kjølsdalen vart ferdig i 1912 .

Det er truleg at driftene fylgde dei same traseane som turstiane gjer i dag. Sannsynleg trasé er teikna inn på kartet s. 68. Like sør for Dua kan det henda at dei gjekk kortaste veg ned til Gjeddalen i staden for å gå mot Navestøylen. Skulle dei vidare opp Myrane, vart dette berre ein omveg. Nokre drifter hadde avtale om beite i Bugjerde i Kjølsdalen. Derifrå tok dei opp skaret mellom Storehornet og Rambergskollen og ned til Årdalen eller Tømmerstøylen. Derifrå kunne dei fylgje stranda nokolunde mot Stårheim.

Avtalar om kvileplass og beite for dyra avgjorde vegvalet. Ruta frå Naveosen til Dua er ikkje synfaren i samband med prosjektet.

Åheimsdalen – Dua – Kjølsdalen

Driftevegen tek utgangspunkt i garden til Amund Duestøl. Garden er gamal og folket her har drive med hest i generasjonar.



Den gamle stova på garden er teken godt hand om. Skogsvegen er ikkje merka, men Amund Duestøl har skilt liggjande som han vil setja opp. Skogsvegen er god og lett å følgja og kallast for Dueråsa. Vegen går vest om Duestølnakken, forbi Storesteinane og gjennom Duelegene. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Me finn mindre olivinstein med inskripsjonar to stader, og den eine er tydeleg å lesa. Her ser me på biletet til venstre, Amund Duestøl og Rønnaug Leite i ferd med å tyda skrifta på ein slik stein. Til høgre sit Amund Duestøl i veggan på det restaurerte stølshuset på Brautane. Folk på garden Duestøl har halde den gamle ferdsselsvegen opp dit i god stand. Dei hadde støl på Brautane og der "mjølka dei vilt", fortalde Amund Duestøl. Det vil seia at dei gjekk ut og mjølka kyrne der dei gjekk og beita. Det var mange ganger tunge mjølkespann å bera heim att til Brautasete. (Foto Linda Vibeke Holstad)

Den gamle ferdsselsvegen går ikkje bortom stølshuset, men fylgjer søkket nordaust for stølen høgare oppe, før han dreier mot sør. Etter Brautane er ferdsselsvegen vanskelegare å fylgja, men etterkvart når me i vardane som skuleelevar frå Kjølsdalen har sett opp langs ruta. Terrenget er særst lett å gå i. Stigninga opp til Brautane er einaste utfordringa. Før ein kryssar bekken som renn ned frå Fossevatna, delar stien seg, for seinare å gå i hop att. Den vestlege stibeten passerer forbi Frendesteinen, mens den austlege går forbi eit fangstanlegg som har vore nytta i bjørnejakt i fylgje Amund Duestøl. Begge desse historiene lyt ein gjera turfolk merksame på.



Til venstre ser me restar etter bjørnejeger-hytta. Kring og i sjølve hytta veks det tett kratt og hytta ligg i dag godt gøymd for både folk og dyr. Dette er jo sjølve kjenneteiknet for ei jakthytte. Noko opprydding hadde likevel gjort seg. før hytta forsvinn heilt. På myra aust for hytta skal det ha vore dyregraver i samband med bjørnejakt. Til høgre står Amund Duestøl attmed Frendesteinen. Steinen har namnet sitt etter ei ung jente, Maria Frende, som søkte ly for veret under steinen. Ho fraus i hel under steinen. Dei fann ho der då uveret hadde lagt seg. I bakgrunnen ser me Åheimsdalen med dei store olivin- brota.



Til venstre: Vardinga langs ferdsvsvegen vart etterkvart god. (Alle tre bileta: Rønnaug Leite.)

Under: Etter å ha runda på austsida av fjellet Dua passerer stien ei privateigd hytte. Frå hytta er det framifrå utsyn over heile Kjølsdalen ned mot Nordfjord. (Foto: Linda Vibeke Holstad)




Kjølsdalen - Stårheim



Biletet er dårleg, men gjev utsyn over traséen ned mot Navestøylen som ligg midt på biletet. Bak til venstre ser me Ljådalsvatnet som ligg under Kvanndalsegga. Like til høgre for vatnet, omlag midt i biletet, går stien opp Rindane, i retning Blåfjellet som ligg til høgre i horisonten. Det er meir truleg at driftene tok opp til Myrane, heilt til høgre i biletet. (Foto: Linda Vibeke Holstad)

Mykje kan tyda på at driftene gjekk opp ved Mystølen og Myrane og fór vidare over Blåfjellet ved Storevassætra til Fannstøylen, i staden for å gå opp Rindane. Vegen om Blåfjellet vart sett på som ein av dei verste stadene på heile turen, då det var så ulendt.



Kart over området mellom Kjølsdalen og Stårheims-dalen.
(Kartblad Ålfoten, M 711, 1: 50 000, Statens Kartverk.)

Under synfaringa frå øvste Kjølsdalen til Stårheimsdalen hadde eg triveleg lag med Anne Marit Starheim. Vegen opp Lidahalsen og Rindane var tung og skodda hang tungt over dalen. Stien var ikkje skilta eller merka på anna vis, og me tok truleg feil vegval ein stad i oppstiginga.

Anne Marit Starheim ved hytta på Rindane. Frå Navestøylen til hytta tok det omlag 1 ½ time. Etter ein rast i hytteveggen gjekk me opp skaret til Langevatnet. Me fylgde nordsida av vatnet og langs med elva ved vassenden. Halvveges nede i lia tok me ein god sti på ein rygg mot nordaust. Denne gjekk saman med stien frå Løysingvatna og me fylgde denne til Ytre Fannstøylen. Her frå gjekk stølsvegen rett ned i Stårheimsdalen. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Der me gjekk langs Langevatnet, var det ikkje nokon sti, berre dyretrakk som me fylgde her og der.



Når me nærmar oss Fannstøylen finn me retningsskilt med namn på ymse turmål. No er me komne inn på ein god sti som fører ned til stølsområda. (Foto: Linda Vibeke Holstad)

Ein stad over Fannstøylane, nedom Blåfjellet ved Kvanndalsegga, heiter det Villebotnen. Ein gong såg ein kar ein bjørn som jaga sau utfor stupet, men berre dei sauene som hadde sterke bjøller. Amund Duestøl hadde ei forklaring på dette: *Bjørnen tok alltid dei med sterke bjøller. Bjørnen likte ikkje sterke skramlelyder.*

På Fannstøylen slo bjørnen ein gong ned taket på fjøset og drap ei kvige. Ein annan gong slo han inn ei dør, men då tok han ikkje liv. Beste måten å skremme bjørnen på, var å ta ein neverkrull på ein lang staur, og så tenne på. Då tok han beina fatt.



Til venstre: Indre Fannstøyl i framkant. Ytre Fannstøyl i bakgrunnen. Til høgre: Anne Marit Starheim skriv seg inn i trim-boka på Ytre Fannstøyl. (Foto: Linda Vibeke Holstad)

Det er mange stølshus på området og dei to stølsområda ligg på kvar si sida av elva.. På Ytre Fannstøyl er dei fleste stølshusa i bra stand. På Indre Fannstøyl er det mange store steinmurar som syner at stølen ein gong i tida har romma mykje av både folk og fe.



Til venstre: Frå Fannstøylen fylgjer me stølsvegen til Stårheimsstølen Sigrona. Dei fleste stølshusa er sett godt i stand. Under ser me nye brua over elva rett nedom Sigrona. Det nye betongdekket er lagd oppå brukara til den gamle steinbrua. På andre sida av brua er det parkeringplass. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Ved Sigrona gjekk ferdselsvegen frå Kjølsdalen og Steinsvik på Sunnmøre saman. Truleg gjekk dei heilt ned Stårheimsdalen og dei gamle ferdselsvegane langs fjorden inn til Nordfjordeid, som Rasmus Hole skriv om i notata sine. Me veit at dei søkte seg ovanfor bøgardane for å unngå å koma i konflikt med dei fastbuande. For å finna dei gamle driftevegane langs Nordfjord kan det henda at ein må leita etter ei rås høgare oppe i lia enn der hovudvegen går i dag. På dei gamle karta finn ein nokre slike råser innteikna.

Steinsvik – Stårheim

Når det gjeld vegen Steinsvik – Stårheim, på Møresida, er det ikkje funne mykje dokumentasjon kring vegen som drifteveg. Knut Steinsvik på Folkestad seier han har mykje anna stoff liggjande om ferdselsvegen. Bestefar hans var ordførar i Dalsfjord kommune i ein lengre periode og var difor sterkt involvert i spørsmålet om vegen til Nordfjord skulle gå gjennom Stigedalen eller opp frå Steinsvik. Bestefaren var lærar og bonde. Ikkje berre som ordførar, men også som grunneigar var han sjølvsagt sterkt engasjert i vegspørsmålet. Knut Steinsvik har teke vare på alle dokumenta bestefaren hadde i denne samanheng. Han er særst interessert i at dette vert nytta til å gje vegen frå Steinsvik ei historie.

Jakob Gillesdal, Johan J. Hatlegjerde og Johan Tømmerstøl kjøpte dyr på Sunnmøre og nytta denne ferdselsvegen i samband med drifter ned til Stårheim.


Før vegen i stranda kom, gjekk han også ruta over Stårheimsdalen og Blåfjellskaret. Det er truleg at vegen gjekk både om Myrane og Rindane.

Ragnvald Humborstad (1905-1994) minnest at han og Gamle Hatlegjerden (bestefar til Johan) leidde hestar frå Stårheim til Steinsvik. *Ragnvald leidde 3 hestar i hopbundne. Dei fór på Bauvatnet og symde att og fram, og det vart eit heilt bask å få dei på land.*


Ein annan gong kom dei frå Steinsvik med dyr. Det var søndag og preike i Stårheimskyrkja. Gamle Hatlegjerden kunne ikkje tenkja seg å uroe kyrkjefolket. Dei gjekk så opp med Furukleivatnet/Langevatnet og vidare ned Rindane til Kjølsdalen i staden.



Me tok ein avstikkar frå hovudråsa mellom Kjølsdalen og Stårheimsdalen. På bilete ser me Bauvatnet der driftevegen frå Steinsvik i Dalsfjorden på Sunnmøre kjem opp. Veggen fylgjer elva opp Vassbakkedalen til Bauvatnet og går saman med vegen frå Kjølsdalen like nedom stølsområdet Sigrøna eller Sigurdsetra. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Kartet viser vegen frå Dalsfjorden og Steinsvik, gjennom Vassbakkedalen i retning Stårheim. (Turkart Sunnmørsalpane, 1:50 000, Statens Kartverk.)



Kartet viser ein av to mogelege traséar driftene kan ha fylgd etter oppstigninga gjennom Vassbakkedalen. På siste biten opp til Bauvatnet ser vestsida av elva ut til å vera lettast å ferdast på. Det kan og henda at snø i urda på austsida, gjorde at det ikkje var noko problem for dyra å ferdast her. På begge sider av Bauvatnet går det rås. Kva side av Bauvatnet driftene gjekk på, er vanskeleg å vita utan vidare undersøking. Råsa på austsida av Bauvatnet går meir i rett line mot stølen Sigrona. (Kartblad Ålfoten, 1:50 000, M 711, Statens kartverk)

FORSLAG TIL TILTAK

Statussamandrag:

Vegen over Maurstadeidet og Naveosen mot Dua og Kjølisdalen er ikkje synfaren i dette prosjektet. Traséen finn ein igjen som deler av stinettet på Kjølisdalen krins sitt Natur- og kulturkart. Ein kan truleg rekonstruera ferdsselsvegen nokolunde ved å samanlikna dagens stisystem med kvar det var lettast for driftene å ferdast.

Når det gjeld vegen mellom Duestøl i Åheimsdalen og Kjølisdalen, er det ingen større manglar med vegen slik han ligg i dag. Stien er god å ferdast på med rydda trasé og ein del merking langs ruta. Skilting av ruta er kan henda vorten betre etter synfaringa. Då vart det nemnd at ein hadde skilt til å setja opp frå garden Duestøl, og at ungdom frå Kjølisdalen ville merka stien betre. Det er ikkje sett opp skilt med logo eller namnet på Driftevegen. Det er ikkje gjerde eller elvar som set grenser for ferdsla.

Vegen frå Kjølisdalen til Stårheimsdalen er synfaren, men her er det truleg fleire traséar som har vore nytta. Nokre kan ha gått opp Rindane eller Myrane, mens andre kan ha teke vegen over Reset mellom Bugjerde og Årdal og gått stranda vidare til Stårheim. Komne opp Rindane eller Myrane, var det og fleire moglegeheiter. Etter kartet å døma ville raskaste vegen frå Myrane til Stårheim vera å ta seg fram sør for Blåfjellet, gjennom Herrskaret og ned Klovsteinen. Den ruta som er omtala som drifteveg er derimot vegen frå Myrane og Rindane gjennom Blåfjellskaret og ned til Ytre Fannstøylen. Dette vart noko lenger, men kan henda var det beite- og kvileavtalar som gjorde at dei tok denne vegen. Dei tok og omsyn til kvar det var lett å driva dyra. Vegen gjennom Blåfjellskaret og ned til Fannstøylen fylgde dalføret, i motsetnad til vegen gjennom Herrskaret. Kom dei opp Rindane, kunne dei fylgja Langevatnet og ta ned Furekleivskaret mot Fannstøylen. Ruta frå Kjølisdalen til Stårheimsdalen vert omtala som vanskeleg og ulendt.

Prioriteringar:

Ein lyt ta ei avgjerd på kva veg som skal vera hovuddriftevegen. Ein kan ikkje ha mange stiar i same avgrensa område som skal ha namnet Driftevegen med logo og retningsskilt. Då vil ein truleg skapa forvirring samstundes som slagkrafta til Driftevegen i samband med marknadsføring vil verta redusert. Ein skal også vera merksam på at vegane har forandra seg over tid, i takt med vegutbygging og utvikling av båttransport og at det er dei ferskaste ferdsselsvegane me har mest informasjon om. Dei eldste vegane er som oftast dei som er av størst interesse i samband med friluftsliv. Då ynskjer ein seg helst bort frå bilvegar og tettbygde strok. Samstundes må ein bevare det kulturhistoriske truverdet for Driftevegen.

Kva veg ein skal prioritera som hovuddrifteveg kan difor vera ei vanskeleg avgjerd.

- Lengda på traseane talar for at ein bør velja vegen frå Naveosen til Dua som hovudåre og vegen frå Duestøl til Dua som tilførselsveg. Til Naveosen kom drifter frå Vågsøy og Selje som Rasmus Hole fortel om. Då vert vegen over Berstadeidet, som er prioritert av kommunane i friluftssamanheng, ei forlenging av Driftevegen, (sjå eige kapittel om denne). I turist- og friluftssamanheng er dette eit særskilt viktig poeng. Vegen opp Åheimsdalen har mindre attraksjon i friluftssamanheng då denne er trafikkert. Vegen frå Duestøl til Dua er dessutan kortare enn vegen frå Naveosen til Dua. Samstundes er ferdsselsvegen truleg meir eintydig frå Duestøl. Frå Naveosen mot Dua er det eit rikare stinett som ein må "tråkla" seg fram på. Her vert det naudsynt med meir merking.
- Hovuddriftevegen vidare frå Dua til Kjølisdalen bør gå via Navestøylen til Myrane, Blåfjellskaret, Ytre Fannstøyl, Sigrona og Stårheim.
- Vegen frå Steinsvik bør ein prioritera som tilførselsveg.
- Alle tilførselsvegane/alternative ruter bør ein gjera turfolk merksame på, anten med informasjonsskilt, merking eller informasjonsskilt med kart.

- Ved Hjelmeland møtte driftene frå Stårheim drifter som kom ned Hjelmelandsdalen. Desse kunne vera oppkjøpte i frå eit stort område nordafor. Det er gamle ferdselsvegar ned dalføret. Her må ein ta eit val og velja ut eit av alternativa som tilførselsveg. Her finst gamle kart som kan vera til hjelp i dette arbeidet.

Skilting/merking

- Det lyt stå retningskilt med namn og logo til Driftevegen ved Åheim, Kjølsdalen, Maurstadeidet og Stårheim. Dersom ein tilrettelegg for drifteveg langs fjorden, frå Stårheim til Nordfjordeid, sentrum må det setjast opp skilt der det er naturleg inngang til Driftevegen.
- Ved parkeringsplassar som kan vera naturleg å nytta i samband med ferdsel på Driftevegen bør ein ha tilvisningskilt med namn og logo.
- Alle stader der stien deler seg, lyt ein ha retningsvisarar med anten logo eller namnet på vegen.
- Ein lyt vurdera om ein ynskjer skilt ved ulike fiskevatn eller andre attraksjonar langs Driftevegen. Ein må vera nøyen med materialval og utsjånad på skilta slik at desse ikkje vert eit framandelement i landskapet (sjå kapittel om skilting og merking).
- Varding av vegen. Nokre av dei gamle vardane er i god stand. Dersom ein ynskjer å gjera vardinga meir komplett, er det gode tilhøve for dette i området. Her har ein både kulturmark, skog og høg fjell representert på ei dags ferd og det er rikeleg med byggjemateriale dei fleste stader.

Informasjonstavler

- Informasjonstavlar hadde vore ein føremon å ha alle stader der ein kan koma til Driftevegen, helst i tilknytning til parkeringsplassar.
- I tillegg lyt ein ha ei informasjonstavle sentralt i alle bygdesentra som fortel om ferdsla og syner til Driftevegen gjennom området.

Rydding av sti

- Truleg er det ikkje stort behov for dette fram til Stårheim, men alle traseane er ikkje synfarne.
- Frå Stårheim og langs fjorden har det ikkje vore synfaring. Det er hevda at her går Driftevegen oppunder skoggrensa inn mot Nordfjordeid sentrum Dette må ein undersøkje nærare. Finn ein dokumentasjon på dette, er det truleg trong for ein del rydding av desse vegane.

Marknadsføring

- Stien lyt ved revisjon av turkart i området omtalast som Driftevegen. Ein lyt også leggja inn noko informasjon om kva som ligg i dette omgrepet.
- Ein lyt laga ein foldar med lokal informasjon om Driftevegen med oversiktskart. Denne lyt ein leggja fram på turistkontor, overnattingsstader m.m. der vitjande i kommunen ferdast.

Turisme

- I Eid ligg det godt til rettes for å arrangera guida turar i Driftevegen.
- Det skulle også liggja til rettes for å gje tilbod om *driftetur* med hest. Det er stor ålmenn interesse for hestehald i bygda og fleire driv med rideskular og hesteoppdrett. Med samarbeid burde det her vera moglegheiter.

Historie kring Driftevegen inn mot Nordfjordeid.

I driftekarane sine fotspor frå Duestøl i Åheimsdalen på Sunnmøre, via Kjølsdalen til Stårheim og Nordfjordeid.

Eg ville sjå korleis vegane låg i dag der driftekarane drog med dyra sine før i tida. Det virka fornuftig å starta opp lengst nord i fylket vårt. Eg tok nokre telefonar og fekk ein avtale på Eid.

Måndag 24.09.01, kl. 13.30 gjekk eg frå garden Duestøl på Sunnmøre i eit strålande og varmt haustver. Med på turen var Rønnaug Leite, Ståle Bruvoll og Amund Duestøl. Vegen tok av frå garden til Amund og Jofrid Duestøl. Jofrid er frå hestehandlarslekt i Kjølsdalen. Me skjønar at vegen også var friarveg. I boka *Gamle minder og soger*, skriven av Peder Kjøllesdal, går det fram at denne vegen var ein mykje brukt ferdselsveg før i tida.

Før vegen vart bygd over Maurstadeidet var her allfarveg over fjellet myllom Kjølsdal og Vanylvdalen. Vanylvsdalens folk bar sine varer til Bergen over Duva til Kjølsdal, fylgde so med vingebaatar her fra til Bergen. Paa same maate barst det attende med dei varer som dei kjøpte i Bergen."

Sonen til Amund og Jofrid, Johan, driv no garden Duestøl som ligg om lag 180 m over havet i dalføret som går frå Åheim og austover, forbi dei store olivinforekomstane, mot Almklovsetra. Garden var stasjon for byte av hest, fortel Amund. Oftast hadde dei med seg 2-3 dyr. Han fortel at ein hest for 60 år sidan kosta 600 kroner. Skulle dei byte han i ein yngre, måtte dei betala om lag 150 kroner i mellomlegg.

Ikkje langt frå stølen Brautane og berre ca. 50 m frå driftevegen syner Amund oss ei godt bevart jakthytte som er uråd å sjå, dersom ein ikkje veit om ho. Jakthytta ligg på nordvestsida av myra om lag rett aust for Frendesteinen.

Amund fortalde at på myra aust for jakthytta grov dei fleire dyregraver og hadde kvist over. Den siste grava dei grov, vart for grunn og dermed fór bjørnen ut or grava att.

I 1890 såg dei bjørn i Stårheimsdalen. Ein gut på ni år skulle over fjellet frå Stårheim til far sin i Almklovdalen med mat. På vegen såg han at bjørnen nyss hadde vore der. Ein sau låg halvveges nedgraven, men beina stakk opp. Guten fekk fart på seg, men såg heldigvis ikkje noko til bjørnen. Han kom seg vel over fjellet den lange vegen til far sin.

Siste bjørnen som blei skoten på fjellet her, var i Dueskaret, meiner Amund. Det var han Kroke-Mattis som vart hovudperson. Jaktlaget trudde bjørnen var død etter skotet dei gav han. Kroke-Mattis gjekk bort til bjørnen, men då beit bjørnen seg fast i låret til Kroke-Mattis. Samstundes anda bjørnen ut. Det seiast at dei måtte fram med brekkjarn for å opne kjeften på bjørnen og løysa Kroke-Mattis frå bjørnekjeften.

Stien fram mot Dueskaret er lett å fylgje og er merka med steinvardar som Kjølsdalen 4H har sett opp. Amund følgjer oss eit stykke og fortel om gode fiskevatn. Me passerer Fossevatnet og Småvardane og går inn Dueskaret, rett under fjellet Dua.

No har bygdefolket på kvar side av fjellet teke opp att den gamle tradisjonen med Duestemnet.

Kjølsdalen Ungdomslag og innbyggjarane på Åheim har annakvart år ansvar for å skipa til stemnet på Dua første helga i august. Då vert det *Duesongen*, kaffikoking, tautrekking m.m.

Fleire kjenner difor historia om skatten som skal vera nedgraven på Dua.

I boka til Peder O. Kjøllesdal, står det:

Paa Duva seier soga at der uppe ved Duvevatnet er nedgraven ein konge og han fik med seg Norges skat i 7 års tid til gravfylgje. Den Kongen som soga seie ligg der, slokna der uppe da kongen fraa Møre og kongen fraa Nordfjord heldt slag deruppe.

Mange har sidan leitt etter skatten. Ståle fortel at nokre unggutar ein gong tok med seg dynamitt og ville sprengje for å finna han. Som alle andre, mislukkast dei. Ei anna soger fortel om ein mann som ein gong fann skatten. Då fekk han plutseleg bod om at garden heime brann, og han skunda seg ned frå fjellet. Garden sto der like heil. Då bonden kom opp på fjellet att for å henta skatten, var han sjølv sagt borte.

Me var ved Duevatnet om lag kl. 17.30 og sette oss i ein hyttevegg og åt resten av nista vår. Her i frå fekk me eit prektig utsyn over øvste Kjølsdalen og fjellrekkja Navestøylsegga, Mannen, Hjelleskarnakken, Kvanndalseggja, Ljådalseggja, Høgegga, Foten, Blåfjellet, Tinden og Sollikollen. I "Gamle minder og soger" kan me lesa: *I gamle dagar slog Kjølssdalningane høi uppe i Dueeggen og*

Navestøleggen, bar høiet ned paa setrane for so få køire det heim paa vinterføre. I Navestøleggen er ein stad som heiter Næpejære. Vonleg hev der i gamle dagar vore næpe-aakra.

I Ljaadalen aust for Navestøylen var i gamle dagar ein Ljaasmed boande, vonleg brende han det kol han trong, likeso utvann han vonleg sjølv det jarn han trong til ljaane.

Ved Ljådalsvatnet inst i Kjølsdalsbotnen kunne me sjå rester etter hustufter.

Frå utsiktspunktet vårt i hytteveggen såg me ein av vegane driftekarane truleg tok opp frå Kjølsdalen via Lidahalsen og Rindane. Me anar søkjet mellom Ljådalsfjellet og Høgegga der dei tok seg fram ned til Ytre Fannstøylen. Dei kan og ha teke vegen om Myrsetra, Melkarhaugen, Blåfjells karet og rett ned lia til Ytre Fannstøylen.

Peder O. Myklebostad, Kjøllesdal, 1858-1940, skreiv ned dette i 1890:

Her kom ofte store drifter over Dua til Bugjerdskvia der dei hadde kvilestad og bytte og handla ettersom det høvde. So for dei over Reset til Årdal og sidan inn strendene til Vikamyren i Stårheim, der dei hadde slikt stemne. Numedølene og Sunnylvingane hadde jamnast sankeplass i Starheimstunet og Roti, so for Sunnylvingane oppover Hornindal. Over fjellet frå Roti, og sidan etter som det høvde, over fjell og vidder, blåbrear og skogar, farta dei ymse driftekarar til der dei skulle legge i hamn, beite til hausten eller dei dreiv vidare til marknadsstadar her og der som Dombås og Trondheim eller ymse stadar på Austlandet. Ja, soleis var krøterhandelen her før.

Amund Duestøl nemnde at i 1930-åra hugsar han store drifter på fjellvegen mellom Kjølsdalen og Stårheimsdalen. Fjellvegen vart dessutan mykje nytta under siste krigen då dei ikkje ynskte tyskarane si merksemd.

Amund fortalde ei historie om tippoldefaren som ville kjøpa seg garden Berget i Stårheimsdalen. Han gjekk i lag med to andre, på rad og rekke. På vegen trefte dei på ein røvar som slo ned den fyrste av dei. Jacob som gjekk i midten tok røvaren om livet og klemte til så ryggen brotna og *er han ikkje vekk teken så finn de han der enno*, sa Hans i Kråen (1830 - ?) når han skulle fortelja om denne hendinga. Anders og Olav Lefdal frå Eid dreiv mykje med hestehandel etter 1900. Det gjorde også Humborstad-slekta frå Kjølsdalen.

Eit driftelag frå Nordfjord våren 1898

I perioden 1860-1890 leverte Nordfjord-bygdene enkelte år heile 600 storfe til driving sørover. I tillegg kjem eit mindre tal hestar. Feet skulle omsetjast i Hallingdal, Numedal og Valdres. I tillegg gjekk det drifter med fe og hestar gjennom Stryn over til Gudbrandsdalen.

Ein som reiste mykje i Eid både som skreppekar og driftehandlar, var Erik Fønstelien. Han var ein kjend driftekar frå Uvdal i Numedal. Han busette seg seinare i Måløy der han vart handelsmann. Me veit mykje om dei turane han tok av di han skreiv dagbok. Onkelen hans budde på Vambeset i Sandane, og difor vart dette som ein base for han.

Her er eit utdrag frå dagboka hans om ein tur han var med på i 1898:

Laget blev dannet paa Vambeset i Paasken med Os og Sven Løvstuen, vi skulde være sammen. Lars Oslien, som ogsaa var i Nordfjord blev tilbudt driverlag paa visse betingelser, blandt annet at han skulde ligge paa Hardangerviddan hele sommeren [...].

Endelig kom Sven Løvstuen til sanken. Jeg møtte ham paa bryggen i Sandane kl 6 om morgenen. Hans bror Stein var ikke med. Broder Hans og jeg hadde da ligget paa Vambeset lavet os meiser og gjort istand kløvgreierne vi skulde bruke paa turen.

Da Løvstuen kom blev det lit mere liv i os. Sanken av driften blev bestemt, og vi skulde paa hver vor kant i fjorden for at varsle bønderne om aa møte op med de kjøpte kuer. Jeg skulde innover til Utvik, Indvik over til Blakset innover til Faleide og over til Horninndal. Vi skulde møtes paa Storheim (Stårheim).

Jeg begynte turen innover fredag og kom til Storheim tirsdag, havde brukt apostlenes hester hele turen og var baade trætt og lit saarbeint saa jeg maatte vaske sokker og beina før jeg kom tilkøis om kvelden. Støvlerne blev smurt og efterseet, alt maatte være klart til Onsdag den 5de Juni da skulde vi sanke i Storheim.

Sven Løvstuen og min bror bavde tilsakt alle i Eidsfjorden. Om natten kom der folk fra Lefdal, de benyttet væstenvinden i fjorden som bestandig blaaser om kvelden naar veiret er godt, det er

solgangsvind den kalles, utover formiddagen gaar vinden utover fjorden. Paa Storheim blev sanket nogle og firti kuer og to hopper; disse var kjøpt paa Isane, Davik, Dombesten, Lefdal, Erdal, Kjøllesdal og Storheim, hesterne var 1 kjøbt i Davik og en i Kjøllesdal.

Ved kl 1 var vi færdig til opbrud, vi leiet 2 smaagutter med til at jage og drev innover til Haugen paa Naustdal, der stoppet vi, kjøpte en ko og tok imot endel kjøpte (kuer) og et par hester. Vi havde meget stræv med en kvige som vilde tilbake og jeg maatte springe omkap med den et par ganger.

Saa kom soldatene fra Eid og lagde seg i skytterlinje langs elven og de begynte at leke krig med fienden borti aasen ovenfor Sorenskrivergaarden, der blev en skyting saa hester og kuer sprang vetsykræmte frem og tilbake i hagen.

Mot kvellen drev vi derfra innover igjennem Nordfjordeid og op til gaarden Roti, der blev ophold om natten. Det var en travel tur jeg var aldeles utkjørt da vi kom til Roti.

Om kvellen reiste broder op til Anders Kvien og kom ikke igjen før næste dag, da vi var klar til at drive. Det var deiligt at faa lægge sig den kvelden og Sven og jeg sov godt den natten, vi leiet voktere til driften med natten.

Torsdag 16de Juni drev vi fra Roti opover lien, vi havde 3 leiede karer med, det var travelt op i skaugen at faa alt med, vi svedet ordentlig og det tok Os flere timer før vi kom op i Loteskaret.

Hvi hvilte Os en stund paa sydsiden av fjellet, kogte kaffe, melket og fik Os lidt mat og da kl. var 4 Efm. drev vi videre nedover til Lothe, der rigget de ut med sine største førselsbaater forat føre kuer og hester bort til Anda over fjorden. Disse Lotskarer var vant med aa føre beist over fjorden, det var gammel driftevei, naar baaten var lastet, satte 5-6 mand sig ved aarene og paa 3/4 time var baaten over med sin farm og baatene gjorde flere turer.

I 1900 fortel Fønstelien om ein lang spasertur han hadde under "sanken" i Nordfjord. Han fekk ruta i Ytre Nordfjord denne gongen. Frå Hjelmeset i Gloppen fekk han skyss til Kviteneset, vidare til Hestenesøyra, Hundvik, Torheimnes og Isane. Frå Isane gjekk han utover langs stranda til Dombestein og vidare til Davik og Endal. Der fekk han båtskyss til Midthjell og gjekk til Lefdalshjellen der han tok andre overnattinga. Neste dag heldt han fram til Bryggja. Der tok han alle hestane og kyrne han hadde samla på turen, med dampbåten til Sandane, for som han skriv:

- for at spare den slitsomme drivingen over Lotheskaret og innover Anda til Sandane. På denne turen utover fjorden var jeg da innom paa alle gaarde hvor vi tidligere paa vinteren hadde kjøpt kreaturer. Vi kjøpte kreaturer hele Fjorden fra Vadmelsvik (Vemolvik) og indover til Olden-Loen. Det var enkelte gaarde hvor vi ikke maatte kjøpe, for kuer fra disse gaarde var mere utsatt for sykdom, Rausot. Vi hadde navnene paa disse notert efter opplysninger fra gamle driftebønder i Numedal.

Driftehandler Rasmus Hole

Ein annan kjend driftekar var Rasmus Hole frå Bryggja, 1839 –1925. Notisbøkene hans frå 1896 til 1904 gjev oss verdfull informasjon om driftehandelen. Han dreiv med handel i ein mykje større periode enn dette, ja, frå før 1870 og fram til 1914.

Han dreiv med hestehandel og skreppehandel over store delar av Sør-Norge. Rasmus kjøpte opp hest over heile Nordfjord og frå Sunnmøre.



Rasmus var på farten mesteparten av året så mykje ansvar fell på kona Karianne f. Ødegård frå Berle. Dei hadde åtte born. Driftene austover og til Trondheim tok vekevis. Store delar av området var høg fjellutmark. Det skulle nøyaktig planlegging til for at drifta var gjennomførleg. Det var husmora som hadde ansvaret for at mann og born hadde tenlege kle, vadmelskle og ullkle laga av råstoff frå egne dyr. Mannen hadde ansvaret for skorne. Overlæret var garva av egne dyr. Sålelæret kjøpte dei. Mange laga sine egne skor. Karianne Hole hadde altså ansvaret for utrustning til sine egne og til dei unggutane som var leigde til å vere med i drifta. (Torleif Rimstad i Årbok for Nordfjord, 1997)

Hestane på 1800-talet var mindre enn i dag. Hole har skrive lite om storleiken. Han skriv *at ei toårs merr var fire stolpar (=133,5 cm) mankehøgde*. Kor stor femårs-Storehesten var, veit me ikkje, men han kjøpte han i Ålfoten for kr. 250 og selde han på Dovre, for kr. 330, i år 1900.

Det kunne oppstå pussige situasjonar, fortel Torleif Rimstad i Årbok for Nordfjord, 1997. Far handla ikkje med andre enn sine egne hestar. Det var ein hest på garden. Dei fleste var der i årevis, så det vart sjeldan byte. Ein gong hadde han vore uheldig og fått ein krubbebitar. Treverket vart fort oppete og han hadde laga til krubbe av steinheller. Reiel kom på besøk. Han dreiv litt med hestehandel, og var klar over situasjonen. Då vi kom inn i stallen, sa Reiel: «Du har solid krubbe, ser eg.»

Ragnvald Humborstad fortel at prisane på krubbebitarane var nokså greie. Dei skulle seljast for halvparten av det dei elles vart takserte til etter alder og andre kvalitetar.

Ei av driftene Rasmus Hole var med på kring 1890, skriv Rimstad slik om:

Eg har sikre opplysningar om at desse hestekarane var med i drifta: Ola Solibakk (bror til bestemor mi), Berge Humborstad, Sivert Bugjerd og Johan Tømmerstøl (frå Kjølsdal) og så Martin Kopparnes og Hans Almklov frå Sunnmøre. Men eg veit ikkje om det var ein eller fleire av desse som var med på kvar drift. Sannsynlegvis fordelte dei seg på fleire år.

Drifta starta på Maurstad. Dit kom dei med hestane frå sørsida av ytre Nordfjord med båt. Frå Selje kom dei over Berstadeidet og til Rimstaddalen og frå Sunnmøre over Maurstadeidet.

Dei gjekk opp med Naveosen over Dua og til Kjølsdal og dei gamle ferdseisvegane langs nordsida av Nordfjord.[...].

Då dei kom til Oppstryn, måtte dei ta eit vegval. Dei kunne ta opp Hjelledalen til Videseter, Tystigen og austover der. Eller dei kunne ta opp Sunndalen, gjennom Romsdalen eller frå Greidung i Erdalen og over Jostedalsbreen til Ottadalen. Dette var den stuttaste vegen, men dei var også avhengig av at det var framkomeleg over breen. Som den dyktige hestekar Holen var, hadde han nok orientert seg om det [...].

Det er sikre utsegner om at Holen reiste med hestedrift frå Greidung og over til Fåbergstøylen til Jostedal og vidare til Lærdalsmarken, men eg har ikkje treft nokon som kunne gi detaljar om turen til Lærdal. (Lærdalsmarken var 14. juni) [...].

Matias Hole f. 12.11.1879 var med far sin austover 14 år gammal, altså i 1894. Når du var 14 år, var du rekna som vaksen, og det vart stilt krav til innsats deretter. Og enda viktigare, dei sjølve ville vere vaksne. For eigen del kan eg seie at eg aldri seinare har kjent meg så vaksen som då.

Det var truleg at Matias måtte mase ein del med mor Karianne før han fekk lov å vere med på ein så slitsam tur som dette var [...]. I 1894 veit vi at ruta gjekk opp Hjelledalen, Videseter og Tystigen. Dette var året før Strynefjellsvegen vart opna.

Matias vart med til Otta. Der vende han og gjekk heile vegen heim att til Hole. Etter Norsk vegbok er det 275 kilometer. Det er vel truleg at vegen hans var noko stuttare, for dei gamle rekslevegane tok like over fjella. Men det var nok ein sliten kar som syntest at det var godt å kome heim att til ho mor. Vi synest at det vart stilt urimelege krav til desse unngutane. Men livet var slik, og grunnen til at dei var med denne delen av drifta, synest å vere klar. Hestane måtte få tid til å beite på turen. Rolege og sikre dyr kunne dei berre sleppe i terrenget i utmarka og kople dei inn att i drifta når dei skulle vidare. Men det har aldri vore berre rolege hestar. Nokre av dei var "takskjerre", som dei sa. Dei som dei kjende seg usikre på, måtte dei sikre på andre måtar. Dei batt saman framfotene deira (hoppelle), eller dei rett og slett måtte halde i taumen medan beitinga stod på [...].

Frå Otta kunne du ta vegen nedover Gudbrandsdalen eller nordover mot Trøndelag. Dette vegvalet var sjølv sagt gjort før drifta starta. I 1900 gjekk drifta mot Austlandet. Det veit vi at Tobias Solberg, Tretten i Gudbrandsdalen, kjøpte to hestar. Det var Årøhesten (frå Vanylven på Sunnmøre) og Kråkeneshesten (frå Vågsøy i ytre Nordfjord). Den første var kjøpt for 320 kroner; den siste for 360 kroner. Tobias betalte 760 kroner for begge. Holen tente altså 80 kroner på desse to hestane. Dette

var god fortjeneste. Merknad: I år 1900 selde han 18 hestar og han tente gjennomsnittleg 17 kroner og 22 øre pr. hest.

Når dei kom til Lillehammer, gjekk dei Totensida av Mjøsa. I Biristranda fekk dei klunder med nokre fulle karar som køyrde att og fram gjennom drifta. Berge Homborstad og Sivert Bugjerde ropte til Holen: «Kva skal vi gjere med desse galningane?» Han svara: «Slå dei i hel! Det gjorde dei ikkje, men den kjempesterke Berge slo kloa i karane og kasta dei nedover vegskrånningen [...]»

Krøter- og hestehandlarar har fått ord på seg for å ha ei fuktig livsførsle. Det er nok ei myte. Den som skulle drive dette, måtte ha vurderingsevna i orden. Det nytta ikkje å setje vett og forstand ut av funksjon. Alle krøterhandlarar eg kjenner er nøkterne folk, og for dei to som eg har fått grundigare opplysningar om, Rasmus Hole og Ragnvald Homborstad, veit eg at det er tilfelle. Den siste har vore avhaldsmann all sin dag.

(Rimstad, Torleiv: Driftehandlar Rasmus Hole. I *Arbok for Nordfjord*, s.160-174, 1997)

Driftevegen Roti – Lote i dag



Kartet syner driftevegen over Ytre Lotskaret, Roti-råsa. Stien var ikkje teikna inn på originalkartet, men vart teikna inn undervegs. Start og slutt på stien var vanskeleg å finna og eg har difor ikkje teikna inn desse.

Vegen frå Roti til Lote tek opp omlag ved tunnelinnslaget. Eg fann ikkje rette inngangen då eg var på synfaring der. Etter Navestøylen er det fleire gode stiar. Ein av dei var teikna inn på kartet. Problemet var å finna den rette. Eg kom ned ved Årskogen. Ytste skaret gjekk gjerne under nemninga Lotsgo' ta.



Kjerrevegen som tek av frå hovudvegen ved tunnelinnslaget er god, men det er ikkje skilt der stien vidare mot Lotskaret tek av frå denne. (Foto: Linda Vibeke Holstad)

Frå tunnelinnslaget til Bjørlovatnet tek det omlag ein time. Det var sagt at driftevegen skulle ta av frå den mellomste skogsvegen som gjekk opp lia. Eg prøvde å fylgja rettleiinga, men tok truleg av for tidleg. Valet mitt såg lovande ut i starten, men stien forsvann fort, og det blei mykje klatring over og under rotvelt. Nokre hundre meter før Bjørlovatnet, kom eg inn på ein flott sti som gjekk høgare oppe i lia. Stien fylgde eit steingjerde og gjekk vidare langs austsida av vatnet.



*Vegen mot Ytre Lotskaret. Driftene skal ha teke opp frå Roti. Det var ikkje lett å finna stien i starten, men vel oppe på ryggen var stien tydeleg og god. Lettare er det å ta opp frå Bjørlo. Der har ungdomsskuleelevar merka stien, men driftene gjekk truleg ikkje om Bjørlo. Stien frå Bjørlo og Roti går saman ved Bjørlovatnet, biletet under til venstre. Under til høgre: Underlaget for stien her, er ein noko spesiell, erodert berggrunn som fortener merksemd.
(Foto: Linda Vibeke Holstad)*



Søraust for vatnet låg ei hytte like ved stien. Stien var merka av skuleelevar med raude T-ar. Merka finst heilt fram til vasskiljet i Loteskaret. Stien var ikkje like tydeleg alle stader, men ved hjelp av T-ane gjekk det bra å fylgja den. Stien fylgde ikkje elva oppover, men gjekk på ryggen på vestsida av elveskaret.

Øvst i skaret er ein stor varde og eit skilt som syner at ein no er i Lotskaret. Skaret var tydeleg markert med to store koller på kvar side. Frå tunnelinnslaget til Lotskaret må ein rekna omlag to timar.



Utsyn frå vasskiljet i Lotskaret mot Lote og Nordfjorden. Heile Lotskaret er smalt og markert som her. (Foto Linda Vibeke Holstad)



*Kjem ein over Ytre Lotskaret
 finn ein skilt langs stien, som
 her til Blokkebærbakken. Stien
 er lett å fylgje og går like ved
 Navestøylen. Her er murar
 etter eit stort stølshus. Ikkje
 langt herifrå har Anders Lote
 funne gamle tufter som han
 trur må vera etter særsl gamal
 busetjing.*

Nedover frå Lotskardet var det slutt på T-ane, men det var sett opp skilt med jamne mellomrom. Likevel var det lett å ta feil. Etterkvart vart stien betre og fram til Navestøylen var det flott sti. På Navestøylen var no berre store murar att av husa. Nedom var det fine stølsvollar. Stien var vanskeleg å fylgja, nokre stader heilt borte, andre stader særsl god. Betre merking her hadde vore til god hjelp. Etter omlag 3 timar stod eit skilt med namnet Ækrebakken. Då var det kort veg ned til Årskog og ferjestaden på Lote.



Murane som står att etter stølshusa på Navestøylen. Restane etter fellesstølen fortener å komma meir fram i landskapet, men då lyt noko av småskogen vika. Til høgre med stølsvollen i framkant. Biletet til venstre er teke frå motsett side. (Foto: Linda Vibeke Holstad)

FORSLAG TIL TILTAK

Statussamandrag

- Driftevegen frå Roti til Lote er ein flott naturoppleving. Frå toppen i Lotskaret har ein vidt utsyn til Nordfjordeid og innover mot Gloppen og Stryn. Største problem med å finna fram, er manglande merking. Det er ikkje problem med å passera gjerde eller elvar undervegs. T-ane er nokre stader plasserte lågt i terrenget og er difor vanskeleg å sjå på avstand. Denne merkinga gjev dårleg effekt over myrområde der stien ikkje er tydeleg.

Skilting

- Det bør stå retningsskilt med namn og logo til Driftevegen ved tunnelinnslaget på Roti-sida og ved Årskogen på Lote-sida.
- Stien må merkast nøye i oppstigninga frå Roti og sameleis frå Navestøylen til Årskogen. Her er det lett å gå feil, slik det er i dag.
- I området mellom Bjørlovatn og Lotskaret er det nokre stader merka for dårleg. Småvardar og nokre få syningsvardar på ryggen opp Lotskaret hadde støtta opp om dei raude T-ane.
- Ein lyt vurdera om ein skal ha setja opp skilt ved Bjørlovatnet.
- Ved Navestøylen bør ein ha skilt som fortel om stølen og støslivet der.
- Ein bør undersøkje og greia ut om tilhøva kring dei gamle tuftene som A. Lote kjenner til og eventuelt informera turfolk om historia på skilt.
- Ein må undersøkje om det er anna kulturhistorie i området som bør marknadsførast med skilt.
- I myrområdet etter Bjørlovatnet skifter stien retning før han tek opp ryggen mot Lotskaret. Her må ein supplera T-ane med anna skilting.

Informasjonstavler

- Der det er høve til det og naturleg å parkera, ved utgangspunkta på Roti- og Lote-sida, bør ein setja opp informasjonstavler om Driftevegen.
- På ferjekaia på Lote bør ein få opp informasjon om Driftevegen og driftehandelen og ein bør fokusera på den særmerkte rolla Lote hadde i denne handelen.

Rydding av sti

- Ved tregrensa ned mot Årskogen er det mykje småskog som gjer det vanskeleg å fylgja stien nokre stader. Her lyt ein rydda noko i terrenget. Dette vil samstundes redusera trongen for merking.

Marknadsføring

Dersom ein har turkart over området, må ein prøva å få inn denne traséen med namnet Driftevegen, og informasjon om kva som ligg i omgrepet.

- På ferja Lote-Anda vil det vera ideelt å informera om Driftevegen og driftehandelen. Ein lyt vurdera om ein vil gjera dette ved oppslag eller informasjonsfoldar.
- Informasjonsfoldar må leggjast fram alle stader der vitjande er innom, på turistkontor, overnattingsstader m.m.
- Til folk på staden kan ein marknadsføra friluftstilbodet ved å nytta foldar, tidsskrift, media, spesielle arrangement m.m.

Turisme:

- I Eid ligg det godt til rettes for å arrangera guida turar for fotturistar i Driftevegen. Det er relativt små avstandar og organisering av turen attende vil ikkje vera noko stort problem. Sa mstundes går turen så og seia frå sentrum på Nordfjordeid.
- Det skulle også liggja til rettes for å gje tilbod om *driftetur* med hest, med den store interessa det er for hestehald i kommunen. Med samarbeid burde det her vera store moglegheiter.

Historie om Driftevegen frå Roti til Lote

Driftene frå Sunnmøre gjorde ein stogg i Nordfjordeid. Der samla dei opp fe både frå Eid, Hornindal og Stryn. Frå Roti gjekk hovuddriftevegen vidare over til Lote gjennom Ytre Lotsskaret. Det var sjeldan at dei tok vegen rett austover langs Horindalsvatnet, eller på nordsida av fjorden. Berge Humborstad og brørne Anders og Simon Lefdal var av dei som likevel gjorde dette. Om vinteren reiste dei kring på bygdene og kjøpte opp hestar. Når sommaren kom, vart desse samla i store drifter.

Driftene gjekk gjennom Stryn og vidare over Strynefjellet. Dei selde hestane sine på den såkalla "Purkeskinmarknaden" som vart halden ved jonsoktider anten i Lom eller Vågå.

Seinare starta karar som Olav Lefdal, Rasmus Vedvik og Alf og Ragnvald Humborstad med hestehandel. Frå nyare tid er Anders Lefdal ein kjend hestehandlar i Nordfjord.

estehandel var viktig for Nordfjord som hadde overskot av hest. *Nordfjordbygdene leverte år om anna 600 storfe til driving sørover (1860-1890). I tillegg kommer eit mindre tall hestar. Feet var bestemt for Hallingdal, Nummedal og Valdres. I tillegg ble det drevet fe og hestar over til Gudbrandsdalen frå Stryn*, skriv Fridtjov Isachsen i *Fra Hallingdal til Nordfjord i driftekarenes fotefar*.

Dei fleste driftene fylgde likevel hovuddriftevegen mot Gloppen, spesielt drifter med kyr og sau. Då tok dei over Nordfjorden ved Lote. Dei skulle til gode sommarbeite i fjella, over mot Austlandet, for å feita seg opp. Det same var ikkje tilfelle for hestedriftene. Hest nytta ein som arbeidskraft om vinteren og dei vart difor ikkje sveltefora i same grad som andre husdyr. Hestane var difor i relativt bra form etter vinteren og kunne lettare omsetjast direkte.

Tre stader måtte driftene i båt. Det var ved Lote, ved Kjøsnes på Skei og ved Sværen ved Sognefjorden.

I *Soga om Lothe* i Bygdebok for Nordfjord, fortel Anders A. Lothe både om staden Lote og om aktivitetane som gjekk føre seg der før i tida:

Dei hadde skjussplikt i heile Nordbygdi. Til skjussgrendi høyrde 16 bruk. Det må ha vore desse: - Årskog 2, Lothe 8, Lotsberg 5 og Ytre Åse 1 bruk. Men skjussplikti var utoleleg tung, tykte dei, og i 1725 sende dei klage til stiftsbefalingsmannen og bad um at Hyen måtte leggjast inn att under Lothe skjuss-skafferi, so som Hyen fyrr hadde gjort. Det gjekk stiftamtmannen med på, og Hyebøndene måtte no anten vera med å skjussa eller betala «vedbørleg».

Kor lenge denne skjussplikti stod ved lag, veit eg ikkje, og då var det so då eg voks upp, at ein kjende det som ei plikt å hjelpa framandfolk, so dei kom seg av garde og slapp å stå landtrolla, og skjuss vart det alltid ei råd med, so sant fjorden var farande. For smågutane kom desse skjusspengane sakte vel med.

I 1858 tok fylkesbåtane til å gå; men so sjeldan som dei gjekk, verka det lite og inkje på ferdsla yver fjellet. Etter kvart vart det fleire rutor, men båtane gjekk inn i alle krokar (i Ålfoten og Hyen), so vegen inn fjorden vart lang; folk valde då gjerne heller å taka snarvegen gjenom Lotsskaret enn å fylgja dampbåten. Men etter kvart det vart sett inn fleire båtar. Med snøggare rutor minka ferdsla etter kvart. Og kring hundrad-årsskiftet var det berre eit hend det kom ferdafolk over fjellet.

I dei tider eg voks upp gjekk umlag all ferdsla gjenom Lotsskaret (Ytre skaret); sjeldan gjenom Indre skaret, og inn i Haneholmen. Drifte-ferdsla heldt seg stort set lenger enn folkeferdsla.

Det var serleg numedøler som kom med krøterdrifter. Um vintrane for dei kring i bygdom som skreppekarar og selde ty-varor og anna, og um vårane, i vårknipa, for dei kring på Sunnmøre og i Nordfjord, - frå Selje og innyver, og kjøpte upp øykjer, kyr, sauer og, geiter, og med jonsoke tider, når Lotsskaret var farande, kom dei store krøterdriftene, - hestednfter, kyradrifter, sauedrifter, geitedrifter (minst av dei siste), kvar drift gjerne på eit hundrad livande eller meir. Det kom mange drifter kvar einaste vår.

Det var vel ei glede på oss bornom når me såg driftene koma. Me såg dei alltid fyrst upp i Bakkom utan i Navestøylen. So kom dei ned den gamle smalevegen: - Ned Skaret, ned yver Einsteinflatene, ned Geitavegen, fram Årskogsanden og fram i Geilane. Her var samlingsstaden og kvilestaden for driftene, - for Lotskrøteri og.

Geilane var den vide trikanten utan i Teina og Teineledet. Her budde ein plassemann, Geilane. Han hadde stove og lade, eit romslegt tun og ei kvie. Men likevel var her rømd nok, det same kor store driftene var. Og her var lett vint å gjæta dei; det var berre tvo stader krøteri kunde stikka seg vekk: - ut yver Sabruna og opp utan i Uppigards-ystehagen.

Driften var ikkje fyrr komne fram i Geilane fyrr me borni var komne ut åt Teineledet. Var det kyr, sauer eller geiter, ja då var det ikkje så fårlegt; då var det berre å gå ut i Geilane og sjå på alle desse framande krøteri. Hestedriftene og var sakte fine; men hestane var me rædde. Då torde me ikkje gå ut

um Teineledet uten me hadde vaksne med oss. Mest moro tykte me det var med kyradriftene. Me kunde gå der og sjå på alle desse pene og kjekke kyrne og klappa dei og snakka med dei. Og so mjølka me dei og heldt gjestebod med søtmjølke og hadde det so grumt.

På timen driftene var komne, samlast ein mann frå kvart bruk seg, 10 mann, - ved kyrkjebåtsnaustet, fekk ut storekyrkjebåten, og so tok førsla til. Dei førde krøteri yver fjorden burt på Anda bøen straks innan i Andatongen. Her var samlingsstaden burtan i fjorden. Her låg driftene og venta til alle var komne yver. Her var det lett å gjeta dei, - sjø på tri kantar, og austanfor var det ein bratt hamar med herre ein stad det var råd til å gå inn i marki.

Det tok ein times tid eller so med kvar farm; og var driftene store, tok det lang tid fyrr alle var yver komne.

På storekyrkjebåten var kvar farm 6 øykjer eller 10 kyr, og i 1890 åri var takstane for føring: - 60 øre kvar øyk og 40 øre kvar kyr. For kvar farm fekk dei soleis:

6 øykjer a 60 øre = kr.3,60- 36 øre på mannen.

10 kyr a 40 øre = kr.4,00, - 40 øre på mannen.

Slitet på båten ikkje teke ifrå.

Dei fekk litt meir for kyrafarmane, men so var kyrne og meir styrdvorne og brysame til å få inn på båten og ut av båten.

Desse opplysningane er frå Per Å. Lothe:

Pengane kom sakte vel med; men so var det og eit slitsamt arbeid

Næste kvilestaden for driftene var Slagstad-hagen inn på Nord-stranda i Gloppen.

Eg var ein gong leigd til å vera med å jaga ei stor kyradrift frå Andabøen og inn i Slagstad-hagen. Det var vel eit slit og eit tjåk å få alle kyrne med inn Hjelmesete-marki. Stakars kyrne! Alt so framandt for dei, - skogen, marki, dei andre kyrne, og so desse stygge menneskji. Aldri fred, lite mat og alltid fara frå eine staden til hin. Å, so dei lengdest heimatt til dei andre kyrne, til fjøsen og båsen og dei gode budeione! Der kjende dei alt og alle, og der hadde dei det so gildt. Der fekk dei liggja i båsen og kvila og jorta og drøyma. Men her var det aldri fred å få for desse stygge mannfolki. Å, so dei lengdest heimatt! Men det var visst langt heim no. Og so visste dei ikkje vegen. Det var ikkje rart dei var tverre og seinvorne og lure til stikka seg vekk og gøyma seg. Det var eit slit og eit strev å få alle med. Ein måtte ha augo med seg so ikkje ei einaste kyr fekk gøyma seg vekk og leggja seg yver.

Men då me nådde Nordstrand-vegen, gjekk det fint.

So tok det til å minka med driftene og, og ut yver i åri etter 1900 vart det heilt slutt med drifter gjennom Lotsskaret. Det kom nok av at driftekarane tok meir og meir til å taka driftene inn på rutebåtane, og seinare, avdi umsetnaden av krøteri etter kvart vart lagd um; - kroteri vart istaden sende til slaktehusi i Bergen og andre stadar..

Varden Kron

Då ekserplassen vart flutt og det tok slutt med fylkestinget der, vart det stilt på Lothe. Men endå var Lothe i lange tider ein viktig midstad for ferdsla. Til døme på kor stor ferdsla hadde vore og var, kan det nemnast at det ei tid budde borgarar på Lothe. I 1606 var det soleis tvo: - Eirik og Valter. Eit synleg minne frå denne tidarbolkjen hev dei på Lothe den dag i dag. Det er varden **Kron** burt på høgste Skjera.

Varden Kron er berre liten; men han står på høgste pynten på Skjera, so med dagen er han bra synleg likevel, - både innan frå fjorda, burtan frå fjorda og uttan frå fjorda.

Det er noko gåtefullt med denne varden. Maken finn du nok ikkje frå eldre tider inn i fjordane, fyrr du kjem ut på kysten, der siglingsmerki står langs farleidene. På moro er ikkje Kron sett der, og heller ikkje av vanlege folk. Det segjer namnet. Det er nok danske styringsmenn som hev sett dette siglingsmerke der til rettleiding, -ikkje avdi der er trongrømt og lett å setja fram på eller vanskeleg til å taka seg fram ut og inn fjorden, og heller ikkje var det turvande for bygdefolk eller andre som var kjende der. Nei, dei sette nok Kron der til hjelp for framande, - slike som høgvyrde embetsmenn, offiserar og andre langframande folk. Det var nok sjeldan slike ferdast der nattes tider.

Kva varden Kron fortalde?

Det var vel um at det her var ekserplass, at her gjekk ferdslevegane over fjellet, at det her var herbyrge, og kanskje um at her vart fylkestinget halde. Alt eller noko av dette fortalde Kron til framande og langframande folk.

Ekserplassen vart nedlagd, ferdsla minka, dei høgvyrde langfarande og andre framande kom der ikkje lenger. Men Kron stod att, - og står der den dag i dag, - der burt på høgste Skjera til eit minne frå ei tid som hev vore, men som no er gådd i gløyme.

Når Kron vart sett der, kvifor han vart sett der, kven som sette honom der, og kva han fortel, veit ingen. Han står der som ei gagnløyse og ei gåte for alle. Og då hev han sitt å fortelja, han og, berre ein kan greida å skyna honom.

SELJE - OG VÅGSØY KOMMUNE




DRIFTEVEGEN OVER BERSTADEIDET



Gardstunet på midtre Rimstad, 1917 – 1918. (Foto: Fylkesarkivet/Jonas Rimstad.)

Vegen over Berstadeidet



Karta syner vegen, med raud line, mellom Moldefjorden og Bryggja; gjennom Berstaddalen og Rimstaddalen til gardane Myklebust og Rimstad og vidare til Bryggja. Ferdelsvegen tek opp ved Berstad, aust for elva. Nærare Berstadvatnet tek stien over på vestsida av elva. Ved utløpet av elva går vegen over på austsida att, og held fram langs austsida av Berstadvatnet.

(Øvst: Kartblad 1119 III, Vanylven, 1:50 000, M711. Nedst: Kartblad, 1118 I, Måløy, 1:50 000, M711. Selje og Vågsøy kommunar har Friluftskart med ruteskildring i 1:50 000 der Berstadeidet er med.)

Driftevegen over Berstadeidet

Ferdselsvegen er ikkje synfaren i samband med dette prosjektet.

I 1995 fekk Selje og Vågsøy kommunar laga ein rapport om Berstadeidet med tittelen *Vegen over Berstadeidet. Ei natur og kulturhistorisk undersøking langs den gamle ferdslevegen i kommunane Selje og Vågsøy.* HSF, avd. for naturfag, Inger Eikeland Flåten, Ingvild Austad. Rapport nr. 4/96.

Alt stoffet om vegen over Berstadeidet er henta frå denne rapporten. Alle fotografi er kopierte frå rapporten og fotograf er Inger Eikeland Flåten.



Gamla steinbru ved utløpet av Berstadvatnet. Her krysser ferdselsvegen over til austsida av elva for å fylgja vasskanten langs Berstadvatnet på austsida.



Etter brua er vegen bygd opp med stein. Biletet syner nordenden av muren.



Utsikt over Berstadvatnet frå sør.



Kvilesteinen sør for skaret. Her ved Løypinga har det tidlegare vore både stemneplass og mjølkeplass. Rasmus Ødegård på steinen, sommaren 1994.



Restane etter den tidlegare brua over elva ved Fiskevatnet.



Brua ved Samuelvatnet er i bra stand.



Vegen gjennom heia nord for Rimstad. Vegkantane er oppmurte. Mellom murane er vegbana svært nedsliten.

TILTAK

For detaljkart, tilstandsrapport og tiltaksliste for ferdselsvegen, sjå HSF-rapport.

Historie kring vegen over Berstadeidet

Vegen mellom gardane Berstad i Selje og Rimstad i Davik, no Vågsøy, var i katolsk tid pilegrimsveg for pilegrimar som valfarta til Selje kloster, særleg ved Seljumannamesse 8. juli. Høgste punktet på ruta kallast Løypinga, truleg av di her var tømmerløype. Den sjeldne furuskogen som ein gang voks her er det framleis restar av. Løypinga var mykje nytta som stemnestad for folk frå Pollane, Selje, Kjøde og Bryggja-området. Den fyrste postruta gjekk her, og den siste postføraren heitte Pisani. Då vegen over Maurstadeidet kom på 1860-talet, vart postvegen over Berstadeidet lagd ned. Det var ikkje ein veg for hest med vogn, så det var å lessa postsekkene på mannen. Kløv er ikkje nemnd i denne samanhang. Vegen var kyrkjeveg for folket på Rimstad. Frå Berstad tok dei båt over til Selje. Ferdselsvegen over Berstadeidet var også drifteveg og stølsveg.

Vegen over Berstadeidet som drifteveg

Lars Rimstad, frå Vågsøy fortel i 1995 at han hugsar *det kom hestehandlarar over fjellet. Ein hestehandlar kunne ha med seg 2 - 3 hestar i slengen.* Det var ikkje noko fast tid på året det blei handla hest. *Hestehandlarane gjekk når dei hadde ærend. Det kunne vere frå tidleg om våren til seinhaustes.*

Lars Rimstad fortel vidare at han hugsar ei kudrift i 1920. Den inneheldt 17 kyr, men talet kunne vere langt høgare. *Kyradriftene var kvar sommar, men berre ein gong om året. Driftekarar gjekk med kyrne opp Berstaddalen og ned att Rimstaddalen. På Bryggja hadde dei kyrne ombord i båtar. Kyrne blei frakta innover i Nordfjord, men og til indre Sogn. Der gjekk kyrne på beite om sommaren. Om hausten gjekk drifta austover, og kyrne blei selde nedover i dalane.*

Jonsokafta i 1906 var det bryllaup på indre Rimstad. *Mor og far gifte seg då. To driftekarar kom til gards og ville hente nokon til å mjølke nokre av kyrne dei hadde med seg. Kyrne hadde dei sleppt nord for Bøgarden. Dette var ei drift på mellom 30-40 kyr som kom over fjellet. Frå bryllaupslaget reiste det tre stykkjer fram for å mjølke kyrne. Bestemor var ei av dei. Mjølka blei nytta under bryllaupsfesten.*

Peder Berstad fortel om ein lensmannsbetjent som tok seg over eidet. Han kom truleg frå skrivargarden i Naustdal og skulle til lensmannsgarden i Berge (grenda aust for Berstad). Dette hende kring hundreårsskiftet. Lensmannsbetjenten fór utfor den bratte lia nord for Løypinga. I lia var det skare, og det var is på Berstadvatnet. Han stoppa ikkje før han var komen ned på vatnet. Han hadde lite klede att på kroppen då han kom til Berstad. Mannen blei seinare lensmann i Eivindvik i Gulen. Han fortalde sjølv denne hendinga til Jeremias Berstad (bror til Peder Berstad), som i 1928 til 1929 tente i Eivindvik (og som no bur i Skien).

Han fortel og at det var vanleg å rekne med at dei trengde *to timar frå gard til gard og ein halv time ned til Bryggja* (Berstad - Rimstad - Bryggja). Vidare fortel han at far hans gjekk denne vegen fram og tilbake, *då det var ein på garden Øyra som var sjuk og trengde dokter. Dei nærmaste stadene der det var dokter då, var i Måløy, på Bryggja og på Vannylven. På den tida var vegen over Berstadeidet mykje betre enn i dag.*

Terreng og spor etter gamle vegfar tyder på at vegen over Berstadeidet er ført vidare til Lefdal, Kjølisdalen og Stårheim.

Vegen over Maurstadeidet vart ferdig ca. 1865. Då nytta dei i hovudsak denne som allfarveg i staden.

I framhaldet er stoffet ikkje henta frå rapporten om Berstadeidet.

Peder A. Aaland skriv i *Årbok for Nordfjord* 1986 i ein artikkel om skreppekarar at *skreppekarane* hadde si «gjestingstid». *Dei var alltid velkomne. Helst kom dei om vinteren.* Dei kom t. d. frå Numedal og Voss. Djupedal (1986) nemner ein frå Numedal som fór og handla i fisketida. Han slo seg ned som handelsmann i Måløy. (Truleg Erik Fønstelien, sjå nedanfor.) *Andre slo seg til som bønder.* Han nemner her ein frå Voss som gifte seg til gard i Selje. I ei teljing frå 1891 går det fram at Davik Sogn hadde fire fehandlarar.

Erik Fønstelien var skreppe- og driftehandlar i lag med bror sin. Dei var frå Numedal og reiste mykje i Nordfjord. Han slo seg seinare ned på Måløy som handelsmann. Han skreiv dagbok på reisene sine og her er nokre utdrag frå denne. Stoffet er henta frå *Årbok for Nordfjord*, 1998 og 1999.

Året 1900 En lang spasertur

Vaaren 1900 da sanken av driften skulde begynde fik jeg ruten Ytre Nordfjord. Jeg reiste fra Vambeset formiddag til Hjelmeset, fik baat-sjyss til Kviteneest og gik til Hestenesøren, tok derfra baatskyds til Hundvik og gik derfra til Torheimsnes og fik baatskyss til Isane, der laa jeg natten over hos O. T. Førde.

Gikk derfra straks om morgenen til Dombestein lierne utover stranden og fortsatte gaaende stranden til Davik. Derfra fremdeles tilfods utover til Endal, fik baatsjyss derfra til Midthjell og gik saa til Levdalshjelle om kvellen, der sov jeg godt efter den lange tur

Næste dag fortsatte jeg fotturen til Bryggja utover Totlandsdalen over fjellet til Sørpollen, der havde jeg og broder Reier kjøpt en hest hos Karl Strømmen. Hos ham laa jeg da natten over.

Da landeveien over fjellet fra Sørpoll til Bryggja er kronglet, halvt ufremkommelig for ukjendte, saa leiet jeg Abel Sørpoll som veiviser forbi Rødegvatnet.

Fra Bryggja tok jeg dampskib, vi tok det aar alle hester og kuer fra ytre Nordfjord med baaten til Sandane forat spare den slitsomme driving over Lotheskaret og innover Anda til Sandane. Paa denne turen utover fjorden var jeg da innom paa alle gaarde hvor vi tidligere paa vinteren havde kjøpt kreaturer. Vi kjøpte kreaturer hele Fjorden fra Vadmelsvik (Vemolsvik) og indover til Olden-Loen (Rake).

Det var enkelte gaarde hvor vi ikke maatte kjøpe, for kuer fra disse gaarde var mere utsatt for sykdom, Rausot. Vi havde navnene paa disse notert efter oplysninger fra gamle driftebønder i Numedal.

Her fortel Fønstelien frå ein annan tur han hadde:

Tur over Hardangervidden.

Høsten 1900 gik ogsaa turen til Vestlandet over Hardangervidden. Vi reiste det aar alle tre brødre hjemme fra da min yngre bror Reier ogsaa blev med. Halvor Skahjem fra Nore reiste ogsaa i følget (Merknad: Peter Olsen Lassegaard er skriven til etterpå, over teksten), saa vi var 4 stykker.

Denne høst havde vi en sjelden fin tur over vidden. Gik første dag til Laaglidberget, derfra næste dag den gamle normanslæpe over Gjeitsjøhøyde, Tømraflot til Halnekjønholle og nedom Nybudalen, der overnattet vi paa en sæter under Nybunuten, natten var kold saa det blev lite

søvn, der kom om natten en snekave saa fjellet blev graat, vi startet i graalysningen da var det igjen oplet pent veir, hvilte lit paa Maurset og fortsatte saa turen nedover Maabødalen til Vik i Eidfjord. Der tok vi ind hos Helje Læg Reid. Maatte ligge der over en dag forat vente paa skib til Bergen.

Effer aa ha gjort de fornødne indkjøp hos Richard Arnesen fortsatte turen med D/S Storfjord til Maaløy. Broder Hans og Skahjem kjøpte varer sammen og gik iland der, mens Reier og jeg, som da var sammen, fortsatte til Gloppen, vi tok varerne iland paa Rygg fik os baat der og rodde over til Gloppestad, hos Anders, der tok vi inn og havde vore varer.

Min fætter Jakob Vambeset vilde ogsaa forsøke sig som skreppehandler og blev ilag med os. Jeg reiste denne høst en tur utover til Maaløy, der boede jeg da hos skomaker Hans Aardal og hustru Elise, der var vi i løpet av et par aar blit særdeles godt kjendt, han tilbød mig jeg skulde faa leie billigt kjælderetagen i sit hus, der kunne vi indrede os en liten butik og ha vort varelager naar vi reiste.

Jeg talte om dette med Farbror paa Vambeset, han havde nettop da kjøbt gaard paa Midtgaard (Hauējorden som den kaltes), til sin svigersøn Anders Kvalheim, som var gift med Pernelle Vambeset. Han tilraadet vi kunne leie hos Aardal og prøve. Jeg fandt ut at stedet laa særdeles sentralt, der var gode dampskibsforbindelser; saa det passet for os at ha varelageret der og samtidig forsøke lidt butikhandel.

Efter julen som vi alle var hos Farbror, 1900, reiste jeg en tur til Maaløy, og leiet kjeldereren hos Aardal for kr 50.00 pr aar i indtil 5 aar.

Fønsteliien fortel vidare om livet som handelsmann i Måløy:

Aret 1901: Vi starter forretning

Maa fortælle lidt om den første start som forretningsmand i Maaløy.

Efter konferanse i Julen 1900 paa Vambeset Jakob, broder Reier og jeg var sammen denne vinter. Hans var sammen med Halvor Skahjem og de holdt jul i Maaløy hos Aardals. Min Farbror tilraadet at vi skulde leie hos Aardals kjelleren og der ha vort lager av varer jeg skulde ta handelsbrev saa vi uten kritikk fra de tidligere kjøbmænd paa stedet kunne selge varer. Jeg havde funnet Maaløy som særdeles sentralt beliggende med gode dampskibsforbindelser saa det passet aa ha sit oplag av varer, tænkte da paa skreppehandelen.

Jeg reiste en tur til Maaløy sist i Julen over Nyttaar i 1901 og leiet kjelleren hos Aardals som oprinnelig var tænkt til fargereri for Petter Reed, men han boede hos Mons Gotteberg og likte sig der, saa han vilde ikke flytte. Jeg skulde betale Kr 50,00 pr aar for Kjelleren, men paneling og indredning til butikk maatte bekostes av Os leierne.

Jeg trodde handelsbrev blev utstedt av Politimesteren og besøkte Andenes paa Florø i den anledning, men fik opplysning om at det var lensmannen som ordnet dette og 25/2 1901 var jeg bort i Maaløy, hvor lensmand Hartmann i Selje da opholdt sig og fikk mitt brev som borger. Jeg betalte vist kr.40.- for det.

Til indredning av butikken havde vi Ole Orheim fra Storheim. En gammel disk og en liten hylle kjøpte vi hos den gamle expeditør A. Ødven Sandane, disse er sikkert nu over 100 aar gamle. Butikindredningen var ganske provisorisk, maling blev ikke brukt bare litt olje paa alle lister. Jeg reiste til Bergen og gjorde indkjøp der kjøpte vi ogsaa 1 gammel brugt diskvægt. Vor første forbindelse i kolonial var Friele & Sønner der fik vi kredit efter anbefaling av Richard Arnesen. Vi aabnet da forretningen omkring 1 Mars og jeg blev den som maatte være hjemme og passe butikken.

Avis fandtes her ikke, men merkelig nok blev forretningen ganske straks godt kjendt. Jeg kan huske der kom kunder mens snekkeren holdt paa med indredningsarbeid saa vi maatte aapne manufakturkassene og begynde salget før alt var istand. Der blev intet malt, over den gamle disk læg vi linoleum, og i Mars 1901 begyndte da butiks salget. Her var litt sildefiske og mange fremmede fiskere, saa vor beholdning av undertøi røk opp paa 5-6 dage, saa blev det byreise igjen, telefon og telegraf var ganske fremmede innretninger for mig dengang. Da aaret sluttet 31/12 - 1901 saa viste det seg at salget i butikken var ca kr. 15000,- Det heldige for mig var at jeg i aarene fra 1898 havde reist omkring der med skreppe og kjendte mange som jeg nu fikk som kunder; viste ogsaa endel om de som var daarligst betalere, saa kreditten ikke knækket, startkapitalen var ikke stor; vi regnet med aa kunne skaffe ca Kr. 1000. hver ialt Kr.3000,- Vi begynte dog straks at føre lidt kolonial og udover aarene førte vi disse varer helt til 1912 da forretningen blev opdelt idet Vambeset startet egen forretning og jeg blev alene om den gamle forretning.

1901 blev min første Jul i Maaløy, da var jeg paa Midtgaard hos Anders Torstensen Kvalheim gift med Pernelle Vambeset, mit søskendebarn. Hos Anders og Pernelle saa jeg for første gang hende som senere blev min hustru frk. Johanne Rygg. Det var en solskinns søndag sommeren 1901.

Gaarden havde Farbror kjøpt for dem, men Anders som hadde været flere aar i Amerika hadde flere brødre der og syntes her var tungvint saa han længtet tilbake og solgte bruket vaaren 1902 til Lars Nordbø fra Tytingvaag, høsten 1902 drog saa Anders med familie, 1 pike og 1 gut til Amerika, bosatte sig paa vestkysten i nærheten av Seattle og bor der enda. Pernelle var hjemme paa besøk sommeren 1930.

Tunet paa Midtgaard var langt oppe, høiere enn nogen av tunene ligger nu, der var gammel stue med ljore, men nu komfyre indsatt og stor og rummelig, i kåven boede enken Mari med Haugen, «saa kaldtes hun» som hadde solgt bruket, flyttet senere ind i Nordfjord hvor hun var barnefødt. Hun fostret op en gut, søn av nulevende fru Marie Lukkassen, han gik paa sløidskole, blev flink snedker og arbeidet blandt annet tavlene til salmenumrene i Kirken da den blev bygget i 1906, reiste saa til Amerika blev utkommanderet til deltagelse i Verdenskrigen paa fronten i Frankrig 1917-18 og faldt der. Hans Mor har efter sin søn havt pensjon fra den Amerikanske Stat. Jeg boede den første sommer i Maaløy hos Anders og Pernelle [...]

Som skreppehandler brukte jeg bare en notisbok, men nu forstod jeg det var smaamt med kundskaper; der maatte læres noget og høsten 1902 reiste jeg paa Ant. Johannesens handelsskole, som da nettop var begyndt i Bergen. Efter et 3 mdrs kursus der, kom jeg hjem med karakter 1.22 de første dage i desember, og fik da bedre orden i mine bøker.

18. august 1917 brann huset til Erik Fønsteli i Måløy ned, og her mista han mykje av eignalutane sine.

Rasmus Hole var driftehandlar og kom frå garden Hole i Rimstaddalen. Han nytta seg av driftevegen over Berstadeidet. Det står ein del om han i kapittelet om *Driftevegen gjennom Eid kommune*. Under er teken med litt som spesielt gjeld Berstadeidet.

Stoffet er henta frå *Årbok frå Nordfjord* 1997, og skrivne av Torleif Rimstad:

Rasmus Hole frå Bryggja i Nordfjord, f. 1839 d. 1925, dreiv med hestehandel og annan handel over store delar av Sør-Norge. Vi veit at han var på Romerike (Jessheim), Vingersmarken, Trondhjemsmarken og på Romsdalsmarken [...]

Rasmus var på farten mesteparten av året så det fall mykje ansvar på kona Karianne f. ødegård frå Berle. Dei hadde åtte born. Driftene austover og til Trondheim tok vekevis. Store delar av området var høgfell og utmark. Det skulle nøyaktig planlegging til for at drifta var gjennomførlig. Det var husmora som hadde ansvaret for at mann og born hadde tenlege kle, vadmelskle og ullkle laga av råstoff frå egne dyr. Mannen hadde ansvaret for skorne. Overleret var garva av egne dyr. Sålelæret kjøpte dei. Mange laga sine egne skor [...]

Karianne Hole hadde altså ansvaret for utrustning til sine egne og til dei unggutane som var leigde til å vere med i drifta. Gamle folk har fortalt meg kva slags mat som vart brukt til slike reiser. Spekekjøtt, turrsild, flatbrød, flesk var næringsrikt og vog lite. Men dei hadde også andre ting i ferdaskrinet, stomp, smør, klubb og pølser [...]

I den tida vi her nemner, var kaffien komen i bruk, så dei hadde med kaffikjel. Elles kunne dei ta med seg det dei hadde lyst på. På Hole heng ei ganske stor veggklokke som Rasmus kjøpte på Trondheimsmarkaden og frakta med seg heim. Her er det nær å tenkje at dei selde ut resten av hestane i Trondheim og tok raskaste vegen med båt heim att til Hole [...]

Desse stordriftene austover var nokså samansette. Rasmus Holen, Gamleholen, var den suverene sjef. Men det var mange andre hestehandlarar i drifta. Dei hadde sine egne dyr, og dei handla seg imellom og til kundar dei trefte. Kvar av hestehandlarane hadde ansvar for eigen hest.

Desse hestekarane var med i drifta: Ola Solibakk (bror til bestemor mi), Berge Humborstad, Sivert Bugjerd og Johan Tømmerstøl (frå Kjølsdal) og så Martin Kopparnes og Hans Almklov frå Sunnmøre. Men eg veit ikkje om det var ein eller fleire av desse som var med på kvar drift. Sannsynlegvis fordelte dei seg på fleire år. Russen (Rasmus Russ) var også med i dei første åra Holen dreiv[...].

Holen brukte ikkje tog, og båten vart berre brukt når dei måtte bruke den. Grunnen til dette er klar. Tid og arbeidskraft var billigare enn no. Skulle dei på tog eller båt, måtte dei betale frakt. Dertil var det den fordelten at når dei reiste i utmark så kunne hesten finne den føde han trong.

Drifta starta på Maurstad. Dit kom dei med hestane frå sørsida av ytre Nordfjord med båt. Frå Selje kom dei over Berstadeidet og til Rimstaddalen og frå Sunnmøre over Maurstadeidet. Samson Rimstad (1879-1970, har fortald i detalj korleis dei ordna seg. Dei gjekk opp med Naveosen over Dua og til Kjølsdal og dei gamle ferdselsvegane langs nordsida av Nordfjord.

STRYN KOMMUNE



DRIFTEVEGEN GJENNOM MARKANE, NEDSTRYN OG OPPSTRYN



Bilete frå ei hesteutstilling på ei fotballbane i Stryn i 1927.

DRIFTEVEGEN INN MOT STRYN I DAG

Til Stryn var det fleire tilførselsveggar frå nord. Ein kom frå Hornindal og ein annan kom frå Eid og Lote. Ein annan veg kom frå Sunnmøre til Flo og vidare derifrå mot Hjelledalen. Truleg kom det dyr både frå strandsona og sidedalar i området kring Innvikfjorden. Frå Utvik og Oldedalen veit me at dei førte drifter over fjellet til høvesvis Byrkjelo og Stardalen/Klakegg. Transporten av dyr gjekk sjølvsagt også motsett veg, i retning Oppstryn.



Oversiktskart over Driftevegen frå Grodås/Kjøs til Stryn sentrum.
(Frå turkartet Jostedalsbreen, 1:100 000, ekv. 20m.)

Ingen av desse tilførselsvegane er synfarne i samband med dette prosjektet. Litt av historia kring desse vegane er likevel samla i dette kapittelet. Det er truleg mykje meir lokalt stoff som hadde vore interessant å knytt opp mot Driftevegen gjennom Stryn. Dette er noko kommunen og frivilljuge lag og organisasjonar i Stryn kan arbeida fram.

Historie kring Driftevegen inn mot Stryn.

Frå Kjøs gjekk Den Trondhjemske Postvei og ein gamal allmenningsveg. I tillegg gjekk ein ferdselsveg frå Langeset i Markane, om Klovningen nedafor Svarstadsetra innover Bergsida til Øvreberg. Denne vegen vart kalla Rakstadgóta, i fylgje Rasmus Flore.

Frå Grodås til Kjøs gjekk ein kronglete og bratt sti over Kjøshalsen. Tidleg på 1800-talet vart det bygd kjerreveg med høge murar i det bratte lendet over Hornindalsvatnet. Då kom postmannen tryggare fram. Det vert fortalt at i 1850-åra vart det forsøk på eit postran i Kjøshalsen. Ranaren hadde gøymt seg i ei lauvhytte. Der låg han på lur med ladd pistol. Då postmannen kom, klikka pistolen. Ranar og postmann sprang i kvar si retning. Ranaren stakk av til Amerika vert det sagt. Ranstaden vart, etter dette, kalla Fantehyttebakken.

Vegen vidare til Vik og Tonning gjekk forbi Vinsrygg og vidare til Magnesteinen utafor Vik. Siste biten vart gjerne kalla Øvre Lidavegen. Nedre Lidavegen gjekk om Faleide, Svarstad, Lunde og Nedreberg, og møtte Øvre Lidavegen ved Magnesteinen. Der gjekk dei saman mot Tonning.

Det var sjeldan at det kom drifter frå Nordfjordeid og lengre vest til Stryn. Vegen langs Hornindalsvatnet var vanskeleg å ferdast på. Dei måtte i båt for å komma forbi dei vanskelegaste strekningane. Frå Lote gjekk det ein fjellveg mot Faleide og denne vart nok nytta, men det vanlegaste var at driftene frå området kring Eid tok driftevegen som gjekk gjennom Gloppen.

Ragnar Standal i *Vegar før vegar* var skriv om vegen Kjøs – Faleide:

Frå Kjøs til Faleide gjekk postvegen Bergen-Molde frå 1780-åra av. Innover frå Faleide var det lett å nå Vik og Tonning over Bergsida. Eldre var nok rekstrevegen som tok opp ved Maurset og gjekk forbi Svingeset over Tverrfjellet til Nedstryn. I Markane kalla dei denne gjerne for Allmenningsvegen, medan dei i Bø t.d. tala om Markavegen. Oline Fænn Vik skulle vere siste brura som reid Tverrfjellet (kring 1870). Men knapt 20 år etter drog der og eit følge same vegen til kyrkje, «og brura gjekk heile vegen med krunga på.



Rasmus Flore har teke dette biletet av Gamlehuset på Flore i Markane. *Ein skreppehandlar hadde lageret sitt på eit kott i denne stova. Rommet vert den dag i dag kalla for "Numedalskottet". Numedølen heitte Tov Larsen Borgen og var fødd 20. november i 1847. I folketeljinga frå 1865 er garden Søre Knipenborg nemnt. Borgen ligg under denne, og høyrer til under området Skurdalen, mellom Uvdal og Geilo i Nore Prestegjeld: Borgen, Søre - Knipenborg, Søndre. Det ser ikkje ut sôm det er noko band til dei som eig Borgen.*

Folketeljinga nemner:

Lars Syversson, innerst, hjelp av fattigkassa, enkemann 61 år

Sonen Tov Larsson, ugift, 18 år, lever av slåttearbeid og rypefangst.

Om faren og mora:

Lars Syversson Øvremyro, Hol gift 1837 med Gunhild Tovsdotter frå Tinn. Dei fekk 5 born der Tov Larsson f. Borgen, Skurdalen, var yngst.

Ein skuleprotokoll viser at Tov gjekk på skulen frå Hansevikji i 1861.

Tov gifta seg 16. april 1873 med ei dotter på garden Flore. Då oppgav han skreppehandlar som yrke. Jenta heitte Oline Malene Olsdatter Flore. *Dei reiste seinare til Amerika*, fortel Rasmus Flore. Her sluttar spora etter ekteparet. Dei er ikkje å finna i registeret over dei som reiste til Amerika etter 1865.

Garden Flore ligg omlag midtveges mellom Kjøs og Faleide attmed Postvegen som vart bygd for omlag 200 år sidan.

Tonning i Stryn var ein av dei sentrale oppsamlings- og marknadsplassar for drifehandlarar. Her møtte driftene frå Faleide, drifter som kom frå sørsida av Nordfjorden. Mellom Utvik og Innvik kunne ein ta seg fram langs stranda. Vidare innover sørsida av Nordfjorden, mot

Olden, har det truleg vore lite trafikk med dyr. Bønder i Innvik som skulle selja dyr vende seg truleg mot Utvik, mens bønder i Olden kunne ta dyra over Oldeskaret til Stardalen og møta drifta der. Det var ikkje mange dyr bøndene hadde å selja til oppkjøparane. Truleg tok dei også dyra i båt langs strendene, både mot Utvik og Stryn, alt etter kven av oppkjøparane dei hadde kontakt med.

Som svar på eit skriv frå vegkommisjonen, datert 25. aug. 1778, skriv sokneprest Baar i Innvik 14. desember same året:

Fra Stryen til Loen, Kirke Vey, der er omtrent 1 1/3 miil, hvilken kaldes for Garpe Stranden, og hvor Hr. Fleischer forgangen Aar, snart med Livs Fare haver maattet gaaet, samme Vey er urepareret, da den desuden er en Lande Vey for Handlende, meget nyttig.

Fra Indvigen til Olden falder der lige ledes ofte en besverlig og vanskelig Vey, formedelst Iis som og allerede i Aar er indfalden, da ieg 1/4 Miil med megen Møye og Elendighed maatte tage Landet; Denne Vey kand med all Billighed kaldes en Kirke- og Ting Vey, men er saa vidt repareret at nogle faae Grene ere af Træerne afhugne, samt lidet i Halv-Bakkerne udgravet, men naar Elverne med Iis opvoxer, ufremkommelig for denne Tid...

Endnu findes en anden Bøygde Vey, samt Kirke Vey, nemlig fra Indvigen til Udvigen 1/2 Miil lang, huis istandsættelse er meget nødvendig baade i henseende til de Herr Officerers Reise, da den og ere en alfahr, Kirke og Bøygde Vey.» (Frå Ragnar Standal: Vegar før vegar var)



(Turkartet Jostedalsbreen, 1:100 000, ekv. 20m, Statens Kartverk.)


Henrik H. Røneid frå Gaupne f. 1882 var med på driftehandel kring 1900 og har skrivne dagbok om dette. Han var med onkelen sin som han kallar Leirdølen. Dei tok dampbåt frå Marifjøra via Bergen til Nordfjord. Dei reiste gjennom Hornindal, Loen og Olden og tilsa sankedag: *Våren 1899 ved jonsokleite, då vart eg med på sanken. Provianten på turen hadde me i ei lærskreppa, «prinsa» dei sa i Nordfjord. Sanke dagen var på Tonning i Stryn. Då det ikkje var skikkeleg vegsamband frå Olden og Loen til Stryn, leigde folk seg store føringsbåtar når det ikkje høvde med rutebåten å frakte féet til Visnes. Til drivinga gjennom bygda tinga dei Rasmus Dårflot og sonen Nils som jagarar, son til Leirdølen var og med, i alt fem stykke. Dei hadde kjøpt med nokre hestar.*

Me batt ein hest i rumpa på den andre so det vart som ei kjeda. På fyrste hesten hadde me Kløv. [...] Leirdølen leide hestane føre og so kom fedrifta etter. Oppover til Mindresunde var det veg, derifrå var det berre gongsti. Me stoppa nokre timar på Fosnes i ein hamnehage for å kvila. Frå Erdal måtte dei fara langt ovanom gardane og under fjellet til Greidung. Der låg me eit døgn tid i ein hamnehage dei kalla Åremarki.



Vidare frå fjorden mot Oppstrynsvatnet og Storesunde gjekk dei austover langs elva. (Turkartet Jostedalsbreen, 1: 100 000, Statens Kartverk.)

Her ser me vidareføringa av driftevegen gjennom Røyrdalen i Møre og Romsdal, teikna inn med raud line lengst mot vest. Ned til Flo er ferdselsvegen frå Hellesylt og gardane Voldset og Nordbrekke via Stegholvatnet teikna inn med raud strek, omlag midt på kartet. Forbi Stegholvatnet var det vanskeleg å passera både for dyr og folk. Det var eit lite skar aust for høgda i Stegholen, Yksnesskaret, men også dette var vanskeleg. Alternativet var å ta inn Fedalen og gå vest for Reinskredfjellet og nord-aust for Fedalsnipa, ned Flofedalen til Flosætra. Dette var ein sær tung veg då ein måtte opp i 1250 m o.h.. Frå den 1600 m høge Fedalsnipa gjekk dessutan ein brearm tvers over skardet som ein måtte gjennom. Det vert hevda at vegen var lettare å ferdast på når breen var større enn i våre dagar. Komne ned til Flo, måtte driftene i båt, slik at det var ein tungvint veg å ta dersom ein rett og slett ikkje var nøydd. Då var det betre gjennom Glomsdalen. Då slapp dei i båt, men dei måtte over Nautebreen som kunne vera ein prøve i seg sjølv.




Dei to alternativa ein kunne velja for å komme ned til Flosætra og vidare ned til Flo. Herifrå måtte ein i båt om ein skulle vidare. I 1897 kom dampbåten "Fritjof Nansen" til Strynevatnet. Med "Fritjof Nansen" i rute vart det no enkelt å ta seg fram på vatnet der dei før måtte bruka handmakt eller segl.

(Kartbladet Lodalskåpa, 1418 IV, M711, 1:50 000, ekv. 20m, Statens Kartverk.)


Dei kunne og ta vegen lenger aust, gjennom Skjeringsdalen. Både denne og vegen gjennom Glomsdalen høvde dersom ein skulle vidare over Jostedalubreenn eller Kamperhamrane. Skulle ein over Strynefjellet var det mest naturleg å gå Skjeringsdalen og så ta av mot aust ved Skjeringsdalssetra og fylgje Grasdalen vidare (sjå neste kart).



Flo sett frå Tunål. (Foto:Linda Vibeke Holstad)



(Turkartet Jostedalubreenn, 1:100 000 , Statens Kartverk.)



(Kartbladet Lodalskåpa, 1418 IV, M711, 1:50 000, ekv. 20 m, Statens Kartverk.)

FORSLAG TIL TILTAK - PRIORITERINGAR

Med alle dei tilførselsvegane som fører inn mot Stryn vert det vanskeleg å prioritera alle i Drifteveg – samanheng. Dette er noko ein må ta standpunkt til etter at vegane er synfarne og meir av lokalhistoria kring driftehandelen er samla inn. Nokre prioriteringar kan ein likevel gjera så langt.

- Vegen frå Hornindal og Grodås via Kjøs og Flore til Tonning, lyt ein kalla Hovuddrifteveg. Lokalkjende folk som til dømes Rasmus Flore i Markane kan rekonstruera kvar Driftevegen gjekk. Samanfall med Postvegen lengst nord er ikkje noka ulempe.
- Driftevegen frå Tonning til Mindresundet lyt ein prøva å rekonstruera. Finst det gamle ferdsselsvegar parallelt med hovudvegen oppover dalføret vart desse truleg nytta av driftene. Desse vert då sjølvskrivne som ein del av Driftevegen.
- Kven av dei andre tilførselsvegane ein skal prioritera som hovuddrifteveg lyt ein ta standpunkt til etterkvart som dokumentasjon om desse ligg føre.
- Alle tilførselsvegane/alternative ruter bør ein gjera turfolk merksame på, anten med informasjonsskilt, merking eller informasjonfoldar med kart.

Skilting/merking

- Det lyt stå retningskilt med namn og logo til Driftevegen alle stader der det er tilkomst til vegen mellom anna ved Grodås, Kjøs, Markane, Tonning, Stryn sentrum og ved Mindresundet. Ved parkeringsplassar som kan vera naturleg å nytta i samband med ferdsel på Driftevegen bør ein ha retningskilt med namn og logo.
- Alle stader der stien deler seg lyt ein ha retningsvisarar med Drifteveg-logo, evt. namnet på vegen.
- Ein lyt vurdera om ein ynskjer skilt ved ulike fiskevatn eller andre attraksjonar langs Driftevegen. Ein må då vera nøye med materialval og utsjånad slik at desse ikkje vert eit framandelement i omgjevnadene. (Sjå kapittel om skilting og merking.)

Informasjonstavler

- Informasjonstavlar bør ein ha alle stader der ein kan koma til Driftevegen og på parkeringsplasser som det er naturleg å nytta i samband med friluftsliv på Driftevegen.
- I tillegg lyt ein ha ei informasjonstavle sentralt i alle bygdesentra som fortel om ferdsla og syner til Driftevegen gjennom området.

Rydding av sti

Avheng av synfaring.

Marknadsføring

- Stien lyt ved revisjon av turkart i området omtalast som *Driftevegen*. Ein lyt også leggja inn noko informasjon om kva som ligg i dette omgrepet.
- Ein lyt laga ein foldar med lokal informasjon om Driftevegen og oversiktskart. Denne lyt ein leggja fram på turistkontor, overnattingsstader m.m. der vitjande i kommunen ferdist.

Turisme

- Kulturhistoria kring driftevegen gjer det høveleg med guida turar for fotturistar i Driftevegen.
- Det er naturleg å leggja til rette for tilbod om "driftetur" med hest i samarbeid med hesteinteresserte i området.

Driftevegen langs Strynevatnet i dag og historie kring denne.

Ragnar Standal har i *Vegar før vegar var*, skrive ein del om driftevegane langs Strynevatnet. Mykje av det vidare stoffet er henta der.

Over Mindresundet kom det bru i 1879. Før dette var det vanleg å vada over, omlag 100m nedom brua. Det var nokre steiner der som dei kalla Midsteinane og som dei "styrde" etter. Ved høg vasstand rodde dei folk over, mens dyra sumde. Elles kunne dei ri over. Vadet kalla dei for Eikjevadet, truleg av ordet øyk, lokalt uttala eyk (Etter Abraham Dispen).



Dagens bru over Mindresundet. Brukara etter den gamle brua kan ein sjå restane av under den nye. Eikjevadet låg på bortsida av brua. (Foto:Linda Vibeke Holstad)

Med brua over til Mindresundet i 1879 vart det bygd veg opp til Meland og der sette dei opp bryggje.

Frå Mindresunde, seinare frå Meland/Berstad, var det berre gangveg vidare oppover langs vatnet. Ved Berstadklufta var det kvile- og beiteplass for driftene. Stykkevis var det lagt vinn på muring for å lette ferdsla.



Eikjavadet. Me ser området der driftene truleg kom i land ved Mindresundet. (Foto:Linda Vibeke Holstad)

Frå Berstad var det slutt på å følgje vasskanten. Ville folk no vidare, laut dei stundom oppom, stundom nedom dei bratte stupa langs stranda. Kristian Berge har teke vare på eit par stadnamn der vegen gjekk: Eit stykke innafor Berstadbøane giekk råsa opp om eit par hamre lag - Berstadklufta og Synnhammersbrunå - fram til Knartevika. No stod ikkje folk reint i beit om dei ikkje ville klive oppe i dei bratte hamrane. Ei tid var det gåande på eit vis, langs vatnet. Det må vere dette H.M. Seehus har i tankane når han i 1761 skriv:

I det yderste af sognet mod Vesten ere 2de Steenbroer bygt langs ved Strynevandet. Over disse drives både Qvæg og Heste endskiønt alt skeer ikke uden Fare, thi Broerne ere knapt meer end 1 Alen brede og ligger nesten alltid under Vand. Dersom man gjør et Feyltrin til Side, kan man med det samme plumpe i Vandet som er nogle Favne dybt ved Broerne.

Sigurd Tunold i Holmevika (f.1906) kjende til desse vassbruene langs Synnhammaren, då dei var ein del av skulevegen hans. Køyrevegen gjekk berre til Meland då han var liten. Vegarbeidet vidare kom i gang i 1913, og etter eit par år var bruene ved vatnet øydelagde av fjellsprenging og borte for alltid.



Slik ser teiknaren Louis Giske føre seg at driftene kom seg fram ved Holmevika (1995).

Vegen gjekk på stein og stokkar som låg under eller over vassflata alt etter kor høg vasstand det var. Her er vasstanden låg. Brua vart kalla Synnhammarsbrua. Veginspektør Wiese klagar i 1850 over at vegen langs Strynevatnet: *baade er farlig og vanskelig at passere med Drifter; thi paa flere Steder, hvor den gaar over den bratte Bjergside, findes ikke Fodefæste, saa at det her ikke sjelden indtreffer at en Hest eller en Ko ligger overende; paa andre Steder er Veien saa smal at kommer to Kreaturer ved siden af hinanden, maa et af dem forsøge et Salto-Mortale, og endelig paa andre Steder afgiver den kun saa stor Aabning mellem Stenblokkene at en nøgen Hest netop kan passere.*

Det er rimeleg at Wiese her tenkjer på driftvegen Berstad - Tunold og ikkje på den gjennom Hjellestranda, som var vel så farleg.

Over Berstadbøen gjekk vegen noko høgt, så han kom like ovafor fjøsa der. Vidare svinga han seg nokså bratt opp bakken før den vesle Berstadelva kjem ned (med restar av brukár). Så gjekk vegen nokolunde flatt eit stykke innover, før han sette unna bakke mot vatnet under Synnhammaren med vassbruene.



Garden i Holmevika sett frå hovudvegen langs vatnet. Her tok driftene opp over bøgarden, mens ferdafolk gjekk gjennom tunet. (Foto:Linda Vibeke Holstad)

Etter Synnhammaren svinga vegen opp bak husa i Holmevika, og gjekk nokolunde flatt innover ca. 100 m. Der stakk han oppover, forbi murane etter gardfjøsen og opp ei bergskor, - gjennom Drifteledet, til han flatna av som delvis hellelagd gangveg innover mot Årneset. Her gjekk råsa langs oppsida av bøgarden, bøygde så litt nedatt og innover mot Tunoldsvika.

Son til førnemnde Sigurd Tunold, Jon, har fortalt at han gjekk den gamle farvegen under hjortejakt i 1980-åra. Vart vegen nytta av berre folk, tok dei alltid gjennom tuna både i Holmevika og på Årneset. Delar av denne vegen var hellelagd. Fór dei derimot med krøter,



passa dei på å halde seg ovafor bøgardane.

Biletet til venstre er teke mot vest i retning garden Årnes. Me fylgde ferdselsvegen frå husa på Tunål og gjekk mot Årnes. Stien var i god stand og lett å fylgja til me møtte på skogsgata under kraftlina. Kan henda fylgjer sti og stolper same lei? På biletet til høgre ser me i retning Tunål. Siste delen av driftevegen mellom Årnes og Tenål er vorten traktorveg, med dreneringsrøyr og god breidde. (Foto:Linda Vibeke Holstad)

Rundt bøgarden på Årneset har skogen no ei tid teke over. Vidare innover mot Tunoldsvika er vegen lett å finne, men siste hundre metrane av han har gått tapt grunna ein ny skogsveg. Tapt er og gamlevegen opp gjennom bakkane mot Tunold, no lagd om til moderne gardsveg. Frå Tunoldsvika var elles stuttaste båtvegen over til Flo, der dei kom over Flofjellet frå Sunnmøre.



Like før den gamle ferdselsvegen møter gardsvegen til Tunål har sauene funne eit godt skjul for ver og vind. Kan henda har steinen gjeve ly for folk og fe langt attende i tida.

(Foto: Linda Vibeke Holstad)

Frå den gamle kultstaden på garden Tunål, (100 m o.h.) opnar seg eit makelaust utsyn i fleire retningar. Her nådde vegen eit høgdepunkt på fleire vis, så fall han av innover mot Nesi. Første delen har vorte ombygd til kjerreveg, men framleis finst der stubbar att med både murar og hellegangar av gamleslaget. Lendet baud på heller få vanskar, men vegen kunne likevel vere både krokete og kronglete.



Frå Tunål er det god sti nedom øvste huset. Stien passerar eit restaurert hus og held fram nedover i retning Nesje. Me finn gamle murar attmed den noverande vegen som kan tyda på at traséen er endra noko over tid.(Foto:Linda Vibeke Holstad)




*Kultstaden på Tunål med fallosstein.
Til venstre miljøvernleiarer i Stryn, Odd Rønning.
Det er laga til steinbord attmed steinen. Gamal
oppmura skråning mot aust. (Foto: Linda Vibeke
Holstad)*

Eit gardsnamn kan syne seg å ha tilknytning til vegen Åning. Dette har vore freista tolka ut ifrå det gamle mannsnamnet Ani. Meir rimeleg er det å tyde namnet av aning, hokjønnsord: kvile med hestar under ferd, seier bygdeboka, og legg til at garden låg nokolunde halvveges mellom sjøen og høgfjellet. Åning ligg noko høgare enn den gamle ferdselsvegen me fylgjer. Dette kan stemma bra med at driftene heldt seg høgare oppe, utom bøgardane.



Ferdselsvegen var lett å fylgja fram til denne utløa der me snudde og gjekk attende til Tunål. (Foto:Linda Vibeke Holstad)

*Vegen vidare gjekk heilt nedi tuna på den gamle garden Nesvin/Nesi, i dag Nesje, der kyrkja stod til 1660-åra, då fonna sopte henne på vatnet.
Vidare steig vegen litt inn over fonnryggane, men fall atter mot Sandvika. Han held så vidare fram over ei noko uroleg elv til Fosnes, dit kyrkja vart flytt. Høgt oppe var det ein vanleg kvilestad for driftene, kalla Tódene.
Vegleia heldt så fram innover litt nedafor Mork og kom inn i Grønfurvika. Nokre elvar skulle kryssast, men desse var ikkje alvorleg store. Derimot var dei urolege, og det valda vanskar - stundom med skifting av elvefar.*



Kartet syner omlag der Driftevegen gikk langs Strynevatnet.
(Kartblad 1418 IV, Lodalskåpa, M711, Statens Kartverk)

I Årbok for Nordfjord 1961, har Kristian Berge skrive om *Driftevegar og fedrifter frå Oppstryn i framfarne tider*:

Driftevegen gjennom Oppstryn var ei slitsam rute. Ho tok til nede ved garden Berstad på sørvestsida av Oppstrynvatnet og fylgde så den gamle råsa som gikk mellom gardane langs stranda oppetter heile vatnet om lag ei mils veg.

Eit stykke innanfor Berstad-bøane gikk råsa oppom eit par hamrelag - Berstadklufta og Synnhammarsbrunå - fram til Knartevika. Vidare til garden Årnes. Her gikk råsa langs oppsida av bøgarden og så ned att til garden Tunold. Vegen gikk gjennom tunet på den øvste av Tunoldsgardane. No vart det eit skralt lende fram til ein plass som heiter Morka lengst vest på Nesibøane. Frå Morka gikk det utfor bakke eit godt stykke. Så oppover att gjennom øvste tunet på garden Nesi (Nesje). Frå Nesi og inn til Bulege-elva var det tolleg bra. Men så gjorde råsa ein lang krok oppetter bakkane for å koma over elva. Vidare gikk det etter bra lende over Sandvik-gardane og elva Fosdøla fram til garden Fosnes. Her var ein stor, open plass i utmarka som vart nytta til kvileplass for driftene. Denne plassen fekk namnet «Todene», truleg direkte tyding av ordet «tad», som tyder gjødsel.

Frå Fosnes til garden Erdal var det køyrandes bygdeveg, så her gikk det radt undan. Men oppetter den 10 km lange Erdalen vart det mykje både stigning og fall på drifteråsa, som her fylgjer bøgarden på nordsida av dalen framom gardane Rygg, Berge, Tjellaug og opp til øvste garden Greidung. Her tok dei gjerne ein stogg på eit par dagar før dei tok fatt på den lange

stigninga opp til Erdal seter-Heimesetra. Driftekarane frå Sogn brukte helst namnet «Storsetri» for å halda den ut frå Vesledalseter lenger framme. Drifta var no komen opp i ei høgd på 4-500 m o. h. Men det var enno mykje motbakke før breen var nådd. Særleg det siste stykket før ein skulle inn på breen var tungt og slitsamt. Råsa går her i siksakk opp gjennom «Skårane» på sørsida av Strynskåpa. Her - oppe i 900 m o. h. - finst ikkje nemnande vegetasjon, berre grus og stein på fjellet. Like før ein skulle inn på breen, var det ei bratt nedstigning.

Status og historie kring Driftevegen frå Erdal til Hjelledalen

Vegen frå Erdal til Hjelle og Folva er ikkje synfaren i samband med dette prosjektet. Traséen mellom Erdal og Hjelle er truleg vanskeleg å rekonstruera. Nyare vegarbeid har rasert mykje her. Det vert likevel hevda at ein finn spor etter vegen oppe i lia, og at det ikkje er umogeleg å fylgja denne i dag. I alle høve vert det eit stort arbeid å gjera denne tilgjengeleg for turgåarar.

Forfattaren O.W.Fasting (1852-1915) hevdar at *Kamphammeren var den eneste vei mellom Gudbrandsdalen og Stryn i de dage*. Då måtte dei farande ta seg fram langs austsida av Oppstrynsvatnet mellom Erdalen og Hjelledalen.

Ragnar Standal skriv om Hjelleanstranda i *Vegar før vegar var*:

Hjelleanstranda var særst bratt, men der var farande med både kyr og øykjer, berre ein gav seg tid. Frå Juvika tok vegen til å stige litt. Der køyrevegen vart lagd i ein stutt tunnel gjennom hammaren, gjekk driftevegen høgt oppe, og bar difor namnet Høgekleiva. Like utafor møtte ein Skiti kleiva, bratt og glatt, og der for ei ku utføre under eit driftejag. På verste stadene var det lagt opp mur, og einskilde stader troppesteg, t.d. opp mot Høgekleiva. Driftevegen heldt seg høgt vidare innover og kom til eit gardsbruk oppe på Hjelleanflata.

Eit svært steinras frå Hjelleanhyrna 5. mai 1980 sletta det som måtte finnast att av råsa ovafor tunnelen. Først inne ved Hammarsbruket nådde råsa ned att på noverande riksvegplan. Av og til såg ein i ei mektig elv som rann strid ned gjennom Hjelledalen. Ein kunne krysse henne ved Hjelle, men ein kunne og halde fram til ein kom inn på dei flate Grovøyane. Der møtte ei ny, alvorleg hindring: den store breelva Sunndøla. Denne var så dryg at det var sjeldan tenkjeleg å kome over henne utan på ei bru.

Sunndøla har slite seg loddrett ned gjennom harde fjellet, og så har ho tømt lausmassene utover flatene i Grovøyane og Folven. Tett oppunder fjellfoten fanst den gamle brustaden. Vi veit ikkje når her kom bru. Eldste kjelda vår går berre vel 200 år attende. Då skriv vegmeister Hammer om kostnader og forseinkingar ved lisitasjonar (pristilbod):

[...] hvilket Exempel haves i Aaret 1784 ved Opbyggelse af Folwens og Sundahls Broer udi bemeldte Stryen, der ved Licitation Opløb sig til 100 rdr høyere Priis end hvad bemeldte Tønning havde anbuden at bygge dem for.

Dette var elles ein strategisk stad å reise ei bru. På sidene kunne ikkje elva rive noko, grunna fjellveggene. Midtkar måtte dei nok opp med, då elvestraumen er over 20 m brei.

Då Strynefjellsvegen var under arbeid frå sist i 1880-åra, vart brua flytta nedpå flatene og elva forbygd. Ein storflaum i 1950-åra øydela siste restane etter brukara. Det finst likevel restar på Folven etter den gamle vegen like bak tunet på bnr 5. Her delte elles vegen seg på nytt, då ei grein svinga inn gjennom Sunndalen.

Aust for Folven låg det ei bru over eit trongt elvegjel, Yksnesbrua, og dei som skulle i retning Videdalen, Glera og Strynefjellet fortsette vegen på nordsida av elva. Lengst inne i Hjelledalen gjekk vegen i bru over elva frå Skjeringsdalen, Skjerdingsdøla. Ryggen mellom Skjerdingsdøla og elva som kom ned Videdalen, Videdøla kalla dei for Brumillom. Kvar vegen

som tok opp til Videsæter og Videdalen gjekk er usikkert, men han må ha gått på nordsida av elva, Videdøla eit godt stykke. Sørsida var særst bratt med mange brefonner i heng over. I juni 1893, då Strynefjellsvegen var nybygd, kom Napefonna for fullt og reiv ned skog, stabbesteinar og murar. Brua over Videdøla har difor truleg gått over elva lenger mot aust og nærare Videsæter.



Skreppehandlar. Kanskje frå Stryn? Ein kjenner ikkje til kven det er eller kva tid biletet er teke, men denne kopien av bilete, har Olav Guddal frå Stryn liggjande.

FORSLAG TIL TILTAK

Statussamandrag

Vegen langs Strynevatnet er ikkje tilrettelagt for friluftsliv i dag. Berre stykkevis er ferdssvegen lett å sjå og god å ferdast på. Brotstykkene syner at det er ein veg som er gjort mykje arbeid på tidlegare. Det er fint oppmura kantar og god køyrebreidd. Det er mykje arbeid som lyt gjerast dersom ein skal leggja denne vegen til rette for ålmenta.

Ferdssvegen går nokre stader over dyrka mark og andre stader gjennom gardstun. Det er mange grunneigarar som vert involverte dersom ein skal setja vegen i stand.

Ved å sjå kvar det var lettast for driftene å ferdast og samanlikna dette med dagens stinett, kan ein truleg rekonstruera ferdssvegen så nokolunde. Der det i dag er uråd å ha ferdssveg lyt ein leggja vegen noko om. Før vegen kan gå inn i Drifteveg-prosjektet er det ein del arbeid som må utførast både med omsyn til dokumentasjon og i praktisk tilrettelegging. Drifteveg frå Stryn sentrum til Mindresundet, med framhald langs Strynevatnet, vil verta eit særskilt viktig bidrag både innan turisme og i rekreasjonssamanheng. Å ferdast til fots langs den sterkt trafikkerte hovudvegen gjennom Stryn kommune er ikkje noko alternativ.

Prioriteringar:

- Driftevegen kan verkeleg få stor verdi for Stryn kommune, spesielt dersom ein greier å leggja heile traséen samanhengande til rette for turfolk, både vegen frå Grodås til Tonning, vegen frå Tonning til Mindresundet og vidare langs Strynevatnet. Med den satsinga kommunen har innan friluftaktivitetar på og rundt Jostedalbreen, vil Driftevegen vera eit verdfullt tilskot som går rett inn i den eksisterande satsinga. Når det gjeld kva del av vegen ein skal starta opp med, er det vanskeleg å gje noko tilråding. Dei lokale tilhøva er ikkje godt nok utgreidde til det. Ein lyt og sjå dette i samanheng med vidare Drifteveg inn Hjelledalen og opp Kamperhamrane eller opp Erdalen i retning Jostedalen.

Skilting/merking/informasjonstavler/rydding av sti

(Sjå eige kapittel om dette)

Råd om lokal skilting er vanskeleg å gje då tilstanden på Driftevegen her er for dårleg dokumentert.

Marknadsføring:

- Når Driftevegen er sett i stand lyt ein ved revisjon eller nyteikning av turkart i området leggja inn Driftevegen med eige symbol. Ein lyt også leggja inn noko informasjon om kva som ligg i dette omgrepet.
- Ein lyt laga ein foldar med lokal informasjon om Driftevegen og oversiktskart. Denne lyt ein leggja fram på turistkontor, overnattingsstader m.m. der vitjande i kommunen ferdast.
- Driftevegen må marknadsførast i lag med andre friluftstilbod som kommunen ynskjer å "selja".

Turisme:

- I Stryn ligg det godt til rettes for å arrangera guida turar for fotturistar i Driftevegen.
- Det skulle også liggja til rettes for å gje tilbod om *driftetur* med hest. Med den tradisjon Stryn allereie har med hestetransport for turistar, kan Driftevegen verta eit supplement til dette. Med samarbeid burde det her vera moglegheiter.

STRYN KOMMUNE


SKJÅK KOMMUNE, OPPLAND




DRIFTEVEGEN OVER KAMPERHAMRANE



Driftevegen over Kamperhamrane



Oversiktskart over Driftevegen inn Sunndalen, opp Kamperhamrane og vidare gjennom Raudalen. På kartet er Driftevegen teikna inn som ikkje merka fotrute. (Kartbladet Jostedalssjøen, 1:100 000, Statens Kartverk.)



Kartet syner Driftevegen frå Folven i Hjelledalen, opp gjennom Sunndalen, opp Kamperhamrane i retning Raudalen. Omlag midtvegs i kartutsnittet er det to vegar å velja mellom. Begge alternativa avheng av at det er bru over elva. Kva veg driftehandlarane tok varierte nok i samsvar med bruforholda. I det flate og vide partiet like ovanfor Sunndal var det truleg at driftene kunne vada over elva dersom vassføringa ikkje var for stor. (Kartblad Lodalskåpa, M 711, 1:50 000, 1418 IV, Statens Kartverk).

Status for Driftevegen over Kamperhamrane i dag

Driftevegen over Kamperhamrane tek av ved garden Folven i Hjelledalen. Fram til garden Sunndal er det bra grusveg, fin å ferdast på for turgåarar. Det er greitt å køyra med bil, men vegen er privat og det er avsett plass til parkering før ein kjem fram til garden. Garden har vore utsett for fleire skreder og i dag er det ikkje fastbuande på garden.



Nokre av husa på garden Sunndalen. (Foto: Linda Vibeke Holstad)

Bilvegen stoggar her ved gardshusa og etter brua over Sunndøla er det fin sti å fylgja.



Til venstre: Brua over Sunndøla. Me ser i bakgrunnen at garden ligg under sær bratte fjellvegger. Til høgre ser me ei bru som er sett opp i dei seinare år. På same staden skal det ha vore bru frå gammalt av. Brua ligg ein knapp kilometer frå Sunndal gard. (Foto: Linda Vibeke Holstad)

Ved brua har ein to vegval, anten nord eller sør for elva. Stølsvegen til Sunndalssetra går på sørsida. Me valde å gå på nordsida opp og på sørsida ned att.



Langs stien ligg ei gamal utløe. Lenger framme ligg Pine-Guristeinen, biletet til høgre. Under steinen døydde ei jente ein gong og historia er slik: Tre jenter kom over fjellet frå Bråtådalen tidleg om våren for å få seg teneste som budeier på Sunndalssætra. Det hadde vore uår austafør, og dei var utsvoltne og veike. Då dei kom til Sunndalssetra, tok dei inn i eit sel. Her døydde den eine av utmatting. Vidare ned gjennom Sunndalen vart den andre så trøytt at ho ikkje orka å gå lenger. Ho sette seg oppunder ein stor stein ved vegen. Den tredje skunda seg heim i dalen og fekk henta hjelp, men då dei kom attende til steinen, var jenta død. Etter den tid fekk steinen namnet Pine-Guristeinen. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Vegen inn mot Sunndalsetra er idyllisk. Det er sett opp skilt med namn på ymse stader til dømes ved Pine-Guristeinen. Til høgre ser me Sunndalsetra med dei mange stølshusa. (Diverre dårleg bilete) Kyr og kalvar beitar på den store opne sletta. Omlag ein time tek turen frå Sunndal til setra. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Eit stykke forbi Sunndalssetra, inst i dalbotnen, tek det til å stiga bratt. Bak oss ligg eit utruleg flott utsyn ned mot Strynebygda, som denne dagen ligg innhylla i skodde. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Framom oss, i det fjerne, ser me Kamperhamrane som er den siste bratte stigninga opp mot høgaste punktet på Driftevegen. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Men først passerer me Skyl-Jo-steinen. Skyl-plassen var ein husmannsplass under Fosnes. Ingolv Folven og Anne Rudsengen undrar kva som kan liggja til grunn for namnet på steinen. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Ein siste kvil i bakken før oppstigninga på dei utruleg forseggjorde Kamperhamrane startar. Under heile oppstigninga ser me resultatet av eit veganlegg som må ha kosta utruleg mykje slit for menneske og dyr å laga. Sjølv om vegen i dag nokre stader er rasa ut eller grodd igjen med kratt er anlegget framleis imponerande. Me finn fleire vardar undervegs, nokre er rasa, mens andre står like godt som for hundre av år sidan.

(Foto Linda Vibeke Holstad)



Over høgste punktet ser me inn i Skjåk kommune og Oppland fylke. Leirvatnet ser me lengst bak i biletet. Til høgre i biletet ser me Skilbreen. Ein arm frå denne stengde dalen på tvers for 2-3 hundre år sidan. Merradalsbotn ligg omlag midt i mellom vatna, like nedom brearmen. Driftevegen vidare går på nordsida av vatnet, i venstre biletkant. Me skulle attende til startpunktet og måtte snu her. Vegen vidare er ikkje synfaren i dette prosjektet.
(Foto: Linda Vibeke Holstad).

På heimveg frå Sunndalsetra gjekk me ned att på sørsida av Sunndøla. Brua over elva var godt vedlikehalden og vegen var sikra på farlege stader. Dette er stølsvegen til setra og arbeidet er utført av grunneigarane.

Driftevegen me fylgde over Kamperhamrane var nokre stader merka med raude T-ar, men ein må rekna han som umerka. Det er han også innteikna som i DNT sitt rutenett. Ved vestkanten av Raudalsvatnet ligg den sjølvbetjente DNT-hytta Skridulaupbu. Mellom DNT-hyttene, Skridulaupbu, Slæom og Sota seter er det fullgod merking av DNT. Vidare frå desse hyttene kan ein fylgja merka ruter vidare inn i Breheimen mot sør. Slæom er sjølvbetjent, mens Sota seter er betjent.



Me vart like imponerte over ferdseisvegen på turen attende. Fleire større vardar varsla om farleg lende ned mot brevatnet ved foten av breen i bakkant av biletet. (Foto: Anne Rudsengen)

FORSLAG TIL TILTAK

Statussamandrag

Ferdselsvegen er synfaren fram til vatnet mellom Kamperhamrane og Merradalsbotnen. Veggen frå Folven, opp Sunndalen, Kamperhamrane og Raudalen mot Skjåk er ei fantastisk naturoppleving. Gardsvegen frå Folven er grei både å gå og køyra. Det er sett opp skilt om parkering. Begge dei to stialternativa vidare frå Sunndal til Sundalsetra er særst gode og lette å fylgja. Skilting og tryggleikstiltak er bra. Der det er naudsynt er det sett opp bruer og grunder, og det er sett opp skilt på spesielle stader.

Prioriteringar

- Det er skrive at driftene kunne ta fleire vegar frå Strynevatnet mot aust. Veggen gjennom Videdalen, no Gamle Strynefjellsvegen er ein, veggen gjennom Grasdalen, nord for Oppljosvatnet, (omlag same trasé som Strynefjellsvegen i dag) mot Grotli er ein annan. Som hovuddrifteveg frå Oppstryn mot aust bør ein velja veggen gjennom Raudalen. Denne er truleg eldst, mest nytta av driftehandlarar, og det gamle veganlegget her er eit fantastisk kulturminne.
- Alle tilførsleveggar/alternative ruter bør ein gjera turfolk merksame på, anten med informasjonsskilt, merking eller informasjonsfoldar med kart.
- Ein må søkja samarbeid med Skjåk kommune om å leggja til rette for friluftsliv på Driftevegen.
- Ein må søkja samarbeid om bruk av den private veggen frå riksvegen og fram til garden Sunndal.

Skilting/merking

- Veggen over Kamperhamrane går gjennom verna område. Alle inngrep her, til dømes skilting, merking, opprusting m.m., må vera i samråd med Statens naturoppsyn. Sjå vedlegg om skilting/merking.
- Det lyt stå retningskilt med namn og logo til Driftevegen, ved Folven og på Sunndalsetra. Alle stader der stien deler seg lyt ein ha retningsvisarar med logo eller namnet på veggen. Tilsvarende skilting/merking bør ein ha på Skjåksida. Her må ein få til eit godt samarbeid mellom dei to nabokommunane.
- Varding av veggen. Nokre av dei gamle vardane er i god stand. Dersom ein ynskjer å gjera vardinga meir komplett, er det gode tilhøve for dette i området. Her har ein både kulturmark, skog og høgfjell representert på ei dags ferd og det er rikeleg med byggjemateriale dei fleste stader.

Informasjonstavler

- Ein bør ha informasjonstavler ved Folven, der veggen tek av frå riksvegen, og på den merka parkeringsplassen før ein kjem til Sunndal. I tillegg lyt ein ha ei informasjonstavle sentralt i alle bygdesentra som fortel om ferdsle og syner til Driftevegen gjennom området.
- Ein må søkja samarbeid med Skjåk kommune å få til ein samla plan for Driftevegen.

Rydding av sti

- Der veggen er synfaren, er det ikkje trong for rydding av sti. Det er godt framkomeleg slik det er i dag. Noko arbeid bør ein likevel gjera. Den gamle ferdselsvegen er nokre stader overgrodd og bortgøymd av skog og kratt, mens andre stader har murane rasa ut. Det er nokre

stader vanskeleg å finne att den gamle vegen og turgåarar har dei seinare åra laga ny. Dette verdfulle kulturminnet bør ein restaurera.

Marknadsføring

Stien lyt ved revisjon av turkart i området omtalast som *Driftevegen*. Ein lyt også leggja inn noko informasjon om kva som ligg i dette omgrepet.

- Ein lyt laga ein foldar med lokal informasjon om og oversiktskart over Driftevegen gjennom Stryn. Denne lyt ein leggja fram på turistkontor, overnattingsstader m.m. der vitjande i kommunen ferdast.
- Ein må søkja samarbeid med Skjåk kommune å få tilsvarande marknadsføring der.
- Kan marknadsførast som dagstur, opp Kamperhamrane og attende. Eller som overnattingstur, der ein tek seg over fylkesgrensa til Skjåk.

Turisme

- Avstandane og stigninga gjer at det nok ikkje vert noko stor mengd med folk i området. Det krev god fysisk form.
- Kulturhistoria i området gjer det eigna for guida turar (eller gode informasjonsfoldarar) for fotturistar i Driftevegen.
- Ein må søkja samarbeid med Skjåk kommune og utnytta potensialet for fotturisme i lag.

Historie kring Driftevegen over Kamperhamrane

Hans Michael Seehus, voks opp i Nordfjord. I 1754, 20 år gammal, vart han huslærer for prestesonen Thomas Rosing de Stockfleth i Gausdal. Han skriv:

Fra Gaardene Skare og Søndal løber 2de Veye over til Lom i Guldbrandsdalen. [...] Her fra udbringes mange Feede Vare. Kornavlingen og Fædriften er meget skøn. Fra dette Sted kommer de fleeste Hæste og Kjør samt andre Vare, som bringes over Biergene fra Gaarden Søndal til Guldbrandsdalen.

Dette tyder på at dersom det galdt krøter og kløvferder, valde dei vegen gjennom Sunndalen. Sokneprest Finde, som hadde prestekall i Innvik i åra 1707-1748, svara på kansellispørsmåla frå 1743 om prestegjeldet.

[...] hvis Øverste Gaard udi Øster, kaldes Sundal, som 2de gange udi min Tid haver været borttagen af Sne-Skreeder, dend første gang skjedde 1718, da baade Huusene bleve nedbrudte og nedslagne, Folch 11 Mennisker og alt Qvæg, Faar, Hæste og Qvæg ihjelslagne; dend anden gang skiedde 1741, da dog Folch og Qvæg bleve frelste, fra hvilken Gaard Veyen falder over det saa kaldede **Oplandsfield**, 9 Mile lang, hen til første Gaard i Guldbrandsdalen i **Lomb** Præstekald kaldet Lindhejm.

H. F. Hiorthøy, gav i 1785 ut *Beskrivelse over Gulbrandsdalens Provstie*.

Der skriv han:

- igiennem Nord-Herred gaaer Veien over Nordfiords Field til Opstryns Annex..., og fra Opstryns Annex til Loms Præstegaard regnes om trent 8 Mile. Veien over Fieldet ligger ved Leervandene, som ere ganske hvide, og som give i Floms Tid om Sommeren Otta-Elv og denne igjen Laugens Elv en hvid eller meelagtig Farve. Veien til Nordfjord og Veien til Lyster har jeg reist i 1779 til Bergen; men uagtet at alle de fra Nordfjord, som før Heste, Qvæg og Feede vare samt Purke-Skind og BasteToug til Lom, Vaage-Broe og Dobre-Broe, hvor aarlig holdes som et Market ved St. Hans Dags Tider saa er dog veien meget meer vanskelig over Fieldet til Nordfjord, end til Lyster, og det formedelst store Sneebrædder, mange Elve, en steil og Klippefuld Vei ned til Bøigen i Nordfjord, saa at jeg troer efter Anseende, om ike Isbierget eller Sneebræen var, som jevner de steile Klipper over hvilke Veien falder var det umuligt her at komme frem med Heste, og saadanne Kløver (Byrder) som nu føres paa Heste-Ryggen over Fieldet.

Her nemner han fehandel og annan varetransport langs Leirvatna i Rauddalen. Breane for 200 år sidan var mykje større enn no. Truleg delte brearmar frå Sikilsbreen, dalføret på tvers. Hjorthøy reknar ikkje det som noko ulempe. Tvert om jamnar breen *de steile Klipper* der vegen går, og det har han kanskje rett i. Presset frå motsett dalside stengjer gjerne bresprekkene. (Ragnar Standal)

Ragnar Standal omtalar i boka si *Vegar før vegar var*, fleire ulukker i samband med ferdsla gjennom Sunndalen, over Kamperhamrane og gjennom Raudalen. Han nemner også nokre steinhytter og hellarar som vart nytta til overnatting på fjelloverganger, mellom anna ei mellom øvre og nedre Leirvatn i Raudalen. Dette har Kristian Berge også skrive om.

Den store samhandelen førte til at mange nordfjordingar busette seg austafjells. Røros var eit mål for mange. Her var stor trong for hestar til gruve drifta for dei som dreiv med hestedrifter, og purkeskinn til selety, for dei som dreiv med gris, men det var også ein stor arbeidsmarknad.

Kristian Berge skreiv ein artikkel i Årbok for Nordfjord 1961 som heitte *Driftevegar og fedrifter frå Oppstryn i framfarne tider*. Her har han mellom anna ei lengre utgreiing om driftevegen over Sundalen, Kamperhamrane og Raudalen. Dette var den mest brukte ferdselsvegen mellom Stryn og Skjåk fram til vegdirektør Krag fekk laga turistveg i 1895 gjennom Videdalen til Skåre i Oppstryn. Første målet for driftene som gjekk her, var marknadsplassen, Lindsheim, attmed Nordberget i Skjåk.

Medan det var jostedøler som var driftekarar over Jostedalsbreen, var det fehandlarar frå Nordfjord, særleg Stryn, som for med drifter over Raudalen til Austlandet. Berge skriv vidare om Driftevegen:

Det var på Sandbakken att med Tonning på nordsida av Strynebukta at dei til vanleg samla driftekrøtera før ferda austetter tok til. Det var faste kvileplassar på ruta, så dei slapp for kvar gong å måtte be om løyve til det. På desse kvileplassane var det til vanleg møtt fram mange bygdefolk for å sjå på dyra og prate med kjenningar mellom driftekarane. Ein og annan handel - både kjøp og sal - kunne verta avvikla på kvileplassane.

Frå Sandbakken gjekk ferda opp gjennom den flate Nedstrynbygda, ca. 12 km opp til Storesunde ved Nærefloen - namnet på den nedste bukta av Oppstrynvatnet. Før det vart bygd bru her, flåta dei hestane over sundet. På ein grunne nedanfor den nye brua i dag, gjekk hestane over sundet når vassmålet var lågt. Plassen heiter Hestevadet. No var drifta komen over på sørsida av Oppstrynvatnet og fylgde vidare den råsa som gjekk langs med vatnet opp til

1. kvileplassen på garden Fosnes.

Vidare gjekk ferda etter bygdevegen til garden Erdal ved øvste enden av vatnet. Her svinga dei langs stranda til Hjelle. 1 km før Hjelle tok dei over Kleiva, ein fjellrygg som stikk fram i vatnet, og bøygde der inn i Hjelledalen. Gjennom Kleiva er no riksvegstunnel, som vart ferdig langs Oppstrynvatnet i 1922. Eit par km ovanfor Hjelle var 2. kvileplassen, oppe i Grovøyane.

Frå Grovøyane tok drifteferda til fjells opp gjennom Sundalen framom gardane Alflåten og Sundal opp til Sundal seter, som var 3. kvileplassen. Vegen i Sundalen var berre ein gamal seterveg. Særleg det siste stykket frå garden Sundal og fram til setra var tungt med mykje stigning. Neste faredag var likevel den mest slitsame. Dei skulle då fara opp Kamperhamrane, som er mykje ein trappeveg oppetter blanke fjellsidene på fleire stader.

Dette skardet mellom Sundalen og Raudalen kallar ein tysk professor, C. F. Naumann, som gjekk over her i 1822 - for Sundalshammaren.

Her på toppen av høgda står ein steinvarde som heiter Håkon Adelstein (920-961). Sume nemner og varden for «Store-Rasmus». Høgda over havet her på toppen er om lag 1250 meter. Eit stykke nede i Raudalen på nordsida ved øvre Leirvatn låg i gamal tid (fram til om lag 1900-talet) ein arm frå Jostedalsbreen tvers over dalen, så driftene måtte her gå på breen for å koma fram. No er breen heilt borte.

No er vi komne over på Austlandet og skal fara gjennom den 3 mil lange Raudalen - langs øvre og Nedre Leirvatn og så det lange Raudalsvatn fram til Framrustsetra like nedanfor Raudberghalsen, som stengjer for austre enden av Raudalsvatn. Her er sett opp ein dam for regulering av vatnet. Vegen gjennom heile Raudalen er lett å fara med drifter. Der er jamt terreng med svakt fall austetter, vert tidleg snøbert og var såleis eit ynsketerreng for driftekarane.

Før i tida var der to gjætarhytter i Raudalen. Den eine, Nordre Kvitingen, låg ved øvre Leirvatn, og grunnmuren er framleis synleg. Her kom ein gong to reinsjegerar frå Oppstryn og trefte då på gjætarijenta som låg i fjellet med sauene om lag 3 mil frå folk. Ho hadde i løn 20 øre for kvar sau.

Bygdenamnet hennar var Felekari. Strynejegerane vart godt beverta med setergraut og sauemjolk til drikke.

På denne reiseruta gjennom Raudalen har D.N.T. sett opp ei hytte som heiter Skridulaupbu. Ho ligg ved vestre enden av Raudalsvatnet og syner seg å vera ein framifrå lagleg plass for overnatting på ruta Grofli-Sotaseter og sjølvsgt for dei som går Raudalen langsetter.

Den 4. kvileplassen hadde vi oppe ved øvre Leirvatn. Her ved Skridulaupbu var altså 5. kvileplassen. Men enno er det om lag 2 mil til neste kvileplass, den 6. ved Framrustsetra, eit stykke nedanfor Raudberghalsen. Dette var siste kvileplassen før dei kom fram til marknadsplassen på Lindsheim nede i Skjåk.

Denne no over 1000 år gamle ferdselsruta mellom Nordfjord og Austlandet vart lenge vurdert til å vera tryggaste og beste plasseringa av heilårsvegen over Strynefjellet. Ein tenkte seg då tunnel under Kamperhamrane.

Ein driftekar, Jon Sakariasson Grov, som var gardbrukar på garden Voldsnes, fall ned i ein bresprekk øvst i Raudalen og omkom på heimferd etter ein driftetur aust om fjellet. Han var fødd i 1786 og døde i 1838, 52 år gamal. Jon Voldsnes var far til Ingeborg Jonsdotter Voldsnes, som var bestemor til noverande hotelleigar Lars Skåre.

Lars Glomnes, fødd omkring 1830, fortalde at han tok til som driftekar straks han var konfirmert. Han handla både med ku og hest.

Andre oppstryningar dreiv med sauehandel. Dei kjøpte sauene omkring i Nordfjord og dreiv dei så om våren over fjellet til Vågå, i beite for sommaren. Om hausten dreiv dei så sauene til Oslo for slaktning der. Ein oppstryning, Rasmus G. Dårflot, var i 1903 heilt ned til hovudstaden med sauedrift.

I 1870-åra var ein oppstryning som skulle inn på sesjon, nett komen heim etter ein tur til Nummedal som jagar med ei sauedrift til «Veiva-Nils». Det hadde vore ein særslitsam tur på mange måtar, så guten var mager og såg dårleg ut. Militærlegen kjende han difor udyktig, endå om guten protesterte og sa at det var ikkje noko som mangla han. I den tida kjende dei det som skam å verta teken fri for militærtjeneste! (Årbok for Nordfjord 1961)

Frå Oppstryn gjekk dei oftast fleire i lag oppover til Sunndalssetra der dei låg om natta. Det var ikkje berrre for selskapet si skuld, men også av omsyn til tryggleiken. Edvard Grimstad fortel til Ragnar Standal i *Vegar før vegar* var:

Ein gong var det ein bygdakar som hadde lagt seg til der ute ein sta'n og skulle gjæte opp ein handelskar. Han låg med børsa og venta. Men det vart så lenge å vente før handelskaren kom at han sovna med børsa ved sia. Handelskaren kom så stilt på han at han vakna ikkje, og tok med seg børsa hans. Handelskaren skjøna så vel kva ho var tenkt å brukast til. Kan hende kjende han og til kven det var som låg der. Da handelskaren kom heim, skreiv han til honom som låg i Raudalen, at ville han ha att børsa si, fekk han koma og hente ho. Det kom aldri nokon og henta børsa.

I lang tid etter svartedauden var Lindsheim øvste garden i Skjåk. På 17- og 1800-talet var Bråtågrenda det næraste reisemålet austafjells, både for nordfjordingar og sunnmøringar. Fjellvegane frå både fjordane, Jostedalen og dels Sogn møttest der, hevdar Grimstad. Av

marknadsplassane i Ottadalen var Lindsheim den øvste og 2. juli var den faste marknadsdagen der på *Fjølingssetta*= *Fjordingssletta som dei kalla marknadsplassen. Seinare kom Stemn fjordingsmarknaden. Den vart halde 14 dager før.*

Hest var det mest av her, men og ein del kyr. Dei kunne stogge andre stader i Skjåkbygda og, men i regelen var det ingen retteleg stans før i Lom. (*Vegar før Vegar var*)

Ei lita veke etter var dei komne til Lom og heldt marknad der. Samlingsstaden var i Grov ved Lom-prestegarden, og nemninga var gjerne *Fjølingshelgje*. Sokneprest Edvard Storm i Vågå noterte i 1775:

De store anseelige Gudbrandsdalsheste agtes for gode til at slide op til Bondebrug. De sælges til Dragonheste, og til Arbeidsheste indkjøbes Fjordheste paa Purkeskindsmarkedet i Lom.

L. Heramb nemner at storfeet i Gudbrandsdalen jamt over var større og betre fødd enn i Hedemark amt. *Loms Prestegield derimod, har en meget mindre sort Fæ, hvortil Aarsagen formodentlig ligger; deels i de slettere havnegange, og mavrere Vinter Foring, og deels den, at Bønderne tilhandler sig meget Fæe fra Nordfiord og andre Stæder i Bergens Stift, hvor Racen er mindre end Sognets eget Fæe, men hvilke Creature derimod ere lettere at føde og skal give lige saa meget.*

I Vågå delte elles ferdavegane seg. Dei kunne gå nordover til Trondheim, til Folldalen og Røros eller vidare nedover Gudbrandsdalen til Stavmarknaden i Tretten og jamvel til Grundsetmarknaden ved Elverum.

LUSTER KOMMUNE STRYN KOMMUNE



DRIFTEVEGEN OVER JOSTEDALSBREEN



Status for Driftevegen over Jostedalsbreen og historie kring denne.

Ein av dei tre hovuddriftevegane gjennom fylket gjekk frå Greidung øvst i Erdalen i Stryn, over Erdalsbreen, Jostedalsbreen, ned Lodalskåpa til Fåbergstølen. Derifrå dreiv dei dyra austover til Ottadalen eller sørover ned gjennom den 5 mil lange Jostedalen til Gaupne, Marifjøra og Solvorn. Der bar det anten i båt over til Lærdal og vidare over Fillefjell eller til Kroken og over til Årdal. Andre tok vegen til Skjolden og Turtagrø i retning Tyin. Ei rute gjekk nordafor breen gjennom Sunndalen/Raudalen og over Strynefjell. I 1858 starta dampskipstrafikken opp i Sogn og Fjordane. Då tok desse båtane over jobben med å frakte driftene over til Lærdal og Flåm. Den noverande togstasjonen i Flåm var bygdeallmenning før bana kom og kunne nyttast som kvileplass for driftene.

I driftene kunne det vera hestar, kyr, sauer og geiter. Til vanleg var det mest kyr. Det var særleg sogningar frå Jostedal, Luster og Aurland som dreiv krøtterhandel. Dei kom gjerne over breen ut på etterjulsvinteren. Dei for til Oppstryn, Nedstryn, Loen, Olden, Innvik og Hornindal for å tinga dyr. I starten av juni kom dei så attende for å *sanka* det dei hadde kjøpt inn på vinteren. Dei måtte rekna seg god tid for å vera sikre på å koma over breen før jonsok.

Tidleg på våren var bresprekkene oppfylde av snøen som hadde komme om vinteren. Det var difor viktig at driftene kom før denne nye snøen hadde smelta. Då burde dei vera komne over breen før jonsok. Då var dei samstundes ute i god tid før bøndene i området skulle buføre. Oppsitjarane i Erdalen ville helst at driftene skulle vera farne over breen før jonsok, for då flytte dei sjølve opp på setrane med buskapen.

Vanleg utstyr til breferda var tau, øksar og stav med pigg i. Nokre driftekarar fann vegen sjølv, mens andre hyrde breførarar.

Ved øvste garden i Erdalen, Greidung, tok dei gjerne ein stogg på eit par dagar før dei tok fatt på den lange stigninga.



Til venstre utsyn ned Erdalen mot Strynevatnet. Til høgre ser me eit stykke av driftevegen mellom Greidung og Storesetra. Ferdseisvegen er i god stand og lett å fylgja. Det er tydeleg at denne delen av driftevegen framleis er i bruk i motsetnad til driftevegen langs Strynevatnet.

(Foto Linda Vibeke Holstad)



Vegen opp til Storesetra er blanksliten og kantane har vore oppmura med stein. I bakgrunnen ser me dalføret inn mot Erdalsbreen. Storesetra til høgre. (Foto:Linda Vibeke Holstad)

Driftekarane var ved brekanten i 8-9-tida om kvelden for å bruka natta til sjølve breovergangen. Då bar snøen best. Sjølvne Breturen tok om lag 10-12 timar. Kom det uver, kunne det ofte gå på livet laust for dei eldste dyra. Toppen av breen, *Høgda*, ligg omlag 1500 m o. h. For dyra var det sjølv sagt ei hard påkjenning, utan mat så lenge og oppskrapa føter av den harde snøen. Det hende dei nekta å gå lenger. Det vert fortalt at nokre driftekarar fann på å sigla dei medtekne dyra ned på sida. Dei batt føtene saman og sende dei utfor Lodalsbrekka. Litt medfart fekk sjølv sagt dyra, men det vert sagt at det gjekk bra.

Øvst i Jostedalen fekk dyra henta seg inn att nokre dagar før dei gjekk vidare.

Ein gong ville ikkje storoksen gå lenger. Det enda opp med at driftekarane måtte henta oksen med hest og slede oppe på *Høgda*. Dei fekk han ned frå breen, men oksen gav seg til igjen, lenger nede i *Fåbergsgardane*. Der laut eigaren lata oksen vera att. Han fann han om hausten. Då var han i betre hold.



Til venstre ser me biletet "Drift på Erdal sæter" frå Årbok for Nordfjord 1961. Biletet til høgre er teke 6. juli 2002 over same området. Vetledalssætra ligg til venstre attom næraste fjellryggen. Oppstigninga inst i Stordalen kallast Ulvestegen. Som me ser er det store elvesletter med gode beite i Erdalen. Snøforholda på dei to bileta ser ut til å vera like.



Vetledalssetra. Bak steinen til høgre på bildet ligg ei sjølvbetjent turisthytte. Dalføret me ser opp i, går austover mot Vetledalsbreen. (Foto:Linda Vibeke Holstad)

Grunna styggever låg ei drift ein gong heile 8 dagar på Erdal seter og venta på å koma over breen. Men veret betra seg ikkje. Driftekarane snudde då ned att gjennom Erdalen med drifta og tok vegen over Videdalen til Grotli og Polfoss. Breførar Rasmus T. Greidung i Oppstryn har fortalt om ei drift på 18 hestar og 168 naut som fór over breen. Ein gong hadde far hans, Tor Greidung, 380 sauer til overnatting i løa si.

Greidung har fortalt om ei anna drift i 1886, driven av 4 driftekarar. Den var på 7 hestar og 147 storfe. Andre fortel om drifter på over 20 hestar og om lag 200 storfe. Hestar hadde dei vanlegvis med i alle drifter. Dei var gode å ha til kløvjing og andre oppgåver.



Til venstre ser me den merka turstien som går opp til Erdalsbreen i dag avvik truleg ikkje mykje frå driftevegen. Vegen går opp bratte og sleipe sva så det er lett å skjønna at kvar mann ikkje ville ha ansvaret for meir enn 6-7 dyr opp her. Fotografiet gjev ikkje det bratte lendet rettferd. Det var godt å ha ei hand ned i bakken å stø seg med. På høgre bildet er me framme ved Erdalsbreen. Som me kan sjå, er det blåis og mange sprekker. Det hadde ikkje vore råd å ta med seg drifter under slike tilhøve. Bilete er teken omlag 1 ½ månad for seint i høve til kva tid driftehandlarane var der. (Foto:Linda Vibeke Holstad)



Turlaga på veg ned Lodalsbreen. Dette området er fint å ferdast på då det er færre sprekker her enn opp Erdalsbreen. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Vel over breen fekk driftene utsyn nedover Jostedalen. Her var stein og ur i grunnen. Lenger nede i dalen kom dei til Fåbergsgrandane og stølen på Fåberg, der dyr og folk fekk kvila. (Foto: Linda Vibeke Holstad)




Turen frå Vetledalssetra til Fåbergstølen tok 12 ½ time. Spesielt vart siste stykket frå breen og ned dalen drygt. Me hadde valet mellom å "krypa" gjennom krokute og nedpressa seljekratt eller vada fram og attende over elvane på Fåbergsgrandane. Me vada, og fekk erfara det same som H. Røneid. Det var kaldt dei fyrste gongane, men etterkvart kjendest brevetnet varmt. (Foto: Linda Vibeke Holstad)




Oversiktskart som syner Driftevegen frå Oppstryn, via Velledalssetra, over Jostedalsbreen mot Fåbergstølen i Jostedalen.

(Frå turkartet Jostedalsbreen, 1:100 000, ekv. 20 m. Statens Kartverk.)



Første del av etappen over Jostedalsbreen. Heilt i nord ser med Strynevatnet der Erdalselva renn ut. Som me ser er det teikna inn sti på vestsida av elva omlag opp til Greidung. Truleg fylgde driftene som kom frå Mindresundet og skulle opp Erdalsbreen denne stien og tok over elva lengre oppe. Drifter som derimot skulle vidare opp Hjelledalen kryssa sjølvsgatt Erdalselva så snart som råd var. Sjølv om Erdalselva kan ha endra løp, ser det greitt ut å ta

seg opp både på aust- og vestsida av Erdalselva. Drifter som kom frå Hjelledalen og skulle opp Erdalsbreen kunne difor halda fram på austsida. Sør for Greidung er det meir sannsynleg at alle tok over på austsida og fylgde denne til Svorahola og opp Hesthammaren forbi Storesetra og Vetledalssetra. Her var siste kvilestad for dyra før den harde ferda over breen. (Kartblad Lodalskåpa, M 711, 1:50 000, 1418 IV, Statens Kartverk)



Kart over siste del av etappen over Jostedalsbreen. Frå Vetledalssetra, inn Stordalen, opp Ulvestegen og opp på Erdalsbreen. Forholda her varierar frå år til år. Storleiken på brearmen og snøforholda i sprekkområda avgjorde kvar dei kunne komme innpå. Rasmus Hole fortel at han måtte høgt til fjells for deretter å gå ned på brearmen. Vel opp av Erdalsbreen kom dei til Høgda, omlag 1500 m o.h. Derifrå styrde dei i retning Lodalskåpa og dreia mot sør ned Lodalsbreen. Lodalsbreen var kjend for å vera av dei lettaste å komme av ved brefoten i Stordalen. Herifrå var det berre å fylgja dalføret til Fåbergstølen. (Kartblad Lodalskåpa, M 711, 1:50 000, 1418 IV, Statens Kartverk)

Jostedalen-Kroken



(Turkart over Jostedalsbreen, 1:100 000, ekv. 20m, utg. 1995, Statens Kartverk.)

Vegen frå Fåberg til Skjolden

Driftevegen frå Fåberg til Skjolden nord om Spørteggbreen er ikkje synfaren i samband med dette prosjektet. Ruta er med i DNT sitt rutenett og DNT-hytta Arentzbu ligg omlag halvveges.

Vegen ned Jostedalen

Driftevegen ned Jostedalen til Gaupne er ikkje synfaren. Nokre stader overlappar den gamle ferdelsvegen dagens bilveg, mens andre stader går han høgt opp i lia. (Sjå sokneprest Matias Foss si utgreiing om dette, datert 1750.)

FORSLAG TIL TILTAK

Prioriteringar

- Driftevegen over Jostedalsbreen kan aldri verta nokon ferdselsveg for ålmenta. Med omsyn til guida turar vert det annleis. Omsynet til tryggleik over breen er heilt avgjerande for kva ein kan gjera ut av denne hovuddriftevegen.
- Mellom Fåbergstølen og Fåberg bør ein prioritera å rekonstruera Driftevegen. Er det høve til det, er det ein føremon å halda seg utom bilvegen.
- Ein bør prioritera driftevegen mellom Fåberg og Skjolden som hovuddrifteveg vidare frå Fåberg gjennom Luster.
- Vegen ned Jostedalen til Gaupne vil verta samansett av fleire delar, avbroten av nyare veganlegg. Ein kan tilretteleggje også denne som Driftevegen. Delar av denne traséen, vil kan henda, verta eit tilbod for ei anna gruppe friluftssinteresserte som ikkje kan ta seg fram like lett i fjellet, til dømes funksjonshemma, eldre folk og småbarnsfamiliar. Truleg vil dette krevja mykje skilting og informasjonstavler og kan henda ein sterkare grad av tilrettelegging.
- Frå Fåbergstølen går det veg i austleg og nordleg retning til høvesvis Sotaseter og Slæom. Desse vegane går inn i DNT sitt rutenett og bør ikkje veljast ut som hovuddrifteveg. Dersom ein likevel vel å prioritera desse, lyt det vera som tilførselsvegar. Det kan vera eit godt alternativ for turgåarar som ikkje vil gå over Jostedalsbreen.

Merking/skilting

- Frå Erdal til Vetledalssetra og vidare til brekanten er den generelle merkinga god. Stien er tydeleg og det er ikkje problem å fylgja den. Det er utarbeidd natur- og kultursti med hefte til, over området.
- Ein bør vurderer om ein vil nytta spesiell merking med Driftevegen og logo langs denne traséen.
- Mellom Lodalsbreen og Fåbergstølen er merkinga og stien dårleg. Brearmane og vassføringa i breelva gjer at det vert vanskeleg å halda ein sti her i god stand. Innimellom var det merka med raude T-ar på vestsida av elva. Den merka stien kryssa over på austsida av elva på ein stad der det berre er råd å passera med lita vassføring. Dersom ein skal tilretteleggje for ein sti vidare på vestsida av elva krev dette mykje rydding av skog og god merking.
- Når ein kjem nærare Fåbergstølen kjem ein inn på ein bra sti på vestsida att. Ein bør ikkje merka og skilta denne vegen før ein har vurdert faktorar som tryggleik, arbeidsmengd og vedlikehald nøye.
- Frå Fåbergstølen til Fåberg bør ein syta for retningskilt med namnet Driftevegen på og logo ved bode endepunkta. Mellom Fåbergstølen og Fåberg, lyt ein vurderer anna merking i terrenget etter behov, der vegen ikkje seier seg sjølv.
- Vegen frå Fåberg til Skjolden, nord om Spørteggbreen er ikkje synfaren. Dersom ein vel å merka og skilta denne, må ein ha retningskilt, med logo og Driftevegen skriven på, der vegen tek av i Jostedalen og endar opp i Skjolden. Skilting og merking elles lyt fylgja retningslinene for dette. (Sjå kapittel om merking/skilting. Her vil ein ha god nytte av allereie eksisterande merking frå DNT.)
- Vegen ned Jostedalen vil krevja merking kvar gong stien vert broten av nyare veganlegg. Ein bør vurderer ulik merking alt etter kven ein tenkjer seg som brukarar.

Informasjonstavler

- Informasjonstavler om Driftevegen over Jostedalsbreen bør ein ha på bresentra i Oppstryn og Jostedalen. På informasjonstavlene vil det vera ein føremon å opplysa om at ein ikkje bør gå over Jostedalsbreen utan kjentmann. Bresentra må gje opplysningar om guidar.
- I tillegg lyt ein ha ein informasjonstavle sentralt i alle bygdesentra som fortel om ferdsla og syner til historia kring Driftevegen gjennom området.
- I Erdal, der både vegen til Hjelledalen og Erdalen tek av, bør ein vurdera om det er høve til å ha ei informasjonstavle som kan tene begge traséar.
- På alle informasjonstavlene bør ein opplysa om at ein ikkje kan gå over Jostedalsbreen utan kjentmann.
- Dersom ein legg til rettes for allmenn ferdsel på Driftevegen mellom Fåberg og Skjolden, vil det vera naturleg å ha informasjonstavler i tilknytning til parkeringsplass der vegen startar og endar opp.
- Ved Fåbergstølen og Fåberg som er knutepunkt for fleire ferdselsvegar, lyt ein ha informasjonstavle der Driftevegen og historia kring vegen vert presentert.
- Ned Jostedalen bør ein vurdera å setja opp informasjonstavler ved raste-/parkeringsplassar der Driftevegen passerer.

Rydding av sti

- Dersom ein prioriterer å rusta opp stien langs vestsida av Fåbergsgrandane, krev dette mykje arbeid med ryddinga av skog. Snøen legg skogen flat i dette området, så ein lyt ha god breidd på vegen dersom han skal vara nokre år. Samstundes må ein vera varsam med å gjera større naturinngrep i området.
- Driftevegen mellom Fåberg og Skjolden er ikkje synfaren. Truleg er vegen i god stand slik han ligg som DNT-løype i dag.
- Vegen gjennom Jostedalen er ikkje synfaren. Her kan det vera naudsynt med særleg tilrettelegging før alle delane kan takast i bruk.

Marknadsføring

- Dette bør ein sjølvstøtt sjå i samanhang med i kva grad ein kan senda folk ut langs Driftevegen i dette området.
- Ferdselsvegen over Jostedalsbreen må fyrst og fremst marknadsførast som eit tilbod om guida tur.
- Driftevegen lyt ved revisjon og nyteikning av turkart i området omtalast som *Driftevegen*, der ein ut i frå tryggleikssyn kan leggja han inn. Ein lyt også leggja inn noko informasjon om kva som ligg i dette omgrepet. Det bør i alle høve gå fram at Driftevegen over sjølve Jostedalsbreen krev at ein tek spesielle omsyn.
- Ein lyt laga ein foldar med lokal informasjon og oversiktskart over Driftevegen. Denne lyt ein leggja ut på turistkontor, bresenter, overnattingsstader m.m. der vitjande i kommunen ferdest. Her må ein ha med opplysningar om breførarteneste i området.

Turisme:

- Driftevegen over Jostedalsbreen bør liggja godt til rettes for å arrangera guida kultur – og naturopplevingsturar for fotturistar.
- Erdal – Vetledalssetra og Fåberg-Skjolden er allereie eit flott tilbod for friluftinteresserte.
- Dersom ein legg til rettes for Drifteveg ned Jostedalen vil dette kunne verta eit tilbod som kan henda vil trekkja andre brukargrupper til Jostedalen enn tradisjonelle turgåarar.

Presten Matthias Foss sin "beskrivelse" av Jostedalen.

11. mai 1750 skreiv soknepresten i Jostedalen, Matthias Foss, ei grundig utgreiing om Jostedalen. Ho vart prenta i *Magazin for Danmarks og Norges topographiske, oekonomiske og statistiske Beskrivelse*, utgjeven av Frederik Thaarup, professor og fogd i Solør og Odalen, andre bind, København 1802–03, side 1 - 44, med notar av Jens Christian Berg. Elektronisk utgåve ved Oddmund L. Hoel, november 2002. Her er utdrag frå presten si utgreiing.

Foss om namnet Jostedalen.

Hvoraf Justedalen egentlig haver sit Navn, kan man ei tilforladelig give nogen Efterretning om. Dog formenes, at det er et contraheret Ord, enten deraf, at det skiærer ind udi en lang Dal fra Søekanten, og saaledes er nævnet Inderste eller Indre Dal, eller formedelst det extenderer sig yderst i Nord, og saaledes er kaldet Yderste Dal og nu Jystedal.

J. Christjan Berg korrigerer Foss på denne tydinga: Hvad Forfatteren melder om Navnets Etymologie, er neppe rigtigt. Naar man i Frimans Bergenske Fundatser 2 D. S. 207 ff finder i et Brev af 1625, at Stedet kaldtes Ljustedal, ledes man til at troe, det kommer af Ljuster eller Lyster, som er Naboesognet.

Ved Søen forstaaer Forfatteren det Inderste af den store Sognefiord ved Lyster Præstegield, hvor den faaer Navn af Lyster-Fiorden og Goupne-Fiorden.

Foss om vegen gjennom Jostedalen.

Veien til denne Dal løber fra Søekanten paa tvende Steder, begge til Lands: den ene fra Lysters Hovedkirke, den anden fra Goupne Annex under Lysters Præstegield, saa at, paa hvilken af disse Kanter man vil, kan man reise til denne Dal; dog maa man først passere Lysters Præstegield een god Miil og tre Fierdinger igiennem, førend man kommer til dens Grændser, og det saaledes:

Fra Lysters Hovedsogn til en Gaard, hedder Kilen, er een Miil ganske slet og jevn Vei; fra Kilen maa man fare over et maadeligt Field, kaldet Storhougen, som er tre Fierdinger langt, hvor ovenpaa boe tvende Jordemænd under Lysters Gield beliggende paa tvende separate Gaarder, paa en Distance af 1/4 Miils Længde imellem hver, hvoraf den første kaldes Øvre-Vigedalen, den anden Nedre-Vigedalen, fra hvilken sidste falder Veien ned ad til Justedalen; og strax, hvor denne sidste Gaard under Lyster slutter med sine Lodter og Lunder (d. e. Skov og Mark), begynde Justedalens Grændser, nemlig ved et Sted kaldet Storkhellen, et almindeligt Hvilested, hvor dette Steds Indvaanere, hvad heller de reise til eller fra Lyster, hvile sig gjerne, før de sætte over dette Field eller naar de komme derfra, eftersom der er en liden beleilig Plads eller Flek baade for deres Heste at bade og sig selv at recreere; thi har Naturen saaledes dannet det, at der er som en hvælvvet Muur under Fieldet paa det Sted med rindendes Vand, at de baade der kan søge Ly mod Uveir og forfriske sig, som de og gjerne pleie at spise der af den Mad, de paa Veien tage med i deres Skræpper, før de reise længere. Og er det venteligt, at dette Sted af den Hvile, Folket tager sig der, haver sit Navn Storkhellen. Men er at mærke, at man ei kan reise denne Vei især med Heste, uden fra imod St. Hansdag til imod Mortensdag, formedelst det haarde Veir, der falder paa dette Field med Sne og Drev i en overflødig Mængde; dog naar man desformedelst kan komme til at fare den, er den baade den bedste og mageligste Vei til Søen, ligesom man og langt snarere og uden Fare kan reise den fremfor den anden Vei, som løber til Goupnen.

Denne anden Vei fares fra Goupne Annex saaledes: Fra Gaarden Rønne, hvortil man legger i Land, og til gaarden Leiremo er en god og slet Miil. Derfra til Gaarden Alsmo er en halv Miil meget tung, besværlig og farlig over en stor Aas, hvorhos Justedalens Grændser tage sin

Begyndelse, nemlig ved en liden slet Flek kaldet Hellemo-Øjene. Der tage dette Steds Opsiddere sig ligeledes, som ved Størkhellen, Hvile, før de reise ind i Præstegieldet eller derfra til Søen, eftersom der findes Græsgang baade for deres Heste og Kreaturer, de nedføre til Søen at sælge. Og fares denne Vei jevnlig baade Vinter og Sommer; men er bedst om Vinteren, naar Isene ligge, da man farer Elvene. [...]

Om busetnaden

Den første [grenda] kaldes Niedalen, til hvilken man fra Hellemo-Øjen regner en god halv Miil, som fares over en stor Aas kaldet Hougaasen, og er fra dette ommeldte Hvilested til første Gaard i Gieldet, som er meldt, en halv Miil. I denne Dal paa den venstre Side af Elven ligge disse sex Gaarde: Øjen, Øvre-Myklemør, Nedre-Myklemør, Fosse, Sperle, Garen, men paa den høire Side disse tre: Aarenberg, Aasen, Brohem, tilsammen ni i Tallet. Og er denne Dal en god Miil i Længden, ligesom den er og baade den besværligste og farligste til og fra Søen; thi formedelst den store Elv, som kommer her frem fra Dalen, den er som en Sø om Sommeren og har udrevet aarlig de slette Veie, ere Veiene lagte op i Biergene i Urer og Galder, og altsaa meget besvær-lige; især er det værst at komme frem, hvor Lysters og Goupne Veien samles, nemlig ved Aarenberg Gaard paa den høire Side, hvor man farer over en stor Broe, som ligger over Elven ligefor Gaarden Fosse paa den venstre Side; thi har Elven, formedelst det dybe Fald ved Broen, saa stor en Fart, at der staaer jevnlig et stort Drev som en Regn langt over Broen, at man ved Overfarten maa see sig vel for, at man ei skal beskadiges eller falde ud, thi da er det umueligt at komme levendes op igjen.

Og som denne Dal regnes til Kirken en god Miil, saa begynder den anden Dal derfra igien en god halv Miil ind i Øster, som før er meldt, da man atter farer over en Broe ind paa den høire Side til den, og kaldes

Kregedalen. I denne Dal ligge disse syv Gaarde, nemlig: Bakken, Bierk, Vanberg, Yttrie, Kiervig, Kregen, Espe. Her ligge Gaardene ganske nær ved hinanden, og er Veien ganske god og uden nogen Besværlighed at fare. Til den tredie Dal, som kaldes Krondalen, hvor man reise paa den venstre Side af Elven, er fra Præstegaarden til første Gaard imod tre Fierdingers Vei. Og ligger i denne Dal, som er god Vei og slette Marke, disse sex Gaarde, hvilke ere og tæt med hinanden samlede, som hele Dalen er imod halvanden Fierdings Vei i det længste, nemlig Hougen, Helgegaard, Kronen, Snetun, Grov, Bersæt, hvor tæt ved denne Gaard ligger Isbræen, som herefter skal ommeldes. Og ligger denne Dal i Vester. Og foruden man herfra kan reise ind i den fjerde Dal i Nord, kaldet Milvirsdalen, saa løber den rette Vei dertil fra Kirken, hvorfra til dens første Gaard er trende gode Fierdingers Vei, som er noget besværlig, saasom man skal her over en Aas, førend man kommer derind. I denne Dal, hvor Gaardene saavel som i Niedalen ligge noget fra hinanden, som den er tre Fierdinger i Længden, forsaavidt Gaardene ligge med sin Hiemslaatt, ere for nærværende Tid ikkun disse: Elvekrog, Milvir, Lien, Øvre-Faaberg, Nedre-Faaberg, og NB. da har Isbræen skudt sig ned fra den vestre Kant lige for disse tvende Gaarder meget stor. ...

Om Jostedalsbreen

Denne Isbræ, nærmere at melde, er et forfærdeligt høit Isbjerg, som ligger oven over de høie Fielde, og har skudt sig ned paa den vestre Kant baade i Krondalen og i Milvirsdalen, hvor, ligesom Dalene brede sig ud til, har den i sin Fremvekt udvidet sig mere og mere. Den er af Couleur himmelblaa, og saa haard som den haardeste Steen nogensinde kan være, med store Revner og dybe Huler og Gab overalt lige ned i Afgrunden, at ingen, endskiønt det ved Maaling er proberet, kan faae dens Dybhed at vide. Naar den skyder sig i sine visse Tider frem, da høres en stor Lyd, ligesom af et Orgelverk, og fører den for sig, som den trykker fra Afgrunden af, umaadelig med Jord, Grus og Stene, langt større end noget Huus kan være, hvilke den end ydermere knuser smaa som Sand. Om sommeren staaer der en forfærdelig kold

Vind og Blæst fra den. Den Sne, som om Vinteren kan falde paa den, fortæres vel om Sommeren; men Iisbræen tilvoxer jo større jo større. Og ligesom den om Sommeren fører med sig en umaadelig Kulde, at de derved nær beliggende Jorder ei allene i Henseende til Sæden tage stor Skade, men endog Folket, der haver sin Slaatt der nær ved, kan ei bestaae høieste Sommers Tid i stærkeste Hede og Solskin ved sit Arbeide, uden de ere skarp vinterklædte: saa fører den og dette med sig om Vinteren, at der er langt koldere paa andre Steder end der, hvilken Transmutation er mod Naturen ganske stridig.

Under dette Iisbjerg fremkommer i begge Dalene en stor Mængde Vand, som samler sig imod Kregedalen, og med de andre Fieldvande udgjør en umaadelig stor Elv, snart som en halv Søe i sin Fart med Susen og store Bølger; ja formedelst den store Magt, Vandet haver, udrives ei allene de slette Veie overalt, som det overgaaer, men endog Jorden undermineres, saa at den falder ud med Eng og store Trær, som sønderknauses og af Elven føres ned til Søen, hvilken store Skade foraarsager omsider, desværre! Justedalens totale Ødelæggelse, om Vandet vil herefter saaledes continuere med at udrykke og overskylle, som det hidintil har gjort, og paaført megen Skade paa de fleste Jorder.

I Følge med dette Vand, som udsuser af den store Iisbræ, fremkommer og et svart fiint og som med Sølv blandet glitrende Jernsand, som elven fører med sig og kaster op her og der paa Landet, som man, naar Elven er liden, kan opsænke, dog ikkun i smaa Qvantiteter; men det er af en særdeles Tyngde, saa at et Par Skiepper kan være en temmelig tung Kløv for en Hest at bære. Og er dette Sand meget begierlig søgt paa adskillige Steder; især bliver det end ydermere bestilt fra sine Steder i Bergen, og kan det ei allene bruges til Skriversand, men endog til at slibe Knive med og polere Jern, som derefter bliver særdeles glitrende og som Staal glindsende, at man kan speile sig deri.

Jeg har foran erindret, hvorledes denne Iisbræ har paa den vestre Kant skudt sig ned ei allene i Krondalen, men endog i Milvirsdalen. I denne sidste Dal, hvor den nu forefindes, foregiver Almuen, at der i gammel Tid skal have været en stor slet Dal, hvor sex Jorder have været. Vist nok er det, at det klarligen lader sig see der har været en stor og slet Dal, hvor Iisbræen nu ligger, og kan altsaa foranførte Foregivende være troligt, allerhelst man seer klarlig for Øinene, hvorledes den aarlig har tiltaget og skudt sig frem og tilbage.

I Aaret 1742 in Medio Augusti var K.M. Foged med Sorenskriveren der paa Stedet til Aftagsforretning paa de Jorder, som ere Iisbræen nær hosliggende og af den beskadigede. Da blev der maalet fra Bræen til første Huus, som stod nærmest derved, og befandtes da en Distance af hundrede Alne derimellem, men fra bemeldte Tid til Aarsdagen derefter 1743 hvade Iisbræen ei allene skudt sig frem de 100 Alne i Længden, foruden umaadelig i Breden, men endog borttaget Husene, omkastede dem, væltet dem for sig med en umaadelig Mængde af Jord, Gruus og store Stene fra Afgrunden og knuset dem i ganske smaa Stykker, som endnu er tilsyne, og Besidderen maatte med hast forlade Gaard og Grund med Sine og Eiendele og søge sig Huus, hvor han kunde. Foruden at denne Gaard, som kaldtes Nigard, er med Ager og Eng i Grund ødelagt, har Iisbræen nærmet sig i de paafølgende Aaringer til en anden Jord, kaldet Bjerkehougen, borttaget dens Ager og Eng, saa de bare Huse staae tilbage, og altsaa er ubeboelig: i hvilken Henseende jeg ei har villet eller kunnet anføre disse Jorder, som total ødelagte, iblandt Milvirsdalens Gaarde [...]

Man har ellers erfaret, hvorledes den fra 1748 er gaaet tilbage, men kun meget langsom, dog saaledes, at det kan kiendeligen mærkes.[...].

Foruden at den gjør daglig stor Skade med Vandløb, saa foraarsager den Kulde eller Vind, der kommer fra denne Iisbræ, om Sommeren Frost paa Agrene paa de fleste Jorder her paa Stedet, at næsten hvert Aar indtræffer her Misvext; ja ved det, at den kolde Vind skyder sig

langs nedad Dalen med Elven i en stærk Nedfart til Søen, fornemmer man og til den i Goupen og paa Rønne.

Foss om vegen over breen frå Krundalen til Olden

Over denne Iisbræ kan man fare til og fra Juste-dalen paa tvende Steder til Indvigs Præstegjeld i Nordfiord, baade gaaendes og farendes med Kløv og Kreaturer, som man der pleier at tilforhandle sig. Nemlig her i Krundalen reiser man fra Gaarden Bersæt til et Annex, kaldet Aalden, hvor den første Gaard, man kommer til paa hiin Side af Bræen, kaldes Qvame; og bestaaer denne Veis Længde af halvtredie Miil. Her er Iisbræen saa stor, at Skyerne støde an paa den, og de høieste Fielde ligge dybt neden for den som en Afgrund, at man knapt engang kan see den, mindre tage Mærke paa dem til sin Reises Fortsættelse, saa man, for ikke at fare vild, har opsat Varer paa Bræen af Træ som Milepæle, og endda maa man have med sig herfra velbekjendte Folk til Ledsagere; at man ikke skal enten fare vild eller falde ned i de forborgne dybe Huler og Gab, som paa sine Steder findes paa Bræen, hvor Sneen kan være sammendreven og ligge løselig ovenpaa Hellerne og bedække dem. Denne Vei fares ei saa jevnlig, saasom den besværligste og farligste.

Foss om vegen over breen frå Fåberg til Greidung

Det andet sted, man farer over Iisbræen, er i Milvirsdalen, dog ikke paa det Sted, hvor den foran findes beskreven at være nedkommen lige for de tvende Gaarder Milvir og Elvekrog – Thi strækker den sig paa adskillige Steder og i adskillige Præstegjelde baade i Længden, Breden og Høiden, og, som gamle Mænd forklare efter deres Fædre, har den skudt sig og udvidet sig i 9 Præstegjelde; dog vides og kiendes deres Navne ikke alle, som nogle af dem ligge i Nordfiord; eller veed man at nævne nogle af de bekjendte Steder, hvor den lader sig tilsyne, som for Ex. langt ud paa Vedestranden i Fylkisbygdens Præstegjeld, i Sogndals-Dalen i Sogndals Sogn, og over Leikangers Hovedsogn, hvor man fra Vig tvert over Fiorden kan see den: paa disse Steder sees den her udi Sogns Provstie, og i Nordfiord i Indvigs Præstegjeld. Stedet da at melde om, hvor man i Milvirsdalen reiser over Iisbræen, er ved foranførte Gaard Nedre-Faaberg, hvor forbi man farer en Miil frem i en slet Dal kaldet Stordalen, hvor Milvirsdals Almue havet sit Fæe gaaendes om Sommeren: der begynder Bræen, hvor man reiser over og kommer ned til et andet Annex i Indvigs Præstegjeld, kaldet Opstryn; og er Bræen herover ikkun fem Fierdingers Vei til første Gaard navnlig Grejung i det Annex. Paa denne Kant at fare over er Iisbræen ikke saa høi, at jo Fjeldene ligge høiere, dem man benytter sig af som Varer at see efter, paa det man ei skal fare vild af Veien; dog maae man have kiendte Veivi-sere med sig, eftersom Veiene ere ligesaa vildsomme og farlige her, som før er meldt om Veien fra Bersæt. De Tider, man allene kan reise over Bræen, er fra Paaske til Mikkelsdag, da man maa passe, det er klart Veir, forme-delst den tykke Skaadde, der ellers ligger paa Bræen, naar Himmelen er skyet, da man ikke kan see for sig, mindre fare Veien, ligesom man da umuelig kan vide, hvor man er, men maa frygte for at nedsjunke hvert Øieblik i Afgrunden. Man maa og klæde sig skarp vinterklædt formedelst Kulden af Bræen, der forhindrer Solens Hede høieste Sommers Dag, saa og indrette sin Reise saaledes, at man kan komme over Bræen samme Dag, man begiver sig paa den, af Frygt baade for paakommende Uveir og Mangel paa Hvilesteder [...]

Denne Vei farer Almuen her paa Stedet gjerne aarligaars over, da de tilforn overlægge med hinanden, at de mange kan reise tilsammen. Og føre de did med sig, hvad de forfærdige her hiemme om Vinteren tilforn af Trævarer, Truge, Ambre, Skaaler, Øser, Træskeer m. m., som de der strax faae afsat og bedst betalt. Didfra føre de ei noget stort, undtagen det kan indtræffe, at de medbringe tilbage Havre, Sild og Korn, dog ikke af nogen Importance. Did fare ogsaa Handlingskarle og kiøbe Kreaturer derfra, som de føre herover igien, samt Heste, undtagen de, som have hiemme i Valdres i Christiania Stift, hvilke, naar de fare denne Vei

over Bræen og tilforhandle sig i Nordfiord store Drifter med Kreaturer og Heste, komme ikke gierne denne Vei tilbage igien, men fare en anden beqvemmeligere og komme ned ved Leikanger, hvorfra de siden reise til Søes til Leirdal og fremdeles over de Fielde til deres Hiem grenda [...] (Merknad: Her meiner truleg Foss vegen over Gaularfjell og gjennom Sværeskaret til Sognefjorden.)

Man hører dog ellers ikke gierne nogen at komme til Skade eller Ulykke paa Bræen; dog traf det 1742, at en fattig Mand omkom paa den, som havde Hiemme her paa Stedet, og vilde til Nordfiord at bede sit Brød, men er ei til Datum funden paa hvad Sted i Bræen han er bleven. I Aaret 1743 mistede en Gaardmand her en Hest, da han kom fra Nordfiord med en Kornkløv, og bekom han vel Kornet igien, som Folk kom han til Hielp og med store Reeb hissede det op af Bræen, saasom Gabet paa det Sted til hans Lykke ei var meget dybt, men Hesten var død; thi det er plat umuligt at komme levendes op igien for den, som gaaer løs og falder ned i en af disse Sprækker, dem man ikke kan tage sig i Agt for eller see, fordi Vintersneen ligger saa løselig paa Hullerne og bedækker dem, at man ei kan vide andet, end man farer en sikker Vei, før Livet er borte. Derfor maa man have En med, som er den rette Vei vel bekiendt og man kan fidere paa; og NB. derfor pleie og de, som reise derover, at have Reeb med sig, paa det, om Taage og Uveir skulde paakomme, medens de ere paa Bræen, de da kan være samlede, og da binde de sig fast den ene til den anden, at, ifald en ulykkelig skulde falde i et Gab, de andre da strax kunne være tilrede og hielpe ham op igien [...] Dette er alt hvis man veed at anføre om Iisbræen.

Om vegen frå Fåberg og over til Gudbrandsdalen

Ellers som Justedalen er landfast i Sør med Lyster, i Vester med Nordfiord, saa er det og combineret med Christiania--Stift i Øster. (Gudbrandsdalen) Det Sted, hvorfra man begynder sin Reise og Veien løber, er her i Milvirsdalen fra Gaarden Øvre-Faaberg en god farendes Vei igiennem Skov og Marker, og er herfra Kirken til den første Kirke i bemeldte Stift navnlig Skiog Kirke, [...]

Fra Røraas, hvorhen de helst begive sig, som de faae sine Varer der bedst betalte, føre de ei gierne andet, end adskilligt gammelt Jerntilfang, som de kan faae for let Kiøb, det de her hiemme omsmide til deres fornødne Gaardsbrugs-Redskaber; thi de fornødne varer til Huusholdning, Korn, Sild m. v. tilforhandle de sig enten i Lyster eller Goupnen, hvor de igien bortsælge Næver og Kreaturer iblandt af stort og smaat, naar det bliver søgt hos dem [...]

Foss om bruene i Jostedalen

De Broer, man farer over i Dalen, ere efter følgende: 1) I Kronedalen ere 7 i Tallet, hvoraf de 6 løbe een fra hver Gaard til Stølene, som ligge lige fot Gaardene paa den anden Side af Elven; den syvende er en Almindingsbro for de Reisende til Krondalen, og haves ingen Navn. 2) I Milvirsdalen ere tre, alle Almindingsbroer, og uden at navngives. 3) I Kregedalen ligeledes findes to almindelige Broer. 4) I Niedalen ligeledes tvende, hvoraf den sidste kaldes Fossebroen. Over denne staaer om Sommeren, naar Elven er meget stor, et stort Driv som en Regn, saa at Broen et glat, derfor maa man see sig vel for, at man ikke skal falde ud, thi da er det umueligt at bierge Livet [...].

Dette er alt hvis man om Justedalen veed at bekiendtgjøre for nærværende Tid, hvis kortelige Beskrivelse hermed endes.

Breums Præstegaard, den 11te Maji 1750.

M. Foss,
Pastor Justedalensis.

Driftehandlar Henrik Rønneid frå Gaupne sine nedteikningar

Henrik Rønneid var driftekar og frå Gaupne. For han var det naturleg å velja ruta over Jostedalbreen. Han og Henrik Leirdal handla mykje i Nordfjord, Hornindal, Loen, Olden og Stryn. 1. november 1962, nokre dagar før han fylde 80 år, skreiv Henrik Rønneid, på oppmoding, eit lengre notat om fehandel, slik han opplevde det i dei seks åra han dreiv, frå 1899 til 1905. Her kjem eit utdrag :

Då eg snart er den einaste attlevande, so har dreve med fehandel her frå Luster, og som har reist med fe over Jostedalbreen frå Opstryn til Jostedalen, er det fleire som har spurt om ikkje eg vilde skriva ned noko om detta, då dei meiner mangt kunde verta av interesse for seinare. I so fall er eg for gamal til å gje ein fullgod beskrivelse, men skal likevel prøva å skriva ned noko av det eg hugsar heilt sikkert. So me veit har fehandel og hestehandel vore dreve lenge.

Våren 1899 ved jonsokleite, då vart eg med på "sanken". Provianten på turen hadde me i ei lerskreppa, å prinsa, så dei sa i Nordfjord. Me tok båten frå Marifjøra til Olden i Nordfjord, det var ein lang tur med båten, då med måtte om Bergen, so det gjekk mest heile veka. Med hadde kjøpt fe i Hornindal, Loen og Olden. Då med hadde fastset sankedagen, vart det å fara runt og seia til sank. Då med kom til Olden var det brudlaup på Eide, me vart og bedne i brudlaupet og var der om kvelden og utover ei stund. Der var ein masse folk, og dansen gjek laust, gamle kvithåra kalla dansa so kvite hårmanken slong. Der var vist nøygda med heimebrygg. Nokon kjøgemeistar såg eg ikkje, for då dei vilde ha mat sette dei seg til bords, som alltid stod mat på, det var brosmefisk og poteter, maten var kald vorten då eg og fleire var til bords. Steintøybidne var der ikkje, det var treskåler, tretalerken (boroksa). Brudlaupi i Nordfjord kunde halda på i fleire dagar på den tid, dei slutta ikkje so lenge der fanst att øl på kaggane.

Det vart fastset sankedag og klokkeslet, sankestaden var på Tonning i Stryn. Då det ikkje var vegsamband frå Olden og Loen til Stryn leigde dei seg store føringsbåtar, når det ikkje høvde med rutebåten, å frakta fe til Visnes, men frå Horningdal var det veg, so dei kom leiande med dei til Tonning. Skikken den tid, var at dei med hadde kjøpt kyr av, skulde ha ein dram "sankedram".

Til å vera med og driva feet oppover Stryn hadde me leigt to mann Rasmus Dårøflåt, han gjek og under namnet "Einelakjen" og sonen Nils. Det viste seg me hadde fāt tak i to spreke "gjagara". [...]

Me hadde og kjøpt nokre hestar, kor mange det var hugsa eg ikkje, dei bat me ein hest i rumpa på den andre, ein etter ein, so det vart som ei kjeda. På fyrstehesten hadde med kløv, ei lerskreppa på kvar sida, og noko rask. Leirdølen leide hestane føre og so fedrifsta etter. Han som dreiv fedrifsta, var son til Leirdølen han Henrik, dei to leigekarane eg før har nemnt om, og eg. Oppover Stryn, var det veg til Mindresund, derpå til Grønfur var det berre gongsti, med stoppa nokre timar på Fosnes i ein hamnehage, for å kvila. Men frå Grønfur til Greidung, var det privat veg, der opsitjarane i Erdal hadde bygt sjølv, so der fek me ikkje fara, då det ikkje var gjerde etter vegen. Me måtte fara langt over om gardane, opp under fjellet til Greidung, der låg me eit døggers tid i ein hamnehage dei kallar Åremarki, me måtte kvila ut før med tok fat på breiden. Då me reiste frå Tonning var det ikkje greit å halda drifti samla, det gjekk so regel ein par dagar for feet vart "tamt", og frå Mindresund til Dårøflåt var der tet med åreskog, og denne gongen sers varmt, so det røynte på at gjagarane var noko trenna, Men stort likare var ikkje ein annan gong med for der i silregn, og me hadde lite og inkje med klæbyte med oss.

På Greidung budde med alltid hjå Tore Greidung, både når me kom og reiste om breiden, han var dengong patentfører, han og fleire fekk me leiga med oss. Nokre av dei heilt til Piasetra. Nokre av namni til dei som var med oss som eg hugsa var Rasmus Sina og son hans, Klaus Sina og Lasse Greidung [...]

Fyrste gongene me reiste fekk me lov å ligja med feet eit døgn på kvar seter, eit døgn på Piasetra, eit døgn på Fåbergstølen og eit døgn på Bjønstegane; men seinare fekk me stoppa berre nokre timar på kvar støl, på desse stølane var dei einno ikkje bufåra, so der var god hamn, som og kom vel med etter breaturen. Då med skulde reisa heimover frå Bjønstegane, bat me hestane som vanleg, ein etter ein etter rumpa, den vanlege kløvi på fyrste hesten, med ei skreppa på kvar sida. Leirdølen skulde som vanleg vera i teten med hestane. Då me hadde fåt dei samanbotne, byrgja hestane og slost og det vart eit fele leven. Leirdølen vart heilt innringa av hestane som slost, han kom og so trongt til, og trestokken på lerskreppa og som berereimane og spennereima er hefta til, kom tvers over munn hans slik at trestokken rauk tvert av, braut tre tenner på Leirdølen, me sprang sjølvstakt til å kutta grimeskafti dei vart botne saman med, og fekk Leirdølen fri, han blødde or munnen, det gjekk vist tre tenner sa han, han sputta blod etter tannbråten, strauk handa over munnen. Haurde ikkje han sa det gjorde ilt, men ba oss binda hestane saman att, og so bar det vidare heimover, då me kom til Krokaberget stoppa me ei kort stund, der frå til ferde der låg me som oftast eit døgn, me hamna feet ute på ferestrondi (Helgedalstrondi). Derfrå heim over til Knippa der me og stoppa nokre timar, og sidan heimor til Bjønøy, no var me komne på Røneids eigedom. Me var då komne saman med ein anna driftekar frå Jostedalen, Johannes Snøtun (Reine-Johannes). Med han dreiv me saman med til ?orseviki ved Tyen og so i lag om hausten austover.

Med me låg i Bjønøy, og ofte før, måtte me tinga me Fylkesbåtane, om å frakta feet frå Marifjøra til Lærdal, det var ofte trongt om plas, då det var mange drifter på den tid. Ein gong var fylkesbåtane som gjekk i ruta heilt opptinga, so me måtte tinga ekstrabåt. Det var ein av dei gamle båtane som gje i lokalruta i fjordane (i Sogn). Det var vist "Framnes" eller "Fjaler" eg hugsa ikkje so nøgje kven disse to det var. Då det vart trongt i lasterommet, måtte me ha nokre hestar på bondestova.

Det kunde og henda me måtte vera i Røneidshagen eit bel, etter som det høvde med rutebåten. Altid med me låg i ro å hamna feet, måtte me gjeta so det ikkje kom burt noko. Men når me hadde feet i Bjønøy og Røneidshagen, leigde me alltid einkvan å sjå etter dei, so med kunde kvila ut i ei god seng, og få noko koft mat, på turen vart det berre på turmat [...]

Ein gong tok me båten frå Oslo rundt kysten til Bergen og derfrå til Marifjøra. På meikrovet eingong eg var åleine, tok eg same vegen fram og atende runt kysten. Ein annan gong eg var på meikrovet, sykla eg utøver og heimat.

Ein gong um hausten eg og Leirdølen kjøyrde heimat, overnatta me på Nystuen, på same tid var det og eit taterfølgje, det var ein tater dei kalla Aleksander med familien sin. Dette var ein som handla mykje på hest, han var rik, sa dei. Han hadde då ein liten grå fjording, han vilde selgja til Leirdølen, hesten hadde han ståande på stallen. Leirdølen og Aleksander åt stallen å skulde sjå hesten, og då dei kom innat, fekk tateren fat på ein par flaske øl, han spanderte på Leirdølen, og byrgja å akedere om prisen på hesten. Tateren so var ein utflågen hestekar og lur, no Leirdølen sa ham, du er ein gamal røynd hestekar, no skal du gie meg det du tykker hesten er verd. Leirdølen voks noko til kar etter at tateren hadde sakt dette. Det vart til at Leirdølen kjøpte hesten av tateren. Då me om morgonen skulde reisa frå Nystuen sela me taterhesten, og den me før hadde kjøpt med, bat me i kjerra etter.

Når me hadde kjørt eit stykje på fjellet, tykte eg hesten var mykje skak i lendi (i kryssen), og sa dette til Leirdølen, han tok då til å sjå nøyare på hesten, han fan og ut at hesten var mykje

skak i lenda, men det gjorde ikkje so mykje meinte han, på den sida hesten var lågast, skulde han leigja under bakbeina ein tjukkare sko. Når me hadde kjørd eit langt stykje ner over Lærdal, bytte me om hestar, sette føre den han hadde før, og let taterhesten gå atti kjerra. Då me kom på Lærdalsøyri møtte me svogeren til Leirdølen, Ole Vigdal, han var i eit eller anna ærend komen til Lærdal, han måtte då sjølvstakt taksera taterhesten, han såg fort at hesten var skak i lendi, men sa til slut, "har de kjøpt hingst og no då". "Hingst", sa Leirdølen, det var noko eg og Leirdølen ikkje hadde set. Ja sa Leirdølen, det kosta ikkje meir en fem koppa kaffi det, eg skjere hesten sjølv, sa han, og det vart det. Om våren leigde han fem karar med seg og so skar han hesten sjølv.

Han hadde hesten til neste haust, då tok han med seg hesten austover, og selde den til ein som budde tet med Kjellerholen. So mykje som han tente på den hesten, har han aldri tent på hest. Han fek at yver det duble av det han hadde gjeve.

Me vart då heime til over jul, so vart det å pakka lerskreppa og dra med båten, um Bergen til Olden, der me budde hos Anders Mellem då me reiste omkring Olden. A. Mellem var som oftast med oss då han var meir lokalkjend. Me reiste og omkring i Loen og Horningdal. I Loen var eg og bror til A. Mellem, Rasmus Loen heilt op til Næsdal og Bodal, føre den fyrste Loenulukka. Det var då ikkje anna enn gongveg op etter Loenvatne den gong, so vegen gjekk høgt op i liane sume stader. Me for og forbi ein gard dei kalla Høgrenning, han låg nokso høgt oppe.

Der oppe på Bodal og Næsdal var det flate fine bøar, me var der til dagen etter, og budde då hos ein Salve Næsdal, han gjek med i den fyrste Loenulukka. Når me reiste til Horningdal, tok me som oftast båten til Faleide, gjek derfrå over markene til Svår i Horningdal, der me tok inn til Rasmus Svår og var der til om morgon. Rasmus Svår var far til bilethoggar Svår, der eige hus til samlingane no er reist på Grodås i Horningdal. Smedar var det mange av på den tid i Horningdal, mest på kvar gard, det dei smia var gjåar, sigdar, knivar og navrar.

Eg kan og hugsa at på turen frå Faleide til Horningdal, var me inne på garden Sindre og kvilte, eigaren då var stortingsmann Sindre. I Horningdal vart med verande ei veker tid, me kjøpte og ein del fe der, og me overnatta på mange plassar. Ein stad eg hugsa me skulde overnatta, var på ein gard dei kallar Vellene, det var hos to tilårskomne brør, Ola og Per Wellene, ei gamal syster deira stelte for dei. Dei to brørerne skulde vera med dei beste smedar der i dalen. Då me skulde legja oss om kvelden laga dei til seing til oss på golvet, dei kom då med ein skammel, og la framføre, som skulde halda seingklædi på plas, og for at skamelen vart halden på plass, kom ein av brørerne med to holdarhaka og slo ner i golvet ved skamelen. Det vart ein uvanleg god seng.

Då me hadde traska omkring ein fjorten dagar eller tre vekers tid, og kjøpt det me vilde, var det å dra same vegen me kom med båt heimat. Ein gong me fylgde båten heimat, me var fire i lag, Leirdølen, son hans han Henrik, Erik Prestegård og eg. Me hadde but på ein av Bøe gardane som låg høgt op frå Tonning, me skulde ta båten på Visnes, den skulde gå derfrå i 11 tida om kvelden. Me vart på Bøe til passa tid å ta båten på Visnes. Det var då byrgja regna, blåsa og belmørkt då me drog frå Bøe. Ned over til Tonning var det nokso brat, og når me ikkje var kjend gongvegen, og for at me ikkje skulde gå oss utover planmurane det var so mange av, helt me einannan i handi slik om den fyrste ramla utføre, skulde dei andre halda at, men me var ikkje komne langt, før den fyrste ramla utføre ein 2 meter høg planmur og drog os andre med seg, so me vart ligjande ein yver hin i ein krøys, heldigvis gjek det bra. Då dei oppe frå garden, der me budde, tvilte på om me kunde finna vegen, kom dei etter oss med lygt, og fylgde oss ner på storevegen.

Då med gjek om bord i båten på Visnes, hadde vinden auka på. So fort Leirdølen kom om bord, la han seg i ein yverkøy på bondestova og somna. Då me var komne eit stykje utover

fjorden, byrgja båten å slingra nokso mykje, då viste me ikkje ordet av før Leirdølen kom deisande på golvet, han ??? på kne og alboger, og vart ståande slik eit augneblink, det såg mest ut han ikkje vakna med det sama. Me som sat og såg på, fek oss ein god latter, då me fek sjå han ikkje skadde seg.

Då båten skulde inn til Nordfjordeid hadde vinden auka til storm, slik at den ikkje kunde legja til kaien der på Nordfjordeid, men å få posten i land, heiste dei ned ein redningsbåt.

1.styrmann og to matrosar rodde posten i land, for å ta av noko for stormen, la båten seg langsetter so det vart noko mindre bølger.

Ei krusaløygjagt som låg på hamnen der i Eid, vart sliti laust av fortøyningane og vart knust mot land. Frå Nordfjordeid gjek båten direkte til Måløy og derfrå til Florø, eit stykje sud for Florø på ein stad dei kalla Botnane la båten seg for anker om natti, då den ikkje kunde fortsetje lenger for stormen. På denne turen vart me eit døgen forseinka til Bergen.

Når det leid til jonsok var det å pakka nisteskreppa og dra i veg på sanken. No reiste me over bredden, me leigde då Lars Lie frå Jostedal med oss, han var dengong patentförrar, me var då fleire fekarar i følgje. Då me skulde taka av bredden på Strynesida, og for å sleppa gå den kroken om skårane, vegen me brukte å fara med feet, tok me ein snøveg ner frå bredden, på ein stad måtte me ned ei brat snøfon, me stod foteskreid ner over fonni, men Leirdølen som var vorten gamal, klarte ikkje å stå på føterne, men sette seg på baken og skreidde, det vart ein fæle fart, og i snøfonna stak det op ein kvass stein, so Leirdølen stemde på, eg var då i nærleiken, og var god for og retta han tilsides, so han strauk so vit forbi steinen og nerover til eit vasseg, som rann unda fonni, so vassspruten stod høgt til vers millom beina hans. Når me kom heim på stølen Elledalen, la me oss på bøen for å kvila. Leirdølen la seg tet med ei grov som rann gjennom bøen. Då me hadde kvilt ei stund, preia Nils Ytri (Pikhaugen) som låg nerast Leirdølen, at no måtte me opat og dra vidare. Leirdølen snudde seg om mot grovi og deisa neri, det vart eit fele plask då han tok vatnet. Me fortsette heimover til Greidung, der me fek oss mat og kvilde ei stund, og Leirdølen fek todna klædi sine.

I seks år reiste eg over bredden med fe so eg reiste 11 gonger over bredden, som eg før har nemt, reiste me fyrste våren med båten.

Ein annan gong me for yver bredden og me var komne eit lita stykkje inn på bredden, var det ein ukse i drifta som ikkje klarte å følgja med, han la seg ned, det var ikkje råd å få han med seg lenger. Men det skulde koma ei drift dagen etter, me fek so gjagarane frå Stryn, tinga med dei som kom etter, om dei vilde ta uksen med seg. Dei som kom etter fek oksen med seg over høgda og ner i Lodalsbrekka eit stykkje, der vart han atligjande att. Me var då i Piasetra med drifti. Anders Mjølver var og der og høgde stølsved. Han laga ein slags hestesele og sjeker or tog til oss og so fan me ein skikjelke, og so drog Henrik Leirdal og eg av stad med to hestar og med kjelken etter. Då me var komne eit stykje fram på Lodalsflatane, såg me uksen, berre som ein svart prik. Og då me kom til han, velte me han på skikjelken, i fyrstningi var det nokso bratt, so eg måtte stå på sida av kjelken og styra og halde att, so ikkje kjelken kom fram i beini på hesten. Henrik Leirdal sette seg oppå ein av hestane og reid, det vart full trav heimover. Og då me kom heim på grandane velte me uksen av og eg skulde prøva få han heim på Fåbergstølen, medan Henrik reiste til Piasetra med hestane. Med meg og uksen gjekk det småt heimover, men so måtte han over elvi ein plas, der fek eg han mit uti elvi, og der vart han ståande, alt eg kasta stein etter han. Då soli varma godt, la eg meg til å sova, då eg vakna om ein par timar, stod uksen uti elvi framleis like rolig, men alt eg balte, kunde eg ikkje få han derifrå, dermed drog eg frå, og heim på Fåbergstølen. Han vart gangande i Storedalen til Hausten. Me selde han då til ein frå Jostedal.

Siste åri me kjøpte fe i Nordfjord, reiste me ikkje om Lærdal. Men tok op frå Husøy og Vigdalen til Vigdalstølen, der me hamna eit døgen tid. So reiste me over Haugen ned Kilali

forbi Kilen. Heimover Dalsdalen til Skogsne der me stoppa eit halvt døgens tid og so til Fadlagjerde der me og vart eit halvt døgen. Og so bar det innover forbi Fortun og oover Bergsdalen til ein støl eit lite stykje framanfor Optun, der vart me verande til om morgon. Til kjentmann innover fjelli leigde me Søren Berge, då ingen av oss hadde reist der før. Derfrå til Turtagrø, der hamna me i Heljedalen og vart der eit døgen, so derfrå over kjeisaren til Guridalen, der vart me verande til om morgon, reiste derfrå til Skogadalsbøen, der vart me yver eit døgen, der var god hamn og feet fek kvila ut til me skulde ta fat på den lange vegen til Eidsbugarden.

Frå Skogadalsbøen reiste med ofta seint på dag, so bar det fram Skogadalen til fram under Melkedalsbandet, der vart me verande om natti til det tok til å dagast. Då me låg der, vart det eit fele ver, med regn og snøslaps. Me kunde ikkje reisa inover Melkedalen om natti, so det vart å halda ut i eit slikt ver, men mot morgonen betra veret so me fek fint ver gjennom Melkedalen og til Eidsbugarden. På Eidsbugarden vart me verande over eit døgen, verten der var Røysheim, ein gamal traust gubbe. Frå Eidsbugarden var turen over til Tyenholmen, der me stoppa ei kort stund, derfrå til Sorteviki, som me hadde hamn om somaren, til me om hausten drog utover. Året etter reiste me gjennom Uradalen. Frå me sank på Tonning i Nordfjord og til me var komne til Lorteviki, tok det nesten tre veker. Då det hadde vorti lite med sømn, og mykje bal med feet, vart me nokso slitne etter turen.

Då Leirdølen slutta i 1902, fortsette eg med fehandelen åleine. Eg skifte då salsplass, og reiste fyrste gongen i 1903 yver til Vårdal, austre og vestre Toten. Om hausten me drog utover helt me same ruta til Brurud i nordre Land, derfrå reiste me over Vårdalsåsen til Vårdal. Fyrste plassen me stoppa og hadde hamn var på garden Mustad i Vårdal, der vart me ein par dagar, selde og nokre kjyr og ein hest der. Derfrå til Gjøvik tek med skrivargarden utanfor byen, der hamna me ein par dagar, og selde nokre festykkjer der. På dei andre plassane eg her etter nemner, vart me verande nokre dagar og selde fe. Solberg i lien, Skogstad, Alstad og Kolbu v. Toten, der selde me resten av feet, men hestar hadde me oftast att, og dei reiste me til Oslo og selde.

Same hausten (1903) kjøpte Henrik Leirdal Kolbu Hotel i vestre Toten, busette seg der, seinare når me reiste med fe, budde eg alltid hos han, då me kom til Kolbu. Om hausten 1904 eg var utover med drift, vart Henrik Leirdal og eg samnde om at straks over jul 1905 skulde me reisa nordover til Romsdalen å kjøpa fe, me skulde då vera i kompagni, handla i saman. Ein fjorten dagars tid etter jul, reiste eg med båten til Bergen, derfrå med hurtigruta nordover til Molde og derfrå med lokalbåten til Veblungsnes. Henrik Leirdal kom landevegen frå Kolbu og me møttes på Veblungsnes, der me budde hos ein felt????, som dreiv losjehus der.

Me reiste då runt i fjordane og kjøpte noko fe der. Me var i Indfjorden, Vold, Vikebuk, Trasfjorden, derfrå til Vestnes over til Tomleffjorden og innover Langfjorden til Næset. Når me hadde traska omkring ein tre vekers tid, drog me heimat. På sanken om våren var Henrik Leirdal åleine, då eg var på Bømoen på eksis, so sanken på Veblungsnes og drivinga til Sorteviki veit eg lite, men Henrik Leirdal sa det var ikkje verre å taka mot feet på Veblungsnes, og erisa op Romsdalen og over Lesja til Gudbrandsdalen og derfrå til Tyen, en å reisa frå Tonning i Nordfjord og til Tyen. Med var og i Romsdalen i 1906 å kjøpte fe, då og var eg på eksis, so eg heller ikkje då var med på sanken.

I 1907 og 1908 kjøpte me fe i Jostedalen, Gaupne og innover Luster, frå den tid vart det slut med handelen. Men eg var fleire gonger utover på krov. Valdresbana var då opna til

Fagernes, so derfrå til Lærdalsøyri gjek eg fleire gonger. Some turar tok eg og Bergensbana frå Myrdal.

Når me reiste nordover, og yver bredden på sanken om våren, kunde me ogso ha ein fin tur. Me reiste alltid om dagen, det tok omkring 12 timar frå Lie i Jostedalen til Greidung. Uppå bredden vart det varmt når soli stod på det høgste, me hadde ofte ein lommeduk festa under huva, som skulde taka av det meste for soli, so ho ikkje skulde brenna hudi. Op på høgda på bredden var det ein herlig utsikt til alle kantar, me hadde Lodalskåpa til vingstre og Stormosi til høgre, og i nord Sunnmørsalpane med dei sylkvasse tindar, og fjell og tindar i alle leier.

Dei som dreiv fehandel frå Luster og Jostedal på den tid eg handla, frå Luster: Ole Kalhagen Feet, Melkior Kalhagen, Ole M. Røneid, Sakarias Ottum, Lars Erdal, han handla berre på hestar, han var frå Erdal i Stryn, men buset i Gaupne. Frå Jostedalen: Johannes Snøtun, Nils Ytri og Knut Ytri.

Dei som var slutta å handla, men var utover på krov på den tid, var John Næss (John Kroken som han også skriev seg føre), Ole Z. Næss (Ole Vikjen), Samuel Næss Talle, Kristian Heltne. Frå Årdal var det og nokre driftekara på den tid. Jørgen Eldegar og Nils Vetti, dei og reiste over Toten. Og so var det Ole Haug og Ivar Svalheim, dei reiste og over Toten, men dei reiste og på andre stader på austlandet.

Frå Aurland var det ein kjent handelskar Ole Kvam, og ein han var onkel til Aslak Jerde frå Leikanger. Dei hadde sumarhamn ved Tyenholmen. Aslak Jerde var der å gjette fe um sumaren, han døyde der bråt, han var berre 18 år gamal, ein kraftig staut gut, han var då i lag med son til Melkior Kalhagen (Melkior).

På Tvildehaugen ved Tyen låg to hestehandlarar med hestedrift, det var brørene Ole og Hans Heggeland frå Voss. Frå Valdres Ole Kasa frå ???? i Vang Ivar Sønderol Vang. Holien karane (far og son) og Ola Okshovd frå austre Slidre. Når me selde hest eller fe, skreiv me bevis på det me hadde selt, det var skjeldan me fek kontant.

Då me selde ein hest, var det omtrent alltid på leigekontrakt, me fek fat på trykte leigekontrakar, og me førde då til kjøpesummen, og storleiken på terminane, men vis leigekontrakten vart mishalden, kunde selgjaren ta at hesten, om han var bortbytt eller seld, utan lov og dom.

Under drivingi um våren og hausten, måtte me alltid om kvelden då me var komne i hamn, ha greie på om me hadde alt feet, og sjå etter om det hadde kome burt noko under drivinga om dagen. Om våren kunde det ofta vera vanskeleg å få talet på dei, då dei gjek so regel spreide kring i skogen. Men om hausten utyver, var det betre, då hadde me alltid inhegna hamn for natti.

Når me talde, fan me os steinar, ein stein for kvar 20 stykker fe, og for kvar 20 stk hivde med frå os ein stein. Me stod som oftast to og talde, ein på kvar sida av ledet når me jaga dei or hamn om morgonen og like eins når når me jaga inn på hamni om kvelden. Då me var oftast 4 driftekarar som dreiv i lag, kunde me ha drift opimot 200 festykker og ei 20 hestar.

Var det burtkome noko om dagen under drivinga, kunde det ofta verta mykje leiting og bal å finna dei at. Medan me dreiv slik runt om på bygdane, då me kjøpte in fe, og me selde at ute på austlandet, kunde det vera mykje både sjå og høyra, som kunde vera uvanleg heime hos os. På austlandet var forholdi mykje anleis, gardsbruki var som regel mykje større og romslegare, der var det fjøsa med optil 100 mjølkjyr på båsen. Då det var lite maskinelt på den tid, måtte dei ha mange faste tenarar og anna leigehjelp, ein del husmen var det og på garden, som arbeida på garden, for ei lita dagløn.

I Romsdalen og Nordfjord var forholdi nokonlunde likt som hos os. Der me for, kunde det vera mykje, sjå og lera, som seinare vart til nytte og gagn for ein driftekar. Men same kor me kom, vart me alltid vel mottekne, det hende aldri, so eg hugsar at me vart nekta hus for natti, om det var på dei flottaste storgardar på austlandet. Då arbeide vort var slik ofta, at me ikkje var etter siste mote i klæsvegen, og sjeget fek ofta gro både i 8 og 14 dagar. Då kunde det ikkje verta so stor skjelnad på ein driftebonde og ein vagabonde.

Var det ein tursomar lite regn, vart det oftast små avlingar, då kunde det ofta verta tråt å få selt av feet. Mange hadde nok kyr sjølve, og ein del måtte redusera besetning sin ein del. Når me selde ei kyr, hadde kjøparen alltid hug å ha namn på kyrri dei akederte på. Då me skjeldan eller aldri spurde etter namni når me kjøpte kyr. Men likevel stod me aldri i beit for namn, var det ei lita kyr, ga me henna oftast nemnet "Litago" eller "Smørgod", å.l. det hjelppte ofta ikkje so lite på salget.

Ein annan fehandlar, eg ikkje har ment om før, er Pål Flekkå frå Luster, på austlandet gjek under namnet Pål Lystring. Han selde ei merr til ein i Etnedal, den merri med føl, var det som vilde frå heimat, og som Vinje har skreve om "Linda frå Land".

Då Kristian Heltne gjette fe ved Bygdin, var han mykje saman med Vinje. Når Vinje hadde vore ute å gåt i fjelle om dagen, og kom ofta seint heimat om kvelden, hadde Kristian Heltne ofta kokt mjølkevelling og funne fram brødmat til han. Og ellers ein og annan gongen kann det henda, han hadde slege ein feit rjomegraut til seg og Vinje.

For eftertidi, vis ikkje det er gjort, burde det vore skreve meir om dessa gamle driftehandlarane, men med ein betre pen en min.

Frå gammalt gjekk vegen vidare nedover frå Øyasetra på austsida av elva. Eit par kilometer lenger nede kunne dei - til kring 1800 - krysse elva på ei isbru året rundt. Då gjekk Fåbergstølbreen til liks med Bjørnstigbreen tvers over dalen. Når breen smelta attende forsvann bruene. Seinare vart det bygt bru lenger nede, så vegen kom over til vestsida av dalen. Dei som nytta Øyasetra, heldt seg likevel på austsida heile vegen. På Fåberg kom dei til folk og der fekk dei som regel kvila ein dag.

Knut Ytri

Røneide nemner Ytri som ein av driftehandlarane i frå Jostedalen. *Knut Ytri var nok ein av dei som dreiv lengst med driftehandel på fe og hestar. Truleg dreiv han med dette i over 30 år. Fyrste året han kjøpte fe i Nordfjord, i 1871, var han berre 17 år gamal, og kjøpte 15 kyr. (Frå Lustrafjell – om fjell og fjellfolk i Luster, Luster Turlag, 1994.)*

Etter han er det ein del korrespondanse som syner litt om tillitsforholdet mellom kjøpar og seljar. Ein får tru at i hovudsak fungerte dette bra.

19. mai 1906

Jeg sender i dag kr. 100,00, da jeg ikke har mere penger i dag paa grunn av jeg ikke har faat leveret det fe jeg har saalt. Men da jeg faar levere det saa skal du faa det hele beløb som staar igjen. Jeg berder dig saa venlig at du ikke gjør mig nogen vandel, det har været saa mange omsten-digheder for mig.

Ærbødigst

Mons Nilsen Grøthe

Det neste eksempelet har eit noko anna utgangspunkt. Brevskrivaren, som har kjøpt ei mørk hoppe under Lærdalsmarken, kan på ingen måte hugse kven som stod for salet. Kvifor seier brevet ingenting om, men vi veit at når slike karar møttest, så vanka det både øl og dram.... Knut Ytri fekk så dette brevet, datert 17. juli 1903 (utdrag):

Hr. Knut Ytri, Jostedalen!

I anledning af at jeg sist under Lærdalsmarken købte en 4-aars gammel mørk-farvet hoppe af en mand fra Jostedalen mod at jeg betalte en del penge med det samme, resten skal manden have nu snart, maa jeg beklage at jeg saa skammelig glemte at faa mandens navn og adresse. Derfor maa jeg henvende mig til Dem, som jeg kjender, om du kan give mig underretning om man dens navn og postadresse. Han som jeg købte hoppen af var en nokså liten mand af vekst, med lidt gult sjeeg. Jeg haa ber saaledes at du erindrer hvad mand det var, og om du da vil være af den venlighed og snarest mulig give mig underretning derom. Jeg legger i brevet et tiøres frimerke til porto. Hermed du paa det mest venskabelige hilset er fra mig.

Ærbødigst

Gullak Hovland, Hegg p.o. Borgund

Til sist eit gjeldsbrev som syner korleis avbetaling var avtalt. Brevet er datert 22. september 1895, og post-stempla Bjertnes:

Undertegnede erkjender herved at være skyldig til Knut Ytri fra Bergen stift den sum penger kr. 210, thohundredethi kroner, som jeg forbinder mig til at betale ham skadesløst saaledes kr. 70 til 1. Februar 1896, kr. 70 till. Mai 1896 og resten kr. 70 til 1. September 1896. Renter betales fra for fals dag til betaling skjer.

Bjertnes den 22. September 1895 Olaus Knudsen

(Frå Lustrafjell – om fjell og fjellfolk i Luster, Luster Turlag, 1994.)

Driftehandlarar frå området

Røneid nemner Ole Kalhagen Feet, Melkior Kalhagen, Ole M. Røneid, Sakarias Ottum, Lars Erdal, Johannes Snøtun, Nils Ytri og Knut Ytri.

Andre kjende fehandlarar som tok denne ruta var Prestgård frå Gaupne, Trond Fet og Tomas Sørlo frå Hafslo og Kvammen frå Flåm.

I ei teljing frå 1891 hadde Stryn 4, Hafslo 5, Luster 24 og Jostedalen 8 fehandlarar. Mange av desse nytta Jostedalsbreen som drifteveg.

Ruta over Jostedalsbreen var kan henda kortaste vegen mellom aust og vest, men og den som kravde mest erfaring. Å legge ut på ei kryssing over breen med mange dyr var ikkje noko som ein kvar driftekar gav seg utpå. På grunn av uver låg ei drift ein gong åtte dagar på Erdal seter og venta på å koma over breen. Men veret betra seg ikkje. Driftekarane snudde då ned att gjennom Erdalen med drifta og tok vegen over Videdalen til Grotli og Polfoss. Vidare gjennom Bråtådalen og Sota seter, så over Handspikje og ned til Fåbergstølen, der dei kom inn att på den vanlege driftevegen gjennom Jostedalen. Denne omvegen tok 4-5 dagar.

Den siste drifta over breen var i juni 1920. Det vart gjort eit forsøk på å gå over breen med drifter i 1923, men då hadde breen smelta slik at det var uråd å komme inn på han. Driftekarane og dei 50-60 dyra dei hadde med seg, måtte snu og ta vegen nordom breen i staden.

GLOPPEN KOMMUNE



DRIFTEVEGEN GJENNOM SANDANE



Oversiktskart over Driftevegen gjennom Sandane



Driftene kom i land ved Anda, fortsette gjennom Anda-skogen mot Sandane og vidare mot Breim. (Turkart over Indre Sunnfjord, 1:100 000.)

Vegen gjennom Gløppen kan ein dela inn i fire etappar:

- Anda – Sandane, ikkje synfaren i dette prosjektet.
- Sandane – Hunskor, synfaren i dette prosjektet.
- Hunskor – Teita, ikkje synfaren i dette prosjektet.
- Teita - Våtedalen, synfaren i dette prosjektet.

Driftevegen mellom Anda og Sandane i dag

Terrenget frå Anda til Sandane var lett å ferdast i både langs fjorden og oppe i lia. Drifteruta mellom Anda og Sandane er ikkje synfaren. Det er heller ikkje funne noko eksakt skildring av kvar dei gjekk. Truleg fylgde dei eksisterande ferdselsvegane mellom gardane. I Soga om Lothe er det nemnd at dei gjekk gjennom Hjelmesetemarka på veg til Slagstadhagen, der dei hadde kvilestad. Gjennom Hjelmesetemarka hadde dei tydelege problem med å halda dyra samla. Det kan tyda på at her var det ikkje nokon god veg. Når dei nådde Nordstrandvegen gjekk det lett.



(Turkart for Gloppen, 1: 60 000, Statens Kartverk.)

Driftevegen frå Anda til Sandane fylgde truleg same trasé som gamlevegen fram til Vereide. Den gamle køyrevegen som er avmerka på kartet vart truleg lagd oppå dei gamle ferdelsvegane. Lina som på kartet er teikna inn med lilla farge er truleg vegen dei tok når dei gjekk om Gløppestadstøylen og Austrheimstøylen. Denne vegen ligg i same høgd som vegen vidare, den gamle ferdelsvegen gjennom Kolebakkane til Breim. Dyr som dei kjøpte og selde i Sandane, ordna ein av driftekarane med, mens drifta og dei andre karane låg att i lia oppom Sandane. Ved å ta denne vegen fekk dei beite til dyra utan å komma i konflikt med gardbrukarane langs fjorden.

Truleg tok alle driftene vegen om Kolebakkane før "storvegen" til Breim kom i 1887 – 89. Dei hadde to alternativ. Dei kunne ta om Gløppestad- og Austrheimstøylen som nemnt over, eller dei kunne ta Breimsfarhjellen lenger nede via Kleivedammen og Røsskleivvatnet. Dersom dei tok den nedste vegen, rute nr. 9 på kartet og lilla line vidare, mot aust, kom dei truleg frå Sandane sentrum.

Når ein skal tilrettelegga Driftevegen frå Anda gjennom Sandane for friluftsliv bør ein på førehand ha gjort ei grundig undersøking av kvar den eldste traséen gjekk. Landingsplass og oppsamlingstad på Anda er detaljert skildra av A. Lothe (sjå under Historie kring Driftevegen). Denne bør ein kunne kartfesta, sjølv om nyare veganlegg seinare kan ha øydelagd denne. Med utgangspunkt i dette som startpunkt, må ein kunne rekonstruera Driftevegen og samstundes tilpassa denne til dei nye veganlegga i området. I friluftssamanhang er det viktig at ein finn ein veg som går utanom bilvegen. Samstundes må ein ikkje gjera så store endringar at truverdet med omsyn til historia kring Driftevegen ikkje vert ivareteken. Frå Vereide mot Gloppestad- og Austrheimstøylen lyt ein prøva å dokumentera kvar vegen gjekk. Ut frå dette lyt ein vurdera korleis ein kan tilrettelegga denne for turbruk, utan å gjera for store endringar i den opphavlege driftevegtraséen.

Driftevegen mellom Sandane og Hunsjør i dag

Fridtjov Isachsen skriv at før *storvegen* til Breim var ferdig i slutten av 1880-åra brukte driftene å ta opp på åsen ved Austrheim i Gloppen; de passerte Gloppestadstølen og Austrheimsstølen, og kom ned til bygden igjen ved Honskør i Breim.

Harald Oppedal som nyttar bestemora si som kjelde i *Over fjell og Finne* skriv at driftene starta på hestebeite på garden Austrheim i Gloppen. Dei gjekk så til Re der dei overnatta og tok imot nye dyr. Neste dag gjekk turen til Teita der dei tok imot dyr. Både på Austrheim, Re og Teita hadde dei fritt beite til dyra i ein dag eller to. Før 1880-åra gjekk driftene forbi Gloppestadstølen og Austrheimsstølen og kom til bygds ved garden Hunsjør i Breim. Seinare vart vegen frå Gloppen til Breimsvatnet nytta. Frå Teita gjekk vegen vidare til Våtedalen og inn i Sunnfjord (Oppedal 1980).

Ragnar Hole som var fødd i 1896 fortel om Driftevegen frå Sandane sentrum og nedste Breimsfarhjellen: Vegen tok av ved Kleivedammen til Leirstøylen, forbi Breimsfarhjellen innover Kolebakkane og Hunsjør si utmark, eit slakt og fint terreng som er kalla Dalerne - Dalane - inn mot Hunsjør. Vidare heldt vegen fram innover til Dale-Kale og Kvila, frå Kvila nedanfor Stensaker og Sårheim til Skrøppa, og vidare til Sætre.



Dei to alternativa gjennom Kolebakkane er teikna inn med lilla line. Streken er ikkje nøyaktig, men syner omlag kvar dei to ferdslsvegane må ha gått. (Kartblad Hornindal, M711, Statens Kartverk.)

Mellom Austrheimstølen og Kolebakkane kan ein rekonstruera den gamle ferdslsvegen ved å sjå etter stiar på eldre kart. Til dømes har idrettslaga i området eldre og nyare orienteringskart

der ein kan finna att delar av eit stisystem som kan vera Driftevegen. Ein må ta omsyn til at driftene tok lettaste og kortaste veg, samstundes som dei hadde sut for at dyra skulle få beite. Når det gjeld vegen gjennom Kolebakkane, er denne synfaren, både øvste og nedste trasé. Frå Hunskor-sida er vegane gode å sjå og å fylgja. Det er gjort mykje fint steinarbeid i samband med desse. På Sandane-sida var vegane umogeleg å fylgja fordi dei fleire stader forsvinn på myrane. Under synfaringa fann eg ikkje stiane att.

Nedre alternativ har god sti heilt til ein kjem til austbreidda av Røsskleivvatnet. Eit stykke vidare seier vegen seg sjølv, men når ein kjem opp på myrane lenger aust forsvinn stien. Denne fann me under synfaringa ikkje att før me kom til sagbruket på Hunskorsida. Derifrå var ferdsvegen derimot sær s god, sjølv om skogen nokre stader er i ferd med å gro over. Øvre vegen frå Hunskor-sida er og sær lett å fylgja, men når ein kjem til dei store myrpartia lengst oppe, forsvinn stien. Under synfaringa fann eg ikkje att denne i det heile. Her lyt ein ha med seg folk som veit noko meir om kvar ferdsvegen gjekk/går og kan kartfesta denne. Det går ikkje fram av nyare kart.



Vegen frå Leirstøylen til Røsskleivdammen er merka og skilta. Ferdsvegen er godt tilrettelagd med bruer der det er naudsynt. Biletet til høgre syner eitt av fleire stølshus på Leirstøylen.



Like etter Leirstøylen delar stien seg. Ein tek til høgre mot Røsskleivvatnet. Den andre tek til venstre og er ein del av den gamle ferdsvegen mot Eidsstøylen som vart nytta før bilvegen kom. Til høgre ser me hytta til Sandane jeger- og fiskerforbund ved nordenden av Røsskleivvatnet. På trappa sit dei som synte vegen, Mathias og Olga Eide.

(Alle foto: Linda Vibeke Holstad)



Til venstre Røsskleivvatnet mot vest. Vatnet vart demt opp på 1960-talet og i dag går ein mindre sti på nordsida av vatnet eller til høgre på biletet. I austenden ser det ut til å vera ein mykje nytta raste- eller kvileplass. På biletet til høgre ser me det nedlagde sagbruket på Hunskor-sida, Kyrkjeteigen. Eit stykke før ein kjem hit og vidare mot Hunskor, er stien særst god, men det er trong for vedlikehald.




Ferdselsvegen mellom sagbruket og garden Hunskor. Biletet til venstre er teke ikkje langt i frå sagbruket, biletet til høgre er av vegen nær garden. Langs vegen er det lagd tømmer for å stø opp kantane. Nær garden Hunskor er det mykje gammalt og flott murarbeid som er utført på ferdselsvegen.



Området Kolebakkane er i dag verna på grunn av furuskogen som veks der. Skal ein tilrettelegga og rusta opp dei gamle ferdselsvegane må ein gjera dette i samarbeid med gjeldande verneinstans. I området er det særst mykje vilt, noko dei mange paringsgropene ein finn, seier sitt om.

(Alle foto:Linda Vibeke Holstad)

Driftevegen mellom Hunskor og Teita i dag



Vegen frå Hunskor mot Teita. (Kartblad Breim, M711, 1: 50 000, Statens Kartverk)

I fylgje Ragnar Hole gjekk driftene vidare frå Hunskor vegen fram innover til Dale-Kåle og Kvila, frå Kvila nedanfor Stensaker og Sårheim til Skråppa, og vidare til Sætre. Her møtte dei vegen frå Utviksfjellet og vegen frå Indre Breim og Sandalsvatnet. I Teitahogen overnatta dei så til neste dag. Ola Almenning har teikna inn Driftevegen frå Kleivedammen til Breim i Ljøren. Han meiner dei gjekk i lia over gardane Hunskor, Dale og Kåle. Fyrst ved Kvile var dei nede på bygdevegen. Hole fortel vidare at dei kryssa Storelva ved Råd bru. Dette var kring 1900 og altså seint i historia om driftehandelen.

Strekningen er ikkje synfaren. Ein må gjera ei nøyare undersøking om kvar driftene gjekk før dei nyare vegane kom. Kvar dei vada over Storelva med driftene, må ein prøva å finne ut av. Har det alltid vore på Råd? Me veit at dei hadde kvileplass både på Reed og på Teita. Drifter som kom tilførslevegen over Utviksfjellet gjekk via garden Moldestad.

Dersom ein i dag må leggja om Driftevegen på grunn av til dømes plassering av bruer, er det likevel eit poeng å gjera merksam på, og skilta, den opphavlege staden der driftene vada over elva.

FORSLAG TIL TILTAK

Statussamandrag

Ferdselsvegen mellom Anda og Teita er synfaren mellom Sandane og Hunskor. Elles er vegen ikkje synfaren. Før ein går i gang med tilrettelegging for friluftsliv må ein difor gjera ein del undersøkingar. Med utgangspunkt i staden der dyra vart sett i land på Anda, lyt ein finna den best mogelege traseen inn mot Vereide. Nyare veganlegg gjer dette til ei utfordring. Frå Vereide opp til Gloppestadstøylen og Austrheimstøylen må ein prøva å rekonstruera Driftevegen. Her er det ikkje synfare, men sidan dette er eit jordbruksområde kan delar av ferdselsvegane vera borte og ein må truleg tilpassa vegen noko i samsvar med dette. Området kring stølane er i dag eit mykje brukt friluftslivsområde. Det er orienteringskart over området og dette kan kanskje seia noko om det gamle stisystemet både her og vidare mot Hunskor. Mellom Hunskor og Sandane må ein kartleggja vegen. Spesielt er vegen vanskeleg å finna på Sandane-sida. Terrenget er ikkje til hindring for å ta seg fram i dette området. Ein må gjera små inngrep med omsyn til tryggleik, men skilting og merking er naudsynt. Turen frå Leirstøylen til Hundskor tek omlag 2-3 timar. Den øvste vegen tek omlag like lang tid.

Prioriteringar

Dersom ein skal gjera noko ut av Driftevegen gjennom Gloppen er det eit poeng at ein prioriterer heile vegen, frå Anda til Teita. Ein må velja ein trasé som vert hovuddrifteveg gjennom kommunen. Ut frå friluftsliv-interesser er det nærliggjande å prioritera vegen over Gloppestad- og Austrheimstøylen mot Hunskor. Vegen gjennom Sandane sentrum er nyare og mindre aktuell som turveg. Når det gjeld vegen gjennom Kolebakkane har både sommarvegen og vintervegen stor kulturhistorisk interesse.

Som Drifteveg bør ein truleg prioritera den øvre. Den nedste bør ein også setja i stand, men i ein annan samanheng. Den vil verta ein sær sars høveleg natursti i samband med den verna furuskogen. Saman med drifteveg-traséen over, kan ein leggja til rette for ei framifrå rundløype for turfolk.

Vegen frå Hunskor mot Teita må ein skilta og merka dersom ein skal få ein heilskap i Driftevegen gjennom kommunen. Her vert det ei anna form for tilrettelegging og ein kan retta seg mot ei utvida brukargruppe. Det same gjeld vegen mellom Anda og Vereide. Vegen gjennom Våtedalen vert omtala i neste kapittel under Gloppen og Jølster kommune.

Skilting/merking

Dette vert viktigaste arbeidet med omsyn til Driftevegen gjennom Gloppen kommune.

- Driftevegen frå Anda til Vereide vert truleg broten av andre vegar mange stader. Der vegar kryssar, må ein merka sær godt, elles vert Driftevegen vanskeleg å fylgja.
- Same problem vil ein ha gjennom gardsområda før ein kjem til Gloppestadstøylen. Her må ein merka godt.
- Forbi stølane er stien tydeleg, men spreier seg noko. Gjennom Kolebakkane er det ikkje tydeleg sti. Her må ein merka godt.
- I samarbeid med Fylkesmannen må ein vurdere fleire forhold ved skilting og merking i Kolebakkane. Her burde vera samanfallande interesser.

Informasjonstavler

Ein bør vurdere å ha større informasjonstavler på:

- Ferjekaien ved Anda.
- På Vereide der Driftevegen tek opp mot terrenget.
- I Sandane sentrum ved turistinformasjon.
- Der vegen til Kleivedammen tek av frå sentrum.
- På Hunskor i samband med evt. parkeringsplass som ligg naturleg til med omsyn til bruk av Driftevegen.
- Sentralt på Byrkjelo, evt. Reed, der Driftevegen tek av mot Teita.
- På Teita der vegen tek inn på vestsida av Våtedalen.
- På rasteplassar ved hovudvegen gjennom Våtedalen.

Rydding av sti

- Ei fullstendig synfaring vil avklara behovet.
- Noko rydding er naudsynt i Breimsfarhjellen. Der vegen er godt synleg, er skogen nokre stader i ferd ta overhand.
- Mindre arbeid med omsyn til tryggleikstiltak. Merking naudsynt sjølvst.

Marknadsføring

- Ved revidering av turkartet Gloppen må ein få innteikna denne traséen med namnet Driftevegen, og informasjon om kva som ligg i omgrepet.
- På ferja Lote-Anda vil det vera ideelt å informera om Driftevegen og driftehandelen. Ein lyt vurdere om ein vil gjera dette ved oppslag eller informasjonsfoldar. Her må ein søkja samarbeid med Eid kommune.
- Informasjonsfaldar må leggjast fram alle stadar der vitjande er innom, på turistkontor, overnattingsstader m.m.

- Ovanfor lokalbefolkninga kan ein marknadsføra friluftstilbodet ved å nytta foldar, tidsskrift, media, spesielle arrangement, m.m.

Turisme

- Driftevegen gjennom Gloppen ligg godt til rettes for å arrangera guida turar for fotturistar. Det er relativt små avstandar og organisering av turar vil ikkje vera noko stort problem. Det er mykje kulturhistorie i området som vil vera verdfullt å informera om på eit slikt opplegg.
- Det ligg særst godt til rettes for å gje tilbod om *driftetur* med hest, med den store interessa det er for hestehald i kommunen. Det kan vera guida turar for grupper eller einslege. Hestesentra vil vera sentrale i dette arbeidet. Med samarbeid bør det her vera store moglegheiter.

Historie kring vegen gjennom Gloppen

I *Soga om Lothe, bygdebok for Nordfjord* har Anders A. Lothe skrive om vegen driftene tok etter at dei vart sett i land ved Anda.

Dei førde krøteri yver fjorden burt på Anda bøen straks innan i Andatongen. Her var samlingsstaden burtan i fjorden. Her låg driftene og venta til alle var komne yver. Her var det lett å gjæta dei, - sjø på tri kantar, og austanfor var det ein bratt hamar med berre ein stad det var råd til å gå inn i marki.

Det tok ein times tid eller so med kvar farm; og var driftene store, tok det lang tid fyrr alle var yver komne.

På storekyrkjebåten var kvar farm 6 øykjer eller 10 kyr i fylgje Per Å. Lothe..

Næste kvilestaden for driftene var Slagstadhagen inn på Nordstranda i Gloppen.

Eg var ein gong leigd til å vera med å jaga ei stor kyradrift frå Andabøen og inn i Slagstadhagen. Det var vel eit slit og eit tjåk å få alle kyrne med inn Hjelmesetemarki. Stakars kyrne! Alt so framandt for dei, - skogen, marki, dei andre kyrne, og so desse stygge menneskji. Aldri fred, lite mat og alltid fara frå eine staden til hin. Å, so dei lengdest heimatt til dei andre kyrne, til fjøsen og båsen og dei gode budeione! Der kjende dei alt og alle, og der hadde dei det so gildt. Der fekk dei liggja i båsen og kvila og jorta og drøyma. Men her var det aldri fred å få for desse stygge mannfolki. Å, so dei lengdest heimatt! Men det var visst langt heim no. Og so visste dei ikkje vegen. Det var ikkje rart dei var tverre og seinvorne og lure til stikka seg vekk og gøyma seg. Det yar eit slit og eit strev å få alle med. Ein måtte ha augo med seg so ikkje ei einaste kyr fekk gøyma seg vekk og leggja seg yver. Men då me nådde Nordstrandvegen, gjekk det fint.

Fridtjov Isachsen skriv:

Storveien fra Gloppen til Breimsvatnet ble ferdig sist på 80-tallet. Før den tid brukte driftene å ta opp på åsen ved Austrheims i Gloppen; de passerte Gloppestadstølen og Austrheimsstølen, og kom ned til bygden igjen ved Honskår i Breim.

Reidar Fønnebø:

Uvdølene hadde fast tilhald på garden Andenes i Gloppen i Nordfjord. Forholdet mellom skreppekarane frå Numedal og bygdefolket i Gloppen pleidde å vera godt. Det var da også fleire av dei som fann seg kone i Nordfjord.

(Langs Nordmannsslepe over Hardangervidda. Oslo 1988.)

Harald Oppedal har skrive ned mykje av det bestemora hans fortalde om den gamle driftehanderen. Bestemora var fødd og oppvaksen på garden Mjell i Gaular. Dette var ein av gardane driftekarane tok inn når dei reiste gjennom Sunnfjord.

Driftene bestemora fortalde om, starta på hestebeite på garden Austrheim i Gloppen. Dei gjekk så til Re der dei overnatta og tok imot nye dyr. Neste dag gjekk turen til Teita der dei og tok imot dyr. Både på Austrheim, Re og Teita hadde dei fritt beite til dyra i ein dag eller to. Før 1880 gjekk driftene forbi Gloppestadstøylen og Austrheimsstøylen og kom til bygds ved garden Hundskår i Breim. Etter 1880 vart vegen frå Gloppen til Breimsvatnet nytta. Frå Teita gjekk vegen vidare til Våtedalen og inn i Sunnfjord. (Oppedal 1980: 12f).

I Gloppen var det lettare å ta seg fram langs strendene. Likevel måtte ein til fjells for å komme til Breim. Vanlegaste var å ta opp ved Kleivedammen, følgje Røsskleivdalen innover bak Vetten og fram til Hunsjør i Breim. Kan henda første del av namnet Røsskleivdammen kjem av "rysse", det gamle ordet for merr. (Ragnar Standal).

Ryssfjæra på sørsida av Nordfjord, ca 6-7 km aust for Anda, har kan henda same opphav.

Veg gjennom Breimsfjellet - 1887/89

Sandane - Hunsjør - Dale - Breim er vel nærmast ein lokalveg mellom bygdene. År 1901/02 var vegen mellom Breimsvatnet og opp til Hunsjør bygd ferdig.

Ragnar Hole var fødd i 1896 og opplevde siste del av driftetraffikken gjennom Sandane med barneauge. I bladet Ljøren, 1978, står:

Vegen tok av ved Kleivedammen til Leirstøylen, forbi Breimsfarhjellen innover Kolebakkane og Hunskår si utmark, eit slakt og fint terreng som er kalla Dalerne - Dalane - inn mot Hunskar. Vidare heldt vegen fram innover til Dale-Kale og Kvila, frå Kvila nedanfor Stensaker og Sårheim til Skrøppa, og vidare til Sætre.

Øvreset og Sætre var medeigarar i Hestebeitet på Sandane, såleis vart denne vegen også deira sjøveg til Sandane. Det var Nedre Breim og Helgheim sokn i Jølster som åtte Hestebeitet på Sandane. Korleis Helgheim sokn kunne kome med her, kjenner eg ikkje til. Men eg hugsar godt frå kommunestyret i Breim, at Elias Faleide søkte om å få byggetomt i Hestebeitet. Han fekk ei stor tomt, og den finaste av alle. Så langt eg kjenner til, er alt selt til tomter no. Det var avgjort i kommunestyret, at både Jølster og Breim skulle halde att ei tomt kvar. Desse skulle del sjølve bygge på og bruke til bustad, for dei som skulle gå på skule på Sandane, men det trur eg ikkje det vart noko av.

Vegen til Indre Breim og Dalane gjekk til Hole-Moldestad og Torheim, til Sandal ovanfor garden Fossheim, vidare Fossheimstranda til Myklebust. Indre Breim hadde sin sjøveg over Utvikfjellet. Dei hadde også hestebeite i Utvik. Kor lenge denne trafikken over Utvikfjellet vart nytta, veit eg ikkje. Men vegen til Myklebustdalen vart ferdig i 1896, og truleg vart trafikken til Sandane ei betre løysing, for vegen gjennom Breimsfjellet vart ferdig ca 1884 [1889].

Det var fleire interessante innslag i bygdelivet i Breim i den tida, som eg kan ta med. Det var to sogningar som kvar haust reiste rundt i indre Nordfjord og Breim. Dei kjøpte hestar og kyr, og dreiv dei landevegen over til Sogn. Den eine heitte Flomm, og den andre heitte Berkvam. Når dei kom med desse driftene sine, var det moro for oss smågutane å vere med og møte dyra, så dei heldt seg etter vegen. Den eine av karane reid føre på ein hest, og dersom dei hadde kjøpt fleire hestar, så vart den andre bunden i halen til den første, og så vidare bakover etter så mange dei hadde. Dette var festleg å sjå på. Den andre karen kom etterpå, og skulle sjå til at alle dyra kom med. Driftene vart jaga ned til Råd bru og vidare til Teitahogen, og der overnatta dei så til neste dag, og folk i kring fekk lov til å mjølke kyrne. På Teita fekk dei med nokre unggutar som skulle vera med til Vadheim, og når dei så kom over til Austlandet, vart hestar og kyr selde på auksjon der.

Det var langt til handelsmannen den tida, og folket kjøpte mykje kvar gong dei var av stad og handla. Men vi hadde eit artig innslag i bygdemiljøet her i Breim, og det var to skreppehandlarar som fór rundt om i bygda og selde ymse småting. Den eine heitte Even Lavstu, og den andre heitte Vambeset til etternamn, og var frå Gloppen. Eg trur denne heitte Jakob, og seinare kom det ein som heitte Lars Vambeset. Kvar Even Lavstu var i frå veit eg ikkje. Nok om det, dei hadde med seg mykje lettare manufakturvarer, og vi borna gledde oss alltid når vi høyrde at del kom gjennom bygda, for då fekk vi gjerne noko nytt av klede. Det var nok ein hard jobb, og lager hadde del vel truleg på Sandane.

GLOPPEN KOMMUNE STRYN KOMMUNE



TILFØRSELSVEGEN OVER UTVIKFJELLET



Brekkestemne (Ungdomsstemne) ved Brekkestova, Utvikjellet 1907.

TILFØRSELSVEGEN OVER UTVIKFJELLET



Kart som syner tilførselsvegen frå Stryn over Utvikfjellet til Breim.
(Turkartet Gloppen, 1: 60 000, ekv. 20 m, Statens Kartverk.)

Denne tilførselsvegen gjekk over eit fjellparti på ca. 600 m o.h. På Utvik-sida gjekk vegen omlag beint opp lia, så det var ein tung veg. Postvegen mellom Utvik og Breim vart bygd i slutten av 1780-åra. Truleg gjekk driftene etter dette same trasé.

Ferdsla over Utvikfjellet gjekk frå eldgamle tider gjennom garden Moldestad. (Frå *Støylar i Breim*, av Kjell Råd.)

På Teita samla driftekarane saman dyr frå ulike kantar i området før dei tok seg ned Våtedalen mot Klakegg.


GLOPPEN KOMMUNE JØLSTER KOMMUNE



DRIFTEVEGEN GJENNOM BREIM OG VÅTEDALEN



DRIFTEVEGEN GJENNOM VÅTEDALEN I DAG



Driftevegen vidare frå Teita gjennom Våtedalen gjekk på vestsida av elva i motsetnad til bilvegen i dag som går på austsida. Det kom veg på austsida i 1880 – 1887. Omlag ved kommunegrensa (merka med gamal grensestein) vert det hevda at driftene kryssa over til austsida av elva. Dei fylgde truleg austsida vidare til Klakegg. (Kartblad Breim, M711, 1:50 000, Statens Kartverk.)

Driftevegen gjennom Våtedalen i dag

Veistykket fra Gloppen til Jølster bør ikke på problemer for fedriftene. De fulgte den vanlige ruten gjennom Våtedalen. Ved Teita i Breim var der hvileplass for dyrene. Heller ikke her var det betalt noe, men Teita-folket fikk melke kyrene fritt. (Fridtjov Isachsen)

Vegen vart synfaren i samband med prosjektet. Frå Teita går det ein kjerreveg til venstre, i ein skarp sving, ved det andre gardstunet. Veggen er god, men noko blaut. Nærare garden Hjelle er veggen turr og brei og nokre stader med oppmura kantar.



På biletet til venstre ser me fine steingardar langs veggen. Til høgre ser me garden Hjelle som ligg attmed Driftevegen. Sigrun Fløtre, som bur på garden, fortel at ho går med tankar om å starta med hellebakeri i eit av husa som ikkje er i bruk. Den karakteristiske toppen, Eggenipa, til høgre på biletet. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Vidare går det traktorveg via Hjelle og inn dalen. Ein privat bos plass ligg attmed veggen. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Ein god plass å finna ly for ver og vind. Fleire jakthytter ligg langs veggen. Det er mykje hjort i området. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Eit gammalt tun ligg nede ved elva. Det er fleire nedramla tufter og nokre hus. Rett over elva ligg garden Egge. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Gravarvatnet, fiskevatn og skilt om fiskekort. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Ved enden av traktorvegen, der stien deler seg, nedanfor Lågeskaret, stod ei oppslagstavle med informasjon om ei bjørnejakt i Breimsfjella i 1903. Eit avisutklipp frå Firda Tidend 8.10. 1965 og to sider frå Jul i Nordfjord som fortel om hendinga er sett opp på tavla. (Foto: Linda Vibeke Holstad.)

Litt seinare passerer stien fleire gamle tufter samla på eit lite område. Dette er Hjellestølen. Alle brukarane på Hjelle hadde fjøs her, i alt seks stykke. Nokre var mura av stein og nokre var bygde i lafta tømmer. Fem av brukarane hadde sel, og alle desse var av lafta tømmer. Alle sela hadde eige namn. Like sør for desse tuftene ligg nokre svære kampesteinar. Idrettslaget hadde turpost der under ein av steinane. Der stod også eit informasjonsskilt med denne teksten:

Teitastølen

Støl for garden Teite, 175 m over havet. Første kjende støls plass for denne garden var under denne steinblokka. Her vart laga slik til, at dei fekk tak under blokka når dei mjølka og for dyra om natta. Det har ikkje vore sel her som nokon kjenner til. Seinare fekk Teita bygge sel

der som Hjelle hadde sine bygningar. Då brukarane på Hjelle slutta å støla tok dei ned taubana over elva i frykt for ei ny ulukke. Jakob Teita kjøpte så ny vaier som han strekte over elva. Denne vart brukt i nokre år. Jakob Teita var den siste som gjekk til støls på denne sida av elva i Våtedalen, fram til tidleg i 1960-åra.

Ulukka det er snakk om hende i 1909. To jenter hadde vore på veg over elva i løypestrengen, då strengen gjekk av og kassa dei sat i kvelva. Den eine jenta klarte seg, men den andre døydde av skadane. Taubana sette dei opp når vegen kom på austsida og dei kunne frakta mjølka langs denne til meieriet på Gåsemyr. Bergheimstøylen låg på austsida, rett over frå Hjellestøylen.



Til venstre: Fjøset under steinblokka. Til høgre: Like etter steinblokka var det fleire tufter, særleg eitt av dei, ved ei anna steinblokk, var i god stand, med begge gavlane intakt.
(Foto: Linda Vibeke Holstad.)

Lenger inne i dalen ligg Stokkestøylen og Høylostølen. Stokkestøylen var mykje i bruk 17- og 1800-talet. Dei fine gamle fjøs- og selmurane kan ein sjå frå riksvegen på andre sida. Truleg vart dei sette opp ved århundreskiftet 1600/1700.

Stien vart no vanskeleg å finna. Eit alternativ var å fylgje faret langs elva. Det var ikkje eit heldig val. Her var det mykje kratt, skog og myr. Fleire sideelvar med leirbotn var vanskeleg å passera. Det var fleire dyretrakk som kom og forsvann. Det var vanskeleg å fylgja nokon sti.



*Driftene vada over til austsida av elva omlag ved kommunegrensa mellom Jølster og Gloppen. Vidare fylgde dei truleg austsida til Klakegg. For fotturistar i dag er det ikkje like aktuelt eller naudsynt å vada.
(Foto: Linda Vibeke Holstad.)*

Kan henda er det betre høgare oppe i lia, men der såg det ut til å vera mykje steinrøys. Heile turen tok 2-3 timar.

FORSLAG TIL TILTAK

Statussamandrag

Ferdselsvegen gjennom Våtedalen er synfaren. Fram til Hjellestøylen er det dels kjerreveg dels sti som er lette å fylgja. Det ser ut til å vera tilrettelagd for natursti på ferdselsvegen. Der det er naudsynt er det bruer og grinder og det er sett opp skilt på spesielle stader. Vidare frå Hjellestøylen må ein vera grundig med merking og skilting. Her er det ikkje lett å ta seg fram dersom ein ikkje finn stien. Fleire flaumløp for elva kan vera vanskelege å passera dersom ein går langs elva. Vegetasjonen består av tett og krokute småskog. Det kan vera naudsynt å rydda sti gjennom dette området som går på begge sider av kommunegrensa. Nærare geitestølen og brua opnar terrenget seg att og det er lett å ta seg fram. Her er ein del steinblokkfelt og nokre stader er vegen lett å sjå. Andre stader forsvinn stien eller han deler seg opp i fleire. Her må ein merka.

Prioriteringar

- Ein må søkja samarbeid med nabokommunen om å leggja til rette for friluftsliv på Driftevegen gjennom Våtedalen
- Ein må søkja samarbeid med nabokommunen om å få til ein samla plan for Driftevegen.
- Ein må søkja samarbeid med grunneigarar i begge kommunar om bruk av privat veg/grunn som Drifteveg.

Skilting/merking

- Det lyt stå retningskilt med namn og logo til Driftevegen ved Byrkjelo, ved brua ved geitestølen og andre stader der Driftevegen kryssar riksvegen. Dette vil spesielt vera aktuelt på vegen mellom geitestølen og Kjøsnes.
- Alle stader der stien deler seg lyt ein ha retningsvisarar med logo eller namn på vegen.
- Mindre informasjonsskilt finst det allereie ein del av langs vegen. Det kan vera aktuelt å supplera desse med skilt i fleire av dei gamle stølsområda, ved den gamle taubanestaden, ved vadestaden, ved jakthytter, ved fiskeplassar, ved geitestølen m.m.
- Frå Hjellestøylen og vidare mot sør er det naudsynt med god merking.

Informasjonstavler

- Ein bør ha informasjonstavler der vegen tek av frå riksvegen mot Teita.
- På parkeringsplassar som ligg i tilknytning til Driftevegen bør ein ha informasjonstavler. Dette vil vera aktuelt i Teitaområdet og i området kring geitestølen i sør.
- I tillegg lyt ein ha ei informasjonstavle sentralt i alle bygdesentra som fortel om ferdsla og syner til Driftevegen gjennom området.

Rydding av sti

- Frå Teita til Hjellestølen er det ikkje trong for vidare rydding av sti. Det er godt framkomeleg slik det er i dag.
- Frå Hjellestøylen og eit stykke over kommunegrensa er det naudsynt med rydding av skog og kan henda nokre klopper over småelver.

Marknadsføring

- Stien lyt ved revisjon av turkart i området omtalast som Driftevegen. Ein lyt også leggja inn noko informasjon om kva som ligg i dette omgrepet.
- Ein lyt laga ein foldar med lokal informasjon om og oversiktskart over Driftevegen gjennom området. Denne lyt ein leggja fram på turistkontor, overnattingsstader m.m. der vitjande i kommunen ferdast.
- Ein må søkja samarbeid med nabokommunen om å få tilsvarande marknadsføring der.
- Driftevegen gjennom Våtedalen kan marknadsførast som dagstur eller som overnattingstur, der vegen gjennom Våtedalen er ein etappe av turopplegget på Driftevegen.

Turisme

- Kulturhistoria kring alle dei gamle stølane til dømes gjer området eigna for guida turar (eller gode informasjonsfoldarar) for fotturistar i Driftevegen.
- Ein må søkja samarbeid med nabokommunen for å utnytta potensialet for fotturisme i lag.
- Delar at ferdselsvegen slik han ligg i dag kan vera eit alternativ også for andre brukargrupper enn berre fotturistar, til dømes rullestolbrukarar og småbarnsfamiliar med barnevogn.
- Ein bør vurderer om ein kan gje tilbod om tur med hest på Driftevegen gjennom Våtedalen.
- Med den hesteinteressa som er i området burde her vera moglegheiter.
- Ein bør vurderer om nokon av stølshusa kan restaurerast og gje ly til turfolk.


JØLSTER KOMMUNE STRYN KOMMUNE



TILFØRSELSVEGEN OVER OLDESKARET TIL KLAKEGG



TILFØRSELSVEG FRÅ OLDEN I STRYN OVER STARDALEN TIL KLAKEGG



Oversiktskart som syner tilførslevegen frå Stardalen og Olden i Stryn, over Oldeskaret. Heilt i nord er ein annan tilførselsveg frå Stryn, vegen over Utvikfjellet. Truleg fylgde dei her same trasé som Postvegen.

Dagens turveg over Oldeskaret, Stighellaren, vart opparbeidd av Den Norske Turistforeining i 1936. Det var ein periode med aukande fotturisme i fjella. Med Utgangspunkt i Briksdalen gjekk det turar med førar over breen til Jostedalen og Veitastrond. DNT hadde mange patentførarar i Oldedalen frå 1890 til 1977. Den eldste ferdselsvegen frå Oldedalen til Stardalen starta på garden Myklebust, omlag 3 km. nord for Melkevoll Bretun. Der gjekk den opp den bratte fjellsida og møtte noverande turveg på høgste punktet i Oldeskaret.

Ragnar Standal skriv om vegen gjennom Oldeskaret:

Det fanst to oppgangar til Oldeskaret. Den eldste tok opp ved Myklebust forbi hammaren Kvitebliket og over høgda før ein nådde Storevatnet. Den andre tok opp beint overfor Briksdalen og låg like innunder den bratte Middagsnibba. Ein tredje er nok av heller ny dato og går mellom desse to gjennom ei utsprengt fjellkløft, kalla Gløvra.

Alle vegane møtest ved Storevatnet, som truleg låg isdekt då breane var på sitt største. Den som framfor nokon har gjort denne leia kjend, er ein mann som slost mot både naturmakter og styresmakter for heimegarden sin i Oldedalen. Mannen heitte Hugleik Tungøen, og garden Tungøyane vart eit offer for den store breframstøyten på 1700-talet. Tungøyane låg i eit flatt lende midt oppe i dalen, så både hovudelva og sideelva Brenna var eit trugsmål mot garden. Den siste kom frå Brennsdalen, der breen skaut seg fram ut gjennom 1600-talet. Første gongen vi høyrer om større skade var i 1685, då baa elvane hadde gjort innhogg i bemarka. Åtte år etter sa retten at garden skulle få eit avtak på 2 1/2 pund, og i 1702 nemnde retten atter at garden hadde lide skade.

I 1728 hadde brukarane flytt husa sine, som hadde vore truga av både flaum og fonn, men berre 5 år etter hadde jordvegen vorte redusert til 1/3. Ikkje berre flaum, men store isstykke frå Brennsdalsbreen demde opp elva og sende henne i aust og vest over åker og eng. I 1743 gjorde elva reint bord og tok både hus, krøter og folk, så berre to gutar og to kyr kom frå det med livet. Garden vart med dette lagd øyde, og restane slegne saman med grannegarden Åberg.

Hugleik Tungøen innsåg tidleg at det ikkje nytta å drive Tungøyane utan å få skyld og skattar nedsette. Bruka var nemleg her, som så mange andre stader, leiglendingsjord, og etter øydeleggingane fanst det ikkje råd å greie avgiftene til jordherrane. Brukarane sette då opp bøneskiv til kongen, Fredrik IV (1699-1730), som på mange måtar hadde godhug for bøndene. «I arbeidet med desse sakene var Hugleik Tungøen. bøndene sin tillitsmann. To gonger var han til København og fem gonger til Bergen,» skriv Fredrik Kvame i «Ferdaminne 1962».

Og opptaket for dei mange ferdene til Hugleik og venene hans gjekk nett gjennom Oldeskaret. Bratt opp frå Myklebust bar det om Kvitebliket og Nausen. «Her frå Nausen såg Hugleik for siste gong heimen sin i Tungøen, der kona og fem små born freista å berge livet så godt dei kunne.» På siste ferda hadde han Johannes Kvamme med seg. På veg opp Sværeskardet frå Sognefjorden mot Gaularfjell hadde både han og Johannes sett seg i snøen for å kvile og så sovna. Johannes vakna, den andre ikkje, var vel då alt i helfrosen. Eit halvår etter skreiv Johannes til kong Fredrik IV: «Og skulde jeg lenger der bleve, maatte jeg vente det samme.»

JØLSTER KOMMUNE



DRIFTEVEGEN MELLOM KLAKEGG OG SKEI



DRIFTEVEGEN MELLOM KLAKEGG OG SKEI.



(Kartblad Breim, M711, 1:50 000, Statens Kartverk.)

Driftevegen mellom Klakegg og Skei er ikkje synfaren. Truleg fylgde driftene dei vanlege ferdselsvegane som gjekk i mellom gardane. Det er ikkje funne munnlege eller skriftlege kjelder som skildrar denne traséen. Truleg finst det eldre folk i området som kan seia noko om kvar dei eldste ferdselsvegane gjekk.

Ein skal også vera merksam på at driftevegane har forandra seg over tid i takt med vegutbygging og utvikling av båttransport. Samstundes er det dei ferskaste ferdselsvegane me

har mest informasjon om. Dei eldste vegane er som oftast dei som er av størst interesse i samband med friluftsliv. Då ynskjer ein seg helst bort frå bilvegar og tettbygde strok. Samstundes skal ein bevare det kulturhistoriske truverdet for Driftevegen.

I dette prosjektet er det eit poeng å leggja til rette for bruk av dei eldste driftevegane. Samstundes er det lite truleg at ein over alt kan rekonstruera vegen slik han gjekk fleire hundre år attende. Vegnettet er i stadig endring og nyare veganlegg kryssar eller fjernar dei gamle. For å binda saman Driftevegen gjennom Våtedalen og Skryklingen må ein prøva å finna ein mest mogeleg truverdig driftevegtrasé mellom Klakegg og Skei/Kjøsnes. Då må det gjerast ein del synfaring og etterøkingar i samband med gamle vegstykke gjennom området. Målet må vera å finna den eldste vegen gjennom dalen som er farbar, og samstundes tener føremålet med Driftevegen i dag. Tilrettelegging for bruk i friluftssamanheng krev at ein i størst mogeleg grad unngår trafikkerte vegar.

Er det umogeleg å finne eller nytta ein egna trasé, kan ein bruke skilting og merking til å informera om dette og til å lose turgåarar gjennom området og inn på Driftevegen att.

FØRDE KOMMUNE JØLSTER KOMMUNE



DRIFTEVEGEN GJENNOM SKRYKLINGEN



DRIFTEVEGEN GJENNOM SKRYKLINGEN



(Turkartet Indre Sunnfjord, 1:100 000, Statens Kartverk)

Turkartet syner ruta driftene kom frå Breim. Dei kom gjennom Våtedalen, først på vestsida, seinare på austsida av elva. Dei passerte Klakegg og der møtte folk opp med dyr frå Stardalen, og kan henda også Olden og Stryn.



Oversiktskart som syner tilførselsvegen frå Stardalen og Olden i Stryn, over Oldeskaret. (Turkartet Indre Sunnfjord, 1:100 000, Statens Kartverk.)

Derifrå fór dei vidare til Skei og Kjøsnes der dei måtte i båt over vatnet. Dei gjekk Dvergdsalen til Myklebust der dei tok opp Skryklingsdalen mot Haukedalen.

Nokre driftekarar tok vegen langs nordsida av Jølstravatnet for å sankta dyr på gardane der. Truleg heldt nokre fram til Ålhus og Vassenden og fylgde vegen opp Gjesdalen og vidare mot Mjell, mens andre returnerte til Skei. Vanskelegaste stykke på nordsida av Jølstravatnet, var mellom Bjørset og Ålhus. Kan henda gjekk dei om Øyskaret, nord for Bjørsetfjellet eller fylgde stølsvegen til Bjørsetstølen og vidare derifrå mot Ålhus og Vassenden.

Frå Skei, via Skryklingen, til Haukedalen



Utsyn frå Kjosnes. I dag er det bilveg over Kjosnesfjorden der driftene tidlegare måtte i båt. Til venstre ser me fjellryggen Nyken og midt i bilete ligg Orkja. Mellom desse toppane ligg Dvergsdalen der driftene gjekk inn.

Frå Skei sentrum til brua på Kjosnes kan ein fylgje bilvegen langs Jølstravatnet. På Turkartet over Jølster, 1:60 000, er det teikna inn to umerka stiar i lia over hovudvegen, den eine har høgste punkt ca. 60 m høgare opp, mens den andre ligg ca. 140 m høgare enn bilvegen. Begge stiane ser ut til å ha fungert som gardsveg. Det er ikkje skrive noko om kvar driftene gjekk her. Dei tok nok den kortaste vegen der han var framkomeleg for dyra, og det ikkje vart konflikt med dei fastbuande. Ein lyt vurderer om ein av dei to stiane oppe i lia kan merkast og nyttast som tursti i samband med Driftevegen. Då vil ein få eit fint alternativ til bilvegen. Like etter at driftene kom over Kjosnesfjorden i båt, samla dei dyra før dei gjekk vidare. Ikkje langt frå landingsplassen er det ein stad som heiter Hamnen. Kan henda var det her dei samla dyra, mens dei venta på resten.



Gamal utløe eller stølshus like over Dvergsdal. Bak huset ligg fjelltoppen Orkja. Truleg er det eit stisystem knytt til dei gamle husa over Dvergsdal. I terrenget såg det ut til å vera alternative stiar å fylgja. Her lyt ein vurderer om ein kan nytta desse og evt. stølsvegar i staden for bilvegen gjennom Dvergsdalen i samband med Driftevegen. Til Dvergsdal er det asfaltert veg. Frå Dalheim er det grusveg.



Utsyn over Dvergsdalen og inn Myklebustdalen. Biletet er teke frå Nyset. Heilt i bakgrunnen ser me Slutefjellet til høgre og Søthaugsfjellet til venstre for skaret midt i biletet. (Foto: Linda Vibeke Holstad)




Kartet syner første del av Driftevegen frå Skei til Haukedalen. Dei to stiane frå Vika til Kjøsnes, som ligg litt høgare enn bilvegen, er ikkje teikna inn på dette kartet. Dei er inneikna på turkartet over Jølster. Vegene ned til Myklebust og traktorvegen til Skryklingstølen er heller ikkje teikna inn på dette kartet. Dei er med på turkartet over Jølster, sjå utdrag av dette. (Topografisk kart over Breim, M711, 1:50 000, 1318 III.)



Oppslagstavle og skilt der vegen til Skryklingstølen tek av, før gardane på Myklebust. (Foto: Linda Vibeke Holstad)

Frå Skei til Myklebust tek det to timar i rask gange. Frå Myklebust er det opparbeidd god traktorveg til litt forbi Skryklingstølen. Opp til stølen lyt ein rekna minst ein time å gå.



(Turkartet Jølster, utgjeve 1999, 1:60 000, ekvidistanse 20 m.)

På turkartet er stykket frå Myklebust til Skryklingen teikna inn med raud strek. Det tyder at stien er merka. Eg fann ikkje andre vegmerke enn oppslagstavla ved Øvre Myklebust og namneskilt ved stølen. Langs traktorvegen var dette sjølv sagt ikkje noko problem, men eg fann heller ikkje merke på stien frå Skryklingsstølen til tross for fleire søk. Eg fylgde difor høgda vidare frå der traktorvegen slutta. Gjekk i myr og skog langs høgspintlina. Det vart mykje blaut myr og krokute tre. Kan henda går stien lenger nede i dalføret, langs med elva.



Skryklingstølen er ein stor støl med mange hus, nokre til nedfalls, mens andre er i god stand. I området var det sau og kalvar som beita og området er rikt på bær.

(Foto: Linda Vibeke Holstad)



I grove trekk seier vegen seg sjølv opp dalføret mot vatnet Skryklingen, men som del av Driftevegen lyt ein merka ruta betre.

(Foto: Linda Vibeke Holstad)



Inst i dalbotnen av Skryklingsdalen vida dalen seg ut og minna mest om flate fine stølsvollar.

Ei gamal tuft gav grobotn for slike tankar. Her kom også ein tydeleg sti opp frå elva mot den gamle tufta.

(Foto: Linda Vibeke Holstad)

Frå dalbotnen er det bra sti. Den er lett å sjå over skoggrensa. Terrenget botnen er tørr og steinete.



Siste del av Driftevegen gjennom Skryklingen. Kommunegrensa mellom Jølster og Førde går omlag tvers over vatnet Skryklingen. Innteikna line på kartet syner traséen under synfaringa hausten 2001. (Topografisk kart M 711, Haukedalen, 1317 IV, 1:50 000)



Høgspentlina som går gjennom heile dalføret syner retninga. Veka før synfaringa, (september 2001) hadde jerven teke 17 sauer i dette området fekk eg fortalt seinare. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Når ein kjem opp, treffer ein på ein stor varde like før ein når det vetle vatnet Skryklingen. Varden ligg på 871m over havet. Frå Øvre Myklebust fram til varden må ein rekna omlag 2 ½ time. (Foto: Linda Vibeke Holstad)

Ved vatnet er det oppsett mast og hus i samband med høgspantlina. Stien vert no heilt borte. Gjekk han på aust- eller vestsida av vatnet? Seinare vert det fortalt at når veret var tørt, var det råd å gå på vestsida, på svaberget. I regnver kunne dette vera vanskeleg då berget går rett i vatnet og er bratt. Over heng snøskavlen. Denne var særst liten no, men andre år kan dette gjera staden vanskeleg å ferdast på.



På austersida ligg eit stort steinblokkfelt som gjer det vanskeleg å finna nokon sti. Truleg går stien høgare oppe i lia. Eg fann ikkje sti/sauerås før eg var gjennom blokkfeltet. På sørsida av vatnet låg ei hytte med utedo, kanskje bygd i samband med høgspantlina. Frå hytteveggen er det eit flott utsyn mot Gaularfjell.



Hytte, med utedo, på sørsida av Skrykling-vatnet. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Høgspintlina går gjennom heile dalføret i begge kommunane. Utsyn bakover og framover.
(Foto: Linda Vibeke Holstad)



Vegen vidare gjekk på ein smal umerka sti parallelt med høgspintlina. Ein merkestein på ein haug ved ei høgspentmast skal vera plassert der som eit minne over ein tatergut som døydde der ein gong han fór mot Skryklingen i lag med familien sin. (Foto: Linda Vibeke Holstad)

Det er lett å gå. Stien er smal og utydeleg, men frå siste bratte nedstigning vert han betre, men det er ingen merke eller vardar som viser veg. Der er sti på begge sider av elva ned siste bratte lia. På austsida kjem ein ned på fin skogsveg om lag ved Bakkestølen. Stien på andre sida av elva fører direkte ned til Gjerland. Turen frå Skei til bygda i Haukedalen tek omlag 7 timar i rask gange. Total lengde omlag 23-24 km.



Biletet til venstre er teke like før siste bratte nedstigning frå turen gjennom Skryklingen. Utsyn mot Årskogheia og Pernova der neste etappe mot Mjell i Viksdalen går. Gardane på Årskog i Haukedalen ser me nede i dalen, midt på biletet. Til høgre: Gamlastova og stabburet på Gjerland har nok sett mang ei drift passera. I Gamlastova er det høve til overnatting i dag og.
(Foto: Linda Vibeke Holstad)

FORSLAG TIL TILTAK

Statussamandrag

Vegen er synfaren i samband med dette prosjektet. Driftevegen er lett å ferdast på. Det er ingen fysiske hindringar på etappen. Vanskelegaste staden på heile turen er på austsida av Skryklingvatnet. Vestsida av vatnet er ikkje synfare i dette prosjektet. Kan henda her vil vera betre, men då må ein truleg setja inn tryggingstiltak på svaberga langs vatnet.

Prioriteringar:

- Hovuddriftevegen gjennom Våtedalen og Skryklingen bør få hovudprioritet. Ferdsvogegen gjennom Skryklingen må vera hovuddriftevegen. Sjølv om nokre tok vegen på nordsida av Jølstravatnet, var ikkje dette det vanlege. Seinare når vegnettet vart utbygd, endra kan henda dette seg noko. Ein skal også vera merksam på at driftevegane har endra seg over tid i takt med vegutbygging og utvikling av båttransport. Samstundes er det dei ferskaste ferdsvogegane me har mest informasjon om. Dei eldste vegane er som oftast dei som er av størst interesse i samband med friluftsliv. Då ynskjer ein seg helst bort frå bilvegar og tettbygde strok. Samstundes skal ein bevare det kulturhistoriske truverdet for Driftevegen. I dette prosjektet er det eit poeng å leggja til rette for bruk dei eldste driftevegane. Då vert Driftevegen over Skryklingen sjølvskriven.
- Vegen mellom Våtedalen og Skryklingen bør prioriterast då det er naudsynt for å kopla vegane i hop. I starten må ein prøva å finne dokumentasjon på kvar driftevegen gjekk i dette området. Etterpå må ein undersøkje i kva grad desse vegane kan nyttast til same føremål i dag. Mellom Klakegg og Kjøs bør ein prioritera å setja i stand dei eldste ferdsvogegane, i den grad det er mogeleg. Samstundes lyt ein ta omsyn til at det skal vera ein ferdsvogeg med kultur- og naturoppleving.
- Driftevegen mellom Kjøs og Myklebust går om Dvergsdalen. Her må ein prøva å finne ut kvar ferdsvogegen gjekk før bilvegen kom. Dersom noko av dette eldste stinettet er intakt bør ein prøva å nytta det i størst mogeleg grad.
- Tilførselsvegar/alternative ruter bør ein gjera turfolk merksame på, anten med informasjonsskilt, merking eller informasjonfoldar med kart, etter kvart som ein har høve til å fylgja opp dette.

Skilting/merking

- Alle delar av Driftevegen gjennom Jølster må merkast tilfredsstillande.
- Vegen over Skryklingen er berre delvis merka.
- Det lyt stå retningskilt med namn og logo til Driftevegen ved geitestølen i sørenden av Våtedalen og der Driftevegen kryssar andre og nyare vegar. Same skilt bør ein ha på Klakegg, Skei, Kjøs, der vegen tek av mot Dvergsdal, på Myklebust og Gjerland.
- Ved parkeringsplassar som kan vera naturleg å nytta i samband med ferdsel på Driftevegen, bør ein ha tilvisningskilt med namn og logo.
- Alle stader der stien deler seg lyt ein ha retningsvisarar med Drifteveg-logo, evt. namnet på vegen.
- Ein lyt vurdera om ein ynskjer skilt ved ulike fiskevatn eller andre attraksjonar langs Driftevegen. Ein må då vera nøye med materialval og utsjånad slik at desse ikkje vert eit framandelement i landskapet. (Sjå kapittel om skilting og merking.)
- Varding av vegen. Nokre av dei gamle vardane er i god stand. Dersom ein ynskjer å gjera vardinga meir komplett, ligg det godt til rette for det. Her har ein både kulturmark, skog og høgtjell representert på ei dags ferd og det er rikeleg med byggjemateriale dei fleste stader.

Informasjonstavler

- Informasjonstavler hadde vore ei føremon å ha alle stader der ein kan koma til Driftevegen.
- Parkeringsplassar som det er naturleg å nytta seg av når ein skal gå Driftevegen, er ein høveleg stad å ha informasjonstavle.
- I tillegg lyt ein ha ein informasjonstavle sentralt i alle bygdesentra som fortel om ferdsla og syner til Driftevegen gjennom området.

Rydding av sti

- I Våtedalen er det naudsynt med ein del rydding i området ved kommunegrensa.
- Med omsyn til Driftevegen langs Skryklingvatn bør ein gjera noko. Ein må avgjerda på kva side av vatnet ein vil leggja vegen. Truleg er det mest naturleg å velja austsida. Då bør ein ta omsyn til blokkfeltet i skråninga. Ein kan prøve å leggja til rette for ein sti gjennom feltet, eller prøve å leggja stien over blokkfeltet. Vel ein likevel vestsida, vil det truleg vera naudsynt med tryggleikstiltak på svaberga ned mot vatnet.

Marknadsføring

- Stien lyt ved revisjon av turkart i området omtalast som Driftevegen. Ein lyt også leggja inn noko informasjon om kva som ligg i dette omgrepet.
- Ein lyt laga ein foldar med lokal informasjon om og oversiktskart over Driftevegen. Denne lyt ein leggja fram på turistkontor, overnattingsstader m.m. der vitjande i kommunen ferdest.

Turisme:

- I Jølster ligg det godt til rettes for å arrangera guida turar for fotturistar i Driftevegen. Samarbeid mellom hotellnæringa, turistkontor og turlag vil vera naturleg i den samanheng.
- Det skulle også liggja til rettes for å gje tilbod om "driftetur" med hest på strekninga gjennom Våtedalen. Frå Klakegg til Myklebust kan ein også vurdera å gje tilbod om skyss med hest og vogn dersom ein får til ein høveleg Drifteveg gjennom området. Med samarbeid mellom hesteinteresserte, hotellnæringa og turistkontor burde det her vera moglegheiter.

Alternativ rute fra Jølster til Mjell i Viksdalen



(Turkartet Indre Sunnfjord, 1:100 000, Statens Kartverk.)

Turkartet syner ei alternativ rute frå Jølster til Mjell. Driftekarane tok seg då fram til sørenden av Jølstravatnet, opp Gjesdalen og forbi Finnaskotet til Holsen. Her kom også drifter frå området kring Førde. Vidare gjekk dei over Rørvik til Mostad og vidare opptil Botnastølane på vestsida av Pernova. Her, ved Brattafonni, slo dei lag med driftene som kom frå Haukedalen over Årskogheia.

Historie kring Driftevegen gjennom Skryklingen

Fridtjov Isachsen skriv om Driftevegen:

Øverst i Skryklingskardet ligger et lite vatn. Driftene gikk på vestsida av vannet. Snøfonnene her var bare en fordel sammenlignet med de grove steinurene på andre siden. Senere på året, når fonnene er smeltet, ligger de bratte og sleipe svaene i dagen og gjør det vanskelig å gå der.

I Jølster måtte fedriftene i båt for å komme over Jølstervatnet. Ferjestedet var Kjøsnes. De tre Kjøsnesgårdene hadde hver sin store båt som tok 10 beist, eller 4-5 hester; de kaltes "øykabåter", og blev bygget i Gloppen i Nordfjord. Ferjetaksten for driftene var 2 shilling for hvert storfe, 4 skilling for hver hest; og gjerne en dram attpå om de hadde!

På en odde øst for Dvergsdalen foregikk landingen. Folk på Dvergsdalen gikk mann av huse for å hjelpe til med å holde bølingen på veien, så ikke bøen skulle bli nedtrampet. Driftene blev fulgt til utmarken, hvor de tok over til Myklebostdalen og svingte ned mot bøgarden overfor Myklebost, hvorfra stien løper forbi Ytst-tunstølen like opp i Skryklingskaret.

Driftekarane kjøpte opp fe både på Dvergsdalen og Myklebost når de for forbi her, og betalte straks. Driftehandelen brakte kontanter til disse bygdene. Derfor var driftekarane velkomne gjester her, men bare en tolerert plage lenger syd, der de bare reiste i gjennom. På vei til Østlandet.

Ved Dvergsdalen i Jølster ble det sagt at det år om annet brukte å komme 4-5, en gang i mellom også 6 drifter sydover fra Nordfjord. Ved Mjell i Viksdalen kunne det komme opptil 8 drifter om våren. Disse tallene stemmer overens, i det en og annen drift kan være kommet fra bygdene i Sunnfjord.

I Bygdebok for Jølster før 1801 av Albert Joleik, vert det referert til stiftamts kopibok for 1726 der det står noko om ferdsla frå Jølster til sjøen i Sogn.

Kjøsnesingane Olav Andersson, Hans Torkelson, Knut Jóansson, "dei gramde seg for innpåtregjing i føringa, av Per og Rasmus Dvergsdalin". Frå eldgamal tid var Kjøsnes ferjestad til å "overføre de Hæster og qvæg som opplendingar og andre østerlandske baade i Nordfjord og paa Jølster sig tilforhandler".

Di fyr hadde Kjøsnes kosta seg store båtar, som dei førde gjennom 2 eller 3 prestegjeld "over field og daler med hæster og folk". Med enda Dvergsdalingane budde "een fierdings vej fra den almindelige passagie" (d. e. Skryklingjinn), fekk dei seg båt – til føring i godver. Men dei let Kjøsnes greide føringja når da var illvedr i 3-4 dagar og driftene stundom vart liggjande på nordsida og snaugnaga beite. Fekk Dvergsdalingane halde på soleis, vart dei dyre Kjøsnesbåtane liggjande unytta.

-Stiftsamtet bad um tingvitjing, - um da var sannelig so at på Kjøsnes var ferjestad frå eldgamal tid.

Harald Oppedal seier dette om vegen frå Skei til Haukedalen:

Når dei kom til Jølstravatnet, vart driftene frakta med båt frå Kjosnes over til Sunde og vidare innover Dvergsdalen og oppover Myklebustdalen. I følgje Oppedal var driftevegen her så mykje i bruk at det var djupe spor i terrenget like opp i Skryklinge-skaret.

Vel framkomne fram til Haukedalen, låg dei ein dag eller to på beite på Gjerland/Frøysland. Vidare derifrå tok dei stølsvegen opp på Årskogstølen. (Oppedal 1980:17f.).

Jølsteroksane

Om alderen på driftehandelen har Fritjov Isachsen fylgjande hypotese: (noko omskrive)

Jølster var godt kjent for sitt fine slaktefe. Jølsteroksane var vidgjetne og vart seld mykje i Bergen. Er der ein samanhang mellom spesialiseringa i husdyrbruken i Jølster og

driftehandelen mellom vest og aust? Kva då med alderen på driftehandelen? Mange meiner at denne starta med bergverksdrift, skogbruk og byvekst austpå i samband med dette på 1700-talet. Mange meiner å vita at han må vera eldre. I 1551 vart det tinga 346 storfeskrotter til kongen i København frå Bergenhus. Då var det klart at Bergen må ha vore kjend som marknad for fe frå kystbygdene. Jølster som ligg inne i landet, måtte ligge meir til rette for mjølkeproduksjon enn al av ungfø og slaktedy, med lengre vinter og inneføring og meir krevjande slåttarbeid. I indre Nordfjord til dømes, kjøpte bøndene storfe om våren frå kystdistrikta. Jølsteroksane vart selde 6-7 år gamle med eksepsjonelt stor slaktevekt og dette i ein periode der det var vanleg med fornaud og svelteføring. I tillegg vart Jølsteroksane førde til Bergen om våren og dette er heilt spesielt. Alle byane elles fekk tilførsle av slakt om hausten.

Hypotese: Jølsterbonden gjekk over til spesialisering då driftetraffikken til Valdres, Hallingdal og Nummedal voks fram. Driftevegen går rett gjennom bygda, – det var enkelt å avsette dyra til fehandlarane. Driftehandlarane kom sist i mai. Då måtte dyra vera i godt hald om dei skulle klara seg gjennom strabasane på si månedslange reise. sju gonger til fjells og ned att måtte driftene, før dei nådde Raundalen og kunne ta fatt på den eigentlege overgangen til fjellbeita på Hardangervidda. For Jølsterbonden var det lettare å selja til fehandlarane enn å sende stuten til Bergen. Då var det to dagars driving, fyrst til Vassenden og neste dag til Førde og om bord i båt. Tredje dag gjekk med til heimreisa. Seinare har Jølster starta med å senda fe til Bergen om våren og etterkvart vart dette den viktigaste omsetnaden.

Slaktarane i Bergen samarbeidde. Dei kunne på det viset bestemma prisen slik som det passa dei. Dyra vart ikkje selde etter vekt, men etter mål og bod. I 1875 kjøpte ein fehandlar frå Numedal ei stor, fin ku på Dvergsdalen for 10 dalar, 1 ort og 12 skilling. Elles gjekk 2-års kviger for 5-7 dalar, 3-års for 8-9 dalar.

Det var en gang en jølstring "som såg litt tomsen ut"; han drog til Bergen med en stut, og hadde fått pålegg av kona om å krevja 11 dalar for stuten. Da han kom til Bergen baud slakteren 13. "Vårherre gjedje deg må 'kje du gje meg elve daler, ell 'so vert ho Guri sint'e". svarte bonden. (Bygdebok for Jølster før 1801 av Albert Joleik.)

I 1799 skreiv amtmannen at to jølstringar hadde vore i Bergen i åtte dagar med slaktenaut. Slaktaren ville ikkje betala so mykje som dei trengde for å vera skadelause. Bøndene måtte betala 2 ort for kvart naut dei førde til byen. Dette var fastsett i kongeleg forordning. Dette skulle dei ta att når dei selde dyra. I 1790 hadde slaktarane i Bergen vorte einige om ein konvention som førte til at dei bestemte prisen. Slik kontrollerte byslaktarane prisen og bøndene fekk ikkje betalt det slaktedyra var verdt. På tross av dette heldt handelen med slaktedy i Bergen fram for jølstringane, truleg er det ikkje alle slaktarane som har halde

konventionen. Men det kan henda at tilførsla av slaktedyr til Bergen vart mindre og at fleire selde til Driftehandlarar. (Bygdebok for Jølster før 1801 av Albert Joleik.)

Vanskeleg omsetnad gjorde driftehandel til eit yrke. Ikkje alle var like heldige; om ein av dei vart det laga eit stev i Jølster:

*Han kjøpte stutar i dyraste tid
med side lummer og lite uti!*

FØRDE KOMMUNE GAULAR KOMMUNE



DRIFTEVEGEN GJENNOM MYRESKARET



DRIFTEVEGEN GJENNOM MYRESKARET



Løypa gjennom Myreskaret til Torsnesstølen er teikna inn med tynn, grå strek. Frå nordenden av Skarvedalsvatnet er vegen mot Vetleffjorden teikna inn med stipla line. Det er laga eige turkart over området "Til fots i Haukedalen" i 1:50 000.

(Utsnitt av kartbladet Haukedalen, M 711, 1:50 000, Statens Kartverk)

Kartet syner ruta frå garden Myra og opp Myreskaret. Dette var vegen haukedalingane nytta når dei skulle til Vetlefjorden. Ein del gardar i Haukedalen hadde naust der og nokre hadde også beiterett. Denne vegen vart også nytta av soldatar som skulle på eksersis i Vik. Dei tok opp mot Vardeggi frå nordenden av Skarvedalsvatnet. Vegen til Vetlefjorden vart også nytta av nokre driftekarar, men vegen ned Sværeskaret var mest brukt. Vanlegaste driftelei frå Haukedalen til Sognefjorden var om Årskogsheia, men nokre fylgde vel og ruta om Myreskaret, langs austsida av Skarvedalsvatnet i retning Torsnesstølen.

Ferdselsvegen gjennom Myreskaret er synfaren i dette prosjektet. Frå Gjerland var planen å ta vegen om Årskogheia og Pernova, men bonden, Gunnar Jan Gjerland, meinte at gamlevegen dei hadde høyrte mest om, gjekk opp Myreskaret.

Frå Gjerland til garden Myra tek det omlag ein time å gå. Frå Frøysland til Myra går den gamle ferdselsvegen parallelt med bilvegen opp i gjennom dalen. Ferdselsvegen er merka frå Frøysland og er trykt på turkartet over Haukedalen.



Frå Frøysland ser me dalføret der vegen over Myraskaret tek inn. Det tek omlag ein time å gå til Myra. Til høgre, turvegen opp dalen som har god standard og er merka.

(Foto: Linda Vibeke Holstad)



Vegen passerer gjennom eit gardstun og går vidare mot Myra. Frå Myra er det vanskeleg å finna rett sti før ein når ein utsiktsplass med steinsessar under Myrestølen. Biletet til høgre syner utsikten mot Haukedalsvatnet frå kvileplassen. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Til venstre utsyn mot Grovabreen i nordaust. Til høgre Myrestølen. Frå Myre til stølen tek det omlag ein time å gå med hard stigning heile vegen. (Foto: Linda Vibeke Holstad)

Frå Myrestølen er det vanskeleg å finne sti. Trakk etter dyr dukkar opp og forsvinn heile tida. Seinare forsvinn også desse stiane heilt. Det er ikkje skilt eller merking å sjå. Synfaringa gjekk stort sett langs vestsida av elva til inst i dalbotnen.



På turkartet er ruta teikna inn aust for elva når ein kjem inn mot skaret. Under synfaringa var det ikkje råd å sjå nokon form for sti eller varding. Det virka då mest naturleg å fylgja vassdraget. Botnen her var sjølvsagt våt og steinut. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Breen inst i dalbotnen var særst liten under synfaringa og difor var det berre stein å klatre i frå dalenden og opp til toppen. Traséen var temmeleg bratt og ulendt. På toppen, ved stupet ned mot dalenden, stod ein stor varde og varsla. Ingen sti var å sjå. Var på toppen omlag tre timar etter avgang frå Gjerland. (Foto: Linda Vibeke Holstad)

Kan henda hadde det vore betre å gå lenger oppe i fjellsida, mot aust, det siste stykket opp mot vasskiljet over dalbotnen. Det var ikkje mogeleg å lesa dette ut av kartet eller sjå eit godt alternativ i terrenget. Kan henda kjentfolk veit dette?



*Frå høgste punktet, ca. 1130 m o.h., og ned mot Skarvedalsvatnet, vart terrenget betre, men framleis var det ikkje nokon sti eller merking. Fram til nordenden av Skarvedalsvatnet hadde heile turen teke omlag fire timar. Kjentfolk hadde sagt at ferdselsvegen gjekk på austsida av vatnet. Der såg det temmeleg bratt ut, men andre sida var verre. Biletet av Skarvedalsvatnet til høgre er teke mot nordaust. Holmane midt i vatnet kløyver nesten vatnet i to.
(Foto: Linda Vibeke Holstad)*



Biletet til venstre er teke frå sørenden av Skarvedalsvatnet. Her kjem ein sti ned ryggen og ein kan sjå nokre vardar som er plasserte langs denne. Truleg er dette den eigentlege ferdselsvegen langs vatnet. Vegen som vart synfaren gjekk midt i den bratte skråninga på biletet. Her gjekk det ein del mindre dyretrakk, men desse var lette å mista. Verste stykket var bratta rett under Nystølegggi, med glatte svaberg, smal sti og vatnet like under. Til høgre ser med utsyn frå Sørenden av Skarvedalsvatnet. Nede i dalen ser me elva Gaula og bak der ser me Sværeskaret gå inn mellom Flatfjell og Tuftanovi. Dette var Driftevegen vidare mot Sognefjorden. (Foto: Linda Vibeke Holstad)

Ved sørenden av vatnet ligg ei hytte og her er fine beiteområde for kyr og sau. Etappen langs vatnet tok mest 1 ½ time. Vidare ned mot RV 13 over Gaularfjell var det heller ikkje lett å finna nokon samanhengande sti., men med litt flaks dukka det opp ein stad å komma ned den bratte skrentekkja ned mot elva. Etter skrent-rekkja og tett bjørkekratt i lia var det ein tydeleg sti ned til veggen og Nystølsvatnet. Herifrå er det kort veg til Torsnesstølen som ligg ved inngangen til Sværeskaret.

FORSLAG TIL TILTAK

Statussamandrag

Vegen er synfaren i samband med dette prosjektet. Driftevegen er ikkje lett å ferdast på for folk som ikkje er kjende eller fjellvande. Det er fysiske hindringar på etappen som gjør at ein bør vurderer nøye om det er forsvarleg å leggja denne turen ut for allmenta. Vanskelegaste områda å leggja til rette er opp den bratte dalenden inst i Myreskaret og langs austsida av Skarvedalsvatnet. I begge områda er det mogeleg at det finst betre ferdselsveg enn den som vart nytta under synfaringa.

Prioriteringar:

- Driftevegane har endra seg over tid i takt med vegutbygging og utvikling av båttransport. Samstundes er det dei ferskaste ferdselsvegane me har mest informasjon om. Dei eldste vegane er som oftast dei som er av størst interesse i samband med friluftsliv. Då ynskjer ein seg helst bort frå bilvegar og tettbygde strok. Samstundes skal ein bevara det kulturhistoriske truverdet for Driftevegen. I dette prosjektet er det eit poeng å leggja til rette for bruk dei eldste driftevegane. Frå Haukedalen til Gaular har ein tre alternativ: a) vegen over Årskogheia, b) vegen gjennom Myreskaret og c) stølsvegen til Frøyslandsstølen.
- Det ser ut som om stølsvegen til Frøyslandsstølen vart lite nytta i samband driftehandel. Ferdselsvegen er ikkje synfaren eller prioritert i dette prosjektet. Den er så langt ikkje nemnd i samband med driftehandel meir enn ein gong. Då var det om ein driftekar som truleg tok denne vegen og han vart aldri meir sett.
- Vegen over Myreskaret er synfaren i dette prosjektet. Slik vegen ligg i dag utan skilting eller merking er han ikkje lett å følgja. Dersom det ikkje er lettare framkommeleg enn det som gjekk fram under synfaringa, bør vegen ikkje prioriterast i samband med dette prosjektet. Det kan vera ein meir farbar veg gjennom dei vanskelegaste områda. Forholda kan sjølvst og variera med snømengda i fjellet. Vegen om Myreskaret bør berre vera med i prosjektet som ein veg for spesielt interesserte. Ein kan gjera merksam på denne traseen i samband med informasjonstavler eller liknande. Det bør ikkje leggjast til rette for ferdsel for allmenta.
- Mellom Haukedalen og Gaular bør ein prioritera Driftevegen over Årskogheia. Her er det lett å leggja til rette for friluftsliv utan for store inngrep. Så langt ser det ut til å vera denne vegen som omtalast mest i kjeldemateriale om driftehandel her i området. Denne vegen vil også truleg høve best for familiar med barn. Større tiltak her er ikkje naudsynt. Arbeidet med tilrettelegging vil bestå for det meste av merking, skilting og rydding av skog i lia på begge sider av kjerringa.
- Tilførselsvegar/alternative ruter bør ein gjera turfolk merksame på, anten med informasjonsskilt, merking eller informasjonfoldar med kart, etter kvart som ein har høve til å fylgja opp dette.

Historie kring vegen gjennom Myreskaret

(Sjå under kapitlet om Årskogheia.)

FØRDE KOMMUNE GAULAR KOMMUNE



DRIFTEVEGEN OVER ÅRSKOGHEIA



DRIFTEVEGEN MELLOM HAUKEDALEN OG MJELL I VIKSDALEN



Øvst: Kjerrevegen ned mot Gjerland og Haukedalsvatnet er avslutninga på turen gjennom Skryklingskaret frå Skei. I synsrande ser me fjellområdet mellom Årskogheia og Gaulardalføret. Driftene tok i hovudsak vegen over Årskogheia, midt på biletet, til Mjell, men først kom dei forbi Gierland.



Nest øvst: Gamlastova og stabburet på Gjerland slik husa ser ut i 2001. Truleg har mang ein driftekar sett sine augo på desse veggane opp i gjennom åra. Dei to nedste bileta: Vegen vidare går gjennom tettstaden Haukedalen, over brua ved Frøysland, gjennom tunet på Årskog og vidare opp skogsbilvegen i retning Årskogstølen. Her er god traktorveg. Når me nærmar oss Årskogstølvatnet, eller Nykkjevatnet, går vegen over i sti. Over elva som renn ut frå vatnet ligg ei sær fin bru i stein. (Alle foto: Linda Vibeke Holstad)



Kartet syner lettaste og truleg vanlegaste ruta frå Haukedalen mot Torsnesstølen og Sværeskaret. Dei gikk Årskogheia til Vindheim og over til Mjell gjennom salen mellom Pernova og Storfjellet. Traséen er innteikna med tynn grå strek. Turen er også med på turkartet Haukedalen, 1:50 000, Statens Kartverk.

(Kartblad Haukedalen, M711, 1:50 000, Statens Kartverk)



Årskogstølen. Det går ei historie om ein hestehandlar som for forbi med ei drift her. Det spøkjer framleis om denne hendinga vert det sagt. Nattetid kan ein somme gonger høyra lyden av hestar som spring. I dag beiter kalvar og kviger i området i tillegg til sauene.

(Foto: Linda Vibeke Holstad)



Me passerer ei ruin undervegs. Steinane er lagde fint oppå kvarandre som eit hus i miniatyr. Storleiken gjer det vanskeleg å seia kva huset har vore nytta til. Mosen på steinane tyder på at det er gammalt. Ruina ligg omlag 500 m aust for Trollatjørn i eit lite søkk. Eit lågt framspring attmed er skifrig og steinane er truleg funne der. Steinane er mosegrodde. Til venstre Berit Holme, til høgre Ivar Frøysland. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Me tek ein rast ikkje langt frå Vikumstølen, på biletet. Frå Årskog har me brukt omlag 2 ½ time. På stykket frå Tjønna til Vikumstølen fann me ikkje nokon sti, men gjekk i småkupert myrterreng. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Frå Vikumstølen og Årnesstølen, øvst, mot Vindheim var det god sti som seinare gjekk over i relativt ny traktorveg. Me ser den alternative vegen til Mjell om Kjellstadstølsvatnet og Mjellstølen, biletet over. Underlaget ser ut til å vera mykje blanke svaberg. Isachsen skriv at driftene tok denne vegen til Mjell. Det var ikkje mykje å spara i tid på dette vegvalet. Høgda vert mykje den same som vegen om Skarvatnet, men nedturen til Mjell vert noko vanskelegare.



Øvst ser me garden Lindheim. Langs Vindheimsvatnet er det veg heile stykket. Til venstre Aud Jorun Gjerland, til høgre Ivar Frøysland. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Me forlet traktorvegen ved sørvest-enden av Vindheimsvatnet og går utan sti opp gjennom myr og småskog og ser ned på der som Botnastølane låg. Etterkvart får me godt utsyn over driftevegen me har gått, men også over tilførselsvegen som kjem over Røyrviksætra frå Vassenden og Holsen. Raud line til venstre syner vegen frå Vik, mens dei to traséane som er teikna inn i bakkant av biletet, syner vegen frå Holsen og Vassenden. Til høgre er teikna inn driftevegen over Årskogheia mellom Haukedalsvatnet og Vindheimsvatnet, nærast. Driftene pleidde å møtast ved Brattafonna nett før Trongeklyp. (Foto: Linda Vibeke Holstad.)



Oversiktskartet viser tilførselsvegane frå Førdetraktene om Holsen, frå Hyen, Gjengedal, Fimland om Angedal og Vassenden og frå Fjaler og Sande om Vika. Desse driftene møtte hovuddrifta ved Brattafonna. Dei tok opp ved vestenden av Haukedalsvatnet mot Botnastølane og Kjerringa. (Turkart Indre Sunnfjord, 1:100 000, Statens Kartverk.)




Me ser den karakteristiske Kjerringa som ventar oss på toppen og siktar oss inn på henne. Ein liten sti kjem og går på vegen vår. Berit Holme til høgre. (Foto: Linda Vibeke Holstad.)




Vegen ned frå Kjerringa mot Mjell. Me ser Langevatnet til høgre i biletet over, og Trongeklyp i venstre biletkant. Biletet til høgre syner at namnet Trongeklyp høver godt.


Truleg låg det snø att i skaret då driftene gjekk her. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Når me kjem gjennom Trongeklyp ser me Viksdalen under oss. Me fylgjer ein sti som er ganske god og kjem ned ved Skarskredane og Holtane ved vestenden av Myrvatnet. Driftene tok nok lia mot nordaust bort til Mjell. Der hadde dei rett til å beita og kvila før dei gjekk mot Torsnesstølen og Sværeskaret. For å finna att ein tilnærma lik trasé som driftelvegen gjennom lia, krevst det ein del rekognosering. Her veks det no tett bjørkeskog der det truleg før var snautt. Frå lia ser me Driftevegen vidare mot Torsnesstølen og Sværeskaret.



Til høgre i biletkanten ser me Myravatnet. Me ser den raude lina går bort Mjellslia og gjennom garden på Mjell. Vidare er ruta teikna inn nord for Byttevatnet, over brua der og vidare opp mot Langestølen. Derifrå gjekk vegen til Torsnesstølen, omlag der lina gjer ein knekk. Derifrå gjekk ruta mot sør og ned Sværeskaret. Nett rette stader der driftene kryssa Gaulavassdraget veit ein ikkje sikkert. Kan henda var det nærare Mjell, mellom Byttevatnet og Myravatnet. I dag er det lagd til rette for turgåarar langs heile sørsida av vassdraget, Fossestigen. Her kan ein sjølvsgat spela på eksisterande turstiar der dette er i samsvar med Driftevegen gjennom området. Her vil truleg Fossestien og Driftevegen gå saman over lengre strekningar.



Vegen mellom Mjell og Torsnessjølen. (Kartblad Haukedalen, M 711, 1:50 000, Statens Kartverk)

FORSLAG TIL TILTAK

Prioriteringar:

- Driftevegane har endra seg over tid i takt med vegutbygging og utvikling av båttransport. Samstundes er det dei ferskaste ferdselsvegane me har mest informasjon om. Dei eldste vegane er som oftast dei som er av størst interesse i samband med friluftsliv. Då ynskjer ein seg helst bort frå bilvegar og tettbygde strom. Samstundes skal ein bevara det kulturhistoriske truverdet for Driftevegen. I dette prosjektet er det eit poeng å leggja til rette for bruk dei eldste driftevegane. Frå Haukedalen til Gaular har ein tre alternativ: Vegen over Årskogheia, vegen gjennom Myreskaret og stølsvegen til Frøyslandsstølen.
- Det ser ut som om stølsvegen til Frøyslandsstølen vart lite nytta i samband driftehandel. Ferdselsvegen er ikkje synfaren eller prioritert i dette prosjektet. Den er så langt ikkje nemnd i samband med driftehandel meir enn ein gong. Då var det om ein driftekar som truleg tok denne vegen og han vart aldri meir sett.
- Vegen over Myreskaret er synfaren i dette prosjektet. Slik vegen ligg i dag utan skilting eller merking er han ikkje lett å følgja. Dersom det ikkje er lettare framkommeleg enn det som gjekk fram under synfaringa, bør vegen ikkje prioriterast i samband med dette prosjektet. Det kan vera ein lettare veg gjennom dei vanskelegaste områda. Forholda kan sjølvstø og variera med snømengda i fjellet. Vegen om Myreskaret bør berre vera med i prosjektet som ein veg for spesielt interesserte. Ein kan gjera merksam på denne traseen i samband med informasjonstavler eller liknande. Det bør ikkje leggjast til rette for ferdsel for folk flest/vanlege turgåarar.
- Mellom Haukedalen og Gaular bør ein prioritera Driftevegen over Årskogheia. Her er det lett å leggja til rette for friluftsliv utan for store tiltak. Så langt ser det ut til å vera denne vegen som omtalast mest i kjeldemateriale om driftehandel her i området. Denne vegen vil også truleg høve best for familiar med barn. Større tiltak her er ikkje naudsynt. Arbeidet med tilrettelegging vil bestå for det meste av merking, skilting og rydding av skog i lia på begge sider av Kjerringa.
- Tilførselsvegar/alternative ruter, for eksempel frå Vassenden, Holsen og Vik bør ein gjera turfolk merksame på, anten med informasjonsskilt, merking eller informasjonsfoldar med kart, etter kvart som ein har høve til å fylgja opp dette.

Skilting/merking

Alle delar av Driftevegen over Årskogheia til Mjell og Torsnesstølen må merkast tilstrekkeleg.

- Vegen over Årskogheia til Vindheim er delvis merka. Mellom Årskogstølen og Vikumstølen må stien ryddast og merkast.
- Mellom Vindheimsvatnet og Mjell må ein leggja til rette for tursti og merka denne.
- Mellom Mjell og Torsnesstølen må ein undersøkje kvar Driftevegen gjekk og kvar han kryssa Gaular. Vegen må merkast og skiltast i samsvar med retningsliner for Driftevegen. Der Driftevegen fell saman med Fossestien, må ein komme fram til ei merking som tener begge og tek omsyn til den einskilde veg sitt særmerke. Ein må kunna nytta namn og logo på Driftevegen.
- Det lyt stå retningskilt med namn og logo til Driftevegen ved Gjerland, Frøysland, Årskog, Vindheim, Vatlestad, Mjell og elles på stader der Driftevegen kryssar eller er tilgjengeleg frå RV 13 over Gaularfjell.
- Tilførselvegen frå Vassenden, Holsen og Vik kan ein skilta og merka som tilførselsveg til hovuddriftevegen. Då vil det vera naturleg å marknadsføra denne på tettstader der han passerer og der han er tilgjengeleg frå, eller kryssar, hovudvegen.
- Ved parkeringsplassar som kan vera naturleg å nytta i samband med ferdsel på Driftevegen, bør ein ha tilvisingskilt med namn og logo.

- Alle stader der stien deler seg lyt ein ha retningsvisarar med Drifteveg-logo, evt. namnet på vegen.
- Ein lyt vurderer om ein ynskjer skilt ved ulike fiskevatn eller andre attraksjonar langs Driftevegen. Ein må då vera nøye med materialval og utsjånad slik at desse ikkje vert eit framandelement i landskapet. (Sjå kapittel om skilting og merking.)
- Varding av vegen. Nokon av dei gamle vardane er i god stand. Dersom ein ynskjer å gjera vardinga meir komplett, er det gode tilhøve for dette i området. Her har ein både kulturmark, skog og høgfjell representert på ei dags ferd og det er rikeleg med byggjemateriale dei fleste stader.

Informasjonstavler

- Informasjonstavler hadde vore ein føremon å ha alle stader der ein kan koma til Driftevegen.
- Parkeringsplassar som det er naturleg å nytta seg av når ein skal gå Driftevegen, er ein høveleg stad å ha informasjonstavle.
- I tillegg lyt ein ha ein informasjonstavle sentralt i alle bygdesentra som fortel om ferdsla og syner til Driftevegen gjennom området.

Rydding av sti

- Over Årskogheia er det naudsynt med ein del rydding av skog i nokre område mellom Årskogstølen og Vikumstølen.
- Opp lia frå Vindheim mot Kjerringa er det naudsynt å rydda ein betre veg.
- Ned lia mot Mjell er ikkje synfare i samband med dette prosjektet. Truleg er det naudsynt med rydding av skog i dette området.
- Vegen mellom Mjell og Torsnesstølen er berre delvis synfaren. Her kan det vera trong for mindre rydding der vegen ikkje fell saman med Fossestien..

Marknadsføring

- Stien lyt ved revisjon av turkart i området omtalast som *Driftevegen*. Ein lyt også leggja inn noko informasjon om kva som ligg i dette omgrepet.
- Ein lyt laga ein foldar med lokal informasjon om og oversiktskart over Driftevegen. Denne lyt ein leggja fram på turistkontor, overnattingsstader m.m. der vitjande i kommunen ferdest.

Turisme

- Det ligg godt til rettes for å arrangera guida turar for fotturistar i Driftevegen over Årskogheia og Skarvatnet. Samarbeid mellom turistnæringa, turistkontor og turlag vil vera naturleg i den samanheng.
- Det skulle også liggja til rettes for å gje tilbod om "driftetur" med hest på strekninga over Årskogheia til Vindheim og frå Mjell mot Torsnesstølen. På strekninga Vindheim – Mjell kan det henda terrenget krev meir røynde ryttrarar. Med samarbeid mellom hesteinteresserte, turistnæringa og turistkontor burde det her vera moglegheiter.

Fridtjov Isachsen:

Mjellskaret fører like til utløpet av Haukedalsvannet. Til Haukedalen kom driftene ned Skryklingskardet til øvre enden av Haukedalsvannet. De tok over elven derinne, ved Frøysland og Årskog. Driftene dro over Årskogheia – uten kontakt med gårdene i bygden andre steder enn ved øvre enden av vatnet. (Vidare noko omskrive til nynorsk:)

I Haukedalen var der mellom Frøysland og Årskog ei gamal bru som fekarane hadde nytta utan vederlag. Etter kvart vart denne ubrukeleg. Bygdefolket skulle no setja brua i stand att og hadde tenkt at dei ville ta brupengar av driftekarane.. Der var ikkje meir enn rimeleg tykte dei, at driftekarane var med og bar vedlikehaldet av brua, som dei nytta for hundrevis av hestar og kyr. Men haukedølene hadde fått føre seg at dersom dei bygde brua opp att der ho hadde stått, så ville driftekarane visa til ein gamal hevdvunnen rett til fri overgang. Difor vart den nye brua flytta litt til sides. Sjølvsaugt nekta driftehandlarane å betale noko. Haukedølene stengte brua, men driftekarane dreiv over elva og klarte det. Dette var på det siste med driftetraffikken.

Siste gang det kom fedrift til Mjell over fjellet fra Haukedalen var i 1903, vart det sagt på garden Mjell. Det var bra det tok slutt med driftetraffikken, sa bonden på Mjell, for driftene førte mange slags smitte på gårdens buskap, særleg "hagesykja", en lei fesott, som de senere har vært helt fri for (d.e. piroplasmose, en blodsykdom).

På Mjell vart det sagt at det var en alminneleg regel at driftene hadde "rett til å kvile for kvart skard". På Mjell var frihamna i skogstrekninga mellom Mjell og garden nærast nedom Mjellsholten. Derimot hadde driftene ikkje rett til å leggja seg innanfor (austanfor) Mjell. Ein gong kom det nokre numedøler som vart liggjande ei heil veka med bølinga, like attmed bøgarden mot aust. Dei hadde med seg ein bisk hund, som dei skremde folk med. Til slutt måtte Mjellingane jage driftefeet derifrå.

Harald Oppedal har skrive ned mykje av det bestemora hans fortalde om den gamle driftehandelen. Bestemora var fødd og oppvaksen på garden Mjell i Gaular. Dette var ein av gardane driftekarane tok inn på når dei reiste gjennom Sunnfjord. Vel framkomne fram til Haukedalen, låg dei ein dag eller to på beite på Gjerland/Frøysland. Vidare derifrå tok dei stølsvegen opp på Årskogstølen (Oppedal1980:17f.).

Frå Årskogstølen gjekk vegen utover Årskogsheiane og fram til garden Vindheim. Så tok ein fatt på fjellovergangen til garden Mjell. I Mjellslia kunne dyra kvile seg ut før dei tok til på siste langturen over høgfjellet og ned Sværaskaret til Sværen i Sogn.

Reglar for korleis ein for fram på driftene.

På vegen hadde ein frihamner der ein kunne ha dyra på beite ein dag eller to uten å betale for beitinga. Slike hamnar/beitehagar hadde ein på Austrheim, Re, Teita og Mjell, Frøysland og Sværen. Driftekarane hadde og hevdvunnen rett til fritt å føre dyra over annan manns eigedom så sant dei ikkje gjorde skade. Driftetraffikken var i bøndene si interesse og dei ynskte ikkje å setje unødige stengsler for denne trafikken. Likevel kunne det stundom kome til konflikt mellom bønder og driftekarar. I 1870-åra brygga det opp til strid med gardbrukarane på Årskog/Frøysdalen då dei ville ha betaling for reparasjon av ei bru som driftekarane nytta. Historia enda med at driftekarane vann fram.

Gamalt fraa Viksdalen av Jakob Bell i Jul i Sunnfjord 1926:

Der kom eingong ein handelskar frå Austlandet til han Ola Torsen Bell (fødd kring 1685. Han kjøpte garden Øvre-Bell i 1721.) Denne karen hadde slitne skor og han Ola maatte til aa lappa på dei. Daa austlendingen spurde kva han skulle hava for arbeidet, svara han Ola han skulde inkje hava, "det var vel vega i mot".

Nokre aar seinare kom han Ola i dragsmaal med ein kvan, truleg var det eit kvart som kom garden ved. For aa faa ordna denne saki vilde han Ola til Kjøbenhavn til sin naadigste herre og konge aa faa ret. Han tok vegen over Austlandet. Ein kvelden tok han inn til ein mann og bad om husly for natta. Det høvde daa so hepleg til at det var den same mannen som hadde vore paa Bell og faatt skorne sine solte. Han Ola kunde ikkje kjenda han att, men austlendingen kjende han Ola og spurde kva ærend han for i, og Ola'n fortalde. Daa kunde austlendingen gjeva han retleiding kva han hadde å gjera, for han hadde netop ei liknande sak. Han Ola fekk reisa heimatt, og livde seg turen til Kjøbenhavn, og det gjekk som austlendingen hadde sagt. Han Ola fekk soleis skosolarne godt betalt.

Driftevegen fell ikkje alltid saman med allfarvegen. Omtale av den vanlege ferdselsvegen mellom Midtre Sogn og Nordfjord er omtala slik:

Viktigaste vegen frå Nordfjord gjekk gjennom Breim og Jølster til Grimsbø. Vidare opp Holsa over Gulefjellet til Vikja og Eldalsosen. Gjennom Eldalsdalen og Sværeskardet til Lærdal og over Filefjellet til Austlandet. Denne vegen var i gamal tid den vestlandske hovudvegen for dei indre bygdene i Sogn og Fjordane fram til 1837 då vegen Vadheim - Langeland vart oppteken som hovud- og postveg. Viksdalsvegen vart farbar i 1884.

Segner og stadnamn fraa Langestølen i Gaular av L.N. Bell, i Jul i Sunnfjord, 1934:

Langestølen ligg ved den eldgamle alfarvegen imillom Sunnfjord og midtre Sogn. I dei farne tider hev det fare baade fant og fagnad framum denne stølen. Og gjætarnborni fraa grendene i Viksdalen hev kvar paa sin maate vore med og skapt namn og saga um dei og dei ymse stadene paa denne stølen.

For fleire mannsaldrar sidan var det eit fantefylgje som he!dt til under ein stor hellar paa Risebotnestrandi, ein times veg fraa Langestølen. Av og til kom mannen ned paa stølen og bad um mjølk. "Kan eg faa ein kopp mjølk til mi kjære Rakel som ligg upp paa strandi med smaapiltrane sine." So skal Vaarherre bevare beisti dikkar fraa gaspan (bjørnen), gispem (ulven), trippeluren (reven) og sjeravippen (ørni) som fær upp og ned Sværeskaret og hoppar."

Dette ordtaket liknar på det sværefjordingane sende med vitjande som skulle vidare opp Sværeskaret. (Sjå kapittelet om Balestrand)

Men det meste framandfolk som hev vore paa stølen med ein gong, var i 1814 daa soldatane fraa Fjordane kom att fraa svenskegrensa. Me hev høyrte un kor sveltnede soldatane var i den tidi og det skulde ikkje finnast etande att paa stølen etter dei var farne.

Gamal ferdsleveg millom Haukedalen og Ulvestad av A. Skåsheim, i tidsskriftet Fjordgrender og fjellbygder:

Sjoarvegen for Haukedølene var til Ulvestadfjora.

Haukedøler hadde naust på Ulvestad i Vetlefjorden. Der hadde dei egne båter som dei fór til Bergen med og selde varer. Alt tyder på at ferdsla til Veltefjorden frå Haukedalen har vore stor. Dei hadde almenningsrett til hestebeite på Ulvestadøyrane, og den retten hev dei enno. Det skulle visseleg mykje til å vinna slik rett ved fjorden mellom dei gamle storgardane i Vetlefjorden, Eiki og Ulvestad. For Haukedølene var det hard og lang fjellferd til Ulvestad. Dei måtte om Vaeggi. Der er det både høgt og bratt. Store vardar syner enno den vei dei for. Slektskap og vennskap var det mykje av mellom desse to bygdene.

Fjelli kring Haukedalen minner og om den tida då folk i Indre Nordfjord stranda til byen. Det var før 1858 då Fylkesbaatane tok opp ferdsla. På ei slik ferd kom Samson Ingebriktson Kri frå Olden bort på fjellet ved Sværeskaret.

Mange haukedøler har arbeidd seg godt fram utanfor bygdi. Gutungar i dalen tok ofte til som gjetlegutar og som hjelparar til driftekarane. Kjøpmann Nils Aarskog, Bergen, vart eit godt døme på korleis ein slik gut kunne arbeida seg fram. Som liten gut var han med og dreiv beisti til driftekararen Markus Ulvestad frå Veltefjorden. Då han vart vaksen, opna han eigen feitevareforretning. Då Tor Aarskog gjorde si første byferd i 1885, hadde Nils Aarskog ein av dei aller finaste feitevareforretningar i Bergen. Han var ein særst påliteleg og gild kjøpmann, og mange bønder i Vetlefjorden handla med han. Då han tok sine feriefjerder om somrane gjekk han ofte om Vetlefjorden til Haukedalen. Bjørneskyttaren Per Mel vart ein vidgjeten mann frå Haukedalen. Han var frå Myrane, men kjøpte seg seinare gard på Mel i Vetlefjorden. Han flytte dertil i 1845, og den vinteren køyrde drengen hans 16 flyttelass frå Myrane til Vadheim. Per Mel satt i eit stort bu. Han var berre 14 år då han skaut sin fyrste bjørn i Haukedalen. Ein morgon kom bjørnen jagane til Myra med bjøllesauen. Per hadde rifla hengande ladd ved døri. Han gjekk straks ut i berre underklædi og skaut bjørnen. Segni seier at han skaut i alt 26 bjørnar. Ein gong møtte Per bjørnen i ei smal skår. Bjørnen kom så nær innpå han at han torde ikkje skjota. Det var hengjande flog utfor. Både Per og bjørnen ville koma nærast fjellet. Bjørnen kom varsamt. Per sette ryggjen inn til hammaren. Bjørnen strauk seg forbi, men då var han heilt berrennt og håri reiste seg. Per talte ofte om dette og sa at det var det mest spanande møte han hadde hatt med bjørn. – Den bjørnen skaut han ikkje.

Opplysninger frå Nils Husetuft:

Nordanfrå kom driftene gjennom Skrykklingen til Gjerland og om Holsen til Råheimsdalen. På vegen til Sogn fór dei Myreskaret til Vetlefjorden eller om Årskog og Øvrebotne gjennom Mjellskaret til Sværen. Det var ofte harde ferder, særleg når dei møtte uvér. I Skrykklingen låg ein gong att 7 fenadbeist. Driftekarane berre stakk dei med knivane sine, så blodet kunne renna ut. Folk i dalen fekk løyve til å nytte det dei kunne av dyra. Då var det så hardt vér at dei laut setja driftene i hus, og dei fylte den store løda til Rognald Gjerland. Unge gutar var ofte med å jaga driftene. Dei tykte gaman om dette og tente seg nokre skillinger ved det. Den siste som fór med drift over Myreskaret var hestehandlar M. Dalsbotn våren 1915. Soldatar som ekserserte i Vik fór også den vegen. Den siste soldatferd der av haukedøler var i 1896. Driftekarane var jamnast vel omtykte. Dei gjorde alltid opp med reide pengar, og dei vart ofte mottekne som vener. Dei hjelpte fjellbygdene til avsetnad av dei beist dei ville selja, og til å få dei pengar dei trengde til skattar og tenarløner. – Men driftferder var elles ikkje berre hugnad for fjellbygder. Dei vårar groren kom seint, vart det ofte lite om beiti, og det fylgde titt smittsame sjukdomar med driftene. På Gjerland, Frøysland og Årskog, der ferdsla var

størst, misste bøndene kvart år dyr av slike sjukdomar. Då drifteferdsla slutta, kom slike sjukdomar burt der.

BALESTRAND KOMMUNE



DRIFTEVEGEN GJENNOM SVÆRESKARET




DRIFTEVEGEN GJENNOM SVÆRESKARET



Kartet syner vegen driftene tok mellom Mjell og Sværen. Nett kvar dei tok over Gaula må ein prøva å undersøkje nøyare. Dei kom forbi Langestølen og Torsnesstølen, raud line, og tok der mot sør ned Sværeskaret mot Sognefjorden. Den grå linia i nord markerer vegen frå Skarvedalsvatnet. (Kartblad Haukedalen, M 711, 1: 50 000, Statens Kartverk.)

Lengdeprofil over Driftevegen frå Gaularfjellsvegen til Sværen.



Driftevegen gjennom Sværeskaret i dag

Traséen er synfaren i dette prosjektet. Det tek omlag tre timar å gå frå RV 13 ved Torsnesstølen til Sværen. Ved brua over Gaula er Fossestien merka med skilt mot vest. Fossestien går på sørsida av elva.



Til venstre ser me vegen driftene hadde lagt bak seg mellom Pernova og Torsnesstølen. Pernova er fjelltoppen lengst bak i horisonten. Mest truleg gjekk dei på bortsida av toppen og ned til Mjell. Me ser dalføret dei fylgde opp på sørsida av Gaula, nærast fotografen. Like til høgre for biletkanten ligg Torsnesstølen. Til høgre: Torsnesstølen var ein stor støl med mange hus. Fleire er i dag i god stand, men der ligg også igjen fleire murar etter gamle stølshus. Like aust for Torsnesstølen ligg Tuftabotn. Her skal vera tufter etter stølshus, men desse er i dag ikkje lette å sjå. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Frå riksvegen til varden, høgste punktet før Skarvatn og Sværeskaret, tek det omlag ein time. Det er god sti heile vegen og denne held fram gjennom heile skaret. Det er ikkje mogeleg å ta feil nokon stad. Ein stor knaus, kalla Kabusa, ligg rett aust for sørenden av Skarvatnet. Langs Skarvatnet er det steinrøys i skråninga ned mot vatnet, men stien er likevel lett å fylgja. Minnesteinen om Hugleik Tungøen frå Oldedalen står ved sørenden av vatnet, fint laga til omlag der han døydde i 1706. Han fraus i hel på veg til København for å tale bøndene si sak. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Ved sørenden av vatnet står eit delvis restaurert sel. I gavlen har idrettslaget hengande eit sylteglas med papir og blyant i, for innskriving av turgåarar. Like aust for hytta ligg ei jettegryte på eit svaberg. Denne var fylt med vatn og difor vanskeleg å sjå. Det var skilt som varsla om dette ved stien. (Foto: Linda Vibeke Holstad)

Eit par store hellerar i fjellet på vestsida av skaret er godt synlege. Kan henda var det her dei sette utstyret sitt når dei skulle buføre. Då tok dei det gjerne over to dagar og utstyret sette dei igjen til neste dag, då dei kom att.



Stien ned skaret er god, også gjennom blokkfelte er han lett å finna. Idlasva, til høgre, er lett å kjenna att, glattskurt svaberg på tvers av dalen. I botn ser me Sværen. (Foto: Linda Vibeke Holstad)



Stien kjem ned aust for gardane i Sværen, eller til høgre på biletet. Dette er på same side som den store ura og Lastevikja, der driftene låg før dei gjekk ombord i båt. (Foto: Linda Vibeke

FORSLAG TIL TILTAK

Prioriteringar

- Vegen frå Årskogheia, via Mjell og Langestølen til Torsnesstølen og Sværen bør prioriterast som hovuddrifteveg. Her er det lett å leggja til rette for friluftsliv utan for store tiltak. Så langt ser det ut til å vera denne vegen som får mest omtale i kjeldemateriale om driftehandel her i området. Denne vegen vil også truleg høve best for familiar med barn. Større tiltak her er ikkje naudsynt.
- Vegen gjennom Myreskaret, vegen via Frøyslandsstølen og vegen om Mjellstølen bør ein sjå på som alternative ruter, og ikkje som hovuddrifteveg. Alternative ruter kan ein gjera turfolk merksame på, anten med informasjonsskilt, merking eller informasjonfoldar med kart, etter kvart som ein har høve til å fylgja opp dette.
- Vegen over Myreskaret er synfaren i dette prosjektet. Slik vegen ligg i dag utan skilting eller merking er han ikkje lett å følgja. Dersom det ikkje er lettare framkommeleg enn det som gjekk fram under synfaringa, bør vegen ikkje prioriterast i samband med dette prosjektet. Det kan vera ein lettare farbar veg gjennom dei vanskelegaste områda. Forholda kan sjølvstøtt og variera med snømengda i fjellet. Vegen om Myreskaret bør berre vera med i prosjektet som ein veg for spesielt interesserte. Ein kan gjera merksam på denne traseen i samband med informasjonstavler eller liknande. Det bør ikkje leggjast til rette for ferdsel for folk flest.
- Stølsvegen til Frøyslandsstølen vart lite nytta i samband driftehandel. Ferdelsvegen er ikkje synfaren eller prioritert i dette prosjektet. Den er så langt ikkje nemnd i samband med driftehandel meir enn ein gong. Då var det om ein driftekar som truleg tok denne vegen og han vart aldri meir sett.
- Vegen gjennom Myreskaret til Vetlefjorden bør ein sjå på som ein gamal ferdselsveg, og ikkje som hovuddrifteveg. Nokre drifter gjekk til Vetlefjorden etter at vegen og dampbåten gjorde dette lønsamt.

Skilting/merking

- Alle delar av Driftevegen mellom Mjell og Torsnesstølen må merkast tilfredsstillande.
- Mellom Mjell og Torsnesstølen må ein undersøkje kvar Driftevegen gjekk og kvar han kryssa Gaula. Vegen må merkast og skiltast i samsvar med retningslinjer for Driftevegen. Der Driftevegen fell saman med Fossestien, må ein komme fram til ei merking som tener begge og tek omsyn til den einskilde veg sitt særmerke. Ein må kunna nytta namn og logo på Driftevegen.
- Det lyt stå retningskilt med namn og logo til Driftevegen ved Mjell og elles på stader der Driftevegen kryssar eller er tilgjengeleg frå RV 13 over Gaularfjell.
- Ved parkeringsplassar som kan vera naturleg å nytta i samband med ferdsel på Driftevegen bør ein ha tilvisingskilt med namn og logo.
- Alle stader der stien deler seg, lyt ein ha retningsvisarar med Drifteveg-logo, evt. namnet på vegen.
- Ein lyt vurdera om ein ynskjer skilt ved ulike fiskevatn eller andre attraksjonar langs Driftevegen. Ein må då vera nøye med materialval og utsjånad slik at desse ikkje vert eit framandelement i landskapet. (Sjå kapittel om skilting og merking.)
- Varding av vegen. Nokre av dei gamle vardane er i god stand. Dersom ein ynskjer å gjera vardinga meir komplett, er det gode tilhøve for dette i området. Her har ein både kulturmark, skog og høg fjell representert på ei dags ferd og det er rikeleg med byggjemateriale dei fleste stader.

Informasjonstavler

Informasjonstavler hadde vore ei føremon å ha alle stader der ein kan koma til Driftevegen.

- Parkeringsplassar som det er naturleg å nytta seg av når ein skal gå Driftevegen, er ein høveleg stad å ha informasjonstavle.
- I tillegg lyt ein ha ei informasjonstavle sentralt i alle bygdesentra som fortel om ferdsla og syner til Driftevegen gjennom området.

Rydding av sti

- Vegen mellom Mjell og Torsnesstølen er berre delvis synfaren. Her kan det vera trong for mindre rydding der vegen ikkje fell saman med Fossestien.
- Frå Torsnesstølen til Sværen er stien i god stand, og ikkje trong for anna enn vedlikehald.

Marknadsføring

- Stien lyt ved revisjon av turkart i området omtalast som Driftevegen. Ein lyt også leggja inn noko informasjon om kva som ligg i dette omgrepet.
- Ein lyt laga ein foldar med informasjon Driftevegen og oversiktskart. Denne lyt ein leggja fram på turistkontor, overnattingsstader m.m. der vitjande i kommunen ferdist.

Turisme:

- Det er allereie lagd til rettes for å arrangera guida turar for fotturistar i Driftevegen gjennom Sværeskaret. Samarbeid mellom turistnæringa, turistkontor og turlag er allereie etablert. Guidane må få skulering om driftehandelen.
- Det skulle også liggja til rettes for å gje tilbod om "driftetur" med hest på strekninga mellom Mjell mot Torsnesstølen. Med samarbeid mellom hesteinteresserte, turistnæringa og turistkontor burde det her vera moglegheiter.

Historie kring Driftevegen gjennom Sværeskaret

Sværen var ein kjend oppsamlingsstad. Derifrå vart driftene førde med storbåtar til Vik, Salthella i Aurland, Flåm eller Lærdal.

Vegen gjennom Sværeskaret var ein av dei viktigaste ferdselsvegane i midtre strok på Vestlandet i uminnelege tider.

Før dampbåtane vart vanleg transportmiddel for dyr var Sværen den mest kjende oppsamlingsstad for driftene.



Hestedrift på Torsnesstølen (Foto: Fylkesarkivet)

Dei fyrste driftene kom gjerne ved jonsoktider, og ferdsla varte 2-3 veker kvart år. Det hende det samla seg så mykje driftebeist i Sværen at nye drifter vart liggjande og venta på Mjellshaugen, Langestølen eller Torsnesstølen.

Til Sværen kom ofte driftene ved 5-6 tida om morgonen. Dei gjekk helst ned skaret om natta, då var snøen fastare. Det låg alltid snø i sjølve skaret på den tid driftene tok seg ned her, så dei fekk ofte med seg kjentfolk frå Sværen. Det var om å gjera å vita kor snøen låg trygg, utan rennande vatn under. Vegene var ulendt, med mykje ur og blanke sva. Vegene ned frå Sværeskaret var vanskeleg fleire stader. Han kunne vera så trong at berre eitt beist kunne passera om gongen. Ein hest fór utfor ein gong. "Hadde eg berre ikkje mist skreppene mine", sa driftekarane, han hadde nok verdfulle ting der.

Om lag midt i skaret låg Idlasva, eit sleipt og skrått sva. Det hende beist gleid utfor her og miste livet. Folk slo difor jarnboltar i berget og la ein stakk over for å førebyggje ulukker.

Frå Erik Fønsteliens si dagbok:

[...] nedover var det en elendig vei delvis bestaaende av 2 a tre stokker lagt paa bolter i fjellet, som skraanet ganske brat ned mot elven. Paa turen ned Sværeskaret maatte vi late kuerne passere revy i linje efter hverandre saa det gik sørgelig sent og paa de vanskeligste steder maatte vi da sette vagter som regulerte ku for ku over stokkene.

I dalbunden ned i igjennom Sværeskaret laa store urer med fjellstykker og elven fossen og durt nedover mellem stenene, mot kvelden kom vi da endelig ned i havnehagen til Sværen.

Heimebeitet i Sværen er særst avgrensa. Samstundes var det her driftetraffikken var størst. Over Sværeskaret kom mange drifter, ikkje berre dei som skulle til Vik og Voss, men og dei som skulle til Aurland og Lærdal.

I Sværen låg frihamna i vika aust for garden, og grensene var ei grind, "Lakkur-grindi", ut mot fjorden, og mot den andre sida "framkanten (eller innerkanten, nordkanten) av "Øyrskriu". Driftene vart liggjande heile dagen; utpå kvelden begynte lastinga.

Driftekarane lova gjerne ungane skillingar om dei ville hjelpa dei å gjeta og jaga dyra så dei fekk dei vel om bord i båten. Det var ikkje alle som heldt det dei lova, vert det sagt. Numedølane og "vessene" var greiast fortel Tor Sværen, dei gav 25 øre natta, mens aurlendingene som regel berre gav 5 øre. Var det mange drifter om våren vart nok beitet magert for dei siste. Det var og driftekarar som ikkje tok grensene så nøye, og let bølingen gå innafor grensene. I 1863 vart det så ille med ulovleg beiting at bonden på Sværen måtte søkja retten si hjelp for å få slutt på uvesenet. Driftene kom med mange fe og hestar, meir enn 100 stk., og la seg til å beita i fleire døger utan at dei ville yte erstatning eller flytta driftene til høveleg plass. Sværen og familien hadde prøvd å jaga bølingen dit den skulle vera, men då vart dei trua av dei fire aurlendingane med "Hug og Slag". Tor Sværen og hans folk fekk medhald. Som tryggleik for skadeerstatning fekk han sett inn to kyr frå driftene i fjøset. Når folk forlet Sværen på veg mot skaret, fekk dei fylgjande helsing med på ferda frå folk der: *Vårherre vara dykk for svartantran og trippeltir og skjerranvipp og kastansus og for alt vondt som går att og fram i Sværeskaret. Han vara dykk og for gaupe, ulv, bjørn, oter og rev.* Og dei visste kva dei snakka om, bygdafolket.

I 1877 kom to fehandlarar frå Uvdal i Numedal med ei fedrift til Sværen. Det var særs mykje snø det året. Då dei kom til Torsnesstølen, var det ei ku som ikkje klarte meir. Kua vart sett inn i eit sel, mens drifta gjekk vidare gjennom skaret. Tor Sværen køyrde då opp med hest og slede og henta kua. Sjølv om det var tre dagar etter jonsok, kunne han køyra heilt fram til Torsnesstølen. Han klarte å få kua ned til Sværen, men kua døde like etter. Ein vinter før ein handelskar frå Aurland nordover for å kjøpa inn beist. Dei høyrde ikkje meir til mannen, og folk i Sværefjorden trudde han var røva. Handelskarane bar ofte med seg mykje pengar. Våren etter fann dei mannen i elva. Han hadde vorten teken av eit snøras. Pengane og mappa hans låg ved sida av han. Då vegsambandet over til Vadheim kom, og seinare over Gaularfjellet, minka ferdsla over Sværeskaret. Den gamle vegen vart til nedfalls. Sommaren 1976 skipa bygdefolket i Sværen og på Torsnes, til dugnad for å få den gamle vegen sett i stand og i dag er stien merka og relativt god å ta seg fram på. Gjennom urene er det rydda ein sti, men verforholda med mykje snø og ras, gjer at stien stadig må vedlikehaldast.

Frå Fra Hallingskeid til Nordfjord i driftekaranes fotefar av Fridjov Isaksen:

Sværen var den kjende møtestad. Derifrå vart driftene førde med storbåtar til dei ymse stader der dei skulle fram. Det mest vanlege var til Vik, Salthella i Aurland og Lærdal. Nokre av driftene kom til Vetlefjorden. Haukedalen hadde sjøvegen sin om Gaularfjellet, og dei hadde nausta sine i Ulvestad-fjøra.

Det lå alltid snø i selve skardet på den tid driftene tok seg ned her, så de måtte få med seg kjentfolk fra Sværen for å kunne holde rett vei. Det gjaldt å vite hvor snøen lå trygg, uten rennende vann innunder. Til Sværen kom de oftest ved 5-6 tiden om morgenen, og brukte altså natta, da snøen lå fastest, til å passere selve skaret. Ved Sværen ble så driftene liggende hele den dagen; utpå kvelden begynte lastingen. Like øst for Sværen-gårdene er en vik som kalles Øyrskriviki eller Lasteviki. Her la storebåtene til ved en liten berghammer i stranden. (Lastehammeren etter Toralf Sværen). Like etter midnatt dro de av sted ut fjorden, og kunne da nytte bretrekken utover morgensiden. Værtypen er her som ellers i Norge nokså stabil i godvær på forsommeren. Om natten og i morgentimene blåser det fralandsvind ut fjorden, om dagen kommer havgula den motsatte vei. Dette regelmessige skiftet benyttet fehandlerne seg av. Det var også et hårdt slit med jektene om børen ikke var god. Storebåten hadde råseil og årer. Ble de nødt til å ta årene til hjelp, måtte en ro foran i "skibåten" og slepe. En annen sto bak på vengen (Storebåten hadde en veng akterut med liggeplass for 2 mann. Der er ingen storebåter igjen i Sogn nu lenger.) og rodde med en svær åre, 7-8 alner lang, samtidig med at

han passet roret. Denne måten å ta seg fram på kalles i Sogn å "båts-ro". Sværeskaret har gjennom århundrer vært den viktigste vei til Sunnfjordbygdene fra midtre Sogn. I 1877 kom to fehandlere fra Uvdal i Numedal med en fedrift over her. Dette var et svært snøår. Da de kom til Torsnesstølen, var det en ku som ikke kunne mer. Kua ble satt inn i et sel, mens driften ble ført over skaret. Trong Sværen kjørte da opp med hest og slede og hentet ned kua, og enda det var tre dager etter jonsok, kunne han kjøre helt frem til Torsnesstølen. Han klarte å få kua ned til Sværen, men slitet var spilt. Den døde litt etter.

Torsnesstølen hører til Torsnes gårdene på neset mellom Sværefjorden og Vetleffjorden. Tidligere skal det ha vært støl for Sværen. Det fortelles om en Brita fra Sværen, som i sagnet er blitt hetende Helvetes-Brita, at hun engang mistet tre risbitar (årgammel bukk), mens hun satt på stølen her oppe. Hun fant dem igjen oppe i en grønn dal, som hun ble så inntatt i at hun fikk Sværenfolket til å flytte stølen dit opp. Etter disse "risbiterne" er den nye stølen blitt hetende Risbotn, mener folk i bygden. Det er en riktig god støl; men Brita hun fikk sitt klengenavn fordi hun skaffet sværengårdene så meget lengre og tyngre stølsveg. Det er fem timers gange opp til Risbotn.

Hugleik Mogensson Tungøyane

Hugleik Mogensson Tungøyane ætta frå Audun Hugleikson i Nordfjord. Audun Hugleikson vart heidra med baronrang i 1277 for dei store tenestene han gjorde folk og land. Første søndag i advent 1302 ble baron, fehirde og stallar Audun Hugleiksson avretta ved hending på "Katten" på Nordnes. Mange har seinare prøvd å gje ei god forklaring på dødsdommen. Audun fell i unåde hos den nye kongen, Håkon Magnusson, og han gav fremste rådgjevaren til bror sin og far sin, dødsdommen.

Nils Husetuft skriv:

Hugleik Mogensson Tungøyane i Oldedalen i Stryn, høyrer til dei menn som fekk prøva mykje. Han var fødd kring 1650. Faren heitte Mogens Rasmusson, og var gift med Sigrid Hugleiksdotter. At dei åtte ½ laup i Bødal er godt prov for ættesambandet. Hugleik vart brukar i Tungøyane etter far sin.

I 1695 brann alle husa på garden. Det fanst ikkje trygd i den tida, og tapet var tungt for Hugleik. Han var leiglending hjå ei pengesterk embetsætt (presten Schreuder i Innvik), og kravet var at han skulle byggja garden opp att. Lagmann Knag dømde at dette var leiglendingen sin skyldnad.

Korleis skulle Hugleik greia det? Tømmerskog fanst ikkje i Olden, so byggevyrke måtte hentast lange vegar. Han kjøpte då ei gamal sengebu og reiste denne på stovetufta. Men dei husa han fekk opp, vart ikkje godtekne, og han vart dømd til å leggja åbot. Soleis var livskåra for leiglendingar i dansketida. Orda åt gamle Sunnfjord-skrivaren, Hans Arentz, kjem oss i minnet: «Det er aldeles ikke billigt, at Bondens Slæb og Trælen skal blot og allene opofres for de andre Stænders Vellyst og Overdådighed.»

På mange gardar var det store naturkatastrofar, men bøndene fekk ikkje avslag i utreidslene. Til å greia opp i eige tilhøve og som målsmann for andre gjorde Hugleik Mogensson to ferder til Kjøbenhavn. Siste gongen var det i 1702, og då var Ola Kvame med. Dei kom då att med kongebrev om gransking av skadar på 36 gardar i Olden og Stryn. Brevet gav dei til «Stiftsbefaringsmanden» i Bergen 23. juli 1702, og då vart det annan dans for embetsmennene som hadde lagt bort alle klagemåla.

Frå Bergen la dei to bøndene heimvegen om Voss og Vik, og dei tenkte seg vidare til Haukedalen, Myklebost og Stardalen og so over Oldeskaret. Men då dei hadde greitt Sværeskaret, møtte dei snøstorm på Gaularfjellet endå det var sumardag. Utmødde leita dei livd attmed ein stor stein, sovna og fraus i hel. Folk fann beingrindane.

Her enda då lidings saga åt ein av ættingane etter Audun Hugleikson. I ettermålet ber mannen blank skjold. Han hadde pågangsmodet åt ætta, og han hadde nok og ervt mykje av den politiske evna åt ættfaren. Det er til stor heider for han at han nytta evnene sine til å hjelpa trælka bønder til rett og til lettare livskår.

Svære naturulukker har så ofte råka gardar og grender i Indre Nordfjord. 12. des. 1743 gjorde ein flaum reint bord i Tungøyane. Hus og innbu, folk og krøter, alt vart sopa på elva. Ved eit under vart ein dreng frå Mykløy og ein liten gut berga. Garden, som var ei av dei største i grenda, vart ikkje bygd opp att.

Merknad: Nokre opplysningar hjå Husetuft samsvarar ikkje med andre kjelder.

Balestrand II. Gards- og ættesoge:

Fanturi

Fanturi eller Sværauri, som ho og vert kalla, ligg på strondi mellom Sværen og Torsnes. Uri er om lag 300 meter lang frå sjøen og opp under fjellet og er skapt av stein som har rasa ut frå dei bratte fjellsidene. Oppover gjennom denne uri går det ein lang underjordisk gang. Inngangen var heilt nede ved sjøen og tilgjengeleg berre ved fjøra sjø. Denne inngangen vart øydelagd då den nye riksvegen kom.

Ei gamal segn fortel at fantar i Sværauri ein gong drap ei gjetarjente som drog forbi uri. Seinare braut fantane seg inn i eit stabbur i Sværen, og då vart dei tekne. Segni fortel at dei enda sine dagar på Veganeset. Er dette rett, må denne hendingi vera skjedd før midt på 1600-talet.

Det vert sagt at det står tre koparkjellar inni kvarandre i uri. Den minste er full av pengar. Men over kjelane skal det stå ein hund å vakta på dei. Eldre har prøvd å finna denne skatten, men har ikkje lukkast til no.

Driftevegen over Sværaskaret

Den gamle ferdslvegen over det indre Vestlandet gjekk gjennom Sværaskaret. Etter gamalt hadde driftene beiterett i 3 dagar på Torsnesstølen og 2 dagar nede i Sværen. Dei fyrste driftene kom gjerne ved jonsoktider, og ferdsla varte 2-3 veker kvart år. Det hende det samla seg so mykje driftebeist i Sværen at nye drifter vart liggjande og venta på Mjellshaugen, Langestølen eller Torsnesstølen.

Frå Sværen skulle beisti fraktast til Vik, Aurland eller Lærdal. Karane tinga seg driftebåtar. Lars Dale (Margreta-Lars) hadde båt som tok om lag 35-40 heist. Endre Torsnes sin båt kunne lasta 40 beist og Skåsheimsbåten 35.

Ofte kom det skøyter frå andre bygder. «Lærdal» (FSF) kunne ta opp til 7 båtar på slep. «Lærdal» vart og lasta med driftebeist. Beisti vart tekne om bord i Lasteviki i Sværen eller i Øyeskredviki. Staden der båtane la til i Lasteviki, heitte Lastehammaren. Der var fjorden djup, og «Lærdal» kunne leggja heilt inn til land. Riksvegen øydelagde denne lasteplassen. Når driftekarane kom til Sværen, lova dei gjerne ungene skillingar om dei ville hjelpa dei å jaga på dyri so dei fekk dei om bord i båten. Når arbeidet var gjort, hende det nok diverre at driftekarane kunne gløyma slike lovnader. Ikkje alle var slik, men dette førte dårleg ty på driftekarane.

Driftene vart som oftast lasta inn om natti. Det vart gjort fordi dei ville nytta dagen til turen. Like før århundreskiftet var frakti frå Sværen til Aurland ei krone for kvart beist.

Når båtane møtte motvind, vart dyri trøytt og svoltne. Då stogga dei og sette dyri på land. Det kunne skje i Njøsaholten eller i Borlaugskroken.

Vegen ned frå Sværaskaret var vanskeleg fleire stader. Han kunne vera so trong at berre eitt beist kunne passera om gongen. Om lag midt i skaret var Idlasvaet. Det var eit sleipt og skrått

sva. Det hende beist gleid utfor her og miste livet. Folk slo jamholtar i berget og la ein stukk over for å førebyggja slike ulukker.

Nær bøgarden i Sværen ligg Lusagrovi. Det er ei liti oppkome som aldri turkar inn. Der kvilte ferdafolk frå Sunnfjord, og dei skifte gjerne klede. Dei ville koma velflidde til gards.

Ved Sokkasteinen tok folk av seg sokkane og kom berrfotte ned til Sværen.

Eirik Nordnes frå Norane i Sogndal var den siste som kom ned Sværaskaret med fedrift. Det var i 1906 eller 1907.

Vegen gjennom Sværaskaret – ikkje berre drifteveg.

Vegen gjennom Sværaskaret var godt vegval for andre enn driftekarane. På Torsnestølen var det påbod om at døra ikkje skulle vera låst om vinteren og det skulle vera ved og sengeklede.

Vegen var rekna som heilårsveg.

Vinterstid kunne sunnfjordingar koma til Sværen på grisehandel. Dei for kring på gardane og kjøpte seg smågrisar. Grisungane bar dei heim att i sekker.

På etterjulsvinteren, kring kyndelsmesse, drog folk opp Sværaskaret. Dei skulle nordover på handel. Sunnfjordingar kom og over skaret om vinteren og handla fisk og sild.

Sværafjordingane handla mykje på Bøtun sin butikk på Ulvestad. Seinare kom handel på Farnes. Garden bar hatt bytesamband med Ytre Sogn. I 1930-, 40- og 50 - åri kom ein fiskar frå Kolgrov årvisst med brosm, sild og rispesalt, og tok med seg poteter frå Sværen. Audun Hugleikson hadde båtnaust i Sværen.

Sværen har og hatt mykje samkvem med Sunnfjord. Mange tenarar og tenestejenter kom frå Sunnfjord til Sværen. Det har og vore handels- og bytesamkvem over Sværaskaret.

I gravferd og bryllaup høyrde Sværen saman med Farnes, Dale, Torsnes og Menes. Ein mann drog ikring og bad inn. Denne skikken tok slutt i 1960. Etter den tid bad dei berre næraste familien og fadrar.

Då vegsambandet over til Vadheim kom, og seinare vegen over Gaularfjellet, minka ferdsla over Sværaskaret mykje. Den gamle vegen vart til nedfalls. Sommaren 1976 skipa bygdefolket i Sværen og på Torsnes til dugnad for å få den gamle vegen sett i stand og farande på nytt.

Ymse frå Torsnesstølen

Anders Johannesson Torsnes, husmann på Torsnes, fortalde i si tid til Ola Endreson Torsnes ymse hende som han hadde høyrte frå stølstidi på Torsnesstølen. Eldre folk hadde fortalt han at kring 100 år før deira tid hadde eit stort fantefylgje lagt seg til på Torsnesstølen. Dei heldt til der i lengre tid og herja på ymse vis til stor skrekk for budeiene. Dei tok det dei ville av stølsprodukt, og det hende dei slakta av buskapen.

Ein dag mangla mange av geitene, og budeiene bad fantane om lov til å gå å leita etter geitene. På denne turen fekk ei budeia høve til å varsla folk heime på garden om at dei og buskapen var i stor fare. Det vert fortalt at budeia bles i lur frå Kabusa, ein stor knaus øvst i Sværaskaret. Frå stølen til Kabusa er det ein halv times snøgg gonge. Frå Sværen til Kabusa er det ein og ein halv time snøgg gonge. Då bøndene i Sværefjorden fekk høyra faresignalet frå Kabusa, drog dei med hestar og godt væpna til stølen for å fanga eller jaga fantane. På denne tid hadde både Sværen og Torsnes støl på Torsnesstølen.

Fantane gav seg over utan nemnande kamp. Mennene vart bakkbundne og festa til salane på hestane med reip. Frå stølen og opp til Varden er det 600 meter motbakke. Her nytta fantane alle høve til å spennast imot stein og tubber, men dei måtte fylgja med til toppen der varden står. Turen gjekk vidare heim klyvjevegen til Sværen. Derifrå vart fantane sende med båt til lensmannen.

Seinare fekk dei og vanskar med fantefylgje på Torsnesstølen. Vegen mellom Sunnfjord og Sogn gjekk forbi stølen. Den gongen fekk og budeiene varsla, og folk kom mannsterke for å

jaga dei vekk. Då bygdefolket kom til Varamyrane nær Varden, hadde fantane slege leir der. Dei drog då friviljug ned til Sværen og vidare frå bygd til bygd på sitt vis. I det fylgjet var det over 30 personar med menn, kvinner og barn.

Det knyter seg ymse segner til stølen og områdi ikring. Ein vinter for ein handelskar frå Aurland nordetter for å kjøpa inn beist. Dei høyrde ikkje meir mannen, og folk i Sværefjorden trudde han var røva. Handelskarane bar ofte med seg mykje pengar. Våren etter fann dei mannen i elvi. Han hadde vorte teken av eit ras. Pengane hans og mappa låg ved sida av han. Hagleik Tungøen, som det står minnestøtte over i Sværeskaret, fann dei død på ei tuve ved osen på Skaravatnet. Tor Sværen og Nils Sværen kom der med kløv. Tor sette seg ned og sa: «Her var det at ein mann sat død.»

Barbrasva ved Skaravatnet har namn etter ei budeie som heitte Barbra. Ho for på vatnet og drukna. Dette var om lag 100 meter frå der Tungøen sat.

I Lonevatnet ved Torsnesstølen er det utrygg is i osen. Etter segni kom to mann bort der. Folk frå Torsnes kløvja ofte halve vegen kvelden før dei skulle buføra. Veggjasteinen var halve vegen Torsnes Torsnesstølen. Der er det ein stor heller der dei sette kløvi.

Det var gamal skikk at seli på Torsnesstølen ikkje skulle låsast. Folk som ferdast, kunne ta inn om dei måtte. Tømmeret til seli skal vera hogge på haugane kring stølen. Husmannen Anders Kvina fortalde at det var hogge om lag kring midten av 1600-talet.

Ved Torsnesstølen er det ein fin haug som heiter Sværahaugen. Der er det hus murar, og etter segni hadde Sværen støl her før dei byna å støla i Risbotn.

Om lag 300 meter aust for Torsnesstølen er det ein fin botn med gamle husmurar og fine beite. Staden heiter Tuftabotn.

På høgdi ved vasskiljet mellom Sogn og Sunnfjord er det ein varde. Han var opphavleg 2,5 meter høg.

Ingvald Eiken og Henrik Torsnes fann reinshorn på Illebakkeggi mellom Skaravatnet og Risbotn i 1933. Den sommaren var svært varm, og snøfennene tinte bort meir enn vanleg. I Indre Sogn var det ei tid lite mat for reinsdrifter. Da kom det rein hit, og dei vart drivne opp Sværeskaret. Hans Øyri hadde vore med å driva rein kring 1820.

Tvers over frå Torsnes, på den andre sida av Vettlefjorden, var det i 1950-åri synleg ei gamal jektekvelve av tømmer. Ho vart nytta til jekter og større båtar når desse skulle pussast og tjørebredast. Dei kvelvde jektene på det viset at dregger med lange tog i var festa i rekkja eller ripi på fartøyet på den sida som vende mot kvelvet. Dei hadde og festa tog oppover mot toppen av masti. Mannsterk dugnadshjelp drog so i togi til fartøyet kvelvde mot kvelveplassen og vart hala inn på denne på flod sjø.

Frå Gaularsoga III.):

Fisk på Gaularfjellet.

På Torsnesstølen på Gaularfjellet er det fine fiskevatn og -elvar. Det var lærarane Erling og Knut Torsnes som i si tid tinga fiskeyngel. Yngelen kom med rute-båten til Farnes. Henrik, Johan og Sigurd, sønene til Ola E. Torsnes, tok imot yngelen. Dei hadde mange spann å ha fisken i. Dei rodde fyrst til Dalselvi der dei bytte vatn. Det same gjorde dei i Sværaelvi. I Sværen stod Ola E. Torsnes med 2 øykjer og Andreas E. Torsnes med ein øyk. Dei kløvja no fisken oppover mot Sværeskaret. Vatn bytte dei kvar time. Då dei kom til Skaravatnet, sleppte dei noko av yngelen. Resten sleppte dei i Sauetrei, Lonevatnet og Holmevatnet. Det synt seg at fisken greidde turen godt og fann seg til rettes på dei nye stadene. Etter nokre år var det fin fisk i desse vatni. Turen med yngel skjedde i 1902.

Frå A. Skåsheim: **Driftehandlar frå Balestrand:**

Ein stor driftehandlar i Sogn var Peder Aslakson Tune, f. 1794, gift med Ingrid Olsdtr. Brekke, og busett på Frivik i Balestrand. skriv om han i *Det gamle samband mellem Austland og Vestland*, Historielaget for Sogn nr. 19, 1958:

*Fram til midten av 1800 talet var driftehandel visseleg driven på same måte som hadde vore vanleg frå den tid slik handel tok til. Alt var tilmåta etter vilkår for samferdsla og levekår for folket. Det var mange vanskar å stridast med, og det gjekk seint med framgangen. Men det var ei ny tid som då tok til å banka på. I England hadde dei funne upp dampmaskina, som vart ein god tenar for mannaætti. Nye vegar vart bygde, og nye dampbåtlag vart skipa. Dette gav ein tryggare og betre vokstergrunn både for handel og samferdsla. I Sogn og Fjordane tok Nordre Bergenhus Amts Dampskibsskibe til med si ferdsla 1858. Det vart upptak til det store tidarskifte på mange måtar. På den tid var Peder Aslakson Frivik (1794-1861), Kyrkjebø, ein av dei største driftehandlarar i Sogn. Han var av stor bondeætt på Tune i Ortnevik, og han var gift med Ingrid Olsdotter Brekke frå Vik. *(Ættebok frå Kyrkjebø) Den 7. juli 1919 var eg i Frivik på samlarferd. Minni um Peder Aslakson var då levande på garden, og det var lett å skyna at hans minne vart halde høgt. Han var mykje i lag med fehandlaren Eirik Sivle frå Stalheim. Sivle var og ein stor handelskar, og han var dugande å dikta visor. Driftene sine kjøpte dei vanleg i Hornindal, og dei hadde jamnast 100 fenadbeist og 60 hestar kvar. Fekk dei ikkje kjøpa det dei vilde i Hornindal kjøpte dei resten i Indre Nordfjord. Dei sanko i Hornindal, og dei dreiv til Randebygda eller Faleide. Driftekarane skjenkte brennevin på sankestaden, og det var vanleg at dei hadde eit anker brennevin kvar. Frå Hopland eller Faleide hadde dei driftebåt um fjorden til Utvik. Derifrå dreiv dei um Breim, Jølster, Haukedal og Mjell til Sværen. Etter at vegar vart bygde dreiv dei og til Vadheim. Derifrå førde dei driftene på jekt til Vik. Dei dreiv um Vikafjellet Langedalen til Raundalen, kom fram ved Uppsete og for Gangdalen til Vossaskavlen. - Fårlegaste vegen var Kaldevasskleivane mellom Vossaskavlen og før dei kom til Hallingskeid. Størst bal hadde dei med driftene då kyrne tok til å skina. Det var verst då dei dreiv gjenom Sunnfjord. På Vikafjellet og Voss skina kyrne aldri so mykje.*

Av bonden på Torblå i Ulvik leigde dei hamnegang i Uksabotn. Det var hogt til fjells, men det var sers gode beite. - Det tok 4 vekor frå dei tok til å sanko i Hornindal til dei kom fram til sumarbeiti. Endå laut dei fara fort. Um haustane dreiv dei forbi Haugastøl og ut fjellet til Eggedal og gjenom Sigdal til Modum. -Ei av dei mest minnerike hendingar Peder Aslaksen hadde upplevt var at nokre hestar hadde skilt seg frå drifti. Ein uversdag i september var han på leiting etter hestane ved Hallingskarvet. Der myrkna han ute um kvelden, og han laut leggja seg under ein stein. Det var hardt uver, og han fraus. Men han var so trøytt at det var ilit å halda seg vaken. Han var um og sovna. Då hørde han skile at det på numedalsmål tri gonge vart ropt namnet sitt. Han stod då upp og greidde seinare å halda seg vaken um natti. Han hadde sjølv sagt at det var truleg han hadde frose i hel den natti um han hadde sovna under steinen. Han trudde det var ei røyst frå Gud som hadde halde han vaken, og han kjende seg mykje takksam for det. Um morgonen hadde han kjent seg trøytt. Han var våt til skinnet, og han fraus illt. Men han vart ikkje sjuk av det.

Peder Aslaksen dreiv mest som driftekar frå 1840 til 1858. Frivik kjøpte han 1859. Då kom det nye vegar, og Fylkesbåtane tok til med si ruteferdsla. Det kom stort umskifte i driftehandelen, avdi ferdene vart so mykje onnorleis enn dei hadde vore fram til den tid.

Frå Landet og Folket, Sværen, av Olav Hoprekstad i Norske bygder, bind IV, Sogn:

I 1847 kom det framlegg til fylkestinget om ein kunne arbeide fram køyreveg frå Gaularfjell til Sværen. Handelsambandet mellom Sunnfjord og Sogn og Nordfjord hadde i dei seinare år tiltaget i særdeles grad. Handelskarar frå Sogn kjøpte "Årligen mange hundrede heste og kreaturer. Formedelst den lange og besværlige og kostbare transport, der for en stor del

foregaaer over Vadheim, og derfra søværts ind til Sogn, sælges quæget i Sønd- og Nordfjord til en pris, langt under hvad der betales i Sogn. Men soleis som vegen over Sværaskardet "for tiden er beskaffen, er den forbunden med megen fare under transporten, og tab ere almindelige", skriv dei to veginspektørane Fasting og Muller.

Andre driftehandlarar i Balestrand

Markus Sjurson Hove (Frå Pridlao)

Markus Sjurson Hove, Haoa-Markus, (1809-1897) ætta frå Vik. Han gifta seg i 1839 med Gjøa Andersdotter Åfet, og dei busette seg i Fresvik der dei fekk tre born. I 1844 flytta dei til Kyrkjebø og 6 år seinare til Ulvestad i Balestrand der blei livet ut. Markus var ein kjend kyra- og hestehandlar før han busette seg på Ulvestad. "Ein gong lasta Markus storbåten sin med 13 kyr og ein hest og skulle gå Aurlandsfjella med dei. Dette var om sommaren. "Ved Indre Borlaug-landet kolsigldede dei og alle kyrne drukna. Men hesten fekk dei skore laus, og han sumde i land og vart berga. På dette belet låg Markus i forhandlingar om kjøp av Øvre Thune i Ortnevik. Og denne felasti skulle liksom vera med å finansiera dette gardakjøpet. Ved hjelp av gode grannar, kjøpte han no 14 kyr, og låg med desse saman med Store-Bøyen og ein aurlending og hesten i aurlandsfjelli om sumaren. Hest måtte dei ha til å kløvja salt til beisti og ting som dei måtte ha i felegri." . "Ut på hausten , då dei skulle austover for å selja driftene sine, kom dei ein dag ut for ein ukjura av ein halling. Etter å ha jaga han frå legeret, sa Markus då dei skulle leggja seg om kvelden: "Du får liggja fremst du Sjur og ta imot, han kjem vel att denne hallingen". Til det svara Store-Bøyen: "Ågudkje han vilde no koma dao". Så la dei seg og skulle sova, om litt kom det frå Store-Bøyen: " Du Markus, trur du eg skal ta av meg bundlingsvettedn?". Bubdlingsvetter var nokre sær store vottar som dei brukte utanpå vanlege vottar og med band om halsen."

Markus hadde ein god gard på Ulvestad. Han sådde 12 tønner blandakorn og hausta 45-50 tønner. Potetavlinga var 40-45 tønner og utsæden var seks tønner. Buskapen på Ulvestad var to vaksne hestar, ein unghest, 20 kyr, ti ungbeist og 50 sauer. I tillegg kunne dei hogga to mål åreved og 12 mål bjørkeved."

Nils Sjurson Åfedt.

Ein annan hestehandlar frå Vik var Nils Sjurson Åfedt 1832-1874. Han var frå Feios og i 1862 gifte han seg med Sigrid Torsdotter Sværen. Ho og ætta frå Feios, men foreldra hennar kjøpte seg gard i Sværen i 1845, då Sigrid var 10 år. Nils døydde berre 42 år gammal. Han døydde av skader etter ein driftetur austover i 1874.



Nils Åfedt Sværen (1832-1874). Haoa-Nils, var frå Feios, men kjøpte gard i Sværen i 1863. I høgre handi har han ei svipe som vart kalla Oksepeis. Oksepeis var laga av penis frå okse. Det vart sett på som eit statussymbol. Dei som hadde ein slik var verkeleg stor kar. Her i Sogn vart det sagt at berre to personar hadde slik oksepeis i flg. Toralf Sværen. Dette var nok ein grunn til at oksepeisen måtte vera med når det skulle takast bilete. Då Nils døydde fekk kona ei hard tid. "Styggavåren" 1877 måtte huslyden ty til borkabrød. Året etter gifta Sigrid seg opp att. (Foto frå Jol i Sogn, 1995)

VIK KOMMUNE

VOSS KOMMUNE, HORDALAND




DRIFTEVEGEN OVER VIKAFJELLET




Viki Sogn 03.06.01 - G. Engan

DRIFTEVEGEN OVER VIKAFJELL

Kartet viser fyrste del av etappen over Vikafjell til Mørkdalen. Ruta følger lina som på kartet er merkt 21, fram til Vik turlag si hytte på Målset. Målset var eit knutepunkt for gamle ferselsvegar. (Turkart for Vik kommune 2002, 1: 50 000)



Driftevegen gjennom tettstaden Vik



Gamlevegen til Bødalen vart bygd i 1820-åri. Vegen byrja ved Prestgarden og gjekk opp gjennom Hopperstadtunet, Vetle-Skjørvo, Hatlekolo, Halvardhaugen mot Trytistunet, vidare opp Perlegota, mellom eigedomane Tryti og Årestrup og over Ellendhaugen. Hovudvegen gjekk vidare nær elvi. Vegen gjekk opp brattaste bakkane, hard stigning var dei ikkje redde for. Perlegota fekk namnet sitt etter ei kone frå Voss som vart kalla Perlao. Ho budde i ei stove rett ved denne gota. (Pridlao nr. 2, 2000) (Turkart for Vik kommune 2002, 1:50 000)


Status for Driftevegen som tursti i dag

Frå Prestgarden via Hopperstad til Tryti fylgjer vegen i dag omlag same trasé som den gamle ferdseksvegen. Andre stader er delar av den gamle driftevegen og almenne ferdseksvegen gjennom tettstaden Vik borte, mellom anna Perlegóta og vegen over Ellendhaugen mellom Tryti og Brekka. Her gjekk Gamlevegen vest for den kraftige streken på kartet. Ved skulehuset i Bø kryssa han truleg elva og heldt austsida av elva vidare opp dalen mot Kålsete. Gamlevegen mellom Tryti og Brekka finn ein altså ikkje att i dag, men gamlebrua i Bø ligg der.

Beste alternativ vert lina som på kartet er merka med kraftig svart line. Frå Tryti kan ein gå over elva Hopra ved Trytisbrua og fylgja den nyare skogsvegen frå Trytisbrua opp langs austsida av elva, til Brekka. Frå Brekka kjem ein so inn på gamlevegen igjen som går forbi gardane Skogen og Myrane. Mellom Myrane og Tistel lyt ein fylgje RV 13 og grusvegen vidare frå Tistel til skianlegget på Kålsete. Ved brua over Tverrelvi ved Krekane begynner stien som er mykje brukt og lett å fylgja. Ein del vegvisarar er plasserte langs stien frå Tverrelva.

Dersom ein i dag vil gå minst mogeleg på traffikert veg frå Vik sentrum til Kålsete, er dette eit godt alternativ. Denne vegen kan merkast som alternativ/tilførsleveg til Driftevegen. til Kålsete. Frå Kålsete til Målsethytta, som Vik turlag eig, må ein rekna ca. 2-3 timar. Hytta skal setjast i stand og nyttast som turlagshytte for fjellfolk. Mellom Målsethytta og Hestavollen lyt ein ta ei avgjersle på kvar ein skal leggja Driftevegen. I dag kan ein gå på bilveg heile dette stykket.

Kartet syner andre del av etappen over Vikafjell, frå Kraken og Målsethytta til Mørkdalen. Ruta fylgjer lina som er merkt 25 på kartet, over fylkes- og kommunegrensa til Voss i Hordaland. (Turkart for Vik kommune 2002, 1:50 000)



Då vert det totalt 3,5 km, grusveg frå Målsethytta opp til RV 13, og asfaltveg på RV 13 til Hestavollen. Alternativt kan ein leggja Driftevegen langs austsida av Målsetvatnet eller i skråninga ovanfor. Då kan ein truleg gå i terrenget heilt til Hestavollen. Skal ein gå heile Driftevegen frå Vik til Hola tek det omlag 5-7 timar å gå frå Kålsete. Det er god sti heile vegen og det er ikkje mykje som lyt gjerast korkje med opprusting eller vedlikehald. Det er oppsett ein del skilt og vegvisarar langs ruta, men namnet Driftevegen er ikkje nytta.

Då eg gjekk den gamle ferdslevegen var det ikkje noko skilt ved Hestavatnet, der stien til Sendedalen og vidare til Eksingedalen tek av. Der var det lett å ta feil veg og der lyt ein setja opp skilt sjølv om delar av Driftevegen var merka med raude T-ar. Fundamenta for stolpane etter den nedrivne telegraflina sto att som varder langs store delar av stien. Dessa fungerer også som vegvisarar på sitt vis.

FORSLAG TIL TILTAK

Statussamandrag

Det er ingen større mangler ved ferdselsvegen slik han står fram i dag. Stien er god å ferdast på med ryddig trasé og merking langs ruta. Skiltinga av ruta er i dag god, men det er ikkje sett opp skilt med logo eller namn på Driftevegen. Einaste staden der Driftevegen passerer eit gjerde er på Kålsete. Her er det oppsett ei særns solid og god grind som er lett å nytta under alle slags forhold.

Vik turlag har i sitt turprogram teke med tur på Driftevegen og knyter dette opp til eit større arrangement kring temaet.

Vik Turlag disponerer i dag Målsethytta. Denne går inn i DNT sitt hyttetilbod etter ei omfattande opprustning i 2003/2004. Hytta vert då eit fullgodt overnattings- og rasteplassstilbod for turgåarar som til dømes vil gå Driftevegen mellom Vik og Voss.

Skilting

- Det lyt stå retningskilt med namn og logo til Driftevegen ved RV 13 ved Hola, Hestavollen, Målsethytta og på Tistel.
- Ved parkeringsplassar som kan vera naturleg å nytta i samband med ferdsel på Driftevegen, til dømes på Kålsete, lyt ein ha tilvisingskilt med namn og logo.
- Alle stader der stien deler seg lyt ein ha retningsvisarar med Drifteveglogo, evt. namnet på vegen.
- Ein lyt vurderer om ein ynskjer skilt ved ulike fiskevatn, Vetlegrungen, Grungjagjelet, Kvasdalen m.m. I det høve lyt ein innleia eit samarbeid med Voss kommune, då Driftevegen kryssar fylkes- og kommunegrensa midt mellom Hestavatnet og Buforvatnet.

Informasjonstavler

- Informasjonstavler hadde vore ein føremon å ha alle stadar der ein kan koma til vegen, dvs. ved parkeringsplassen på Kålsete/Tistel, på Målsete, ved Hestavollen, i Hola.
- I tillegg lyt ein ha ei informasjonstavle sentralt i Vik sentrum som fortel om ferdsla og syner til vegane gjennom Vik sentrum som framleis er å finna.
- Varding av vegen. Nokre av dei gamle vardane er i god stand og fyller den funksjonen dei ein gong hadde. Dersom ein ynskjer å gjera vardinga komplett er det gode tilhøve for det i dette området. Her har ein både kulturmark, skog og høgfjell representert på ei dags ferd.

Rydding av sti

- Frå Målsethytta til Hestavollen er den gamle driftevegen forsvunnen med oppdemming av Målsetvatnet. Her lyt ein rydda og merka ein ny alternativ ferdselsveg.

Marknadsføring

- Stien lyt ved revisjon av turkartet omtalast som *Driftevegen*. Ein lyt også leggja inn noko informasjon om kva som ligg i dette omgrepet.
- Ein kan laga ein foldar med lokal informasjon om, og oversiktskart over, Driftevegen. Denne lyt ein leggja fram på turistkontor, overnattingsstader m.m. der vitjande i kommunen ferdast.

Turisme

- I Vik ligg det godt til rettes for å arrangera guida turar for fotturistar i Driftevegen.
- Det skulle også liggja til rettes for å gje tilbod om "driftetur" med hest. Vik ride- og køyreklubb ligg på kommunalt område midt i Vik Sentrum. Stall Berdal i Feios har drive

med opplevingsturar på hesteryggen i fleire år. I tillegg er det stor ålmenn interesse for hestehald i bygda. Med samarbeid burde det her vera moglegheiter.

- Målsethytta med overnattingstilbod er eit viktig moment med omsyn til bruk av Driftevegen. Målset er eit av knutepunkta for gamle ferdselsvegar på Vikafjell. Driftevegen fell dessutan naturleg inn i DNT sitt løypenett i området. Hytta koplar saman turområda i Stølsheimen, Vossafjella og på Hardangervidda.

Historie kring Driftevegen over Vikafjell

Driftene kom i båt frå Sværefjorden til Vik og vart sett i land på Vikjabukta rundt midten av juni. Dette var før vikjene buførde til fjellstølane. Fedriftene kom i *storebåtar*, ein mindre modell av sognejekta. Dei kunne ta 30-40 naut. Det vert sagt at dei vippa dyra over ripa med ein stokk framme og ein bak under vombi. Dyra sumde eller gjekk i land etter beste evne. Dette kan synast som ein hard medfart i vår tid, men nokon skikkeleg landgang for krøttera hadde dei ikkje den gongen. Då Fylkesbaatane tok over dyretransporten vart sjølvsagt lasting og lossing gjort på anna vis.

Det er vondt om beite på Vikøyri så driftene ble med en gang jaget in i dalen til heimestølene overfor de innerste gardene. En og annen fehandler var freidig nok til å drive bølingen inn på eksersisplassen på Vik, men dette skal være blitt mindre nådig opptatt. Man kan kanskje forestille seg eksersis hvor hundre kuer har gått og tråkket? (Fridjov Isachsen)



Vik i Sogn 03.06.01 - G. Engan

Han var tung og bratt, den gamle sjoarvegen til bødalingane, gjekk beint på, opp bratte reiner og lange bakkar, der han laga go`ter. Der var fint å sigla på kjelke. Finare go`ter til det bruk fanst ikkje. (Etter Olav Hoprekstad.)

(Foto: Grunde Engan 03.06.01, Bødalen frå Varpet.)

Dei tok vegen opp Bødalen til Kålsete. Der hadde dei avtale med grunneigarane om å få beita og grunneigarane fekk mjølka kyrne til takk.

Vidare fylgde driftene reievegen til Krekane, "Krikadne". Namnet kjem truleg av at vegen går i "krok og krik". Før Krekane ligg det eit vad over Hopra som heiter Grungavadet. Det er breitt og grunt. Namnet kjem av ordet "grunn". Enno lengre sørover, utom Nyastøl, ligg Gagnavadet. Ordet "gagn" kjem anten av gamalnorsk "gegn" som tyder "rett" eller "bein" eller av "gagn" som tyder "gagn" eller "nytte". Gagnavadet er kort og beint og kan vera farleg når elva er stor. (Synnøve Holstad)

I dag er det bru over Tverrelvi, som kjem ned frå Klype. Ei gong i gamle dagar braut ein myrkdøl av seg den eine foten der i Tverrelvi. Det var ut på vinteren, han kom med ei tung sildebør på ryggen og skulle over fjellet. "Hadde ikkje han gamle Jo Holstad vore der ute og køyrd høy den dagen, hadde nok myrkdølen lege daud der. Han Jo køyrde han heim til Tistel." (Olav Hoprekstad).



*På veg mot Dalbotn hadde driftekarane eit framifrå utsyn mot nord der dei kom frå. Vikjabukta midt på biletet til venstre. Til høgre: Inst i Dalbotnen.
(Foto: Linda Vibeke Holstad)*

Vegen vidare gjekk opp Dalbotn og Dalbotnbakkane, forbi Torvarden til Flatfjellet. Ein kunne sjå driftevegen som djupe far i snjofennene bort etter fjellet.



Oppe på Flatfjellet, på flatane vest for Sopande fjell, er det rester etter eit krypinn murt opp av stein. Namnet Sopande kjem av verbet å sopa, skreda som sopar alt føre seg, eller som kastar seg utfor. (Synnøve Holstad, hovudfag i stadnamn 1964) (Foto:Linda Vibeke Holstad)

Frå Flatfjellet var det lett tur vidare forbi varden Trombeslagaren og Kraken til Målset. Namnet Trombeslagaren har truleg med tamburane, trommeslagarane, i hæravdelinga, som var stasjonerte i Vik å gjera. Vik hadde lenge eksersisplass. I Myrkdalen går det enno segn og søge om kor festleg det var når tamburane kom marsjerande ned gjennom dalen. Det var ikkje so mykje musikk å høyra den gongen, slett ikkje hornmusikk. Soldatar og offiserar, tamburane, som dei sa, hadde både horn og trommer, og myrkdølene fór mann av huse for å høyra og sjå. Dei sa det her i Myrkdalen at når tamburane kom, spela del so det ljoma heile dalen nedover, og Helgelandstamburen spelte best. (Pridlao nr.2 1984)



Utsyn frå Flatfjellet. Varden Trombeslagaren ligg ved stien til venstre i biletet. Ferdselsvegen ber her fleire stader preg av å ha vore tilrettelagd for køyring med vogn. Midt i biletet ser me Målsetvatn og frå enden av vatnet går driftevegen opp Hestakleivi til høgre for Hestfjellet, midt i biletet i synsranda. (Foto:Linda Vibeke Holstad.)



Målsete slik stølen ligg i dag. Bak til venstre ligg Målsethytta. Stølsområdet i framkant er i dag tildels godt teken vare på av grunneigarane. Ein gong var det store planar om å byggja turisthotell på Målsete. I staden vart det ei meir moderat løysing i Målsethytta. (Foto:Linda Vibeke Holstad)

Målsete er truleg ein av dei eldste fjellstølane i Vik og driftene fann godt beite til dyra på dei store stølsvollane der. Målsete var eit knutepunkt for dei gamle ferdslevegane på Vikafjellet. Her gjekk ferdselsvegen frå Bødalen saman med vegen frå Ovrirdsdalen og Holstad (over Ovrirseggji). Det var varda opp veg til Stalheim over Kannalseggi og bort til Muravatnet (Storavatnet). Der gjekk og *kløvjeveg* til Grøndalen og Eksingedalen og sjølvsgat til Myrkdalen og Voss.

Namnet *Kraken* i lia nord for Målsete, kjem truleg av krake, eit krokut og herja tre. "Kraken med Gamlemannen" står det i ei reiseskildring, kva no det står for. No veks det mest einer, vier og lyng i Kraken. I gamal tid skal det ha vore furuskog der, seiast det. Ein bødaling skal ha hogge stovetømmeret sitt der og ei bu på Hopperstad var lafta av tømmer frå Kraken, vert det fortalt. Øvst i Kraken skal Brit-Las-Sjur, Sjur Helgeland, ha vore då han laga "Budeiene på Vikafjellet.

Her var det venleiken og stemninga denne fjellheimen er så rik på, fekk si utløyning i tonar. [...] Ut or Ovrivatnet eller Silkevatnet renn Fossa ut og ned i Målsetvatnet. "Ho er springdansen i "Budeiene". (Frå Bergen turlag si årbok, 1945.)



På kartet kan me fylgja den gamle vegen frå Vikjabukti, opp Bøadalen, forbi Tistel, Espeset, Kålset og Brekkestølen til Målset. Målset, eller Maolsete på dialekt, har truleg fått namnet sitt av at dei som støla lengst ute i fjellet, brukte å kvila og eta der. Kartet syner vasstanden og ferdselsvegane før Målsetvatnet vart demma opp. Driftene gjekk vidare på austsida av Målsetvatnet til Hestavollen. Truleg var det lettare å komme over elva der enn på vestsida. (Nordre Bergenshus Amt II. Fra 171 1919 Sogn og Fjordane Fylke II. Utgivet af den geografiske Opmaaling, 1874. Revidert i marken i 1915. Veinettet ajourført 1942.)



Frå Hestavollen gjekk dei opp Hestakleivi og vidare langs Hestavatnet og Frileinene ved foten av Høgeggi. På Hestavollen kjem elva Hestavolla gjennom Hestagjelet og ned Hestakleivi. I hestakleivi er det ein heller som kunne gje ly for veret når det sto hardt på. (Foto:Linda Vibeke Holstad.)


Det vert hevda at det var stor marknadsstad på Hestavollen i gamal tid. Det var ein møteplass der folk kom med hestar og anna kreatur via Dale i Arnafjord, frå Refsdal og Ovridd. Der kom dei frå Eksingedalen, Myrkdalen og andre Vossabygder, frå Arnafjord, Vik og andre Sognebygder "med hest og fe og onnor handelsvara, bytte med kvarandre, tretta og slost eller gjorde opp gamalt på andre måtar, fria og fekk til nye samband med kvarandre, segjer segnene hjå gamle folk i Vik. At det hev vore store hestastemnor der, det tyder då og dei mange hestamamni på. Hestavollen er ven og romsleg og måtte vera ein grei stad å møtast på. Om lag midtjells er det og. Det er enno far etter mykje vegjer til og frå.

(Olav Hoprekstad.)

Om Beint i Bø er det ei historie frå Hestavollen. Ein haust han hadde vore på rjupejakt i fjellet, møtte han ein bjørn på Hestavollen. Beint spurde bjørnen om dei skulle ta ryggtak, og det hadde ikkje bjørnen noko i mot. Beint gjekk fyrst i bakken.. Dei tok taket opp att, men Beint laut i bakken ein gong til. Då sa han: "No ha du faott vunne tvo gaongje, no ve eg vinna ein". Bjørnen gjekk med på det. Då bjørnen låg under treiv han Beint slirekniven sin og stakk i hjarta på bjørnen. "Riddarleg kan ikkje han Beint i Bø ha vore, men det var visst ingen som fann åt han for det." (Olav Hoprekstad)



Vegen opp Hestakleivi var særst god før i tida. Framleis syner dei gamle vegmurane.. Øvst i skardet ser me ein syningsvarde. (FotoLinda Vibeke Holstad)



*Biletet er teken mot nord med utsyn ned Hestakleivi mot Hestavollen. Me ser detaljar frå ferdselsvegen opp kleiva. Mykje av vegen her går i steinete område, anten som sva eller lausmasse. Restane av dei oppmura vegane syner at her har det vore framkomeleg med vogn før i tida.
(Foto: L.V.Holstad)*

Ferdselsvegen mellom Vik og Mørkdalen var ikkje berre drifteveg. Når myrkdølene skulle kjøpa eit eller anna reiste dei like godt til Vik som til Evanger eller Vossevangen. Dei bar på ryggen når dei ikkje hadde øyk med seg, turrfisk, salt og sild dei fire milene. Sume vikjer som støla på vossasetrar, la utsvaret i salt, men det skulle då helst leverast på stovehella i Myrkdalen. Dei likte seg i Vik. Om hausten var der mykje eple, og i jula bra med øl. For 50-60 år sidan (ca. år 1900) fór ungdom i store flokkar over Vikafjellet ein dag eller to før Mikjelsmesse-helga. Då var det festing med dans og drikking i Vik. Dei var så vene og fint kledde mange av desse vossejentene. Vikjene var gjestfrie, seiast det, og når slektskap og venskap kom til, var det ikkje å undrast på at vessene vart godt mottekne. Det hende og at myrkdøler gjekk fjellet og "hyrte seg jol", som dei kalla det. Men då for dei helt til Arnaffjord, vikjene tok ikkje i mot slike julegjester. Prisen for eit 14 dagars opphald skulle vera ein spesiedalar.



*Biletet er teken øvst i Hestagjelet mot nord. Vegen frå Vik er teikna inn med svart strek.
(Foto:Linda Vibeke Holstad)*



Ettermiddag ved Frileinene. Vegen til Mørkdalen og Eksingedalen skiljest her. Hovuddriftevegen går til venstre for Høgevarden i horisonten, mens vegen til Eksingedalen går til høgre for fjelltoppen. (Foto: Linda Vibeke Holstad)

Aust for Hestavatnet og Hestakleivi ligg Hestfjellet. Alle namna med hest som forstaving her, syner attende til driftekarar og hestetransport frå vest til aust gjennom området. Frå Hestavatnet gjekk dei rett sørover, langs austsida av Buforevatnet på 1042 m o.h. Der låg det ofte is på vatnet til langt ut i juli. Frå Buforvatnet fylgde dei vassdraget ned til stølen Vetlegrungen og vidare ned Grungagjelet til Kvassdalen. Dette var kortaste vegen over Vikafjellet og det var viktig for driftekarane. *Ei dagsferd med drifti var omlag 5 mil*, skal fehandlar Andreas Berdal frå Feios ha sagt. Med slikt eit "reiseprogram" gjekk ein ikkje omvegar dersom ein ikkje var nøydd til det. Det skulle god støl og fin budeie til for å få desse karane på avvegar.



Buforvatnet til venstre. Elva frå vassenden, lengst bak i biletet, renn ned i Vetle Grungen til høgre. Vetle Grungen ligg i Voss kommune. (Foto: Linda Vibek Holstad)



*Stølshusa i Vetle Grungen. Fjellet bak stølen er Finnbufjellet. Vatna til venstre er Vetle grunge-vatna med utløp for elva Grunga som renn ned Grungagjelet til Kvasssdalen og vidare ned Myrkdalen. Grung er ei sideform til grunn. Både i Vetle Grungen og Store Grungen er det vad, som er breie og grunne, og det må vera det som har gjeve elva namn
(Foto: Torstein Hønsi)*

Stølen Grungen ligg på Vossastrand, men stølsfolket er bl.a. frå Hopperstad. Tidlegare var det stor handelstrafikk mellom Vossastrand og Vik. Vossastrand kunne ein rekna for ei fjellbygd som søkte til fjorden i Vik. Hopperstadfolket fekk stølsrett av Mørkve for to skjepper salt som Hopperstadfolket skulle reide over fjellet. Seinare blei saltet omgjort i pengar, 80 øre for kvar skjeppe. Seterproduksjonen her er ein heilt annan enn austpå. Gamalost krev mykje mindre ved enn geitosten. Ved var mangelvare så langt til fjells og transport av mykje ved var lite aktuelt. Det vart både tungt og langt.

Sommaren 1853 skulle ei fedrift over Vikafjellet til Myrkdalen, den vanligste lei. Dei for forbi Fosse der det var full stølsdrift. Då drifti var faren, sakna budeiene der ei kvige. To av dei la i veg etter drifti. Den eine budeia var den 20 år gamle Ingeborg Persdotter Skjerven. Ho var dotter til Synneva Ellendsdotter Holstad og Per Jonsson Skjerven (Fidna-Per). Dei to budeiene nådde ikkje att drifti før dei kom til Vetle-Grungen, og då var dei heilt daudsprengde. Det var og svært varmt den dagen, den 19. juli 1853. Kviga fann dei, men driftekarane heldt på at dei hadde kjøpt kviga i Sunnfjord. Det laut dei likevel gje seg på, og budeiene fekk kviga med seg. På Frileinene, der vegane til Grungen, Finnbuene og Grøndalen skiljest, er det ei liti tjørn på austsida av vegen. På turen heim til Fosse stupte Fidn-Ingeborg der og var død med det same. Ho vart berre 20 år gamal. Denne saga er nok sann. I kyrkjeboki for Vik har presten ført inn at Ingeborg "døde plutselig paa Stølen". Truleg av utmatting i den sterke varmen. (Etter Olav Hoprekstad / Knut Bjørgeas. Frå Orgommol tid av Knut Bjørgeas, bok V, 1945.)



Grungagjelet. Stølane i Kvassdalen (Holar) ligg nede på sletta. Grungagjelet kunne vera ein vanskeleg plass å komma ned. Snø- og verforhold kunne gjera turen meir dramatisk enn godt var i det tronge gjelet. Fjellsida er bratt og i dag er det sett opp gjerde på dei farlegaste plassane. Ein måtte setja foten varsamt ned på ferda gjennom gjelet med store blokkfelt og sleipe fjellsva. (Foto: Linda Vibeke Holstad.)

Nede i dalbotn ligg Holo og på den andre sida av elva ligg stølen Kvassdalen eller Halsadn, som dei seier i Vik. Fram til 1770 var det gardsdrift her, og siste brukaren var Anders Ivarson Jordalen som kjøpte bruket i 1753. Han selde Kvassdalen til Ola Steffenson Brekke i Vik. Dei hadde eit ordtak på garden i Kvassdalen:

Sendefossen er ikkje nokon god ven

Det skulle vera dei to fossaute elvane Sendo og Grungo som dreiv dei derifrå. Govet og kaldgufsen frå dei gjorde at det var ikkje kvar haust dei fekk moge korn, og ein gard der kornet ikkje var årvisst, var lite buande på i dei dagar. [...] Ein av dei to karane som budde der, var frå Jordalen. Ein vinter hadde han vore på Vangen etter noko mjøl og eit knippe med turfisk. Han gjekk på ski og haddde mjølet og fisken i ei bør på ryggen. Det var uvega mest allstad i den tid. Eit stykke heimom garden kom to ulvar og ville ta han. Han sette slirekniven sin på skistaven og heldt han attom seg. Då torde dei ikkje søkja han. Den kniven gøymde dei på i ætta i fire led. Den siste som haddde han var mor til kunstveversken Kristina Vangsnes, og ho brukte han til sprettekniv.

(Johan Skjerven, Bergen turlag si årbok / *Pridlao*, nr. 3/88). Det var lite ulv på Vestlandet på 1600-talet, men talet auka sterkt fyrst på 1700-talet.)

To turer med drifter over Vikafjellet

Erik Fønstelien fortel om ein tur han hadde våren 1898 i lag med broren Hans. Denne drifta kom frå Vadheim med amtsbåten Alden.

Mandag skulde vi til Vadheim med 90 bæst og 6 hestei; hadde tinget plads med dampskibet til Vik. Hans, Nils Bergheim og jeg skulde avsted med første farm. Vi drev ned, fik krøteret og alt vel ombord i D/S «Alden» som blev godt fylt med krøter og saa bar det i straalende solskin indover Sognefjorden 27 Juni 1898. Baaten stoppet flere steder indover; gikk i rute. N.B

havde øllet sig godt ombord, han var i straalende humør ved ankomsten til Vik, men tok ikke saa alvorlig med drifvingen op igjennem bygden.

Vi drev over eksersispladsen og Hans tok lidt feil av veien, han var forlite kjendt. Der kom en sint kjæring og en lærer som vilde jage os tilbake saa jeg maatte ta lidt haardt i forat skremme dem, men foresten gik det bra da vi kom paa ret vei.

Jeg maatte leie et par gutter til drivere N.B. gik bare og nynet viser ca 100 met efter driften, han var daarlig av øllet om bord. Da vi var forbi heimesæteren over elven og (ved) stoppen slængte han sig paa bakken.

Vi stoppet nu for natten her. Vi kogte os kaffe «rigtig en kraftig taar» og fik i Bredheimsgutten saa han kviknet til endel.

Tirsdag reiste Hans ned til Vik forat møte de som kom med resten av driften og gjøre indkjøp av proviant for turen over Vossefjellene. Der var svært varmt, saa kuerne sjente bort for mig og Nils da vi skulde jete om dagen oppe i lien innenfor Viksætrene. 20 stk var blit borte, vi sprang og leitet hele eftermiddagen.

Nu kom Svend, han havde sjænket sig godt og væltet sig inn i teltet og sovnet med engang.

Hans, Ole og endel smaagutter kom efter med kuerne, alt havde gaaet bra.

Om natten havde hver av os 3 timers vakt. Jeg fra kl. 2-5. Hoteleier Hopstock fra Vik kom paa min vakt, han bragte øl og dram med, det gjorde godt for Sven var slap efter dampskibsturen, han kjøbte en pen ko av os og reiste saa tilbake.

Da kl. var 7 hentet vi hestene sadlet op og reiste op i dalsbotnen, der holdt vi rast kogte os grøt og hvilte lit. Ved middagstider fortsatte saa turen til Molset inne paa fjellet, det var deiligt at slippe op paa fjellet. Før vi gik til ro melket vi fuld kobberkjelen vi førte med os. Her laa vi i telt.

En ko av driften var reist med Oberst Gregersens buskap over fjellet til Mørkdalen, Kvassdalen, hvor han havde sin sæter. Dagen etter reiste Hans og jeg tilbake over fjellet til Vik paa hver vor ridehest. Da vi kom over i Dalsbotten laa alle soldatene der i telter paa utmarsj. Ved Oberstens telt fandt jeg den ene kuen, der havde de melket den saa den gav sig over.

Om morgenen kl. 5 startet vi fra Molset, der var meget sne bortover fjellet og vi vilde være tidligt ute mens sneen var lidt haard. Det gik bra men vi tok lidt feil av veien saa vi maatte to ganger over elven og saa bar det nedover disse stygge bratte kleivene til Mørkdalen sæter paa Voss. Nu ble det glæde for kuer og hester her var deilig god havn.

Ved 12 tiden morgenen efter gjorde vi Os klar til start, hentet koen som var reist med Oberstens buskap paa stølen og drev saa forsiktig paa en skrøpelig bro over elven og videre fremover dalføret i ganske tæt biørkeskog.

Den gjenstridige ko fra Oberstsæteren sprang over gjærde oppe i lien saa vi maatte 2 mand tilbake forat kappløpe med den. Jeg fik tak i den nettop som den vilde trænge sig igjennom et piggtraadgjærde, men vi maatte begge slæpe den tilbake til driften.

Det var ingen folk paa sæteren, men endel hester ifra bygden havnet der; vi fik et farligt slagsmaall imellem hestene og vesleblakken som vi havde med utmerket sig, den gav sig ikke for nogen motstander han tænkte bare paa maten og slog ihærdig ifra sig om nogen kom den nær.

Brødrene Fønstelien tok vegen via Armot, Hauge og Brandsetstølen til Raundalen og vidare mot Hallingskeid og Finse.

I Pridlao nr. 2 1988, er referert ein artikkel Olav Skjerven skreiv om ein noko annleis driftetur over Vikafjellet: "Tur til Voss i 1932".

Det var i 1932, eg var 14 år og det var krisetider på så og seia alt [...] lammekjøtt gjekk for kr. 0.75 til kr. 0.90 pr. kilo. om ein då kunne verta av med det i fersk tilstand. Gode suaeskinns kunne ein oppnå inntil kr.1,-pr. stk. for, men var det namn til feil, gjekk dei ned i 50 øre [...] Far min var kjend på Voss, og der var fint smalekjøtt lettare å omsetja på grunn av at dei kunne senda det med jarnbane til Oslo, medan Vik var avhengig av den mindre marknaden i Bergen. Flåmsbana var vel ikkje ferdig og Vik - Vossevangen figurerte berre i avisene av og til.

Far min tok kontakt pr. telefon med eit slakteri på Vinje og fekk lovnad på kr. 1.10 pr. kg. kjøtt inklusive innmat, skinn og ull om kjøttet var førsteklasse, og det lova han sikkert. Det vart bestemt å reisa til Vinje med ei sauedrift.

«Gud vet hans føring var ikke stor», står det om Terje Viken, og det same kunne vel seiast om vår sauedrift. 9 årsverar/risbitverar og 2 gjeldsauar vart samla i Ovridsfjellet ein sundagskveld og sett inn i ein fjøs der for natta. Kl. 05.00 om mandagsmorgonen starta drifta. Far føre med saltpose, sauar og verer i fint drev etterpå og eg tilsist. Det var første ferda mi over fjellet og eg var optimistisk og nyfiken over kva eg kunne få oppleva på turen. Det gjekk raskt forbi Fosse, opp Johanskleiva til Telefonhytta, og ned i Vetlegrungen, der budeiene heldt på med morgonstellet. Anna Refsdal (nå Vange) baud på søtmjolk så mykje me orka drikka, og etter ei kort rast bar det for full fart ned Grungagjelet til Hola, der me var inno i hjå Astrid Stokkebø, som lo godt då eg spurde kvar Grungagjelet var, og der me nett hadde kome ned. Eg hadde høyrte så mykje om Grungagjelet at eg trudde det var ein «Helvetesport» ein med naud og neppe, og med fåre for liv og helse, kunne forsere, og imponerte meg ikkje, som var vand med Smørdalsgalden, Skaret og Storeskreda.

Til Hola hadde det gått forholdsvis raskt, sauene var mette og utkvilde, men nå melde både svolten og trøyttleiken seg. Holedalen vart eit mareritt for meg. Sauene var stundom over og stundom under vegen, det gjekk i sikk-sakk og det hjelpte ikkje at far kalla med sitt finaste mål og strødde rundt seg med salt. Verre og ikkje betre vart det då me kom heim i slåttemarkene. Dette var vel i slutten av august månad og Myrkdølene var i arbeid i utslåttene i Holedalen. Då flytte dei ut der i løene med kjerring, ungar, hundar, kattar og griser og heldt til der så lenge slåtten varde. Det var forresten første gong eg såg kvinnfolk slå med langorven, mann og kone, side ved side med langorven i skåregang med strukke (bryneholk) i belte på bakenden. Noko slikt hadde me ikkje i Vik.

Då dei såg oss med sauedrifta vart dei nysgjerrige og trekte inn mot vegen i eit eller anna ærend for å få vita kva dette var. Det fekk dei vita og då far som oftast kjende slåttefolket vart det parabel i det vide og det breide, medan sauene åt seg utover i periferien og eg sprang for å samla dei når me skulle vidare til neste møte. Eg trur eg forbanna både far min og dei nysgjerrige Myrkdølene som hefta oss så av, men å gje uttrykk for det var utenkjeleg for ein gutonge.

Eit stykke heime i dalen, nærare bestemt «Nobbi», vart me tilropt av ein mann som sat i ei open hyttedør. Hytte og hytte, det var eit lite skur med torvtak, kanskje 2 x 3 m., såvidt mannen kunne ligge utstrakt eller stå oppreist. Restane ligge ennå i «Nobbi» trur eg.



Bodskapen han ropte til oss var at me måtte skriva namna våre i boki hans, som låg i noko som likna ei postkasse ved sida av vegen. Far bad meg skrive, og i den oppslegne boki med treperm og som bar namnet «Nobbeboki» skreiv eg namnet til far min og meg sjølv med dato og årstal me kom forbi. Far min tok til portomoneen og ga meg 25 øre som eg måtte gje han som ropte, og då fekk eg sjå han Brita-lars-Ola, bror hans Brita-Lars-Sjur på nært hald. Det har vore eit foto verd. Far min fortalde kven det var og at han hadde ein dei av innkoma si av turistane som skreiv namna sine i «Nobbeboki». "Och, och. Moster".

Mest til endes på dalen kom ein slåttekar til vegen og ville sjå. Eg trur han heitte Kolbein og var frå Skjervheim. Han kjende far og hadde mykje både å spyrja om og fortelja om. Han bestemte seg for å slå lag med oss til Vinje og ropte til kona om dei ikkje var kaffilause. Det var dei, og sjølv var han tobakklaus, altså 2 gode grunnar for å ta turen til Vinje og få høve til å prata. Han tok sykkel med, men den kunne han visst sett att då eg ikkje såg han brukte den. Han og far gjekk føre heim heile Mørkdalen og eg sprang i sikk-sakk etter med sauene, som berre var interessert i håi langs vegen og ikkje interesert i å koma til Vinje for å verta slakta. Eg trur klokka var 16.00 då me kom til Vinje, der akkederinga ikkje var lang.

Handfaste kvinnfolk saug seg på sauene før dei var komne inn døra til slaktehuset og før mange minuttane var gått hang dei første som slagte på ein krok i taket. Eg trur ikkje det gjekk ein time frå me gjorde vår entré og til sauene var slakta og vegne Frådrag for heitt kjøt og dermed var det lett å rekna seg fram til oppgjeret som far fekk kontant med tillegg av kaffi og skiver heime hjå slaktaren.

Me hadde teke sikte på å overnatta hjå ein slektning av far oppe i Mørkdalen og så snart alle formalitetar var i orden tok me fatt på returen. Skjervheimen hadde venta så me fekk fylgje dit me skulle. Eg fekk då æra av å dra sykkelen hans så langt me fylgdest. På Nesheini fekk med kveldsmat, seng og frukost neste morgon før det bar vidare attende til Ovridsfjellet. Far hadde ordra ei syster mi til å koma til fjells med hest og utstyr slik at han kunne ta med seg heim kløv frå fjellet. Han kunne ikkje gå der «lausreipa». Eg tok snøggaste vegen til Ovridd, der dei var i gang med håslåtten. Eg fekk tid til å eta og byta klær, men så var det å ta langorven fat for å ta att litt av det forsømde.

Om kvelden då far kom heim rekna han ut at han hadde tent ca. kr. 65,- på å ta turen til Vinje. Det høyrdest bra ut, men eg lurar på kor mykje han tapte i vekt på sauene under den lange marsjen. Det vart ikkje rekna på. Det var mi føi'ste ferd over fjellet til Voss, ei ferd som ikkje mange av mine jamaldringar hadde fått vera med på. Eg var ei oppleving rikare enn dei, [...] Hadde eg berre hatt eit foto av han Brita-Lars Ola der han sat i døra på hytta si med suppe i skjegget og raud spøte hovudet og ropte: «Och, och, Moster.»

NOKRE HESTEHANDLARAR FRÅ VIK (Frå Pridlao)

Markus Sjurson Hove

Markus Sjurson Hove, Haa-Markus, (1809-1897) ætta frå Vik. Han gifta seg i 1839 med med Gjœa Andersdotter Åfet, og dei busette seg i Fresvik der dei fekk tre born. I 1844 flytta dei til Kyrkjebø og 6 år seinare til Ulvestad i Balestrand der dei blei livet ut. Markus var ein kjend kyra- og hestehandlar før han busette seg på Ulvestad. "Ein gong lasta Mrkus storbåten sin med 13 kyr og ein hest og skulle gå Aurlandsfjella med dei. Dette var om sommaren. "Ved Indre Borlaug-landet kolsigle dei og alle kyrne drukna. Men hesten fekk dei skore laus, og han sumde i land og vart berga. På dette belet lå Markus i forhandlingar om kjøp av Øvre Thune i Ortnevik. Og denne felasti skulle liksom vera med å finansiera dette gardakjøpet. Ved hjelp av gode grannar, kjøpte han no 14 kyr, og låg med desse saman med Store-Bøyen og ein aurlending og hesten i aurlandsfjelli om sumaren. Hest måtte dei ha til å kløvja salt til beisti og ting som dei måtte ha i felegeri." . "Ut på hausten , då dei skulle austover for å selja driftene sine, kom dei ein dag ut for ein ukjura av ein halling. Etter å ha jaga han frå legeret, sa Markus då dei skulle leggja seg om kvelden: "Du får liggja fremst du Sjur og ta imot, han kjem vel att denne hallingen". Til det svara Store-Bøyen: "Ågudkje han vilde no koma dao". Så la dei seg og skulle sova, om litt kom det frå Store-Bøyen: " Du Markus, trur du eg skal ta av meg bundlingsvettedn?". Bubdlingsvetter var nokre sær store vottar som dei brukte utanpå vanlege vottar og med band om halsen."

Markus hadde ein god gard på Ulvestad. Han sådde 12 tønner blandakorn og hausta 45-50 tønner. Potetavlinga var 40-45 tønner og utsæden var seks tønner. Buskapen på Ulvestad var to vaksne hestar, ein unghest, 20 kyr, ti unghest og 50 sauer. I tillegg kunne dei hogga to mål åreved og 12 mål bjørkeved."

Nils Sjurson Åfedt

Ein annan hestehandlar frå Vik var Nils Sjurson Åfedt 1832-1874. Han var frå Feios og i 1862 gifta han seg med Sigrid Torsdotter Sværen. Ho og ætta frå Feios, men foreldra hennar kjøpte seg gard i Sværen i 1845, då Sigrid var 10 år. Nils døydde berre 42 år gammal. Han døydde av skader etter ei driftetur austover i 1874.



Nils Åfedt Sværen (1832-1874). Haa-Nils, var frå Feios, men kjøpte gard i Sværen i 1863. I høgre handi har han ei svipe som vart kalla Oksepeis. Oksepeis var laga av penis frå okse. Det vart sett på som eit staussymbol. Dei som hadde ein slik var verkeleg stor kar. Her i Sogn vart det sagt at berre to personar hadde slik oksepeis flg. Toralf Sværen. Dette var nok ein grunn til at oksepeisen måtte vera med når det skulle takast bilete. Då Nils døydde fekk kona ei hard tid. "Styggavåren" 1877 måtte huslyden ty til borkabrød. Året etter gifta Sigrid seg opp att. (Foto frå Jol i Sogn 1995)



Ola Persson Midlang, 1853-1941.
 Ola og sønene Per, Jon, Ivar og Ingvald var alle hestekarar, men det var berre Ingvald og Ivar som kan reknast for hestehandlarar. Til venstre sonen Per O. Midlang (1878-1914) med sonen Ola, f. 1907. Ola var ein kjend husdyrbrukar. Han fekk fleire utmerkingar innan avl av hest og storfe. (Eigar foto: Johanna Midlang Vikdal)

Før bruket på Midlang vart delt i tre i 1913, og alle sønene var heime, var hesteavl på topp med 13 hestar på bruket. I tillegg til eigen avl, kjøpte dei inn både ungdyr og vaksne dyr. Sonen Jon handla mykje med ein halling som heitte Skrindo. Ivar og Ingvald dreiv i mange år saman som hestehandlarar. Dei kjøpte opp dyr i Vik og andre bygder, særleg på Strilelandet. På forsommaren tok dei dyra i båt til Aurland eller Flåm, og dreiv dei over fjellet til Hallingdal. Dei selde hestane nedover dalen. Dei stogga i visse hamner og sjølv overnatta dei ofte i utlær etter avtale med eigaren. Ivar kjøpte eit bruk på Espesete i 1927 og dreiv stort med oppal av hest der. Ingvald kjøpte eit lite bruk på Stadheim, men heldt fram som hestehandlar.

Ola J. Tryti



Ola J. Tryti, til venstre, handla med hest og tente så mykje pengar på det at han i 1898 kjøpte seg gard på Skjørvo. 8000 kr. måtte han betala. Han selde garden 4 år etter for om lag halve prisen og flytta til Røysane. Rundt 1920-talet kjøpte han seg gard i Våle i Vestfold. Han hadde ein tre år eldre bror som heitte Ola, difor vart han kalla Trytisminsten. (Foto: M Gundersen, Naustdal), Ein annan bror heitte Per, bilete under. Han dreiv og som hestehandlar og lenge dreiv dei to brørne i lag. Han vart heller ikkje verande i Vik, men kjøpte seg ein gard på Halsenøy sør for Bergen, der han vart verande. (Foto: Fylkesarkivet).



Knut Grønsberg (1902-1998)



Knut Grønsberg til høgre. (Eigar av foto: Gerd Sjøthun)

Knut Grønsberg vaks opp på Tenål, og er ein av dei siste som dreiv med kjøp og sal av sau, geit, kyr og hest. Familien budde ei tid i Jordalen, før dei kjøpte garden Drege i Feios i 1939. Han kjøpte både kyr og hestar, men mest sau og geit. Han handla dyr på begge sider av Sognefjorden om vinteren. Når våren kom, leigde han ein motorbåt frå Fresvik, og reiste rundt og sank i hop dyra han hadde kjøpt. Han førde dei til Gudvangen. Ein gong hadde han bunde ein bukk attmed rekka, og gjekk så inn i styrehuset til skipparen. Men då han såg ut var bukken vekke. Han hadde hoppa over rekka, og hadde hengt seg etter halsbandet. Men dette hadde nett hendt, så kjøtet var like godt. Då sa motorbåtføraren til han: "Du kan lata meg få bukken. Skal du leiga skyss til slakteriet, gjeng verdien av bukken og meire til". Og dette gjekk handelskaren med på. Desse geitebukkane var det ein viss etterspurnad etter på Austlandet. Kyrabøndene hadde dei ståande i fjøset om vinteren. Det skulle hjelpe mot kalvekasting. (Etter Olav Otterhjell).

I Gudvangen leigde Knut Grønsberg seg vårbeite, der kom det tidleg for seg. Om sumaren hadde han beite for sauene på Solbjørgi under Hemri, det låg midt for Jordalen. Kyr og hestar beita på ein annan plass. Han måtte då ha tilsyn med dyri om sommaren. Likevel vann han på med hesteskyss i Stalheimskleivi. Når hausten kom, dreiv han dyra til Stalheim der hadde han innhegning. Han leigde då lastebil og kørde dei til Voss. Når dei kørde sauer, hadde dei to høgder på lasteplanet, men flakane på den øvste var for låge so dei bykste over stundom, so det hende at vossestrendingane fann att desse sauene i uthusi seinare. Sauene vart slakta på Voss, geitene gjekk til slakteriet på Evanger, men storfeet og hestane reiste fehandlaren med austover på toget, frakti var rimelegare når han var med som oppassar. Han fekk halda til med dyra på prestegarden i Hokksund, og der var han til alle var selde. Han var og andre plassar på Austlandet med dyri sine. (Kjelde???)




Knut Grønsberg ved hesten. I vogna med ei kvinneleg turist som skal skyssast opp Stalheimskleiva.

(Eigar av foto: Gerd Sjøthun)

Anders O. Valsvik

Anders O. Valsvik (1891-1971) var son til Ole Andersson Valsvik (1856-1931). Dei dreiv begge med hestehandel som attåttnæring i tillegg til gardsdrifti. (Konrad Valsvik.)

Ole begynte som hestehandlar i 1905, og Anders var med frå 1910 då han var 19 år. Dei reiste



Ingebjørg Steffensdr. Valsvik f. Finden (1860-1934) med borni hennar. Dei to minste framme er Sverre (f.1898) og på fanget Klara (f.1901). Bak Sofia (f.1895), Anna (f.1889), Anders (f.1891) og Synneva (f.1892). Anna døydde i 1912, berre 23 år gamal. Synneva vart gift med Jon O. Hauglum. (Fylkesarkivet)

rundt i Sogn og kjøpte hestar. Dei fann marknad for fjordhesten utom fjordhestområda, særleg i Indre Sogn og på Austlandet. Austpå var fjordhesten kjend for å vera ein god skogshest, og arnafjordingane meinte at fjordhesten var klart betre enn dølen i bratt terreng. Ikkje minst hadde han føremoner når det gjeldt kløvjing. Den hadde ord på seg for å vera mindre enn den austlandske. Nokre meinte dette ikkje var eit pluss og etterkvart gjekk avlen i retning av den noke tyngre dølahesten som etter kvart dominerte i Vik. (Balvoll.)

Prisen kunne variera frå 300 kr. til 600 kr. for ein hest. Hestane vart oppsamla, ofte opptil 15-20 stk. i alt og frakta med Fylkesbåtane til Lærdal. Der vart hestane tekne i land og knytte i hop i halane og gjekk i rekke opp Lærdalsdalen over Filefjell til Valdres. Turen kunne ta fleire veker, og det vart mange overnattingar rundt om på gardane. Dei hadde mat og høy med på turen. Var veret dårleg slo dei seg til ro i Borgund før turen gjekk vidare.

Seinare då Anders reiste aleine som hestehandlar, gjekk turane over Flåm. Båt frå Framfjorden til Flåm og toget austover til Hønefoss. Hestane vart selde i Aurskog/Høland-området. På togturen måtte anders overnatta i dyrevognen saman med hestane. Det var for å passa hestane slik at dei ikkje skulle ryke i hop og slåst. Turen frå Framfjorden til ein kom heimatt kunne ta mellom to og tre veker. Dei handla med hest rundt i Sogn og på Strilalandet. På den tidi var det lite pengar mellom folk og ofte vanskeleg å selja hestane. Stundom fekk hestehandlaren litt av salssummen og resten vart betalt seinare. Det kunne og henda at ein aldri fekk pengane. Då måtte far reisa attende og henta att hestane

Hesten *Kraft* som er kjend frå biletet der han vart heisa om bord på *Nesøy*, var det Anders som avla opp. Den vart nytta som avlshingst i området. Anders skulle ein gong selja ein hest til ein kar på *Kvamsøy* under krigen. Hesten vart sent med fylkesbåten *Kvamsøy*. Hesten vart berre bunden i båtrekka bak på båten. Under overfarta hoppa hesten over bord og vart aldri meir sett. Ingen såg kva som hadde hendt.

Ola Tuxen Vange



Ole Tuxen Vange (1855-1921), Store-Tuxen, frå Vik. Han vart gift med Anna Andersdotter Tenold. Ole dreiv som hestehandlar, han reiste mykje austover med drifter. Elles kjøpte og selde han varer. Biletet er teke på Vikjabukti i 1910. (Foto:Fylkesarkivet/Pridlao nr.2/2000.)

Olav Hoprekstad:

Kvar haust var det i eldre tid marknad på Øiri i Vik kring Mikkjelsmesse (29. september). Då kom det store fylgje med vesser, sume handla med hest eller fe, andre kjøpte smågriser, som dei tok med seg , anten på eigen rygg eller på hesteryggen. Då reidde dei smågrisene i nokre store kipor som dei i Vik kallar kjessor, ei på kvar sida av hesteryggen, med høi i botnen og tre-fire smågrisar i kvar. Eller dei handla salt, fisk eller onnor sjøvarer som dei reidde på hesteryggen over fjellet. Sume selde slireknivar og anna som dei hadde arbeidd opp, vessene galdt for å vera hendigare soleis enn vikjene. Andre hadde til ærend å krevja inn stølsleiga hjå dei gardmennen som støla i Vettle-grungen [...] Stølsleiga var etter gamalt ei skjeppe salt, reidd fram til stovehella i tunet hjå eigaren i Myrkdalen.

Men til Mikkjelsmesse kom dei fleste, og dei hadde jamnaste spelemann med. Det vart både dans og drykk, oftast slagsmål og., dei stakk og det hende dei drap kvarandre. Men det var helst innanbygds folk som for so stygt med kvarandre. Det siste mikkjelmessedrapet i Vik hende då eg var i framvokstren. Eg kjende godt både han som drap og han som vart drepen. Det var ei terging som fekk denne leide utgangen. Nett dette å terge på kvarandre i fylla var so vanleg. Då sleppte dei seg lause og var lite nøgde på ordi. Han som vart drepen var elles ein godlynt mann. Han som drap var heller ikkje nokon umenne, men han var ein ekta sogning soleis at han var snar til å triva kniven. Det skal vera gamalt sogningalag det, må vita. Frå den tid vart det slutt på Mikkjelsmesse-tilstrøyminga til Vik. Men spelemannen Sjur Helgeland held fram med å koma.

(Norske bygder, bind IV, Griegs forlag, Bergen.

Landet og Folket. av Olav Hoprekstad s. 9 – 38. Vegar og framkomor.)

Guttorm Holstad frå Vik har skrive ned historier som far hans har fortalt. Her er ei historie som Gamle-Holstad'en fortalde til far hans Guttorm. Gamle-Holstad'en heitte Anders Holstad og var fødd i 1824.

Gamle-Holstad'en fortalde at det var ein vår han var på Kålsete og la på gardane. Her kom driftekarane, med driftene sine. Det var no helst kyrer, og fenabeist dei kom med. Innimellom samlast også heste drifter.

Driftekarane, dei kjøpte kyr i Sunnfjor. Dei samla dei der. Så kom dei over fjellet til Sogn, over Sværa Skaret. Så tok dei båt over fjorden til Vik. Her i frå jaga dei opp Bødalen, til Kålsete. Her kvilte dei, og låg kanskje ein dag, eller to, slik at beista kunne koma seg etter turen.

Driftekarane, dei låg i utløene, og kyrne fekk beita der ein dags tid. Her kom der ein driftekar med ei drift til Kålset-flaten. Gamle-Holstad'en, han reiste no heim og snakka med denne driftekararen som han kjende.

Så hadde denne driftekararen ei kyr som var halt, han var redd han kom ikkje over fjellet med ho.

Du får kjøpa denne kyra, du skal få ho bileig. Ho er halt, ho har ikkje tolt turen. Gamle-Holstad'en han kjøpte kyra, og hadde ho innpå Øvste gorden. Her kom der ein kar frå Halvrynjo og skulle kjøpa seg ei kyr.

Nei dette var gale, du var for seine, eg selde ei slik gasta kyr til han Anders Holstad, men han sel dan vel kanskje.

Han karen frå Halvrynjo, han ut til han Anders han, og spurde om å få kjøpa kyra. Jau så vart det handel, og eg tente ein dalar på kyri eg, forstår du, eg tente ein dalar.

Så fortalde han Anders dette til driftekararen, at han hadde selt kyra.

- Då var du pina-dø kar, kyra vert aldri god att.

- Når Mikkelsmesse kom måtte karen på Halvrynjo slå kyri i hel.

Driftekar

Ja, så jaga dei driftene opp frå Øyri mot Kålsete. Da var ikkje gardar langs vegene på dei tider. Og desse driftekarane vilde no at kyrne skulle få eta på turen oppover. Dei var i hel svoltne, og utmagra desse dyra, etter ein lang tur.

Ja så fór der ein driftekar forbi Hønsi med ei drift. Dette var med Jonsok. Kornåkrane stod høge og i full vekst, og kyrne utover åkrane der. Og han som eigde drifta, han rei på hest. Her kom Hønsingane til å jaga kyrne frå åkrane. Der i blant var han Annfinn Hønsi, den kjempekaren på Hønsi. Han reise til Amerika i 1861. Denne kjempekaren går det ord om enno.

Her ville driftekararen jaga vekk att folka, han ville at drifti skulle få eta. Dei var vel i hel svoltne veit eg.

Her kom han Annfin, og ville ta driftekararen, prøvde å få han ned frå hesten.

Her hadde driftekararen ei svipa og rappa til han Annfin mitt i ansiktet. Så vart han Annfin rasande, og ville gå laus på han. Då var han ikkje seine om å gå vidare til Kålsete, med drifta. Driftekararen kom seg til Kålset han, og sleppte drifta si inn på Øvste utgarden til Gamle Holstaden.

Hopstock hadde hrennevinutsal på Øyri, og denne driftekaren han rei på Øyri han. Han ville ha seg ein glad aftan.

Her kom det folk ned til meg, forstaur du, og fortalde dette. Eg reiste straks ned til han Annfin eg, og fortalde dette. Han var snar å rigga seg til, og så bar det ned på Øyri.

Her oppdaga me at han sete inne på Hotellet, og drikke. Du får reisa inn å seia at det er ein kar som vil selje ei kyr, så får me han ut.

Jau eg reiste inn eg og sa dette til driftekaren, at det var ein kar som ven ta på han.

Han har ei kyr til sals.


Driftekaren ana ingen fare og reiste ut.

Her fakka han Annfin han, og drog han oppi Hopstockhagen. Her forlanga han 30 dalar i tort og sverd, utan vart det juling å få.

Driftekaren nekta, men då smalt det, han fekk seg eit slag undre øyra, så han låg berre å gapte.

Han måtte fint ut med 20 dalar, seru, og så fekk han bank for minst 10 dalar. Han Annfin barde han, såpass, at han brukte tre dagar til å komma seg på beina att. Dette hende i slutten av femtiåra. (Merknad: 1850-åra.)

VEGEN VIDARE



Kartet syner ruta frå Høla til Steinset og Høgafjellet ovanfor Kvanndalen. (Kartblad Myrkdalen M 711, Statens Kartverk)

Ned Kvasdalen for driftene på austsida av elva Grunga til ein gamal kvileplass midt mellom Bygdalstøl og Røvhaugen i Kvanndalen. Driftekarane hadde faste hamnehagar der dei kunne kvila og beita feet. Dette ser ut til å vera ein sedvanerett brukt så lenge at dei fekk hevd. Frå

Åmot fór driftene fyrst austover til Steinset og opp Høgafjellet og vidare ned Skjoldsetdalen til Haugsvik ved austenden av Oppheimsvatn. Haughshagen var beite- og kvileplass før dei tok inn Brandsetdalen til Prinsabotnen som var statsallmenning. Namnet *Prinsabotn* kjem av ordet *prins* som er det same som *skrepp* eller *ransel*. I Prinsabotn fekk dyra beite og folk og fe ta seg inn att før dei for vidare sør-austover til øvre Raundalen og Uppsete. Dei tok ulike ruter frå Prinsabotn til Raundalen. Den austlegaste gjekk gjennom Driftaskaret, ned Rjoandalen mot Raundalen og Uppsete. Ei anna rute gjekk via Strandaleitet og Grytestølen mot Uppsete. Lokale drifter slutta seg til undervegs. Kyr og hestar som var kjøpt opp på Voss og i Hordaland vart drivne opp Raundalen og fortsette på hovuddriftevegen austover.




Kart som syner ruta ned Skjoldsetdalen til Hauge og vidare inn Brandsetdalen mot Prinsabotn. I Prinsabotn delar driftevegen seg i ulike vegval vidare mot Raundalen. (Kartblad Myrkdalen M 711, Statens Kartverk)


Frå Uppsetedalen gjekk vegen over Vossaskaret og Vossaskavlen, til Grønndalane og Hallingskeid. Her var gode beite og fleire la seg til her for sommaren med dyra. Her var marknadsplass og her møttest sogningar, vesser og hardingar med austlendingar. Nokon heldt til på viddene ned mot Øyfjord. Om hausten dreiv dei så over Finse og ned Hallingdal, til flatbygdene og til Oslo.




Karta syner dei ulike vegvala frå Brandsetdalen og ned mot Raundalen. (Kartblad Myrkdalen M 711,



Turen over Vossaskavlen kunne vera tøff, særleg dersom dei fekk snøkave på seg. Ein som reiste med fedrift over breen, såg sju naut liggje att etter drifta før. Det var sprekker i breen og stundom for det beist ned i. Ein gong for det ein mann ned i ein sprekk. Mannen landa i isvatn nede i sprekken og slo seg difor ikkje i hel når han landa. Dei andre driftekarane slo i hel den dårlegaste hesten og reiv opp huda til reip. Slik greidde dei å dra mannen opp att i live. Vossaskavlen var det vanskelegaste partiet på denne vegen. Her var det driftekarane frykta veret mest. Når teknologi og vegbygging gjorde det enklare å fara andre vegar, til dømes via Indre Sogn var det fleire som endra reiserute.



Vossaskavlen varierer i storleik etter klimaet. I periodar med stor bresmelting har ein sett restar etter oppmura vegar og trapper på einskilde vanskelege plassar. Kanskje er dette driftevegen frå varmare periodar på 1200- eller 1600-talet?



Alle tok ikkje over til Brandsetdalen og Vossaskavlen. Nokre tok vegen ned Myrkdalen til Voss og Granvin og over Sørkjosen til Espe og Sekse. Gunnhild Sekse fortel om far sin, driftekar Hallvor Knudsen Rømtveit, frå Telemark:

Hele vestlandet rundt reiste far og kjøpte opp hest. Allerede ved Kyndelsmesse, dro han hjemmefra på tingsferd, og vendte tilbake og hentet dyrene mai-juni. Hestene fra Sogn og Sunnfjord ble samlet i Vik. Derfra bar det over Vikafjellet, gjennom Myrkdalen – Voss-Granvin, og videre med føringsbåt inn Sørkjosen til Espe og Sekse. Der ble dyrene sluppet i havnehage til driften ble stor nok – lønnsom. Så ble hestene skodd og merket og forberedelser til fjellferden ble gjort.

Hestane gjekk i havnehage til drifta var stor nok, så vart hestane skodde og merka før fjellferda. Hestane var fullasta med handelsvarar som mangla austpå, til dømes vadmål. Siste drifta over Hardangervidda gjekk i 1897. Dei var alltid fleire i følgje over fjellet og driftene kunne telje fleire hundre hestar.

(Driftekarane førte frimannsliv, *Bergens Tidende*, 23.04.60.)

LUSTER KOMMUNE




DRIFTEVEGEN GJENNOM LUSTER



Arentzbu i Mørkridsdalen

DRIFTEVEGEN GJENNOM LUSTER



Oversiktskart over driftevegane gjennom Luster. Dei lilla linene syner omlag kvar driftene tok vegen gjennom Luster kommune. I hovudsak gjekk vegen anten mot Ottadalføret eller i retning Årdal. (Vegkart, M516, blad 6, Sogn, 1:250 000, 1992.)

DRIFTEVEGEN GJENNOM LUSTER

Hovudåra nordfrå gjekk frå Marifjøra til Kroken i Luster og vidare til Øvre Årdal. Det gjekk og drifter frå Feigedalen over Nundalen til Øvre Årdal. Frå Fortun gjekk driftevegen gjennom Fardalen til Farnes i Øvre Årdal.

Vegen frå Stryn til Fåberg er synfaren i dette prosjektet.

Vegen gjennom Jostedalen til Gaupne og vidare over Kroken til Årdal, er ikkje synfaren.


Vegen frå Fåberg til Skjolden er ikkje synfaren.

Vegen opp Fortunsdalen er ikkje synfaren.


Vegen over Sognefjellet er ikkje synfaren.

Vegen over Fardalen til Farnes, Øvre Årdal, er ikkje synfaren.


Når det gjeld vegane mot Luster frå Stryn, over Kroken og over Arentzbu, er det greitt å knyte desse opp mot bruk i friluftslivsamanhang. Her går traseane gjennom terrenget omlag slik dei gjorde då driftekarane nytta vegane. Når det gjeld vegen opp Fortunsdalen, over Sognefjellet og gjennom Fardalen er det bygd vegar i seinare tid. Her må ein vurdera verdien med tilrettelegging i samband med bruk i friluftsliv-samanheng. Vegane er ikkje synfarne.




Kartutsnittet syner Driftevegen, med raud strek, mellom Fåberg i Jostedalen nord om Spørteggbreen gjennom Martadalen mot Arentzbu og Mørkrisdalen. (Kartblad Mørkrisdalen, M 711, 1:50 000. Statens Kartverk.)



Kartutsnittet syner Driftevegen, med raud strek, vidare frå Martadalen til Arentzbu og ned Mørkrisdalen mot Skjolden. (Kartblad Mørkrisdalen, M 711, 1:50 000. Statens Kartverk.)




Driftene som kom frå Jostedalen med båt over Lustrafjorden til Kroken tok vegen opp Krokadalen i retning Årdal. Driftevegen er teikna inn med raud strek.
 (Kartblad Lustrafjorden, M711, 1: 50 000, Statens Kartverk.)



Kartutsnittet syner Driftevegen frå Krokadalen mot Øvre Årdal. Det kom også drifter opp Seimsdalen, sør på kartet. Dei kunne velja om dei ville ta ned Nondalen eller ta over til Fardalen, (sjå under kapittel om Årdal.) Ulempa med Nondalen var at dei då måtte i båt over Årdalsvatnet til Farnes. Driftevegane er teikna inn med raud strek.
 (Kartblad Lustrafjorden, M 711, 1:50 000, Statens Kartverk.)



Driftevegen frå Skjolden til Årdal skal ha gått gjennom Stokkesetdalen ned mot Fardalen. Frå kartet ser det meir naturleg ut å ta vegen gjennom Årdals-Langedalen. Kvar vegen gjekk mellom Stokkesetdalen og Eidshovden ovanfor Skjolden er ikkje klårlagd. (Kartblad Lustrafjorden, M 711, 1:50 000, Statens Kartverk).



Alternativ veg frå Skjolden og Fortun dersom ein ikkje skulle i retning Ardal kunne vera over Sognefjellet mot Lom. (Kartblad Sygnefjell, M 711, 1:50 000, Statens Kartverk.)

FORSLAG TIL TILTAK

Prioriteringar

- Driftevegen over Kroken bør prioriterast som hovuddrifteveg.
- Driftevegen over Arentzbu bør prioriterast som hovuddrifteveg.
- Når det gjeld vegen opp Fortunsdalen, over Sognefjellet og gjennom Fardalen må ein undersøkje i skriftlege kjelder og ved synfaring om det er rett å leggja til rette for Drifteveg. Ligg der gamle ferdselsvegar att frå før den nyare vegutbygginga tok til? Kan desse verta eit tilbod for friluftslivsinteresserte i samband med Driftevegen?

Merking/skilting

- Vegen frå Fåberg til Skjolden, nord om Spørteggbreen er ikkje synfaren. Dersom ein vel å merka og skilta, denne må ein ha retningsskilt, med logo og Driftevegen skriven på, der vegen tek av i Jostedalen og endar opp i Skjolden. Skilting og merking elles lyt fylgja retningslinene for dette, (sjå kapittel om merking/skilting.) Her vil ein ha god nytte av allereie eksisterande merking frå DNT.
- Vegen ned Jostedalen vil krevja merking kvar gong stien vert broten av nyare veganlegg. Ein bør vurdera ulik merking alt etter kven ein tenkjar seg som brukarar.
- Vegen over Kroken er ikkje synfaren. Før ein vel å merka/silta denne bør ein undersøkje om det finst kjelder som kan seia meir nøyaktig kvar traséen for driftene gjekk. Dersom ein vel å merka og skilta denne, må ein ha retningsskilt, med logo og Driftevegen skriven på, der vegen tek av i Kroken og endar opp i Årdal. Skilting og merking elles lyt fylgja retningslinene for dette, (sjå kapittel om merking/skilting.)
- Når det gjeld vegen gjennom Fortunsdalen, over Sognefjellet og gjennom Fardalen vil nærare undersøking avklara om ein skal gjera noko ut av desse i driftevegssamanheng. Truleg bør ein i alle høve berre merka Fardalsvegen som tilførsleveg/alternativ veg.
- Dersom tilhøva ligg til rette for det, kan ein merka/silta anten vegen gjennom Fortunsdalen eller over Sognefjellet som ein av hovuddriftevegane ut av fylket. Ein bør velja den mest nytta driftevegen til dette. Den andre bør ein merka/silta som alternativ veg.

Informasjonstavler

- Ved alle tettstader der Driftevegen passerer, bør ein ha informasjonstavler om denne.
- Dersom ein legg til rettes for ålmenn ferdsel på Driftevegen mellom Fåberg og Skjolden, vil det vera naturleg å ha informasjonstavler i tilknytning til parkeringsplass der vegen startar og endar opp.
- Ved Fåbergstølen og Fåberg som er knutepunkt for fleire ferdselsvegar, lyt ein ha informasjonstavle der Driftevegen og historia kring vegen vert presentert.
- Ned Jostedalen bør ein vurdera å setja opp informasjonstavler ved raste-/parkeringsplassar der Driftevegen passerer.
- På ferjestaden på nord- og sørsida av Lustrafjorden bør ein ha informasjonstavle der ein gjer merksam på at Driftevegen frå Jostedalen går vidare frå Kroken.
- Når et gjeld vegen gjennom Fortunsdalen, over Sognefjellet og gjennom Fardalen lyt ein vurdera etterkvart om ein skal og eventuelt korleis ein skal informera om desse.

Marknadsføring

- Driftevegen må ved revisjon og nyteikning av turkart i området omtalast som *Driftevegen*, der ein ut i frå tryggleikssyn kan leggja han inn. Ein bør også leggja inn noko informasjon om kva som ligg i dette omgrepet.

- Ein bør laga ein foldar med lokal informasjon om og oversiktskart over Driftevegen. Denne kan ein leggja ut på turistkontor, overnattingsstader m.m. der vitjande i kommunen ferdast.

Turisme

- Driftevegen over Kroken, bør liggja godt til rettes for å arrangera guida kultur - og naturopplevingsturar for fotturistar.

Historie kring Driftevegen gjennom Luster

I Fortun var det allmenning som fedriftene hadde rett å stogga på, så dyra fekk eta og kvila. Denne plassen heiter Fehagen den dag i dag. Nokre drifter for over fjellet om lag der Sognefjellsvegen går i dag. Andre gjekk fram Fortunsdalen, dreiv forbi garden Ormeli, og reiste over fjellet den vegen.

Ein mann frå Fortun, fortalde at han som gutunge hadde vore nede på Skjolden då det kom i land ei fedrift frå ein båt. Det var opp i mot 100 kyr. Det var mange ungar og såg på dette, og dei som var med feet spurde om dei kunne vera med å jaga på dyra. Borna tykte dette var moro, og mange vart med. Då det ikkje var bruk for dei meir, sa driftekaren at han hadde tinga fire ungar til å jaga, men her var ein heil flokk. Dei fire borna fekk då ei krone til deling, og dei andre fekk ingenting. (Etter Olav Otterhjell)

Merknad: Dette må ha vore kring 1915.

Ei teljing frå 1891 syner at Luster hadde 24 fehandlarar. Det var 2 i Lærdal og 11 i Borgund, medan Aurland hadde 52. Austpå hadde Ål heile 60, Hemsedal 26, Gol 10 og Østre Slidre 13 fehandlarar.

Kommunestyret i Jostdal handsama 6. juni 1876 i ei sak om ei bru på vegen Fåbergstølen - Skjåk. I møtereferatet er særskilt nemnt kva ein fehandlar hadde vore ute for:

Ordføreren fremlagde og oplæste en Skrivelse fra Hr constitueret Veiinspecteur J. Landmark af 17de Mai d.A. til Nordre Bergenhus Amt, indeholdende Forestilling til Amtet om Opførelsen af en Broe Vivabro kaldet, der forhen har existeret; men som for Tiden er ødelagt hvilket i høi Grad hindrer og tildels umuliggjør Samfærdselen mellem Jostedal og Gudbrandsdalen, hvorpaa Amtet ved Paategningssskrivelse af 21de f. M. tilbagesendes Veiinspecteuren Sagen med Bemærkning, at det formenes, at den burde forelægges Jostedals Kommunebestyrelse til behandling og i Tilfælde denne skulde ønske Sagen nærmere undersøgt, var der fra Amtets Side Intet til Hinder for at Veiinspecteuren reiser til Brostedet for at anstille nærmere Undersøgelse, naar han ellers i Veivesenets Anliggender var i Jostedalen. I følge hvilke Amtets Paategning, hr Veiinspecteuren under 27de Mai sidstl. har oversendt Sagen til Jostedals Herredsbestyrelse til Erklæring. I anledning Foranstaaende har Jostedals Formand- og Representantskab enstemmig afgivet saadan

Erklæring

Det er en aldeles klar og given Sag at Mangelen af Vivabroen, i betydelig Grad hindrer Samfærdselen mellem Jostedalen og Gudbrandsdalen, thi at passere over Elven ved

Vadestedet, behøves gode og sikre Rideheste og endda er det om Sommertid næsten stedse forbundet med Fare, og i Flommen tildels umulig. Det er da let at forstaa, at Folk, der kjænder slige Situationer, ikke unde høieste Nødvendighed vover sig ud paa saa farefuld en Reise.

Det er saaledes Herredsbestyrelsens fulde Formening at Vivabroen bør opføres igjen, for at forebygge de Ulemper, den Fare og Skade, som dens Afsavn forarsager; og det er en stor Uforsvarlighed om saa ikke skeer. Imidlertid, er Præstegjeldets Kommune saa lille og fattig, at det vilde falde dem for tungt, at bære Omkostningerne med dens Opførselse, og det forhaabes derfor at Omkostningerne vil overtages af Amtscommunen, om Broen skal komme istand igjen.

Som et Exempel paa, hvad det kan foranledige, at Vivabroen ikke eksisterer, skal Kommunebestyrelsen tillade sig at oplyse følgende Tildragelse: En Handelskarl fra Vos, kom reisende over Fjældet fra Gudbrandsdalen forrige Uge med en Drift G[j]eder da han kjendte til, at Vivabroen var ødelagt og at det ellers ikke gik an at faa G[j]ederne over Elven paa anden Maade, besluttede han at drive Flokken over Isen af et Vand høiere oppe, hvoraf han havde undgaaet Elven; men Vandisen var bilagt med megen Sne, der var fylt med Vand, hvorved Dyrene ikke allene med største Besværlighed kunde vade igjennem; men endog ikke mindre end 18 Stykker Creperede.

Aflensmand Faabergs medfølgende Skrivelse vil det sees, at det gamle Brosted er udsat for Sneskred, saa at det formenes rigtigt at Hr Veiinspecteuren førend Videre blev foretaget, besigtiger Brostedet, og undersøger om der kunde findes noget bedre.

(Meir historikk: Sjå kapitla *Over Jostedalsbreen og Driftevegen gjennom Årdal* .)

ÅRDAL KOMMUNE



DRIFTEVEGEN GJENNOM ÅRDAL



Vegen via Årdal

Hovudåra gjekk frå Kroken i Luster. Det gjekk og ruter frå Feigedalen i Luster over Nundalen til Øvre Årdal og frå Fortun gjennom Fardalen til Farnes (Øvre Årdal).






Driftevegen gjennom Seimsdalen og Nondalen er innteikna på kartet med gul strek av Astrid Nilsen Einan, Årdal kommune. Dei tok båt over til Farnes. Lenger mot nordvest kom driftevegen frå Kroken. Der kunne dei velja om dei ville ta ned gjennom Nondalen eller til Fardalen. (Kartblad Årdal, 1:50 000, Statens Kartverk.)



Frå Fortun i Luster gjekk driftene gjennom Fardalen til Farnes (innteikna med gul strek på kartet av Astrid Nilsen Einan.) (Kartblad Årdal, 1:50 000, Statens Kartverk.)

Frå Øvre Årdal gjekk driftene opp Moadalen via Sletterust og vatnet Torolmen til feløger og sommarbeite ved Breikvam ved Tyin-vatnet.





Den eine gjekk over frå Sletterust til St.Thomas-kyrkja på Fillefjell, og den andre ruta, som var kortare frå feløgeret, gjekk frå austsida av vatnet Torolmen mot Sletningsbu og mellom Årdalsvatna og ned i Tyinkrysset. Herifrå kunne dei gå rett mot vest og Fagernes, eller meir mot sør i retning Hallingdal. Rutene er innteikna på karta, med gul strek, av Astrid Nilsen Einan. Ho har nytta Arne Eldegard, som informant i tillegg til ein artikkel i Bygdebok for Årdal, band I. (Kartblad: Turkart Årdal, 1:50 000, Statens Kartverk.)

FORSLAG TIL TILTAK

Ingen av traseane er synfarne i samband med prosjektet.

Prioriteringar

- Driftevegen over Kroken bør slik det ser ut så langt, prioriterast som hovuddrifteveg.
- Driftevegen gjennom Moadalen til Sletterust bør prioriterast som hovuddrifteveg.
- Når det gjeld vegen gjennom Fardalen må ein undersøkje i skriftlege kjelder og ved synfaring, om det er rett å leggja til rette for Drifteveg. Ligg der gamle ferdselsvegar att etter nyare vegutbygginga tok til? Kan desse verta eit tilbod for friluftslivsinteresserte i samband med Driftevegen?
- Ein må vurdere å velja ut ein av vegane frå Torolmen mot søraust som hovuddrifteveg. Ingen av traseane er synfarne i samband med prosjektet, men slik det ser ut så langt er truleg ferdselsvegen mot St. Thomas-kyrkja mest høveleg å leggja til rette som hovuddrifteveg. Denne vil vera meir interessant i friluftssamanhang dersom ein ser på vegen vidare mot søraust.
- Vegen over Sletningsbu til Tyinkrysset kan ein i tilfelle marknadsføra som alternativ rute.
- Ein må snarast søkja samarbeid med nabokommune/nabofylke om gjennomføring/vidareføring av Driftevegen.
- Vegen til beiteområda på Breikvam vert som ein blindveg og har liten verdi i samband med gjennomgåande Drifteveg.
- Vegen gjennom Nondalen og over Naddvik bør ein prioritera etter hovuddriftevegane og berre som tilførselsvegar.

Merking/skilting

- Vegen over Kroken er ikkje synfaren. Før ein vel å merka/skilta denne, bør ein undersøkje om det finst kjelder som kan seia meir nøyaktig kvar traséen for driftene gjekk. Dersom ein vel å merka og skilta denne må ein ha retningskilt, med logo og Driftevegen skrive på, der vegen tek av i Kroken og endar opp i Årdal. Skilting og merking elles lyt fylgja retningslinene for dette, sjå kapittel om merking/skilting.
- Når det gjeld vegen gjennom Fardalen, vil nærare undersøking avklara om ein skal gjera noko ut av denne i driftevegsamanheng. Truleg bør ein i alle høve berre merka Fardalsvegen som tilførselsveg/alternativ veg.
- Vegen opp Moadalen må ein skilta og merka i samsvar med merking av hovuddriftevegen gjennom fylket. Her må ein nytta den rettaste, eldste og samstundes beste vegen i friluftssamanheng som Driftevegen gjennom dalen mot Sletterust.
- Området kring Breikvam hadde ei viktig rolle i driftehandelen. Difor bør ein gjera turfolk merksam på dette ved skilting i vegskiljet, der vegen tek av frå hovuddriftevegen. Vidare merking av vegen mot området er truleg ikkje noko poeng i denne samanheng.

Informasjonstavler

- Ved alle tettstader der Driftevegen passerer bør ein ha informasjonstavler om denne.
- Opp Moadalen bør ein vurdere å setja opp informasjonstavler ved raste-/parkeringsplassar der Driftevegen passerer.
- I Øvre Årdal, på Sletterust, ved Tyinkrysset og ved St. Thomas-kyrkja bør ein setja opp informasjonstavler på eigna stad med informasjon om og kring Driftevegen.
- Når det gjeld vegen gjennom Fardalen, lyt ein vurdere etterkvart om ein skal, og eventuelt korleis ein skal informera om denne.

Marknadsføring

- Driftevegen bør ved revisjon og nyteikning av turkart i området omtalast som Driftevegen, der ein ut i frå tryggleiks-omsyn kan leggja han inn. Ein bør også leggja inn noko informasjon om kva som ligg i dette omgrepet.
- Ein må laga ein foldar med lokal informasjon om og oversiktskart over Driftevegen. Denne kan ein leggja fram på turistkontor, overnattingsstadar m.m. der vitjande i kommunen ferdast.

Turisme

- Driftevegen over Kroken, bør liggja godt til rettes for å arrangera guida kultur – og naturopplevingsturar for fotturistar.
- Opp Moadalen bør ein vurdera om det er råd å leggja til rette for bruk av hest i samband med Driftevegen. Eit godt samarbeid mellom turistnæring og hesteinteresserte vil her gje moglegheiter.
- Ein kan leggja opp til ulike arrangement i samband med driftehandelen i området.

Historie kring Driftevegen.

Driftekarane i Årdal handla mest i grannebygdene langs Sognefjorden, mens nokre få var heilt til Møre og Romsdal.

Feet som var kjøpt inne i Lustrafjorden vart som oftast drive over fjellet til Fardalen. Andre drifter kom frå nordsida av Sognefjorden via Kroken.

Det hende at drifter vart tekne på land i Vikadalen (Naddvik). Ole T. Haug jaga ei drift frå Vikadalen, forbi Vikastølen og vidare til Nystova. Nokre unggutar frå Vikadalen følgde med han på turen. Driftekarane leigde ofte med seg hjelparar.

I Veshagen på garden Ve i Øvre Årdal hadde driftekarane frå gammal tid rett til å hamna feet sitt i 24 timar før dei drog vidare. I leige hadde gardeigaren rett på mjølka. Kring år 1900 kom Sjur Sjurson Arebru frå Lærdalsmarknaden over fjellet til Vikadalen. Han hadde kjøpt 6 hestar, og dei var bundne i halane etter kvarandre. Han leigde den store førslebåten i Vikadalen og førte hestane over fjorden til Seimsdalen og vidare til stølen. Ved Krossle sto ein liten seimsdalsgut og glåpte på den store mannen som kom ridande på ein svart hest med 5 andre etter seg. «Vil du lata opp grinda til meg?» spurde rytteren. Guten var snar, og mannen kasta ned på vegen ein 25-øring. Etter hestepriane då var desse 6 hestane verd til saman kring 2000 kroner. (Bygdebok for Årdal)

Bygdebok for Årdal:

Driftehandelen

Ingen kan vel heilt visst seia kva tid eller år driftehandelen tok til i Årdal, men det er mykje som tyder på at dei fyrste handelskarane byrja røra på seg kring 1650-talet eller kanskje før. Som ein veit, kom gruvedrifta i gang på Kongsberg i år 1624 og på Røros i 1644. Det vart då større spurnad etter kjøt, mjølk og trekraft. Det fanst då ikkje bilar eller jernbaner som kunne frakta varene frå og til dei nye industrisamfunna som voks fram, det var hestane ein måtte lita på. Hestebyte og hestehandel fekk eit stort oppsving.

Om dei fyrste driftekarane veit me lite, men eitt er visst, - skulle handelen gå og pengar tenast, måtte dei vera både fysisk og åndeleg sterke, diplomatar, omgjengelege og flinke til å

tala for seg. Dei måtte ha god teft til å verdsetja dyra for seljarane heime, og kjøparane borte på Austlandet.

Det var helst bønder og bondegutar og andre som hadde litt å hjelpa seg med, som byrja handla på hest og fe. Ein god hestehandlar måtte kunna vurdera kring 30 tilhøve ved ein hest. Dei såg det på augo om ein hest var snill eller vill, t.d.

Driftekarane starta som oftast i det små, og unge var dei. For å lærast opp, var dei fyrst ein sommar eller to gjetargutar saman med eldre karar oppe i fjellet.

Klesdrakta deira skifte visst svært lite frå mannsalder til mannsalder. Dei gjekk i vadmålsdress, helst grå eller svart. Så hadde dei ullundertrøye og skjorte, gjekk med skinnhuve og i tesesko. Dei fleste driftekarane lika ikkje å gå i skinnbukse. På dei lange strevsame turane ville ho verta for varm, og i regn og slaps våt og ufyseleg. Førre siste hundreårsskiftet [1800/1900] bruka dei som oftast heller ikkje underbukse. Dei siste 25 driftehandelåra vart kledebunaden mykje brigda. Ein kunne då sjå desse handelskarane i beksaum, puttis, leggings og vindjakke. Driftekarane vart godt herda og spræke karar. Men nordadri i fjellet, gjennomvåte klede og blåfrosne hender og føter og nattekvila under ufser og hellerar sette nok sine merke, og desse merka gjorde seg og ofte gjeldande i alderdomen.

I driftehandelen følgde karane ein viss årsrytme. I februar og mars for dei gardimellom og kjøpte opp kyr, uksar og hestar. Dei var som oftast velkomne til gards. Bonden eller husmannen tok seg så ein tur bort i stallen eller fjøset med dei, og etterpå sette dei seg ned i stova. Dagsnytt og handel vart drøfta. Mykje nytt frå land og strand hadde driftekarane å fortelja. «Den som vide vankar, han mykje sankar.» Dette høvde godt på driftekarane i den gamle tida, utan telefon, radio eller TV. Var det att noko på flaska oppe i kråskapet, laut ho ned på bordet. Det vart tala om alder, stolpetjukn og mjølkelittrar. Feittprosenten vart nok meir sjeldan nemnd. Det vart dram og det vart som oftast handel og handpenngar. Det var nok ikkje alltid med gleden den gjeldstyngde bonden eller husmannen laut selja den gode og avhaldne kua si. Men kravbrev om rente, avdrag på lån og trugsmål om tvangsauksjon avgjorde ofte at handelen kom fort i stand, ja, kanskje altfor fort. Men eit ord var eit ord, og ein mann var ein mann. To grove arbeidsnevar greip tak til takk og farvel, og så for driftehandlaren vidare til neste heim med fjøs og stall, fe og hest. Skrivne kontraktar vart det sjeldan eller aldri tala om. Dei bar avtalane i hovudet. Fyrst i den siste driftehandlartida byrja dei å skriva ned namn og kronetal i små notisbøker. Det var ei æressak at avtalane vart haldne, slik at dei neste år også i venskap kunne gjera ein handel.

Driftekarane i Årdal handla ikkje berre i si eiga bygd, men farta og omkring i grannebygdene. Somme for på handelsferd like til Møre og Romsdal. Me veit såleis at Vilken Hæreid og Vettiskarane handla nokre år der oppe. Om Vilken Hæreid vert det fortalt at det kosta han to spesidalar å frakta drifta frå Geiranger til Breikvam.

I slutten av juni byrja sanken. Hest og fe skulle då samlast og drivast opp på sommarhamnene ved Tyin, og då serleg på Breikvam. Driftekarane hadde no ei svært strevsam tid, og dei måtte leiga med seg hjelparar. Feet som var kjøpt inne i Lustrafjorden vart som oftast drive over fjellet til Fardalen. I ei av dei siste driftene som vart førte frå øvre Årdal og austover (Ole T. Haug) følgde det med to kloke og merkelege dyr, kjøpte på same fjøset på Sørheim. Dei vart fyrst leidde over fjellet til Stokkesetbandet. Der overtok fehandlarane kyrne og fekk dei med til drifta på Farnes. Om desse to kyrne vert det fortalt at dei gjekk føre drifta gjennom heile Valdres og tok aldri feil av vegkryssa. Då dei kom til Gjøvik marsjerte dei og majestetisk føre ned Storgata. «Desse kyrne skal seljast til same bonden,» sa sonen til drifte-eigaren. Men faren, Ole T. Haug, hørde ikkje på dette, og selde den kollute kua på Gjøvik. Då drifta skulle

vidare utover Toten, skapte den hornute kua seg galen, jaga att og fram i flokken, rauta og leita etter den kjære veninna si.

I sanketida vart feet frå Seimsdalen drive over Sjursete og ned Nundalen til Nundalsgranden. Det var litt av ei oppleving å få vera med på ein slik tur. Det rauk då frå skorsteinspipene i Nundalen. Kyr og uksar sprang og rauta, og seimsdølene i lette tesesko følgde etter. Nundølene sto på dei bratte tuna, helsa og glåpte på framandt folk og fe, og hanane gol og hundane gøydde. Denne musikken har no tagna for mange år sidan, og vegen er attgrodd. Ved Nundalsgranden låg båtar som skulle føra feet vidare opp over Årdalsvatnet til Naustebukti. På ei steinhelle låg den store setleboka til driftehandlaren, og han sjølv sto bøygd over alle pengane. Her vart riksdalar, mark, ort, skilling og kroner fram gjennom tida delt ut til seimsdalsbøndene.

Tung og bratt var vegen opp att Nundalen og attende til kjerring og ungar, men kva gjorde det når ein fekk marsjera med sårt etterlengta kontantar.

Etter at amtsbåtane kom i drift, vart mykje av utabygdsfeet frakta med dei. Serleg skulle «Vetle Lærdal» vera mykje brukt. Ei oppgåve frå 1893 syner at det med desse båtane var ført 716 storfe til Gudvangen, Lærdal og Årdal. Det var for det meste fe som driftekarane skulle austover med. Det hende at drifter vart tekne på land i Vikadalen. Ole T. Haug jaga ei drift frå Vikadalen, forbi Vikastølen og vidare til Nystova. Nokre unggutar frå Vikadalen følgde med han på turen.

Årdøler var ofte til hestemarknaden på Lærdal og kjøpte hestar og leidde tilbake over fjellet til Vikadalen. Olav Tomasson Seim (Røysane) kom over fjellet frå marknaden på Lærdal den 14. oktober 1836. Han hadde kjøpt ein hest til gardsbruk. Mannen omkom. Dei fann han att i Tjuvali den 10. juli året etter. Han vart 52 år gamal. Ved hundreårsskiftet kom Sjur Sjurson Arebru f. 1837 same vegen. Han hadde kjøpt 6 hestar, og dei var bundne i halane etter kvarandre. Han leigde den store førslebåten i Vikadalen og førte hestane over fjorden til Seimsdalen, og han for så vidare med dei til støls. Ved Krossle sto ein liten seimsdalsgut og glåpte på den store mannen som kom ridande på ein svart hest med 5 andre etter seg. «Vil du lata opp grinda til meg?» spurde rytteren. Guten var snar, og mannen kasta ned på vegen ein 25-øring. «Er du sonen hans Helge, du?» spurde mannen. «Ja,» svara guten med den store rikdomen i handa. Etter hestepreisane då var desse 6 hestane verd til saman kring 2000 kroner.

I Veshagen på garden Ve i øvre Årdal hadde driftekarane frå gammal tid rett til å hamna feet sitt i 24 timar før dei drog vidare. I leige hadde gardeigaren rett på mjølka. Mang ein hard kamp vart kjempa i Veshagen sankedagane. Ukjende kyr og stutar kom saman, og jammen var det slik at dei ville prøva kreftene sine både med bein og hovud. Liksom smågutane i dag møter fram til fotballkamp, møtte dei fram til fekamp. Når årdalsstutane tukta songdals- og lustraffjordsstutane, då heia og klappa småkarane.

Humøret til driftekarane sto alltid i høve til veret og våren. Var veret fint og våren kom tidleg og beita vart gode på Breikvam, kunne dei i dei siste dagane i august driva austover med ei stolt drift.

Strevsam vart ofte turen opp Moadalen mot Sletterust og Breikvam. Helge Dalåkre reiste med ei drift og møtte rasande styggever mellom Sletterust og Tyin. Med bure og beljing skapte dyra seg heilt ustyrlege og ville ned att mot bygda. Helge og karane hans heldt på og skulle stupa i denne harde striden. Då sa han Helge: «Hadde eg no hatt eit grisehus å krypa inn i, skulle eg betalt 5 kroner. »

I den korte sommartida på Breikvam gjekk 300-400 storfe og 40-50 hestar og vabba i det saftige fjellgraset. Talet på dyra kunne variera frå år til år. I godver stortreivst både fe og gjetarar, men verre var det når regndrevet grein over Tyinfjella. Gjetarane hadde berre eit murhol å krypa inn i. Hestane sette bakendane inn mot store steinar og knubbar, og kyr og stutar kraup saman der det fanst ei livdarkrå. Om hest og fe gjekk til gjeste-bodsbord på Breikvam, var det nok ikkje slik for gjetarane og drifteigarane. I sure netter var den turre skinnfellen deira beste trøyst. Her i fjellet kjende karane kokekunsten til steinalderfolket. Var gryta reist med farande fantar, koka dei velling og graut i vide lagga trekoppar. Dei varma opp små steinar og kasta dei opp i mjølrøra. Avkjølte vart dei oppattfiska og utskifte med nye oppvarma. Dei kunne og kunsten å kinna smør utan kinne. Når gjetarane eller drifteigarane om morgonen skulle ut på dei lange fjellturane sine, hadde dei rømme opp i lagga vætekollar med berereimar. Desse bar dei med seg på ryggen heile dagen, og då dei om kvelden kom attende til steinbua, var rømmen vorten til smør og saup.

Driftekarane var sparsame og var som oftast ute etter billeg arbeidshjelp, og mange raringar kunne ein råka på der oppe ved Tyin. Fegjetaren «Firkanten» var noko til gubbe. Det vart sagt at høgda og breidda var lik på han, og feit var han av all rømmen han rende i seg, og av all fisken han naska til seg i sløene til årdølene og valdresane. Men ein gong vart han teken på fersk gjerning, og då fekk han høyra sanninga: «Du vert så feit av tjuvfisk at ein kan knekkja lus på magen din». BulteMan, legdekona med det vesle vitet, skulle og gjera litt nytte for seg. Ho vart send til Breikvam og skulle gjeta. Ein dag skadde ho eine foten inne mot Trollsjøen. Attende til steinbua kom ho krabbande og krypande. Det peip likevel liv i henne då folk nokre dagar etter fann henne på steinbrisen.

For kring hundre år sidan bygde Sjur Sjurson Årebru og Vilken Hæreid opp kvar si steinhytte på Breikvamsodden. I desse var det peis og romslege hellebriskar, krakkar, hyller og andre gode greier. Det var reine hotella, samanlikna med dei små gamle «krypinn». I slutten av august kom det store oppbrotet frå Breikvam. Ei veker tid føreåt kom driftekarane saman til «Fekarshelg» og «Fekarsfest» Desse samkomene vart for det mest haldne på Nystova. Budeiene frå dei næraste stølane vart som oftast innbedne. Dei dansa og drakk, handla og drogst, og stort var det å vera sprekaste og gjævaste driftekarane, - og så den rikaste sjølvsgt.

Dominikus i Strondi (Lægreid), f. 1830, var med på ein slik fest på Nystova. Han var med svogeren sin, Vilken Hæreid, og jaga drifta. Det vart tevling om kven som kunne spennast høgst. Fleire greidde bjelken, men «Mønokus» spente opp ei fjøl. Då sa gamle Nystoven: «Dette var skjele gøtt gjort.» Ivar Svalheim, f. 1870, var driftekar nokre år, og han var ein stor prettemakar. På ein «Fekarsfest» på Nystova skulle karane setta seg til bords. Svalheimen fekk ordna det slik at minste driftekarane laut sitte i ein låg sofa. Liten som han var, kom han mest vekk ved bordet. Svalheimen tok til å sikta og fekk det til at den lågvaksne driftekarane og brimosten på bordet var like høge. Om mannen var liten, vart røysta hans stor, og Svalheimen fekk vita kva kar han var.

Fyrste dagsreisa med driftene austover gjekk frå Breikvam mot Sletterust, over Skivarden, gjennom Grønna og til Nystova. Det var eit interessant følgje som då drog seg nedover dei framande bygdene, 10-12 dagars reise til Gjøvik. Oftast køyrde drifteigaren føre i ei kjerre som han på ein eller annan måte hadde skaffa seg øvst i Valdres. I kjerra låg matskreppa og litt ekstra klede og sko, og så må ein ikkje gløyma saltposen. Med salt, klapp og godprat heldt ein seg til vens med hest og ku. Etter kjerra gjekk hestedrifta. Så kom den store flokken med kyr og uksar, og til slutt dei karane som skulle driva flokken fram og halda orden, og det var

ikkje alltid så greitt, for tett sto skogen ved vegkanten mange stader. Drivarane kunne vera både eldre og yngre karar, men lette på foten måtte dei vera.

Andre overnattinga var på garden Kattevoll. Der sleppte dei feet inn på Grunketeigen, ei innstengd kve. Det hende at dyr braut seg ut og villa seg bort, så ein ofte måtte gjeta med natta og. Hamneleiga for drifta låg mellom 5 og 7 kroner. Sengeplass var 10 øre til manns, og ein kopp kaffi 7-10 øre. Dette var takstane frå 1880-åra fram mot 1914. Det skulle vera reine festkveldane på kvileplassane når driftene kom og slo seg til ro for natta. Valdresar, store og små møtte fram. Det vart kjøpt og selt hest og fe, men som regel voks drifta di lenger ein kom utover bygdene. Tredje overnattinga var Storekvåla i Vestre Slidre. Derfrå var dagsreisa til Strønd nær Fagernes.

Vegen var lang, og feet vart ofte sårføtt, så ein måtte prøva allslags utvegar for å retta på dette. Ein gong vart ei kalvtung ku så ille ute at ho ga heilt opp ute i Etnedalen. Driftekarane fann då på at dei skulle binda kalosjer på kua. Om natta kalva ho, og om morgonen sto ein lubben stutekalv og saug den kalosjeskodde mor si.

Av andre overnattings- og hamneplassar kan ein nemna Tumlevoll og Mustadroa kring 5 km frå Gjøvik. Bondeha, kring 2 km frå Gjøvik, mot Toten, var og ein kjend rasteplass. Det gamle Gjøvik Hotell var i lange tider tilhalds- og samlingsplass for dei langfarande sogningane og stor- og småbønder frå Gjøvik-kanten og Hedemark. Her på dette hotellet vart mang ein handel avgjord, mang ein rykande sprittoddi drukken, og mang ei skrøne servert.

Drifteegarane skulle til vanleg vera nokså varsame med dei sterke sakene, men karane dei hadde med seg kunne vera reine rabagastane. Unggutane likte dette frie livet, og det var reine eventyrferdene for dei. Når dei kom heim att til Årdal, hadde dei så mykje å fortelja om dei milelange skogane, breie elvane og store gardane. Unggutane kjøpte heim att småting til kjærastane sine. Somme skrytte og over små opplevingar saman med vakre austlandsjenter. Vide hadde dei fare, og mykje hadde dei lært. Fleire var like til Eidsvoll med drifter. Mellom dei var Ole T. Haug.

Dei kom heim att med meir vidsyn og frisynt, med meir tillit til seg sjølve og vart kulturberarar heimbygda. Dei tente pengar, og mange brukte pengane til å byggja opp og dyrka gardane sine. Garden Åbøle (Haug) er vel kanskje beste døme på dette. Drifteegarane kjøpte heim att med seg større ting. Dei kom med møblar, vogner, hesteselar, ri-salar, Toten-ur, knivar, skrin og mykje anna. Driftekarane Anfinn Vetti kom med eit vakkert og verdfullt Toten-ur som framleis tikkar og går i stova hans. Anfinn er for lenge sidan borte, men klokka som han med mykje strev fekk frakta over dal og fjell, står no i sentrum av ein nybygd industristad. Sjur Sjurson Arebru kom eit år heim att med rosettkakejarn til alle døtrene sine. Desse jarna skulle vera dei fyrste som kom til Årdal.

Frå gammalt var det slik at ikkje alle austlandsbøndene hadde pengar til feet dei kjøpte om hausten, så driftekarane frampå vårparten laut ta seg ein ekstratur bort att og krevja inn det han hadde til gode. Dei var ute på «kravet». Dette kunne vera livsfarlege turar for mange. Setlabøkene var tjukke og ein stygg lokkemat for tjuvar og kjeltringar. Fehandlerane Olav Avdal, Hermann Ve og Knut Lægveid fekk røynd dette i 1830-åra. Dei kom ridande hit att mot Valdres, heim att frå «kravet». Då oppdaga kjempekarane Olav Avdal at det rorde seg noko under bruladet dei skulle rida over. «Lat meg få ri føre, karar, » sa han. Fram kom det farande tre fæle illgjerningsmenn. Stakkars travalakane, dei visste nok ikkje at dei her gjekk mot ein av dei beste kjempekarane Årdal har fostra. Etter ein blodig kamp tok to av skarvane til røming, og den tredje låg tilsynelatande livlaus att på vollen. Det skulle vera uksepeisen til Avdalen som tok knekken på røvarane, og etter den turen skulle uksepeisen aldri hanga

still på stabbursvegen På resten vart dette så nifst, at ei kone på Avdalsgarden kasta uksepeisen ut over eit høgt gjel.

Verre enn med årdølene gjekk det nok driftekarane Eirik Høyheim frå Luster. Han var på tilbakeveg frå «kravet» og skulle gå over fjellet frå Årdal til Luster. Han overnatta på ein fjellgard, og setleboka førde nok diverre bonden ut i freisting. Han sette etter Høyheim, og nådde han att på høgjellet ved Ryvatni. Driftekarane vart funnen att nokre månader etter. Ei stor rettsak kom i gang, men ordet seier at mordaren gav skrivaren ein stor ukse, og vart frikjend.

I eldre tid laut driftekarane ha med ein kløvhest og minst ei bomme. I bomma hadde dei ofte pengane sine. Difor hende det nok at vaksame augo følgde kløvjabomma. Ein gong ikring 1800 drog Olav Olson Ve gjennom ein skog austafør. Då bykste det brått fram ein kar frå skogkrattet, knuste ei bomme og fekk tak i den store setlaboka. Før driftekarane rakk samla seg, var røvarane borte i tjuvskogen.

Jørgen Eldegard vart ein gong ille ute oppe i Grønna. Han gjekk frå Nystova over fjellet til Årdal, heim att frå «kravet». Brått kom det smettande fram frå ein stein to fæle, mystiske karar. Dei kom mot han, og Jørgen skjønna straks kva ærend dei hadde. No langa Jørgen av garde. Her galdt det livet. Røvarane sette etter han. Då Jørgen Eldegard kom til Skivarden, stana han og såg seg attende. På lang avstand såg han no at karane hadde gjeve opp jakta. Om kvelden kom Jørgen dauttrøyt inn i stova på Moa.

Det var nok ikkje alle som var skikka til å vera driftehandlar. Somme kunne prøva seg eit år eller to, men så fann dei ut at dette livet var for hardt, og at kanskje vinninga gjekk opp i spinninga. Andre var «fødde» driftehandlarar og heldt på til helsa svikta i alderdomen. Mange av dei vart velstandsfolk. I gode høyår på Austlandet gjekk handelen som ein leik, prisane var gode og fortienesta stor. Men i skrale høyår opplevde ein det motsette. To gonger i driftehandlarsoga gjekk det serleg gale. I «pengenedslagsåret» 1812 miste dei fleste handelskarane storparten av sparepengane sine. Mellom dei kan nemnast Olav Olson Ve, f. 1775. Han var frå garden Ve og fekk bygsel på Røti kring 1814. Han hadde i mange år vore driftehandlar og tent gode pengar, men no strauk storparten med.

Då me fekk det andre store krakket i 1920-åra, gjekk det og reint gale. Dei siste driftekarane Nils og Arnfinn Vetti, Jørgen Eldegard, f. 1864, og Ole T. Haug, var alle velstandskarar, men tapte storparten av det dei hadde slite saman. Etter dette tok driftehandelen slutt i Årdal. Om nokre var uheldige og tapte pengar, så var det nok likevel mange som tente, og tente godt. Registreringa av dødsbua fram gjennom tida kan stadfesta dette. Såleis synte nettoeiga i buet etter fyrste kona til Sjur Svalheim i 1740 282 Rdl. Dette utgjorde då 80-90 karverd. Sjur Svalheim hadde vore driftekar. I skiftet etter kona til Eirik Anderson Lægreid i 1802 synte buet ei nettoeige på 402 Rdl. Dette var nok mykje pengar, pengar som han for det meste hadde tent på austlandshandel.

Nils Jørgenson Øyri, g.m. Anna T. Hjelle, var driftekar kring år 1800. Andre kona hans var frå øye i Vang. Nils flytte då dit, og der kalla hans seg Nils Grøv. Det gjekk gjetord om denne mannen. Vide var han kjend og mang ein storhandel gjorde han. Sonen Jørgen var og ein dugande fekar. Men han skulle verta lurt av nokre hallingar og tapte heile drifta og dermed alt han åtte. Men kjempekarane Olav Avdal let seg ikkje lura. Ein gong hadde han selt noko fe til ein slaktar i Kristiania. Han kravde og kravde og venta oppgjer, men ingenting fekk han. Avdalen drog då til slaktaren, og slaktaren tok vel mot han. Dei gjekk inn gjennom tre dører, og for kvar dei gjekk gjennom, snudde slaktaren seg og låste att. Han saug seg no på Avdalen

og ville ta livet av han, men det skulle han nok ikkje ha gjort, for han Olav la slaktaren i golvet, drog opp setleboka hans og talde opp dei pengane han skulle ha. Ut att or dette «syndens hus» sprang Avdalen gjennom dei låste dørene.

Av andre driftekarar kring år 1800 kan ein nemna Helge Torson Hestetun frå Håvardsgarden. Han var gift med Guro Dalåkre. Sjur Botolvson Avdal budde i Nundalen. Henrik Avdal var fødd 1761. Håvard Kristofferson Volldal døydde i 1831.

Å nemna namna på alle som var borti driftehandelen, er uråd. Mange av dei kunne ikkje skriva, og knapt nok lesa. Tittelen **driftehandlar** vart sjeldan brukt når namna vart skrivne i dokument eller protokollar.

I åra 1600 - 1800 varierte feprisane og hestepreisane svært lite. Men kjøpeevna til riksdalaren var svært stor når me samanliknar med kroneverdet vårt i dag.

I skiftet etter Eirik Larson Hjelle i 1671 vart 7 kyr, ein ukse og 3 kalvar verdsette til 28 rdl. På Lægreid i 1717 vart Dagros og Bugås verdsette til 3 rdl. kvar, men Røsi kom opp i 4 rdl. Røsi måtte vera ei svært gild ku, for 4 rdl. er største kuprisen ein finn frå 1671 til 1736. I 1765 vart kua «Lita frue» på Lægreid verdsett til 5 rdl. Det måtte truleg vera reine premiekua. Men det kunne og vera fargen som gjorde ho så verdfull. Overtrua kom ofte inn i biletet. Kanskje det kunne vera ei «huldreku».

I tida 1650 - 1800 var hestepreisane ikkje så mykje høgare enn kuprisane.

Etter femårsmeldingane om fedrifta frå 1865 var feprisane desse:

	Ku	-	Hest	
1865	15 spesidalar	-	»	31 spesidalar
1875	18 »	-	»	70-80 »
1880	68 kroner	-	»	240 kroner
1886	68 »	-	»	200 »
1891	80-100 »	-	»	200 »
1896	70 »	-	»	300 »
1901	80 »	-	»	350 »
1906	100 »	-	»	300 »
1916	160 »	-	»	600 »
1921	600 »	-	»	1500 »

Eit gammalt namn på hest var *skjut*. Ein finn det brukt i Årdal i koparverktida. Petter Dass brukar namnet i Nordlands Trompet. Det var namnet på merr (etter Ivar Aasen).

I 1672 var det skifte etter Ragnhild Hermundsdotter Seim. Då vart ein gammal hest verdsett til 3 1/2 rdl. I 1711 hadde dei ein hest på Hovland som var verdsett til 6 rdl. På Svalheim hadde dei i 1740 ein gul hingst, verdsett til 5 1/2 rdl. Men verdfullaste merra føre 1800-talet hadde dei på Lægreid i 1774. Ho var ulveblakk og verdsett til 9 rdl. Her kom truleg også fargen og overtrua inn i biletet.

Den gamle handelsvegen mellom Årdal og Gjøvik var lang og slitsam, men folk tok slitet med tolig mot og tok tida til hjelp. Fedrifta var viktigaste næringsgreina i Indre Sogn, og god avsetnad fekk ein borte på Austlandet. Jurtunge kyr, feite stutar og glinsande hestar for austover den bakkete og krokete handelsvegen. I dag er den gamle seljaren vorten kjøpar, og den gamle kjøparen vorten seljar.

Sjå elles historia om Nundalsmordet, 1817, i *Årbok for Årdal Sogelag*, II, 1952, s. 109, der ein fehandlar frå Luster vart drepen.


LÆRDAL KOMMUNE



DRIFTEVEGEN GJENNOM LÆRDAL




DRIFTEVEGEN GJENNOM LÆRDAL I DAG



Med fast grunn under føtene i "Habben" kunne drifti ta fatt på den lange veggen opp gjennom Lærdal og Borgund og til fjells. Hamn til feet var tinga på førehand, og når drifti kvilde, kom det kvinnfolk frå husi i kring og mjølka kyrne. (Oskar Nesse)
(Kartblad Lærdalsøyri, M 711, 1:50 000, Statens Kartverk.)


Lærdal er kjend både for dei gamle forseggjorde ferdselsvegane, og dei nye, moderne, veganlegga gjennom dalen. Driftevegane gjennom Lærdal er ikkje fullt så mykje omtala, truleg av di dei langt på veg sjølvstakt fylgde dei ålmenne vegane gjennom dalen. Oskar Nesse skriv at driftene fylgde allfarvegen fram til Nesdalen. Her gjekk dei forbi gardane Engi og Årberg for å ta seg inn til Førdalen og Hallingdal. Erik Fønstelién skriv at han nytta seg av denne ruta. Andre kan sjølvstakt ha teke andre vegar, til dømes via Maristua og vidare til Fagernes, eller dei tok over Hemsedal.

Driftekarane tok dei lettaste vegane etter kvart som vegnettet gjennom dalen utvikla seg. I dette prosjektet er det eit viktig poeng at ein fram til dei eldste driftevegane som framleis er mogeleg å rusta opp eller tilretteleggja som Driftevegen gjennom kommunen.




(Kartblad Lærdalsøyri, M 711, 1:50 000, Statens Kartverk.)

Ein del av sauene som skulle bort i Hallingfjelli, vart jaga opp Nesdalen. Dei som for på vestsida av dalen, jaga då forbi stølane Engi og Arbergi, ovom den nedlagde stølen Djupevjene, fram Sanddalen og over Hallingskeid. Dei var då kome til Hallingdal, til fjelldalen Førdalen. Der var det nokre felægerplassar eg høyrde om: Steinane, Hatlehiet, Joviki og lungsdalen. Det kunne gjerne vera mykje snø att i fjellet på den tid sume år, så det kunne vera balesamt å jaga. Men det kunne koma vel med at det låg att snø og, serleg når dei skulle over elvane med sauene. Då gjekk det fint på snøbreane. (Oskar Nesse).



(Kartblad Borgund, M 711, 1:50 000, Statens Kartverk.)



Endeleg kom då feet til fjells. Og der hadde krøteri det godt i eit par månader. Dei fekarane som var gifte, hadde gjerne konene sine med seg i fjellet. Han Embert Fekene (Fekjo) frå Hemsedal som mest kjøpte feet sitt i Erdal og på Borgund, låg i Storeskar og hadde kona si med seg. Men best hugsar eg han Halvor Eraker. Han leigde fehamn i Bjordalen inst inne i Nesdalen, på austsida. (Oskar Nesse). (Kartblad Djup, M 711, 1:50 000, Statens Kartverk.)

Ein annan veg som også vart brukt til drifteveg, var den vanlegaste vegen mellom Aurland og Lærdal i eldre tider, vegen opp forbi garden Bjørge, vidare mot Hørdalen og ned Erdalen. Det var ein særst verutsett veg og i driftesamanheng var nok vegen mest brukt i samband med Lærdalsmarknaden. Ein må difor rekna denne vegen meir som ein tilførsleveg til hovuddriftevegen austover frå Lærdal eller Aurland. Same status har truleg vegen frå Naddvik i Årdal hatt.

FORSLAG TIL TILTAK

Ingen av traseane er synfarne i samband med prosjektet. Her bør ein gjera nærare kjeldestudier før ein kan velja ut kva drifteveg ein vil prioritera som hovuddrifteveg gjennom kommunen. Så langt ser det ut som vegen opp Nesdalen merkar seg ut. Denne gjekk på vestsida av elva, forbi stølane Engi, Årberg og Djupevjene, gjennom Sanddalen og over til Førdalen i Hallingdal. Her var det fleire felæger.

Prioriteringar

- Driftevegen gjennom Nesdalen bør, slik det ser ut så langt, prioriterast som hovuddrifteveg.
- Ein må snarast søkja samarbeid med nabokommune/nabofylke om gjennomføring/vidareføring av Driftevegen.
- Vegen frå Naddvik i Årdal og frå Aurland gjennom Erdal, bør ein evt. prioritera etter hovuddriftevegen og berre som tilførselsveg.
- Driftevegen mellom Lærdalsøyri og Nesdalen ved Borgund fylgde i nyare tid vegane som etterkvart vart bygde gjennom dalen. Her lyt ein prøva å finna eldste driftevegen gjennom dalen og tilretteleggja denne som hovuddrifteveg der det er mogeleg. Der det ikkje er mogeleg å nytta denne, lyt ein prøva å finna andre løysingar.

Merking/skilting

Driftevegen gjennom Lærdal er ikkje synfaren. Før ein vel å merka/skilta denne bør ein undersøkja om det finst kjelder som kan seia meir nøyaktig kvar traséen for driftene gjekk. Dersom ein vel å merka og skilta denne må ein ha retningskilt, med logo og Driftevegen skriven på. Skilting og merking elles lyt fylgja retningslinene for dette, sjå kapittel om merking/skilting.

- Når det gjeld vegen gjennom Erdalen vil nærare undersøking avklara om ein skal gjera noko ut av denne i driftevegsamanheng. Er det problem med bilvegen som no går gjennom dalen og tilrettelegging for friluftsliv? Dette vil vera moment som ein bør vektleggja. I alle høve bør ein berre merka Erdalsvegen som tilførselsveg.
- Vegen opp Lærdalen må ein skilta og merka i samsvar med merking av hovuddriftevegen gjennom fylket. Her må ein nytta den rettaste, eldste og samstundes beste vegen i friluftssamanheng som Drifteveg gjennom dalen.
- Vegen frå Naddvik kan ein leggja til rettes og merka/skilta som tilførselsveg.

Informasjonstavler

- Ved alle tettstader der Driftevegen passerer bør ein ha informasjonstavler om denne.
- Opp Lærdalen bør ein vurdera å setja opp informasjonstavler ved raste- og parkeringsplasser der Driftevegen passerer.
- På Lærdalsøyri og i Borgund bør ein setja opp informasjonstavler på eigna stader med informasjon om og kring Driftevegen.
- Når det gjeld vegen gjennom Erdalen og frå Naddvik, lyt ein vurdera etterkvart om ein skal informera om denne som tilførselsveg, og eventuelt korleis.

Marknadsføring

- Driftevegen må ved revisjon og nyteikning av turkart i området omtalast som Driftevegen, der ein ut i frå tryggleikssyn kan leggja han inn. Ein lyt også leggja inn noko informasjon om kva som ligg i dette omgrepet.
- Ein kan laga ein foldar med lokal informasjon om og oversiktskart over Driftevegen. Denne må ein leggja ut på turistkontor, overnattingsstader m.m. der vitjande i kommunen ferdist.

Turisme

- Opp Lærdal bør ein vurderer om det let seg gjera å leggja til rette for bruk av hest i samband med Driftevegen. Eit godt samarbeid mellom turistnæring og hesteinteresserte vil her gje mogelegheiter.
- Ein kan leggja opp til ulike arrangement i samband med driftehandelen i området.
- Ein bør utnytta Lærdalsmarknaden i marknadsføringa av Driftevegen.

Historie kring Driftevegen gjennom Lærdal

Dagbøkene til uvdølen Erik Fønstelien fortel om rutene driftekarane nytta og om livet deira. Fønsteli nytta seg av dampbåt til transport av dyra over Sognefjorden. Dette var heilt på tampen av driftehandelen frå gamal tid. Frå ei drift i 1896:

Den 21 juni kom vi ned Sværeskaret, maatte ligge der rolig til den 22, for vi havde tinget D/S Kommandøren for kr. 200, - en ekstratur med hele driften ind til Lærdalsøren - og baaten skulde hente os i Sværefjorden St Hans aften eftermiddag.

Ved 5 tiden kom dampskibet og ankret paa bugten, vi maatte føre kuer og hester i en stor førslebat ut til skibet. Brygge fandtes ikke. Ved 10 tiden gik baaten med 112 kuer og 11 hester om bord i et herligt stille veir.



Prospektkort frå Lærdal. Liv og røre når dampen legg til kai. (Foto: Fylkesarkivet.)

Vi kom til bryggen i Lærdal kl. 2 om St Hans natten. Lossingen av lasten gik ganske kvikt og kuerne ristet sig efter turen om bord og ruslet indover veien, da alt var kommet paa land saa hele forskibet ut som en fjøs og gamle kapt. Frøkne som da førte baaten udtalte at de kr. 200,- som betaltes var ikke mer enn mandskapet trængte for at gjøre skibet rent saa han kunne gaa med turister til Bergen næste dag.

I 1895 kom han frå Vadheim med ei drift:

Jeg fulgte Tuftekarerene med hestedrift til Lærdal. Jeg havde en hest med og reiste straks fra Lærdal over Hallingdal hjem. Paa D/S Alden var 86 hester med fra Vadheim til Lærdal, der

var flere hestekarar med paa baaten saa det blev uhyggelig meget fyll og spetakkel paa 3dje plads. Driiteigarane var til vanleg særst forsiktig med alkohol, men leigekarane dei hadde med seg var ikkje så nøye på dette.

Even Løvstuen fulgte mig hjem fra Lærdal. Husker jeg laa paa gaarden Eri i Lærdal, der var ogsaa mange Hallingdøler og om morgenen var de begyndt paa deling av 1 anker brændevin som var kommet.

Fra Lærdals sæteren fortsattes indover høifjellet der var ingen havn eller beite for kuerne saa turen gik næsten et helt døgn innover til vi naaet Fødalen (Førdalen) i Hallingdal, der var beite og det ble en dags hvil.

FE-HANDEL I GAMLE DAGAR: OSKAR NESSE

HANDEL MED HUSDYR FRÅ SOGN OG AUSTOVER I ELDRE TIDER.

Kva tid denne handelen tok til, er ikkje godt å seia. Me høyrer om handelskarar tidleg på 1800-talet, men truleg har det alltid vore ein del handel med husdyr som med andre varer, særleg i samband med den gamle Lærdalsmarknaden som me kan fylgja attende like til 1500-talet.

Korleis kunne Sogn ha så mykje husdyr å selja? Me må då hugsa på bruksmåten i eldre tider. Det var då om å gjere å nytta alle dei resursar ein hadde, heime, i skogen og på fjellet.

Særleg var fjellet viktig. Dei gode fjellbeiti me har her, mest i Indre Sogn, med "graset så feitt at det glinsar" (A.O. Vinje), var det om å gjera å nytta godt ut. Det var i desse fjellbeiti krøteri fekk merg i seg om sumaren. Det var difor om å gjera å ha så mange beist som råd var til å sleppa til fjells. Der kunne kyrne mjølka så ein fekk dugeleg med smør og ost til vinteren, og der kunne gjeldfe og sau og hest få hold på ein mager skrott. For mager var gjerne skrotten når beisti kom ut om våren. Bonden rekna ikkje med å få nokon avdrått av kyrne om vinteren. Det var om å gjera å fø fram så mange kyr og kalvar og sau og geiter som mogeleg. Kom då vinteren tidleg, så vart det tidleg innsetnad, og våren kunne vera kald og sein så det drog ut før ein fekk løysa, kunne det gjerne vera i minste laget med foret, endå ein hjalppte på med lauv og ris og skav. Det vart difor gjerne sagt at bonden sveltefora dyra sine, men det vart sikkert ikkje gjort med vilje. Grunnane var nok dei som er nemde ovanfor. Hesten fekk som regel godt stell. Han fekk det beste høyet, og gjerne ein mjølgrand kvar dag, for han skulle arbeida også om vinteren.

Når ein såleis kunne greia å fora fram mange husdyr, så vart det gjerne eitt eller fleire dyr ein kunne selje, endå ein måtte rekna med å kunna greia seg med kjøt heile året. Sal av husdyr var gjerne einaste kontantinnkoma sume bønder hadde, særleg i fjellbygdene. Desse pengane kom godt med til renter og avdrag på gjeld, og til skatt. i Indre Sogn, der fjelli grensar til fjelli på Austlandet, kom denne handelen til å gå austover, og det var oppkjøparar som stod for denne omsetnaden. Summe av desse oppkjøparane handla med sau, andre med storfe og atter andre med hest.

..sauehandelen..

Det må være hallingar som frå fyrst av har teke opp denne handelen. Nemningi "sauehandling" som me sa i Lærdal og Borgund om dei som dreiv med å kjøpa opp sau, skulle tyda på det. Sjølv hugsar eg "sauehandlingar" som heitte Lappegard, Dusegard, Sataslåtten og ein me kalla "Vetleguten", men det var vel ikkje rette namnet hans. Dessutan har eg høyr om Skalle og Jens Sletto. Men så tok nokre borgynder til å tevla med hallingane om denne handelen, særleg brørne Johannes, Hans og Håkon Nesse (Nedigarden) og Peder Nesse (Nesbakken).

Det var to gonger på året dei kjøpte opp sau. På etterjolsvinteren gjekk oppkjøparane frå gard til gard i bygdene Borgund, Lærdal, Hafslø, Luster og Sogndal og kjøpte sau som seljaren skulle levera når kjøparen sank fyrst i juni. Handelen byrja med at eigaren sa kva dyr han ville selja, og så forlanga han ein pris, gjerne litt høg, så han skulle ha prutingsmon.

Det var sjeldan at kjøparen gjekk med på det seljaren forlanga, og så vart det akkedering. Seljaren slo gjerne litt av, og kjøparen la litt på. eg hugsar ein kjøpar sa då han hadde både det han tykte han kunne: "Vil du selja for det, så her er labben," og rette fram handi. Tok då seljaren handi, var handelen avgjort. Dermed stakk handelskaren handi inni vesten og drog fram ei tjukk setlabok som var fest i ei reim som gjekk rundt halsen og bladde opp nokre setlar som han gav seljaren. Det var "handpengar". Desse kunne variera etter kor stor handelen var, og gjaldt som kjøpekontrakt. Kjøpar og seljar noterte vel kvar for seg pris og handpengar, men eg hørde aldri at det vart skrive nokon kjøpekontrakt. Når det så leid til sanketid, fekk seljaren bod om stad og tid han skulle møta med sauene. Då vanka det fullt oppgjer med frådrag av handpengane, og gjerne ein dram som kjøpskål. Dei var ikkje gode å lura desse handelskarane, så eg hørde ikkje nokon prøvde seg med det.

Var sauene kjøpte på nordsida av Sognefjorden, måtte dei fraktast til Lærdal med båt. Frå fyrst av var det store førselsbåtar dei brukte, men etter kvart vart sauene sende med "dampen". Oppe på "bakken" på båten var det sett opp grinder som ei kve der sauene stod. Ei slik drift kunne vere på 200-300 stykke. Det gjekk seint å jaga ei sauedrift etter landevegen. Veret var oftast varmt på den tid av året, så oftast laut ein nytta natti til å jaga i, og så kvila om dagen. Ein hamnehage til å kvila i var tinga på førehand.

Ein del av sauene som skulle bort i Hallingfjelli, vart jaga opp Nesdalen. Dei som for på vestsida av dalen, jaga då forbistølane Engi og Arbergi, ovom den nedlagde stølen Djupevjene, fram Sanddalen og over Hallingskeid. Dei var då kome til Hallingdal, til fjelldalen Førdalen. Der var det nokre felægerplassar eg hørde om: Steinane, Hatlehiet, Joviki og Iungsdalen. Det kunne gjerne vera mykje snø att i fjellet på den tid sume år, så det kunne vera balesamt å jaga. Men det kunne koma vel med at det låg att snø og, serleg når dei skulle over elvane med sauene. Då gjekk det fint på snøbreane.

Saugjetarane hadde eit par eller fleire kyr også i lægret, så dei skulle halda seg med mjølk, smør og ost, og ein hest til å kløvja proviant på.

Men sauene er lei til å trå, slik at han vil søkja attende dit han er fødd og oppvaksen. Såleis kom det ofte hallingsauer vestover att til fjelli våre. Då eg var på stølen som gjetargut, kom det mest kvar sumar sauegjetarar frå Førdalen på stølen til oss. Det dei ville veta var om me hadde sett "noki framande saoi fara nolover her". Hadde me gjort det, fekk dei greie på kvar me hadde sett sauene, og så var det å sankar dei med seg. Det var dei som sa at gjetarane ikkje alltid var så nøye på om det var deira alle sauene dei tok med seg. Og det kunne gjerne sjå ut som det var noko i det, for det hende nok at det kom melding frå Hallingdal om at det var kome sauer som hørde oss til dit. Men me får tru dei ikkje var kome dit med mannevilje.

Når hausten nærma seg, vart sauene jaga or fjellet og austover mot Hallingdal. Kor langt nedetter dalen dei måtte jaga før i tidi, veit eg ikkje, men dei sauehandlarane på Borgund som eg hugsar, brukte jaga til Gol, og så tok dei sauene med jernbane der i frå. Dei leigde då heile dyrevogner, slike som det stod "40 mænd 8 heste" på. Kor mange sauer ei slik vogn tok, hørde eg nok dei fortalde, men det hugsar eg ikkje.

Og så gjekk turen til Drammen, i allefall reiste alle borgyndene dit, til eit slaktarfirma som heitte Stablum & Andersen, seinare hørde eg berre om Andersen. Sauen vart seld "med hud og hår", d.v.s. at han vart slakta og skroten vegen, og så vart det betalt ein viss pris for kvart kilo kjøt, men i prisen var både ull og skinn og innmat irekna. Derav uttrykket "med hud og hår".

Om hausten, når sauene i bygdene var sankar nedatt frå fjellet, kom handelskarane att og kjøpte lam som var til sals og ei og onnor gamal søye som eigaren ikkje ville setja på att. Då jaga dei lande-vegen til Gol og så vidare med jernbana.

Fehandelen.

Handelen med storfe vart mest driven av folk frå Lærdal og Borgund, då særleg frå Borgund. Det var helst yngre bondesøner som dreiv denne handelen, slike som ikkje kunne venta å få garden. Men det hende nok at odelsgutten og handla nokre år før han skulle løysa inn garden. Det var dei gode fjellhamnene på Borgund, både i sidedalane og på Hemsedalsfjellet og Fillefjellet som gav grunnlaget for denne handelen. Mange av fekarane hadde fjellhamner som høyrde til garden, og dei som ikkje hadde, fekk leiga hjå andre.

Den som skulle vera ein god fekar, måtte skjønna seg på krøter. Ei ku vart mælt og handfari på alle kantar og endar. Storleiken vart mælt med eit stolpeband, og ein god fekar kunne seia kor mykje ei ku kom til å vega når ha var så og så mange "stolpar over alnene". Og så måtte han sjå beinbygnaden, kjenna på "mjølkemerki" og juret, ha greie på alder, kor mange kalvar ho hadde bore, om ho var "tidd" (hadde teke kalv) og kva tid ho skulle bera. Gav ikkje seljaren rette opplysningar om dette, kunne det koma attende på han sjølv. Sume fekarar kjøpte både kyr, uksar og kviger, andre berre kyr og atter andre berre uksar.

Dei som dreiv denne handelen, reiste gjerne lenger utover Sogn enn sauekarane, gjerne ut til Vik og Fjærland. Ved jonsoktider så tok sankingi til. Og det var "dampen" som førde krøtteri til Lærdal. Det vart då lagt luker over opningi til nedste lasterommet på båten, og så vart øvste lasterommet nytta til "fjøs". Der var det ringar til å binda dyri i. Dei vart heiste om bord i ein sterk sele av seglduk som vart lagt under magen på dyret og gjekk oppatt på sidene og fest med tau framme og bak. Så vart dyret heist om bord med vinsjen. Dette var ikkje alltid spøk når det var rebelske uksar og nervøse hestar som skulle om bord.

Nede i "fjösen" var det ofte lurveleven, med rauting og beljing og skiting av dyri som fekk "laust liv" av ei slik uvan framferd. Eigaren måtte då freista å roa dei, men det var ikkje alltid så endebeint. Passasjerane om bord fekk eit gratis skodespel av ei slik lasting og lossing, men teven frå "fjösen" kunne kanskje riva litt i nasen hjå finfiffen om bord. For det kunne vera tev frå "fjösen" når han var full med kyr. Eg hugsar ein gong eg kom med båten frå Bergen ved jonsokbel. Det var under fyrste verdskrigen, og båt frå Bergen til Sogn gjekk det berre to gonger i veka. Ein tur frå Bergen til Lærdal tok over to døger, for båten var innom alle "fjordakjefar" som fanst etter den lange Sognefjorden. Det var fullt med folk om bord, og då me kom inn etter fjorden, vart "fjösen" full av krøter. Det var steikjande varmt. Me passasjerane kunne vera på dekk, men feet måtte halda seg under dekk. Båtfolki heiste då opp i masti ei stor trakt av seglduk med den største opningi mot fartsretningi og den andre opningi ned i lasterommet så det kom frisk luft ned til dyri. Men den lufti som då kom oppatt frå lasterommet, er det uråd å skildre. Tett ved nedgangen til "fjösen" var døri inn til "bondestova", og ho vart fylt med denne lufti frå "fjösen". Der på "bondestova" måtte me som reiste på 2. plass, for kr. 6,50 Bergen - Lærdal, liggja og sova om natti, på nokre harde benkar med ei hard pute under hovudet, dersom me i det heile fekk liggja.

Med fast grunn under føtene i "Habben" kunne drifti ta fatt på den lange vegen opp gjennom Lærdal og Borgund og til fjells. Som før nemnt var det best å jaga om natti. Hamn til feet var tinga på førehand, og når drifti kvilde, kom det kvinnfolk frå husi i kring og mjølka kyrne.

Endeleg kom då feet til fjells. Og der hadde krøteri det godt i eit par månader. Dei fekarane som var gifte, hadde gjerne konene sine med seg i fjellet. Han Embert Fekene (Fekjo) frå Hemsedal som mest kjøpte feet sitt i Erdal og på Borgund, låg i Storeskar og hadde kona si med seg. Men best hugsar eg han Halvor Eraker. Han leigde fehamn i Bjordalen inst inne i Nesdalen, på austsida. Kona var med han, og ho mjølka og yste og kinna, og han Halvor kløvja osten og smøret fram fjellet til Breistølen, til køyreveg. Men lauskarane kunne ikkje gjera seg slik nytte av mjølki. Dei mjølka til eige bruk, og elles "gjeldmjølka dei kyrne, i

allefall dei som skulle bera tidleg. Uksane var skilde frå kyrne i fjellet og heldt seg mest for seg sjølv, borte frå lægret.

Det var alltid ei viss helg fekarane tok til å jaga or fjellet austetter. Hugsar eg ikkje for mykje feil, så var det siste helgi i august, og ho fekk difor namnet "fekarhelgi". Den helgi var det alltid ruskevær, sa folk, og sume år kunne det vel slå til.

Så var det å jaga austover, dag etter dag. Det måtte gå smått så ikkje feet skulle missa holdet, og gode hamner måtte det ha til å kvila i. Dei fekarane som hadde lege på grensa mot Hallingdal, jaga den vegen, og det hende dei jaga like mot Modum og Eiker. Dei som hadde lege på Fillefjellet, jaga ut Valdres, Begnadalen, Ådal og til Ringerike.

Etter kvart dei jaga, kom kjøparane. Det hadde mykje å seia kva slag år det hadde vore på Austlandet. Hadde det vore ein god sumar så bøndene hadde fått mykje og godt for, kunne fekarane halda litt høge prisar og endå greia å verta fort av med feet. Hadde det vore eit dårleg forår, kunne det gjerne vera vanskeleg å verta av med feet til lønsam pris. I slike år måtte dei gjerne jaga langt før dei vart av med alt.

Men handelskarane fekk sjelden heilt oppgjier for feet. Det var ofte kjøparar som måtte be om utsetjing med ein del av betalingi til ut på nyåret. Fyrst i februar reiste då fekaren "på krav" for å få inn det han hadde til gode. Han kjøpte då gjerne med seg litt vadmél som han selde. Det kunne hjelpe litt på utleggi med turen.

Uti mars, når handelskarane hadde fylt lommeboki att, bar det så på ny handel.

Hestehandelen.

Handel med hest har det nok vore lenge frå Lærdal og austover, serleg i samband med den gamle Lærdalsmarknaden, då dei måtte ha bruk for mykje kløvhest. Men då det vart slutt med den, vart det ein særskild hestemarknad på Lærdalsøyri. Kva tid den vart sett i gang, er eg ikkje sikker på, det var i allfall lenge før mi tid. Den varde om lag ei veke fyrst i juni. Datoane stod i almanakken.

Det var mange lærdøler og borgynder som kjøpte opp hest som dei selde på hestemarknaden på Lærdalsøyri. Det var mest Sunnfjord og Nordfjord som hadde stort overskot på hest til sal, og så Sunnmøre. Det var på etterjolsvinteren dei dreiv denne handelen. Anders Eggum frå Borgund var ein av dei store hestehandlarane. Han var like til Sunnmøre på oppkjøp. Eg hugsar han fortalde at då han var i dei ytre Sunnmørsbygdene, var det ikkje vaksne mannfolk heime på gardane på den tid av året, dei var ute på fiske. Det var difor konene som måtte stå for hestesalet. Men dei hadde god greie på hest, og visste kva dei skulle forlanga, fortalte han.

At Eggum'en kjøpte hest på Sunnmøre, fekk eg stadfest for nokre få år sidan. Då vegtunnelen mellom Nordfjordeid og Lote var opna, og me straks etter køyrde den vegen, stakk me innom og helsa på Jakob Lothe, tidlegare stortingsmann. Han var då mange og åtti år, men like kvikk i tanken og med godt minne. Lote hadde før hatt berre båtsamband, fortalde han. Den einaste måten dei kunne koma nokon veg til lands, var å gå eller rida over fjellet til Nordfjordeid. Og så fortalde han at den vegen kom Eggum'en med hestedriftene sine frå Sunnmøre. Frå Lote fekk han seg båt inn til Vereide eller Sandane.

Til hestemarknaden på Lærdalsøyri kom det mykje hest. Det hende at "dampen" stundom måtte gjera ekstratur til Vadheim for å få inn alle. Mellom 500 og 600 hestar var det vanlege. Handelskarane hadde tinga seg gjerde som dei sleppte hestane på, og det gjekk hestar på slike gjerde frå nedste Øyri og like til Eri. To dagar under hestemarknaden var det utstilling av dølehest, men dei hestane stod på stall når dei ikkje var "i ringen".

Det var mest austlendingar som kom som oppkjøparar til hestemarknaden mest frå Hallingdal og Valdres, men og lenger austanfrå. Og så skulle dei som dreiv med skysstrafikk om sumaren, "vognmennene", ha seg hestar til trafikken byrja. Då var det eit yrande liv på Øyri, og kanskje litt villt stundom, når einkvan hadde fått litt "i toppen". For både kjøpar og seljar

hadde gjerne noko på baklomma, og så hadde heradstyret i sin visdom gjeve dei som dreiv med "Logis for reisande Kaffe & Spise" løyve til å selja bayrøl i ei veke under marknaden og utstillingen. (Det var dei som meinte at denne veka varde heile sumaren men det er ei onnor sak).

Hestehandelen gjekk for seg heile dagen og gjerne natti med. Hestane vart mælte og strokne og dømde etter alle kunstens reglar. Fann kjøparen ein hest han tykte om, måtte han prøvekøyra hesten, så han kunne sjå fotlaget hans, kjenna om han var hard eller linn i kjeften, eller sjå om han hadde feil som "rovevisk" (slå med rova) eller gjerne ville "kasta", (gallopera).

Når ein oppkjøpar hadde fått så mange hestar som han ville, drog han frå marknaden. Han batt då hestane etter kvarandre etter rova og så køyrde han sjølv i ei setekjerre med hestane etter seg. Ei slik rad med hestar kunne vera på 10-12-15 stykke. Hestane vart så sleppte til fjells, og selde utpå haustparten.

Det var ikkje så lite av eit lotterispel å vera handelskar. Han hadde ikkje få utlegg: Fyrst innkjøp, så utlegg til frakter, jagarar, leige av hamn kanskje, gjetarar, og så måtte han bera risikoen, "obørgsla" som dei sa. Det hende nok at han miste eitt eller fleire dyr, og det vart reint tap før det vart høve til å assurera dyri, men det vart det ikkje før i den seinaste tidi.

Likevel var det mange handelskarar som la seg opp pengar, slik at dei med tidi kunne kjøpa seg ein gard, sume her i bygdi, men dei fleste på Austlandet. Såleis kjøpte brørne Johannes og Hans Hovland garden Øvregard då eigaren der hadde drukke seg til fant og reist til Amerika. Hovlandskarane delte garden mellom seg og skreiv seg sidan for Øvregard. Hans Trondsen Eraker (Træet) kjøpte Nedregarden i Nesse då eigaren der hadde fare same vegen, og tok namn etter garden. Men dei fleste slo seg ned på Austlandet der dei var godt kjende etter alle turane dei hadde hatt austover. Dei fekk seg gardar på Ringerike, Modum, Eiker og Lier. Der finn me mamn som Kvamme, Nesse, Hatleberg, Voldum, Berge, Eggum, Hovland, Tufte, Sprakehaug, Eraker, Borlaug og andre gamle Borgundnamn.

Utover i 1920 og 30-åri ebba denne gamle formi for omsetnad av livdyr ut. Sal av husdyr, til liv eller slakt, tok andre vegar, serleg til Bergen. Sauehandelen heldt seg nok like til slutten av trettiåri, og nokre hestar kunne av og til fara austover, men etter siste krigen var det heilt slutt.



Biletet til venstre: Maristuen i Lærdal. (UBB-KK-NS-193001.01.1875- 31.12.1885.)

Bilete til høgre: Udsigt fra Maristuen mod Filefjeld. (UBB-KK-NS-1932 01.01.1875- 31.12.1885.)

Ei teljing frå 1891 syner at Luster hadde 24 fehandlarar. Lærdal 2, Borgund 11, medan Aurland hadde 52. Austpå har Ål heile 60, Hemsedal 26, Gol 10 og Østre Slidre 13 fehandlarar.

Lærdalsmarknaden

Den gamle Lærdalsmarknaden kan me fylgja attende like til 1500-talet.

På 1600-talet bestemte kongen at det skulle haldast to marknader på Lærdalsøyra, eit på forsommaren og eit om hausten. I juni var det hestemarknad. Då var det særleg sogningar som møtte for å selja hestar eller setja dei bort på foring austpå. Etter at hestene var fora opp gjennom heile sommaren på gode høgjellsbeite, dreiv dei hestane attende til

Lærdalsmarknaden om hausten og selde dei der. Handelskarane hadde tinga seg gjerde som dei sleppte hestane på, og det gjekk hestar på slike gjerde frå nedste Øyri og like til Eri.

Haustmarknaden vart halden 23. september og vart kalla "sildemarknaden". Frå fjellbygdene i Valdres og Hallingdal møtte dei fram, indre- og ytre-sogningar. Bergenskjøpmenn sendte mange båtar frå Bergen.

Øyriferdene varde heilt til slutten av 1800-talet. I 1876 vart Lærdalsmarknaden offisielt nedlagd. Då var vegnettet så godt utbygd at marknaden ikkje spela same rolla som tidlegare. Då jernbana kom til Fagernes i 1906, stoppa også Øyriferdene.

Postvegen over Filefjell 1749.

Frå brev frå Oddkjell Bosheim, Lærdal:

Mykje av veghistoria over Filefjell har dreia seg om kongevegen frå 1793 og tida etter dette. Erik Pontoppidan sitt reisebrev frå 1749 gjev ein del opplysningar som har gjort det mogeleg for Dagfinn Hegg-Lunde frå Borgund å lokalisera ruta han tok. Truleg var dette postvegen mellom Oslo og Bergen på den tida.

Vidare fylgjer manus til *Helg og Kvardag*, kyrkjelydsblad for Lærdal, november 2001:

POSTVEGEN OVER FILEFJELL

På slutten av 1600-talet vart det satsa mykje på vegar der posten skulle fram. Austanfrå til Nystova er vegane mykje godt leita opp. Frå Maristova til Lærdal er vegen no temmeleg bra klarlagt. Fjellovergangen ser det ut til å ha vore mindre interesse for. Folk flest har rekna med at den gjekk der E.J. Hammer bygde kjerrevegen frå Kyrkjestølen til Maristova rundt 1790. Me veit frå fleire hald at embetsmenn og fint folk vart dregne over fjellet på kjelkar om vinteren. Dette måtte og ha vore ein veg som i alle høve postberarane nytta.

Frå dei kjeldene me kjenner til, er Prokantsler Erik Pontoppidan sitt reisebrev frå 1749 det som har mest opplysningar om vegen frå Maristova til Nystova. Me valde å leita etter denne, fordi me fann det urimeleg at bygdefolk ga seg til å slite ein tung prest og fylgjet hans, opp dei bratte bakkane kalla Jakobstegen eller "De Syv Skuffelser".

Pontoppidan skreiv utførleg om førebuingane og sjølve turen. Turen gjekk føre seg 28. mai 1749. Det var vinterføre over fjellet, og uråd å bruke hest. Dei 4 karane og bagasjen måtte dragast over på sledar.

Han trong 38 mann til dette. Turen starta kl 3 om morgonen i fint vær og brukbart føre.

Pontoppidan la etter seg følgjande spor:

- 1. "Tvers over Fjeldet er Vinterveien afstukket med lange Stager, affivilke en findes paa hvert 2 a 300 Trin, rækkende 4 a 5 Alen over Sneen." På gamle teikningar vise dei som solide stokkar. Det burde då gå an å finne festene der vegen gjekk på fjell.*
- 2. "Midtveis står en liden og steil Klippe kaldet Soltinden. Vegen må di for ha gått like inntil Suletind, truleg så nær at han ikkje såg høgste toppen på 1780 m o.h.*
- 3. "Ved den (Soltinden) har man det længste Prospekt, jeg mindes nogen Tid at have seet, thi lige ud for sig kan man se indtil Bagn i Valdres, som er 12 norske eller 15 danske Miile borte, og bag sig ser man over Hallingdalen til Grændserne til Waass, som er*

- ongefær like saa langt." Det må eksistere eit punkt i eller nær vegen der ein ser langt nedover Valdres. Når ein smur seg, ser ein mot fjella i retning Voss.
4. "Ved Enden af dette Stykke hadde min Tjener nær kommet i Livsfare ved Skydsdrengenes Uforsiktighed, thi da de, naar Veien gaaer ned ad, maa de med deres Linier holde Slæden tilbage, ligesom de ellers trække den frem, saa lod de den paa et steilt Sted beholde sin fulde Fart og løbe et langt Stykke ned, da min Tjener tumlede og gjorde en Kulbøtte over den anden skjønt Sneen tog Stødet af og han fik ingen synderlig Skade. "Det bør nær Nystova vera ein bakkekneik, brattare enn resten av vegen der omkring.
 5. "I denne Fjeldstue, kaldet Nystuen, forfriskede sig vore Folk med Os indtil Middags tid, og da bleve vi saadan Fare vaer, som kom mig til at raadslaae endnu en halv Time enten jeg vil vende om igjen eller vove at gaae videre. Sagen var denne, at vi nu havde for Os en Søe af en halv Miil kaldet Utreten. Dette tyder på at vegen kom rett ned til Nystova og at det da ikkje var vinterveg i urane på nordsida av Otrøvatnet, der vegen går i dag. Pontoppidan var redd for å reise over isen. Alternativet var då å gå eit stykke attende og bli frakta om Gamlestova - ein adskillig lengre veg enn over isen.
 - 6 "Efter 7 timers Fart paa vaare Kjelker naaede vi Kl. 10 om Formiddagen til den anden Fieldstue, som er ikkun 2 Miile fra den første...". Kartmålareren viser 19 km. Med vanleg tillegg for terrenget, kjem me ganske nær dei ca 24 km som svarar til 2 gamle norske mil.

Me rekna med at ein mogeleg veg måtte gå frå Maristova i retning Gramstølen og ta høgden i ikkje altfor bratt terreng, gå inntil Suletind og ende på Nystova. Dagfinn Hegg-Lunde har hatt sau i dette området og mintes vardar og stigar. Han sette i gang eit skikkeleg søk i området. Første turen hans gjekk delvis på snøføre over ei flaumstor Sulå. Han fann stadig nye merke utetter sumaren, som etter kvart vart lagt inn på kartet med GPS. Det var synlege vegstubbar, vardar og små røyser som ganske sikkert hadde halde stokkane som Pontoppidan nemner. Heilt sikre vart me då han varsla at han hadde funne Pontoppidan sitt "Prospect" like ved vegen.

8. september vart me med Dagfinn over fjellet for å sjå resultatet av alle turane hans. Frå Nystova gjekk me langs DNT-løypa. Dette er ein tydeleg opparbeidd rideveg gjennom bjørkeskogen. I vegkanten var fleire gamle kolgroper frå jarnvinningstida. Vegen steig jamnt. Ein einaste kort, bratt bakke, var sikkert staden der tenaren til Pontoppidan gjorde kolbøtte - enten dette no var uhell eller fantestrek. Rett over skoggrensa kjem øvre vegen frå Gamlestova innpå.

På ein haug like ved vegen i 1200 meters høgde står ein merkeleg varde. To heller med innhogde kors utgjør toppen av varden. Kanskje er det eit gammalt grensedele, men det er unekteleg litt rart at krossane står i flyttbare steinheller. Her omtrent tek me av frå DNT-løypa og går i opent lende mot eit skar i 1250 meters høgde over havet. Vegen er grei, men enkelte stader delvis nedgrodd. Me ser langt innover flænane no, med ein snøkledd Suletind langt der borte. Vegen held seg lågt i terrenget, ringar seg fint rundt myrar og tjørn, lett å gå, men det var langt. Her finn me stadig vegmerker, små vardar, og røysene som i si tid held merkestakane (?). Større merker har kanskje vore "Kvartmilsteinar" som viser avstanden. Me kryssa DNT-løypa frå Kyrkjestølen til Sulebu og går mot Nedre Sulevatn. Sulåni som kjem frå Øvre Sulevatnet kan nok vera eit problem i stor vassføring. Ho er likevel brei og grunn ved innosen - eit brukbart vad etter gamal standard. Ein steindunge kan tyde på at det ein gong har vore bru der. Me kom tørrskodde over i fjellsko. Langs Sulevatnet er det noko myrlendt og vegen noko utydeleg. Her kryssa me fylkesgrensa - eller grensa mellom Kristians Amt og Nordre Bergenhus Amt. Ein steinvarde med ein nyare jambolt står nær fiskehytta til Maristova. Me må opp i eit lågt skar i 1300 meters høgde. Her finn me Pontoppidan sitt "Prospekt" - ein rund haug like ved vegen.


Me har gått i timar med Suletind og Bleia i horisonten. No opnar det seg blåne etter blåne mellom dei - like til Vossefjella om me skal tru Pontoppidan. Me snur oss og ser fjell og skogåsar nedover Valdres. Dette er mest utruleg, slik me no står heilt inntil foten av Suletind. Me ser for oss 4 høgtidlege menn og 38 "Bondekarle" stå her 250 år sidan. Det er i slike stunder ein kjenner histona riv i bringa. Ein lang, vakker dal med tydeleg og godt merka veg ligg no føre oss ned mot Gramstølen. Skodda velt opp or dalen, men løyser seg snart opp - det var berre trolsk å sjå vegmerkene i dimma. Det vart ein skikkeleg kvil på "Stovegolvet" - eit stort flatt sva med mange små og store vardar på - første teikn på at me nærma oss folk att. Om svaet heitte Stovegolvet og kven som hadde bygd alle vardane, veit me ikkje, men vegen nedatt til Gramstølen var velbrukt og grei. Ei svær helle låg på skeive over ei grov - ei gamal klopp, der vatnet hadde grave bort eine festet. Turen var gjort. Me er ikkje i tvil. Dette må vera Pontoppidan sin veg eller postvegen. Det har ikkje vore berre vinterveg, men og ein godt merka sommarveg. Vegen ligg der han i grunnen må liggja i terrenget - kanskje er det ikkje utan grunn at vinterløypa mellom Maristova og Nystova i alle år har gått nett her. Vegen er ikkje merka for turbruk enno - men det kjem! Dagfinn skal ha honnør og takk for innsatsen så langt. (Obo/Oddkjel Bosheim)

Kjelder:

Niels Erik Hofman (Bang): Prokantsler Erik Pontoppidans Levnetsbeskrivelse, Odense 1874.

Harald Hvattum: Gamle vegar i Valdres 1993.

(NGO-kart 151711 Øye og 1517111 Borgund.)



*På kartet ser med hovuddalføret der vegen går i dag, lengst mot vest. Den gamle kongevegen frå 1793 ser me stipla inn på kartet frå Maristova mellom dagens veg og den kraftige raude innteikna streken. Den raude lina syner den ruta som kan vera ein eldre postveg som vart nytta før Kongevegen frå 1793. Mykje kan tyda på at Hegg-Lunde og Bosheim har registrert den gamle ferdselsvegen mot Valdres, som Pontoppidan syner til.
(Kartblad Borgund, 1517 III, M 711, Statens Kartverk.)*

Når ein ser vegane i Lærdal under eitt, er det mest truleg at driftekarane tok opp på fjellet snarast råd. Skulle dei heilt til Maristova før dei tok opp mot Filefjell måtte dyra beite undervegs, noko som kunne by på vanskar. På fjellet og i utmark kunne dyra beite fritt på ferda utan å komme i konflikt med bønder i det tronge Lærdalsdalføret. Vegvalet vart og sjølv sagt bestemt ut frå kvar driftekarane høyrde heime og kvar dei hadde rett til å beita med driftene.

Når det gjeld reine hestedrifter som skulle omsetjast meir direkte på marknadene kring Fagernes, var vegen om Maristova eit naturleg val. Dette må ein sjølv sagt sjå i samanhang med Lærdalsmarknaden.

Henrik Nitter Røneid frå Gaupne dreiv med driftehandel i lag med onkelen sin, Leirdølen. Dette var kring 1900. Han har skrive ned litt om dette:

På gamle ekserservollen på Lærdalsøyri, stoppa me nokre timar, so bar det oover Stuvane ved Lysne, der var nokso bra med hamn, so der låg me ofta yver til om morgon, med budde då hos Ola Stuvane, han var ein koseleg og pratsom mann, han hadde mange gode "stubba" og fortelje.

Frå Stuvane bar det opyver til Borlaug, der fek me hamn i Borlaughshagen, der vart me so regel eit døgen. Herfra ber det oover til Maristova, der stoppa me so regel ikkje, men dreg oover til Filefjell, der det var gode beiter, og me kunde ta det rolegare og feet kunde få ro og beita.

Då me kom til Nystuen, stogga me ein stund, før me reiste vidare til ?orteviki ved Tyen, der me hadde hamn for sumaren, til me drog austover um hausten, der vart eg ein to-tre dagar, for å vera med å sjå etter feet i sammen med Henrik Leirdal og Johannes Snetun som skulde vera der å gjeta om sumaren. I Lorteviki var der ein steinhytta, som gjetarane skulde bu i om sumaren. Hytta var skral, so i regnver var det kalt og ufyse å liggja der, då låg dei oftast på Tyen Hotell eller Framnes Hotell som det då heite. Hoteleigaren den gong var Jon Opdal og kona og sonen Helge. John og kona hadde og vore i Amerika nokre år, so dei kunde noko engelsk. Når me hadde fåt feet vel i hamn, drog eg og Leirdølen heimat, me hadde alltid hest og kjøyregreier, so me fek kjøyra oss ned at til Lærdalsøyri, derfra karterte med hest og kjerre til Marifjøra.

Stolkjerra me kjøyrde med hadde Leirdølen smia å snekra saman sjølv, sete var noko høgt, var vel gjordt med tanke på å få matkjistene under sete. Lærdølen kalla kjerra has "Hopsete". Ho hadde og ein slem feil, med di at hesten måtte gå i vegkanten for at kjerra skulde halda vegen, ho var skak.

Me vart då heime om sumaren, eg var med Far på onni, og Leirdølen hadde eit stort styrekår å onna. Når det leid til slutten i august, var det å gjera seg reiseklar, finna frem kjista, å pakka neri mat og klæ me skulde ha med oss. Ein dag kjem Leirdølen kjøyrande, han hadde og kjøpt nokre fleire hestar me skulde ha med oss, og so bar det i veg, med båten til Lærdal og derfrå til Tyen. I tillegg til marforsyningane me hadde med heimanfrå, hadde gjetarane ysta ost og kjedna smør. På Tyen var me ein to-tre dagar for å samla saman feet og gjera oss klar til turen utyver.

Det vart og halde eit avskildsgilde på hotellet for tenarar og vertsfolki. Gjetarane hadde drege i saman rjome til ein feit rjomegraut. Dei kalla og den siste helgi fekarane var i fjellet

for fekarshelgi. Ut øver kvelden var det leik og dans, det var alltid einkvan som kunde spela fela. Den gong hadde me ingen ringare en stortingsmann Tune med oss, han var so vit eg veit, lensmann i Vang, og på tinget var han vel odeltingspresident?

So var dagen komen då me skulde dra sudover Valdres og utpå flatbygdane der feet skulde seljast. Leirdølen skulde kjøyra fyre med provianten, å tinga hamn og hus til oss for natti. Etter han skulde eg reisa med hestane, me hadde då 16 hestar, so det vart ei heil drift, dei var no ikkje samanbotne, dei fek gå frit. Då dette var fyrste gongen min eg reiste utover, var det ikkje så greit då eg ikkje var kjend. Henrik og Snetun underreta meg nøye om vegen eg skulde fara, dei hadde reist der mange gonger før, so dei var godt kjende. Ei lita stund etter eg var reste kom Henrik, Snetun og ein dei hadde leigd med seg, med fedrifti. Fyrste dagsreise var ei lita stykje sunnanfor Grindaheim i Vang, hos ein dei kalla Ola i Klokkargari. Dagen etter var det å reisa vidare i same rekjefølge, men då hadde dei ikkje leigekaren med og gjaga. Fyr kvar morgo måtte dei laga som eit "kart" so eg ikkje skulde ta feil veg. Ein av stødigaste hestane hadde eg biksel på, so eg rei aven og til.

Denne dagen kom me til Store-Kvåle i vestre Slidre. Derfrå til Fagernes, der me oftast vart verande ein dag. Det hende eingong noko me ikkje var ute føre, verken før eller seinare. Me kom til Fagernes ein laurdagskveld, me hadde leigd hamn hos ein Henrik Nes. Medan med jaga feet inn på hamnen, som var nedan for vegen, kom der ein heil del ondomar syklande noranfrå. Me budde i ei stove ovan for vegen tet med hamnen. Søndagsmorgon, med skulde sjå om feet, var grindi orkasta, og halvparten af feet var dregne nordover. Me måtte i ein fart etter dei, og fan ei og anna kjyr gangande etter vegen. Ei kvinna som budde tet med vegen eit stykje nord, kunde fortelja at ho i 2-tidi om natti hadde høyrd fe hadde fari forbi, og at ho haurde folk jaga på dei. Me var heilt nordover til Fossheim, men då me hadde samla dei at, viste det seg at det vantar fire beist. 2 vaksne for Snetun, ein ukse for oss, og ein ukse for Ola Røneid som hadde kome burt for han på vegen, og som me skulde ta med oss etter han. Desse fire beisti fek me aldri att.

Frå Fagernes til Kristianslund i S. Aurdal. Derfrå over Tonsåsen til Foss i nordre Land, dette var leingste dagsmarsen, det var 28 km. Frå Foss neste dag til Brurud n. land, neste dag til Kvirum, neste dag til Øksne i s. land, neste dag til Ovendal på Hadeland, der låg me over eit døgen, so derfrå til Rilit på Hadeland ved Grua, og so neste dag over Gruåsen til ein plas eg ikkje hugsar namn på, neste dag derfrå forbi Harestuen og Stryken til ein plass øverst i Hakadalen, der eg heller ikkje hugsar namn på. Neste dag til Nittedal til ein plas eg har gløymd namn på. Neste dag til ein plas dei kalla Brenhaugen til med Holmerud sagbruk i Nittedal. Då det der var bra å få hamn til feet, vart med der ein par dagar, me selde og nokre festykjer der. Og derfrå til Lillestrøm, der fek me hamn ut ved Lillestrømmen mellom gjernbanelinjerne, som går til Eidsvoll og Kongsvinger. Plassen me hamna på der, kalla dei Isakken, der var ein vidstrakt hamn, og der vart me verande til me hadde selt heile drifti, me kunde some tider ha att nokre hestar som me reiste til Oslo og selde. Her skilde me lag med Snetun, han hadde hamn på Stalsberghagane ut ved Strømmen, der selde han ut drifta si. Det var Sørums gård so me fek leige hamn hjå. Då hamni grensa like inn til Lillestrømmen, og det berre var grind over vegen frå Fet, fan me ein morgon omtrent halvparten av feet på torge i Lillestrømmen, grindi hadde vorti ståande opi.

Her vart me verande ein 2-3 veker til alt feet var selt. Kjøparane i Lillestrøm kjøpte so regel berre slag og hestar, men me hadde og kjøpara frå Skeidsmo, Ullensaker, Fet, Sørumsand, Blaker, Aurskog, Høland, Rellingen og Enebak, so det vart eit vidstrakt distrikt når me skulde fara kring på kvar. Revisi me skreiv, lydte betalingsfrist på 1st september, 1st februar og 1st juni, det var lite og ikkje kontant me fekk.

Me hadde og hamn i Strømsdalen ein haust, hamna var leigd av gården Strøm, den låg på vestsida av Lillestrømmen. Før eg vart med Leirdølen hadde han selt hestane han hadde med til vognmen i Oslo og Austre Aker. Etter eg vart med var og mesteparten av hestane selde der.

Medan me var i Lillestrømmen budde me som oftast hjå ein vognman Martin Myra i Torggata, der han hadde og selt hestar. Og ein Hansen i Torggata, hadde han og selt hestar til, der var me ofte innom, han hadde to søner Johan og Hjalmar, som dreiv vognmansforetningen, faren var no gamal vorten, han helt for det meste senga. Når me hadde selt or drifti vart det å fara runt på krov, det tok og ei lang tid, då kjøparane var vidtspreite. Når me var ferdig med krovet var det å rigga til hest og sele å kjøyra heimat, på vegen heimat brukte me ei veke til Lærdalsøyri.


AURLAND KOMMUNE




DRIFTEVEGEN GJENNOM AURLAND OG FLÅM




DRIFTEVEGEN GJENNOM AURLAND I DAG




Nord på kartutsnittet er starten på ferdselsvegen over til Lærdal og driftevegen over Nalfarhøgda mot Sauavald og Østerbø teikna inn med gul line. Vegen som gjekk over til Lærdal vart også brukt til drifteveg av nokon. Men det var fyrst og fremst som allfarveg mellom dei to bygdene vegen var kjend. Dette var den vanlegaste vegen mellom Aurland og Lærdal i eldre tider, vegen opp forbi garden Bjørgo, vidare mot Horndalen og ned Erdalen. Komne forbi Nalfarhøgdi skilde allfarvegen mot Lærdal og driftevegen mot Sauavald lag. Det var ein sær sars verutsett veg og snøen låg lenge her. I driftesamanhang var nok vegen sær viktig i samband med Lærdalsmarknaden. Lengst i sør ser me ruta som tek opp ved Låvisberget. (Kartblad Aurland, M 711, 1:50 000, ekv. 20 m, utg. 1999, Statens Kartverk.)



Lengst nord på kartutsnittet ser me Driftevegen over mot Sauavad. Her kunne driftene ta ned til Østerbø og halda fram opp Aurlandsdalen eller dei kunne fortsette til Sauavad og ta seg ned til Stemmerdalen derifrå. Lenger sør på kartet ser me alternative ruter gjennom dalen. (Kartblad Aurlandsdalen, M 711, 1:50 000, ekv. 20m, utg. 1999, Statens Kartverk.)




Vegen vidare opp Stemmerdalen gjekk på austsida av elva. Ved sørenden av Vellebotn-vatnet møttest driftevegen frå Stonndalen over Håbergholan og driftevegen som kom opp dalføret. (Kartblad Aurlandsdalen, M 711, 1:50 000, ekv. 20m, utg. 1999, Statens Kartverk.)




Lengst til høgre ser me dei to vegvala ein kunne ta dersom ein tok opp Stonndalen. Vegen lengst til høgre gjekk mot Hallingskeid, mens ruta lenger aust gjekk mot Vetlebotn-vatnet i Stemmerdalen. I Berdalsbotnen gjekk denne saman med driftevegen som kom opp Berdalen. Dei ulike drifterutene som går langs langs hovuddalføret har utvikla seg i takt med vegutbygginga.

(Kartblad Aurlandsdalen, M 711, 1:50 000, ekv. 20 m, utg. 1999, Statens Kartverk.)



Kartet viser vegen frå Stonndalen som møter dei andre drifteveg-alternativa ved Vetlebotnvatn og Drifteskard.

(Kartblad Aurlandsdalen, M 711, 1:50 000, ekv. 20 m, utg. 1999, Statens Kartverk.)



Kartutsnittet syner driftevegen frå Fretheim i Flåm over Brimtvora mot Fretheimsdalsvatnet, Seltuft og Hallingskeid. (Kartblad Aurland, M711, 1: 50 000, Statens Kartverk.)

FORSLAG TIL TILTAK

Ingen av traseane er synfarne i samband med prosjektet. Her bør ein gjera nærare kjeldestudier og synfaringar før ein kan velja ut kva drifteveg ein vil prioritera som hovuddrifteveg gjennom kommunen. Så langt ser det ut som om vegen opp Stonndalen og over Nalfarhøgda merkar seg ut. Desse vegane kunne driftene ta før vegutbygginga i Aurlandsdalen starta opp. Desse vegane går framleis gjennom natur som ikkje er prega av nyare veganlegg. Dette vil vera eit poeng i samband med tilrettelegging av vegane for bruk friluftslivssamanhang.

Prioriteringar

- Det er vanskeleg å gjera nokon prioritering før synfaring og grundigare kjeldestudier er gjennomført. Så langt ser det ut til av vegen over Nalfarhøgda mot Sauavad og vegane opp Stonndalen bør prioriterast.
- Ein må snarast søkja samarbeid med nabokommune/nabofylke om gjennomføring/vidareføring av Driftevegen.
- Driftevegen mellom Aurlandsvangen og Låvisberget fylgde i nyare tid vegane som etterkvart vart bygde gjennom dalen. Her lyt ein prøva å finna eldste driftevegen gjennom dalen og tilretteleggja denne som hovuddrifteveg der dette er mogeleg. Der det ikkje er mogeleg å nytta denne lyt ein prøva å finna andre fullgode løysingar.

Merking / Skilting

- Driftevegen gjennom Aurland er ikkje synfaren. Før ein vel å merka/skilta denne bør ein undersøkja om det finst kjelder som kan seia meir nøyaktig kvar traséen for driftene gjekk. Dersom ein vel å merka og skilta denne må ein ha retningskilt, med logo og Driftevegen påskrive. Skilting og merking elles lyt fylgja retningslinene for dette, (sjå kapittel om merking/skilting.)
- Vegen frå Aurlandsvangen til Låvisberget og frå Tyhagane til Nalfarhøgda må ein skilta og merka i samsvar med merking av hovuddriftevegen gjennom fylket. Her må ein nytta den rettaste, eldste og samstundes beste veg i friluftssamanhang som Drifteveg gjennom dalen.

Informasjonstavler

- Ved alle tettstader der Driftevegen passerer bør ein ha informasjonstavler om denne.
- Opp Aurlandsdalen, Stemmerdalen og til Nalfarhøgdi bør ein vurdera å setja opp informasjonstavler ved raste- og parkeringsplasser der Driftevegen passerer.
- På Aurlandsvangen, Østerbø og Steinbergdalen bør ein setja opp informasjonstavler på egna stad med informasjon om og kring Driftevegen.
- Når det gjeld dei andre driftevegane gjennom dalen lyt ein vurdera etterkvart om ein skal, og evt. korleis ein skal, informera om desse som tilførselsvegar.

Marknadsføring

- Driftevegen må ved revisjon og nytekning av turkart i området omtalast som Driftevegen, der ein ut i frå tryggleiks-omsyn kan leggja han inn. Ein bør også leggja inn noko informasjon om kva som ligg i dette omgrepet.
- Ein bør laga ein foldar med lokal informasjon om og oversiktskart over Driftevegen. Denne kan ein leggja ut på turistkontor, overnattingsstader m.m. der vitjande i kommunen ferdast.

Turisme

- Opp Aurlandsdalen bør ein vurdera om det er råd å leggja til rette for bruk av hest i samband med Driftevegen. Eit godt samarbeid mellom turistnæring og hesteinteresserte vil her gje mogelegheiter.
- Ein kan leggja opp til ulike arrangement i samband med driftehandelen i området.
- Turiststadene Østerbø og Steinbergdalen kan spela på Driftevegen i si marknadsføring. Guida turar, arrangement, bruk av hest m.m. kan vera tilbod i samband med Driftevegen.

Historie kring Driftevegen i Aurland



Martin Dalsbotten var driftekar og ivrig amatør fotograf.

Frå Aurlandsvangen var det fleire ruter til fjells. Sjølve Aurlandsdalen kunne dei ikkje fara med hestar eller kyr mellom Almen og Sinjarheim før kring 1863. Galden nedanfor Sinjarheim stengde.

Av dei eldste driftevegane gjennom Aurland er difor truleg vegen som går opp ved Tyhagane nord for Aurlandsvangen. Her gjekk driftevegen opp om gardane Kvam og Bjørge, framom stølen Kvamsdalen og austetter fjellet mot Øvstebø og Stemmerdalen.

Når dei var komne opp på fjellet, var det flatt og fint å driva. Men i år med mykje snø kunne det, jamvel ved jonsoktider, vera uråd å fara med drifter på denne fjellstrekninga.

Ein annan veg tok opp den bratte fjellsida i Eisingabergi frå Vassbygdi opp til stølen Eisingane. Frå denne stølen gjekk dei oppe på fjellet til Langedalen og fylgde elva ned mot Øvstebø .


Ei rute tok opp Stonndalsgjeli på sørsida av Aurlandselva søraust for Vassbygdi. Kløvvegen gjekk på austsida av gjelet. Frå Stonndalen tok driftene opp på Klovahalsen, framom Berdalsbotn inst i Berdalsdalføret.

Ei femte rute heldt fram gjennom Stonndalen og gjekk gjennom Rausmesdalen, i retning Hallingskeid. Her gjekk den saman med driftevegen frå Vik og Voss.

Eit samfunn er alltid i endring og kommunikasjonssystema endrast over tid. Nye vegar, fleire dampbåtar og jernbana mellom Oslo og Bergen skapte heilt nye tilhøve på byrjinga av 1900-talet.

Slik skildrar Ohnstad det som skjedde i Aurland:

"Året 1909 var eit merkeår i Aurland. Det var ikkje berre det at Bergensbana vart opna over høgfjellet, og at ein no kunne koma seg snøgt til Bergen og Oslo, men det verkar og sterkt inn på næringslivet. Før hadde ikkje Bergen kommune kunna teke imot dei store mengdene av mat og levande dyr som om hausten skulle på marknaden. No kunne ein med bana senda overskotet austover. Driftekarane lasta dyri inn på toget og det vart slutt med drivingi etter alle åsar". (Ohnstad 1962: 335).



Kartet viser ulike driftevegar gjennom Aurland. Rutene endra seg i takt med vegutbygginga. Etterkvart som det vart mogeleg å fylgja hovuddalføret tok sjølvstog også driftene denne vegen. Omlag same utvikling finn me i Lærdal.

I bygdeboka for Aurland skildrar Anders Ohnstad følgjande drifteruter:

Salthella (Sulthella) var ein gamal, god losse- og lasteplass, og så gjekk vegen over Kleppadn, Laoi, Laoisdalen, over Grindsfjedlet, framom Botolvstølen og Raunedokki, over Reppahaugadn framom Vetladalen til Rausmesdalen. Her for driftene fram til Hednadalen og innatt på driftevegen frå Vindedalen, og så bar det austetter over Geitaryggen til Strandaffjorden og Hol. I Rausmesdalen var vegskil i det ein mykje nytta handelsveg tok opp Fossadn, framom Langavatnet, Mellomvotni, Svartavatnet, Geitaryggen til Strandaffjorden. Det var og vegskil nedst i Laoisberget i det vegen her gjekk til Vassbygdi, vidare over Midje, Nordalen, Langedalen og kom ned att til Øvstebø, eller ein frå Vassbygdi tok opp det stupbratte Eisingaberget for å unngå Sinjareimgalden (før 1870 var det ikkje framkomeleg med beist). Dersom ein tok Langedalsfjeldet sparde ein seg både for denne galden, Bjønnstigen og Nesbøgalden. Men valde dei å reisa etter dalen, laut dei over elvi i Almen (Almabrunao) og gå fram på sørsida, framom Teigen og så over att til nordsida på Bridlebrui.

Men til dette var det endå ein anna veg som førde inn på fjellet. Der vart truleg bygt kløv-veg gjennom Stondalsgjelet ikkje så lenge etter at dalen gjekk over frå beite og støl til gardsbruk i 1743. Denne har lege på autsida i dalen. Her for driftene fram og opp på Klovehalsen, framom Berdalsbotn og Holedn til Stemmerdalen. Men det er lite truleg at denne vegen vart nytta før i midten av det 18. hundreåret.

Men så var det og losse-plass ved Tyhaugene. Der var ingi naturleg eller oppbygd bryggje. Dei beisti som kom med dampbåtar vart skruva baklengs over bord og så sumde dei til lands. Her gjekk driftevegen opp Kvamshagane, framom Bjørge-Kvamadal og austetter fjellet til Øvstebø. Det vart rekna for ein greiare og mindre fârefull veg enn fram andre gjeljar.

Ein tredje losseplass var Fretheim. Herifrâ tok driftene framom Brintvorao og Roaldshovden, ned i Fretheimsdalen, vidare til Vindedalen. Og så austetter frammed Svartavatnet, over Hednedalen, framom Vargevatnet-Geitaryggen og til Hol. Her ved Bakkahedleradn og Geitaryggen kom drifteveg vestanifrâ (Vik og Voss) ”.

Ohnstad 1962: 319f.)Litt frå Bach, Tron / Gjerdåker, Johannes: Aurlandsdalen – ei kulturhistorisk vandring frå fjell til fjære. Cappelens turhåndbøker, 1994. J.W. Cappelens forlag.

Skreppehandel

Både holingar og aurlendingar var mykje opptekne med handel. «Det var ei tid at mest kvar einaste karmannskryp dreiv med handel», skriv Knut Lie frå Aurland. Aurlendingane var fehandlarar. Holingane var og mykje ute på skreppehandel. Mange byrja med det, og gjekk over til større handel når dei hadde tent seg opp noko pengar. I 1811 var det femten mann frå Hol som fekk handelspass; utover mot 1850-åra vart det fleire. Dei handla både i aust og vest, men svært mange av dei tok vegen over fjellet til Aurland, handla der, og fór vidare vestetter og nordetter. I skreppa hadde dei med seg varer som ty, lereft, plagg av ymse slag, halsklutar, slør (silkeklutar, band, finare garn, sylvsaker, tråd, kammar, sokser og andre småvarer. Skreppa kunne vega meir enn 60 kilo. Sumt som var laga heime, hadde dei med, elles kjøpte dei inn hjå kjøpmenn på Lærdalsøyri og i Bergen, dei som hadde handelsrutene sine vestanfjells. Dei gjekk gjerne rutene sine to-tre gonger om året. «Då eg fór nordover fyrste gongen og skulde ta til med skreppehandel, fekk eg låne ein dalar av mor», sa Sjugurd Lauverud, som handla mest på Vestlandet, «og då eg slutta, hadde eg lagt meg upp 5-600 dalar. Eg fekk varene hjå F G. Gade i Bergen, med ein månads kreditt og 10 % rabatt, for morbrørne mine hadde handla hjå han mykje, og han hadde fått tillit til oss .

Driftehandel

I fjellbygdene på begge sider av Langfjella er det mange menn som har storfe over fjellet. Det var denne handelen nesten kvar einaste kar i Aurland var med på gjennom hundreår. Driftekarane frå Aurland hadde framifrâ sumararbeite for feet i Stemmerdalen. [...] I driftekarane sitt rike var det neppe noko fjellstrok som hadde så godt ord på seg som Stemmerdalen», skriv Anders Ohnstad i Aurlandsboka.

Dei veldige viddene med god jord, saftig og næringsrikt gras er av dei beste beitedalane i heile landet. Hit kom driftekarane med flokkane sine av kyr og hestar, så snart det var grønt på føresumaren, og her låg dei med driftene i 8-9 veker til dess dei byrja drivinga i september austover mot Hallingdal og Eggedal, Sigdal og bygdene lenger nede ved Drammensvassdraget.

Hestar og kyr kom i godt hold og fekk god helse etter sumararbeite her. Ein driftekar kunne ha mellom 20 og 40 festykke i drifta. I Stemmerdalen var rikeleg beite for 800-1000 kyr og hestar, slik at det var mange karar som heldt til her oppe med kvar si drift. Dei budde i steinbuer som var bygde gjennom generasjonar. Ein son kunne ta over ei bu i Stemmerdalen etter faren, når han slutta å driva.

Innkjøp av feet måtte driftekarane gjera om vinteren. Dei fór då kringom i Sogn, Sunnfjord og Nordfjord, sume og på Sunnmøre, og tinga hestar og kyr og gav handpengar for å gjera avtalen fast. Det er fortalt om Eiliv-Knut, ein av driftekarane frå Aurland, at eit år då han handla i Sunnfjord, og det var godt kjøp, slapp han opp for pengar. Men han hadde uteståande pengar i Hallingdal. Kva gjorde han ? Han tok i veg over Gaularfjellet, kom ned i Vetlefjorden, fekk låna seg båt og rodde til Fretheim i Flâm. Herifrâ fær han over fjellet om

Geisme og Brimtvara, over Geiteryggen og ned til Strandavatn og vidare til Hol og Ål, der han fekk inn pengar han hadde til gode. Så før han same vegen attende og heldt fram med innkjøpet i Sunnfjord.

Tidleg i juni byrja drivinga. Då samla driftekarane (dei var ofte to mann i lag) hestar og kyr frå innkjøpsdistriktet og dreiv flokkane over Gaularfjellet til Sværefjorden, ein arm av Sognefjorden. Herifrå leigde dei båtar som førde inn til Aurland og Flåm. Frå fjorden var det fleire ruter til fjells. Sjølv Aurlandsdalen kunne dei ikkje fara med hestar eller kyr mellom Almen og Sinjarheim før enn 1870, fordi galden nedanfor Sinjarheim stengde. Dei som valde å driva etter dalen, laut difor fara over brua ved Almen og gå oppover dalen på sørsida, framom Teigen og så over att til nordsida av dalen på Bridlebrui. Det var råd å koma opp Bjørnstigen men følt vanskeleg. Fleire fór difor med driftene langs elva til Heimrebø/Holmen og tok opp der til stølen Holmen. Frå Holmen gjekk driftevegen om Nesbø, der Nesbøgalden stengde for driving vidare langs vatnet. Herifrå tok dei difor opp Gravadalen om stølen Tindi over réset til stølen Myrane og så om øvstebø til Stemmerdalen.

Ein annan veg tok opp den hengbratte fjellsida i Eisingabergi frå Vassbygdi opp til stølen Eisingane. Frå denne stølen gjekk dei oppe på fjellet frametter til elva frå Langedalen og ned mot Øvstebø langs elva.

Ei tredje rute tok opp ved Tyhagane nord for Aurlandsvangen. Her gjekk driftevegen opp om gardane Kvam og Bjørge, framom stølen Kvamsdalen (ved noverande bilveg frå Aurland til Lærdal) og austetter fjellet mot øvstebø og Stemmerdalen. Når dei var komne opp på fjellet her, var det flatt og fint å driva. Men i år med mykje snø kunne det jamvel ved jonsoktider vera uråd å fara med drifter på denne fjellstrekninga.

Enno ei fjerde rute førde til Stemmerdalen frå fjorden. Ho tok opp Stonndalsgjeli på sørsida av Aurlandselva søraust for Vassbygdi. Kløvvegen gjekk på austsida av gjeli. Frå Stonndalen tok driftene opp på Klovahalsen, framom Berdalsbotn inst i Berdalsdalføret, så opp til stølen Haobergsholene (1348 m o.h.) og ned til Stemmerdalen derifrå.

Dette var dei fire driftevegane som førde til sumarhamn i Stemmerdalen, den som driftekarane i Aurland bruka. Flåmsdølene som og dreiv svært mykje fehandel, tok opp frå Fretheim til garden Geisme, over fjellet Brimtvara ned til Fretheimsdalen og Vindedalen (støl) og austetter langsmed Svartavatn over Hednedalen, langs Vesle og Store Vargevatn til Geiteryggen og Strandavatn i Hol. Ved Bakkahelleren gjekk denne drifteruta saman med driftevegen frå Voss. Driftene som kom på denne ruta, hadde sumarhamn i Vierbotn og ved Strandavatn. Både holingar, numedøler og vossingar låg med driftene i desse fjelldalane om sumrane før dei byrja å driva mot Austlandet i september.

Såta midt i dalen ved Låghellervatn var vegmerke og fastmerke like godt for driftekarane som for turgåarar i dag. Ruta gjennom Såtedalen er del av den gamle driftevegen frå Voss til Hallingdal. Driftekarar frå Aurland og Voss hadde felæger ved Bakkahelleren på veg frå Flåm og Voss mot Strandavatn og Austlandet. Dei fyrste vandringane frå Finse over Geiteryggen til Steinbergdalen gjekk den kortaste vegen, det vil seia på vestsida av Sandalsnuten og -vatnet, høgt over Storefonn opp mot 1700 m o.h. (det vi i dag kallar Flakevassnutane), kryssar Flakevassbreen ved kote 1600 og runda Kittilsbunosi på vestsida. Enno i dag kan du finna nokre siktevardar for denne opphavlege høgderuta. Ho var utsett for ver, vind og ikkje minst for tåke. I slutten av 1920-åra vart ruta flytt lengre vest og vart dermed meir skjerma i skardet under Sankt Pål.

Fedriftene frå Stonndalen over Haobergsholene måtte vassa desse to stride elvane, Heimre og Fremste Varga.. No etter utbygginga nesten heilt utturka. I regnvørsbolkar og dagar med stor vassføring var det sikkert mykje venting og spenning for både folk og fe. Rett vest for Bolhovd (1508 m o.h.) kjem stien frå Vierbotn/Sandhyllene ned i stien du går. Stien har alltid gått her oppe i høgdedraget, men det vert fortalt at når sumrane var turre, var det like godt å halda

seg i nærleiken av elva, der det er mange vakre parti. Ved Bruhalivotni (1086 m o.h.)> gjekk stien i den vesle galden Naavet, der bilvegen går i dag.

Når du er komen gjennom Storebotn lenger framme, ser du den øvste stølen i Aurlandsdalen, det er Vestafor botn som ligg under deg. Områda kring Stemmerdalen vert rekna som sær gode beitemarker, heile 1000 kyr kunne her gå på beite. Mange små steinbuer som ein ser spreidde omkring i dalen, er overnattingsbuer for drifte karane som låg her oppe lang tid av sumaren heilt til dei byrja å driva flokkane sine mot Austlandet ikring 10. september.

Fram til kraftutbygginga var ruta Stemmerdalen Haobergsholene - Stonndalen mykje bruka. Gamlebrua var ei diger og etter kvart svært skrøpeleg hengjebra over elvejuvet her. Den gamle ferdslavegen gjekk mest nede langs elva.

Vi vil no samla oss om nokre punkt om Aurlandsdalen, slike tilhøve som ikkje ligg direkte i dagen. Før Nestøgalden vart sprengd ut i 1930-åra, gjekk sauedrifter, kløvhestar og det meste av ferdsla om Gravadalen - opp frå Nesbø-stølen Myrane og ned til Øvstebø; det var ingen liten omveg akkurat. Men folk kunne gå Nesbøgalden til fots også føre 1930-åra. Det var slått hjørkestokkar inn i kløfter i den stupbratte fjellveggen og lagt lange stokkar på tvers, slik at det vart ein stige ein kunne kliva opp eller ned- med svarte Nesbøvatnet rett under, langt nede. For å sleppa vanskanane i Bjørnstigen og ovanfor Nesbø brukte driftekarane oftast vegen over Berekvamsbrua -opp til Berdalen og så over fjellet om Haobergsholene til Stemmerdalen.

Reidar Fønnebø: Langs Nordmannsslepene over Hardangervidda. Univ. Forl. 1988.:

Gullik Støbet fra Uvdal fortalte meg i 1970 om en drift som hans bror Hans var med på. Driftekarane, som dro fra Nordfjord og Sunnfjord mot Østlandet, fulgte den gang helst vegen opp aurlandsdalen, vidare over Finse og sørover mot beitene på Hardangervidda. Folk og dyr ville da unngå den beryktede Vosseskavlen, som ligger lenger mot vest. Enkelte har trukket i tvil om det var mulig å få fram ku- og hestedrifter opp Aurlandsdalen. Etter de opplysningene jeg har samlet, synes det klart at det var mulig og at veien ble foretrukket av flere.

Rundt 1863 ble et av de farligste punktene på snarvegen i Aurlandsdalen opparbeidet til forholdsvis god rideveg. Anton Bergh var her på befaring sammen med amtmann Breder i 1865 og skriver: "Det forhen farligste sted, den såkalte Sønnereimsgald, (Sinjarheim) hvor veien før var lagd på træstykker indstukne i den næsten lodrette Fjeldvæg i en stor Høyde over Dalbunden, er dog for et par Aar siden med omtrent 300. Spd.d Bekostning bleven det bedste Stykke paa den hele Vei. Af den gamle Passage sees nu kun nogle Jernstænger, fastboltede i Fjeldvæggen, hvilke da tjente til Haandtag for de Passerende." (Bergh 1865).

Dette var en vanlig måte å bygge de gamle rideveiene på. Samme metode må vel den berømte Sverrestigen overfor Klyve på Voss også ha vært bygd. Det fantes nesten ingen hindringer som stoppet våre forfedres ferdsel.

Ved Næsbø i Aurlandsdalen måtte man ta en stor omveg nordover og så sørover igjen mot Sauevaddalen for å få dyr fram. Også nede ved garden Steine kunne en fare en omveg som først hadde en nordlig retning. Anton Bergh forteller selv at det ikke var fremkommelig med hest ved Næsbøvatnet: "Hestene maatte herfra passere en Omvei over en stor høide."

En av de siste som var med på driftetraffikk i disse områdene var Goe Solheim fra Uvdal. Så sent som i årene rundt 1930 reiste han flere ganger over her, sammen med sogningene Anders Steine og Torstein Hauglum, som var hovedmennene i denne trafikken. Goe Solheim fortalte at fra Sauavad i Aurlandsdalen tok de over elva og sørover i Steinbergdalen. Elva var mange ganger stri og vanskelig her. Neste stopp var der vi i dag finner turisthytta Steinbergdalen. Her beitet driftene det meste av sommeren. I begynnelsen av september dro de vidare via Storebotten læger og Kittilsbu, like nedenfor Geiterygghytta. Så bar det til Raggsteindalen

læger og videre til Fougli og Bukkehallin. De lå over på Budalen, som også var det første stedet på turen hvor de begynte å handle hest. Herfra dro de ned til Geilo. De handlet på garden Strømmen i Nore, Risteigen i Veggli, og ved Rollag kyrkje. Næraste gard ved kyrkje er Tråen, mens det på Risteigen var et sted som heit Træun. På handelsplassen sin ved Rollag kyrkje satte Hauglum og Steine kløvutstyr og saler på hestne og for østover Nedalsskogen til Eggedal, hvor de igjen begynte å handle på Budalen, senere ved Sandsbråten, Prestfoss og Nykirke ved Åmot. De leide også hamn og handlet godt ved Haug kirke ved Høksung. Senere på høsten fortsatte de østover mot Drammen langs sørsida av Drammenselva. I denne byen leide de staller og solgte resten av hestene, og var som regel ferdige til å dra hjemover så sent som bortimot jul. Hovedmålet for tidligere tiders drifter var likevel sølvverksbyen Kongsberg dit de kom i slutten av september.

Frå Under Norefjell, nr.1, 1989, 5. årgang:

Dei lasta alltid i Fy-hagane i Uthøgdi og for so vidare opp Kvamshagane over Bjorgaasen, framom Kvammedal, Nalfarhogdi, Hornsvatnet, Norddalsvatnet og vidare austetter over Ljosegrunnane til Sauavad. Der tok dei over til Stemmerdalen og Geitaryggen. Ei anna rute var at dei tok opp ved Onstad, over Kleppane til Låvi, vidare på sørsida av Vassbygdevatnet, opp Låvisberget, over Grind til Vetledalen - Rausmesdalen, framom Langavatnet - Svartarvatnet og til Geitaryggen.

Det var og mogeleg å driva sjølve Aurlandsdalen. Den var i eldre tid, før dei skaut ut Sinjarheimsgalden (1860 og 1894) kronglut og vanskeleg. Men her var kløvjavveg og dermed drifteveg.

Ei fjerde rute gjekk opp frå Flåm, over Gudmedalen-Brimtvorao, Fretheimsdalen, Vindedalen, fram-om Svartavatnet - Grovdjuvsstrupane og til Geitaryggen.

Ei femte løype kom frå Vik, over Vikafjellet til Haugshagen, vidare inn Brandsetdalen over til Mjølfjell, opp til Upsete, over Vossaskavlen (ca. 1600 m o.h.) til Hallingskeid, inn Såtedalen, framum Bakkahedlerflyane til Geitaryggen.

Ved Geitaryggen møttest desse fem ulike rutene. Alle desse tok so ned til Strandefjorden i Hol. Dei fleste tok over til Tunhovd, derifrå tok nokon ut Numedal og nokon vidare over fjellet til Sigdal og Eggedal.

Dei bøndene som hadde stølar i eller ved Stemmerdalen likte lite at driftekarane kom med store drifter til almenningen der. Dei hadde ogso prøvd med rettssak, men driftekarane fekk medhald i det dei hevda at dei hadde brukt desse beiti og visse kvile og beiteplassar langs med driftevegane so lenge som nokon kunne minnast.



Driftevegen frå Flåm og Gudvangen

Olav Otterhjell:

Jens I. Bøtun frå Fresvik dreiv frakting med motorbåt på fjordane. Han fortalde at dei førde beist for fehandlarane til Gudvangen eller Flåm. Dyri kunne vera kjøpt opp i heile distriktet rundt i Sogn. Før Flåmsbana kom dreiv handelskarane dyri opp Flåmsdalen til Myrdal og over til Hallingdal. Jens fortalde at når dei kom i land med kyrne, kom konene med mjølkebytter og fekk kyrne mjølka, og dei reiste att med fulle bytter. Dette var vanleg både i Lærdal og andre stader når driftene kom i land. Fehandlarane var nok glade til, dei hadde vel elles låte mjølka på marki då juri kunne verta øydelagde. Jens Bøtun førde mange hundre kyr til Flåm.

Fehandlarar både i Aurland og andre stader kjøpte geiter i Ytre sogn om våren. Jens Bøtun samla i hop geitene i Ytre Sogn. Det hende og at han var til Hordaland etter geiter, og han førde dei då dit dei skulle. Handelskarane hadde då geitene på stølen om sumaren og fekk avdrotten av dei. Um hausten selde dei geitene til slakt, og ofte fekk dei att det dei hadde betalt eller meir. I Aurland var det fleire pølsefabrikkar. Då Flåmsbana opna i 1909, førte det til at det vart slutt på driftferdene over fjellet for godt. Fehandlarar sende då kyr og hestar med jarnbana både frå Myrdal og Voss.

Flåmsdølene tok opp frå Fretheim til garden Geisme, over fjellet Brimtvora, og austetter langsmed Svartavatn til Geiteryggen og Strandavatn i Hol. Ved Bakkahelleren gjekk denne drifteruta saman med driftevegen frå Vik. Driftene som kom denne ruta, hadde sommarhamn i Vierbotn og ved Strandavatn. Både holingar, numedøler og vossingar låg med driftene i desse fjelldalane før dei byrja å driva mot Austlandet i september. Då Flåmsbana opna i 1909, førte det til at det vart slutt på drifting av dyr denne vegen. Då vart kyr og hestar send med jernbana både frå Flåm og Voss.



Parti fra Flomsdalen i Sogn.

(UBB-KK-1318-1801 01.01.1876- 31.12.1876)

Hestehandlarar

Kjelde: Håvard Støvern:

I Hol er det mykje meir fjellbeite enn det som trengst til feet i bygda. Tidleg vart det difor vanleg å ta inn utmannsfe og driftefe um sumrane. Dei høgstliggjande beita vart burtleigde til driftebønder. Mange aurlendingar nytta høvet til å få billeg hamn til feet sitt i Hol på den måten. Sjugurd og Mons Veum, Ola Brekke og Guttorm Bjørgo låg i mange år i Kitilsbuhallo, Mons og Kristen Steine i Lungsdalen og Johannes og Guttorm Bergkvam i Raggsteindalen, alle frå Aurland. Ole Olsen Belle fra Aurland hadde vore tretti ganger i Sigdal og nabobygdene med drifter.

Dette er kjente navn i Krødsherad, Modum og Sigdal. De kom med driftene over fjellet og fant seg odelsjenter her som de gifta seg med og flere beholdt etternavna fra Aurland.

Frå Bygd og by i Norge, Anders Ohnstad:

Sume vestlandsbygder var svært engasjerte i denne handelen; det var ikkje berre fe- og hestehandel, men óg småfe. Andre handla med feitevarer eller kram. Ål, Hol, Aurland og Luster er av del bygdene som hadde flest handelskarar. Aurland hadde sju handelskarar i 1747, 13 i 1752 og 28 i 1772. I 1779 skriv futen at det finst omlag 50 personar som handlar med fe eller feitevarer i Aurland. Somme selde smør, korn og salt.



(Foto frå Martin Dalsbotnen.)

På 1800-talet var det fe- og hestehandelen som dominerte.

Ei teljing frå 1891 syner dette biletet:

Davik hadde 4 fehandlarar, Stryn 4, Eid 3, Hafslo 5 og Luster 24. Vidare var det 8 fehandlarar i Jostedal, 2 i Lærdal, 11 i Borgund, og 52 Aurland. Austpå hadde Ål så mange som 60, Hemsedal 26, Gol 10 og Austre Slidre 13.